

Til barnets beste

Ein studie av avgjerdsprosessar og
problemløysing i det kommunale barnevernet

Tone Jørgensen

FAKULTET FOR SAMFUNNSVITENSKAP

Til barnets beste

Ein studie av avgjerdsprosessar og
problemløysing i det kommunale barnevernet

Tone Jørgensen

Ph.d. i sosiologi
Fakultet for samfunnsvitenskap

Nord universitet

Ph.d. i sosiologi nr. 22 - 2016

Tone Jørgensen

Til barnets beste

Ein studie av avgjerdsprosessar og problemløysing i det kommunale barnevernet

© Nord universitet

ISBN: 978-82-92958-21-6

Trykk: Trykkeriet, Nord universitet

www.nord.no

Alle rettigheter forbeholdes.

Kopiering fra denne bok skal kun finne sted på institusjoner som har inngått avtale med Kopinor og kun innenfor de rammer som er oppgitt i avtalen.

Føreord

Denne avhandlinga om avgjerdsprosessar i det kommunale barnevernet er resultatet av ei sosiologisk interesse for å utforske kva rolle barnevern har i samfunnet. Doktorgradsarbeidet har vore ei lang reise, og fleire personar har vore viktige støttespelarar for å få fullført arbeidet.

Eg vil først og fremst takke alle dei barnevernsarbeidarane som raust og med velvilje har opna opp for at eg fekk gjennomføre eit feltarbeid, og for at dei brukte tid på meg og let meg få innsyn i ein verden som var heilt ny og ukjend for meg. Dei har lært meg mykje! Takk også til dei familieane som sjenerøst let meg få vere ein observatør av deira kontakt med barnevernet.

Hovudrettleiar Per Måseide er den som først og fremst har vore min faglege inspirasjon. Dei grundige, gode og krevjande innspela og tilbakemeldingane som eg har fått undervegs har vore avgjerande for utviklinga av denne avhandlinga. Ein stor takk også til bi-rettleiar Roger Hestholm, som har vore ein interessert lesar av mine tekstar og utkast undervegs, og som heile tida har gitt konstruktive og nyttige kommentarar.

Fleire har lest og kommentert ulike tekstar gjennom avhandlingsarbeidet. Blant mine kollegaer ved Høgskulen i Sogn og Fjordane har deltakarane i «diskursgruppa» ved Avdeling for samfunnsfag, under stødig leiing av Ulrike Spring kommentert fleire kapittelutkast i avhandlinga. Dette er eg svært takksam for. Førsteamanuensis II ved Institutt for barnevern, sosialt arbeid og vernepleie Sissel Seim, og etter kvart Oddbjørg Skjær Ulvik har lest og kommentert tekstar i sluttfasen av arbeidet. Dei har alltid teke seg meir tid enn ein kan forvente, og eg hadde aldri komme i mål utan dei. Takk også til mine gode kollegaer og vener Sandra og Lillian for interessante og inspirerande faglege – og ikkje-faglege- samtalar undervegs! Dekan ved Fakultet for samfunnsvitenskap og professor i sosialt arbeid ved Nord Universitetet, Hanne Thommesen fortener ein spesiell takk. Hanne sine kommentarar og støtte det siste halve året har vore avgjerande for at eg no kan setje sluttstrek for arbeidet.

Leiinga ved instituttet skal ha ein stor takk for å ha lagt til rette for ein arbeidskvardag som har gjort det praktisk mogeleg å fullføre, og alle dei blide og gode folka på biblioteket for ein unik og makelaus serviceinnstilling.

Ein stor takk til familie, vener og kollegaer som har hatt trua på meg heile vegen og som har heia på meg frå sidelinja. Dette fellesskapet har vore sosialt og personleg svært viktig i prosessen.

Til slutt vil eg rette den største takka til mannen min, Torgeir for å halde ut i periodar med frustrasjon og stort fråvære. Du har aldri tvilt på at eg skal komme i mål. Du er eineståande. Ei uendeleg stor takk også til dei to gutane mine, Kasper og Sivert, som har akseptert ei travel mamma over lang tid.

Sogndal, juni 2016

Tone Jørgensen

Innhald

Føreord	3
Kapittel 1 Innleiing	9
1.1 Barnevernet i Noreg – eit kort oversyn	9
1.1.1 Barnevernet i dag.....	10
1.1.2 Barnevernets avgjerder som gjenstand for strid	12
1.1.3 Dei juridiske rammene for barnevernets avgjerder	15
1.2 Forskingsfeltet	17
1.2.1 Konstruksjon av fakta i ein avgjerdsprosess.....	18
1.2.2 Klientkategoriseringar i avgjerdsprosessen	21
1.3 Formulering av problemstilling	24
1.4 Oppbygginga av avhandlinga	27
Kapittel 2 Analytisk ramme	29
2.1 Eit sosialt perspektiv på avgjerdstaking	29
2.1.1 Avgjerdsprosessar og sosialt distribuert kognisjon	32
2.2 Ein interaksjonsteoretisk analysestrategi	34
2.2.1 Språkpragmatiske perspektiv.....	34
2.2.2 Diskursive praksisar og samhandlingas orden.....	38
2.3 Ramme og footing	40
2.4 Kategorisering	44
2.5 Barnevernsproblemas utviklingsbanar	48
2.6 Samanfating – analytisk ramme	50
Kapittel 3 Metodologi	52
3.1 Forholdet mellom problemstilling og val av metode	52
3.2 Vitskapsteoretisk posisjon	53
3.3 Om feltarbeidet	56
3.3.1 Dei tre barnevernstenestene.....	56
3.3.2 Tenesteovergripande rettleiingsmøte.....	58
3.3.3 Synlege og usynlege barnevernssaker	59

3.4 Forskarrolla og feltrelasjonar	59
3.5 Mine data i studien	63
3.5.1 Samhandlingsdata	63
3.5.2 Observasjonsdata	65
3.5.3 Feltsamtalar	66
3.6 Analyseprosessen	66
3.6.1 Systematisering av datamateriale i aktivitetstypar	67
3.6.2 Analysearbeidet av barnevernets aktivitetstypar	68
3.7 Vurdering av kvalitet i studien.....	70
3.7.1 Validitet og reliabilitet i kvalitativ forskning	71
3.7.2 Etablering av fortolkingskontekstar og rimelege tolkingar	72
3.8 Etske refleksjonar	74
3.9 Avsluttande kommentar	77
Kap 4 Konstruksjonar av barnevernssaker og problem i kollegiale drøftingar	78
4.1 Kollegiale drøftingar og snakketts backstagepreg.....	79
4.2 Er dette ei sak for barnevernet?.....	80
4.2.1 Konstruksjon av eit typisk barnevernskassus.....	81
4.2.2 Konstruksjon av eit tilfelle som «ikkje er barnevern».....	86
4.3.3 Barnevernets prosedyrekunnskap i meldingsfasen.....	88
4.3 Konstruksjon av eit barnevernssaker i saker under arbeid.....	90
4.3.1 Dramatiserte situasjonsskildringar frå møte med familien.....	91
4.3.2 Tolking og bruk av informasjon og opplysningar frå andre profesjonelle	99
4.3.3 Rollespel og handtering av ein vanskeleg klient	105
4.4 Avsluttande kommentar	111
Kapittel 5 Konstruksjonar av ein samarbeidsrelasjon i møte med barnets foreldre.....	114
5.1 Møte med barnets foreldre i barnevernssaker.....	115
5.2 Det innleiande snakket og etablering av samarbeidsrammer	116
5.2.1 Idealisering og markering av normalitet.....	117
5.2.2 Personifisering av den profesjonelle relasjonen	120

5.3 Kontroll og regulering av samarbeidsramma	125
5.3.1 Etablering av ei tilsynelatande forhandlingsramme	126
5.3.2 Bruk av institusjonelle stemmer	131
5.4 Avsluttande kommentar	138
Kapittel 6 Rettleiing og transformasjon av uvisse	141
6.1 Rettleiing som rekontekstualiseringsarbeid	141
6.2 Rettleiingsgruppa og utvikling av eit profesjonelt syn	142
6.2.1 Kaspresentasjonen og konstruksjonar av ei vanskeleg sak	143
6.2.2 Rettleiing og transformasjon av mening.....	147
6.2.3 Rettleiingsprosessar og plassering av eit barnevernsproblem	152
6.3 Reduksjon av kompleksitet og bruk av ekspertar	154
6.3.1 Barnevernsproblem i møte med psykologens kategorisystem.....	154
6.3.2 Barnevernsproblem i møte med juridisk rettspraksis	160
6.3.3 Psykologen og juristen som dei store tjuvane?.....	165
6.4 Avsluttande kommentar	166
Kap 7 Avslutning	168
7.1 Meiningskaping i avgjerdsprosessen med barnevernssaker	168
7.1.1 Barnevernets uvissehandtering i kollegiale drøftingar	173
7.1.2 Barnevernets handtering av relasjonelle problem	177
7.1.3 Transformasjonar av uvisse	179
7.2 Barnevernsproblemernas utviklingsbanar	181
7.3 Ei realistisk tilnærming til barnevernsfaglege vurderingar	185
7.4 Avgjerder til barnets beste – «the politics of muddling through»	189
Litteratur	191
Vedlegg	197

Kapittel 1 Innleiing

Denne avhandlinga er ein sosiologisk studie av korleis barnevernsarbeidarar i det kommunale barnevernet skapar mening i avgjerdsprosessen med barnevernssaker. Ansvar for å ta avgjerder om barnevern i Noreg ligg til det kommunale barnevernet, og barnevernets mandat som offentleg teneste er «å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid», og å bidra til at «barn og unge får trygge oppvekstvilkår» (Barnevernslova, 1992;§1-1). Å studere barnevernets avgjerdsprosessar er på denne måten å studere eit sentralt samfunnsområde. Gjennom sitt mandat er barnevernet ein sentral institusjon i det moderne samfunnet og den spelar ei viktig rolle for samfunnsmedlemmane. Barnevern er, som mellom anna barnevernsforskarane Jóna Hafdir Einarsson og Vigdis Bunkholdt (2016) har peika på eit «politisk villet organ» som har til mål å regulere forholdet mellom samfunn, foreldre og barn. Sosiologiske perspektiv på barnevernsfaglege avgjerdsprosessar kan difor bidra til ei forståing av kva samfunnsverdiar som står på spel innafør dette feltet. Det kan også få fram kva sosiale og kulturelle forhold som verkar inn på kven som blir barnevernsklientar og på korleis barnevernet fungerer som profesjonelt system.

Å kaste lys over korleis det kommunale barnevernet manifesterer seg som profesjonell praksis med rett til å definere verdiar og på grunnlag av det ta avgjerder om barnevernsproblem er føremålet med denne avhandlinga. Datamateriale frå feltarbeid, observasjon og deltakande observasjon av kvardagslivet i tre kommunale barnevernstenestar i til saman eit år dannar utgangspunktet for studien.

1.1 Barnevernet i Noreg – eit kort oversyn

Barnevern har vore eit offentleg ansvar i Noreg sidan slutten av 1800-talet. Det er vanleg å forstå dagens barnevernstenester som ei følgje av velferdsstatens utvikling etter krigen, men det har vore tiltak på barnevernsområdet heilt sidan vergerådslova frå 1886 (NOU, 2000:22). Den gongen var ansvaret fordelt mellom fleire ulike offentlege instansar og arbeidsoppgåvene knytte seg først og fremst til å ta hand om barn og unge med åtferdsvanskar, og å gripe inn i situasjonar og overta omsorgsansvaret der foreldre ikkje stetta omsorgs- og forsørgjaroppgåvene sine godt nok. Etter ny barnevernslov i 1953 vart det offentlege ansvaret for barn og unges oppvekstvilkår samla og lagt til eitt organ, og barnevernet får ei samordnande rolle for oppvekstvilkåra til barn og unge (Meld.St. 40, 2001-2002:18). Denne barnevernslova har vore gjennom fleire endringar

etter det, men det grunnleggande prinsippet om å samle kjernen i barnevernstenestene til eit offentleg organ og eit lovverk har sidan vore gjeldande.

Det offentlege ansvaret for barnevern inngår i historiske, sosiale og kulturelle samanhengar. I ei offentleg utgreiing om norsk barnevern som kom ut i år 2000 står det mellom anna at barnevernsarbeid skal «harmonere med det allmannelige syn på barneoppdragelse og barns stilling i samfunnet» (NOU, 2000:26). Det normative aspektet vil på denne måten alltid prege utforminga av barnevernstenestene og tiltakstypar, og barnevernets praksisar har også endra seg i takt med det som til ei kvar tid er rådande barne- og barndomssyn i samfunnet (Solstad, Follesø, & Mevik, 2014). Barnevernet er det kriminologen Kjersti Ericsson (1996) omtalar som eit «samfunnspeil». I si analyse av barnevernets utvikling frå etterkrigstida til i dag viser Ericsson korleis samfunnets familie, og med det barnevernets ansvar for desse familiane har endra seg gjennom to store «splittingar» som har skjedd. Det eine gjeld splittinga mellom det offentlege og private. Det vil seie at det har vore ei auka markering av at det offentlege livet representerer ein annan logikk, andre relasjonar og andre normer enn privatlivet. Denne splittinga har samstundes ført til eit auka offentleg ansvar for barns oppvekst, og familien får parallelt ei dobbel rolle. På ei side representerer familien ein unik verdi for barn, og barnets kjensleprega og relasjonelle tilknytning til ein familie blir forstått som grunnleggande for barns utvikling og vekst. På ei anna side kan familien representere ein trussel for barn dersom foreldra ikkje klarar å gje barna den tryggleik og kjærleik som dei treng. Den andre splittinga omtalar Ericsson som individualisering av familien. Denne viser til ei endra rolle som familien har fått som grunnleggande eining i samfunnet. Familieeininga bryt opp, og det er enkeltindividua i familien som etter kvart opparbeider seg eigne rettar som samfunnsborgarar. Barnet blir som følgje av denne utviklinga meir synleg som aktør, og prosessen blir omtala som «barnets rettsleg frigjerings» (Ericsson, 1996:205). Ericsson viser korleis barnevernets oppgåver og mandat stadig endrar seg som følgje av slike samfunnsendingar, og at endring i synet på barn og i synet på kva som er det offentlege sitt ansvar for desse barna er sentral her. Barnevernet er ei «lupe» i studie av grunnleggande samfunnsprosessar (ibid:23).

1.1.1 Barnevernet i dag

Dagens barnevern er prega av ein behandlingssideologi og sosialpolitikk der forståing og hjelp, snarare enn moralsk fordømming av barn og familiens situasjon dominerer tenkinga (NOU, 2000). Det barnevernsfaglege fokus rettar seg mot førebyggjande tiltak, meir enn omsorgsovertaking og barnevernsarbeidet bygger på eit verdisyn om at det er foreldre som har hovudansvaret for barn, og som skal syte for at barn får den omsorga dei treng. Barnevernets

hovudoppgåver knyter seg til å styrke familien slik at born skal kunne få ein oppvekst i sitt eige miljø. Hjelpa og tiltaka som vert utvikla rettar seg difor først og fremst mot heimen og eit overordna mål er at problem som oppstår skal løysast der. Berrick, Peckover, Pösö og Skivenes (2015) omtalar norsk barnevern som eit «family service system». Dette er eit system som pregar alle dei nordiske landa, og er kjenneteikna av å ha ein relativt låg terskel for å gripe inn med hjelp til familiar. Dette systemet skil seg frå «child protection systems» der terskelen er høgere for barnevernets intervensjon og tenesta er meir avgrensa. Eit slikt system gjeld i land som blant anna Storbritannia og USA og barnevernet er i desse landa meir risiko-orienterte enn i dei familieorienterte.

Det er eit vidare eit uttrykt mål at barnevernets handtering og vurdering av barnevernsproblem og barnevernssaker skal grunne i fagleg kunnskap, snarare enn dagleglivsforankra eller subjektive forståingar av barns behov. Skjønnsvurderingane som kjenneteiknar barnevernets arbeid blir rekna som ein «viktig redskap» (Barne- og likestillingsdepartementet, 2006:18) i arbeidet. I eit rettleiingsheftet som barne- og likestillingsdepartementet har publisert om arbeidet i dei kommunale barnevernstenestene står det om skjøn at

«Det faglige skjønnnet må ha større holdbarhet enn en pragmatisk følelse av hva som er riktig der og da. Faglig skjønn må også bygge på kunnskap fra barnevernfaglig utdanning og praksis inklusive etiske overveielser. Implisitt i bruk av skjønn ligger også prediksjonskunnskap; det vil si å kunne predikere noe om framtiden til barnet enten det blir boende hjemme eller må plasseres borte fra hjemmet. Prediksjoner kan aldri bli 100 % sikre, men som med skjønn, vil kunnskap og erfaring hjelpe barneverntjenesten i sine valg» (Barne- og likestillingsdepartementet, 2006:18).

Sitatet over reflekterer ei tenking om at kvaliteten i dei faglege skjønsvurderingane blir sikra ved at den enkelte barnevernsarbeidar har tilstrekkeleg og naudsynt kunnskap om dei problema som eit barn har. Dette er ei kunnskapsorientering som legg til grunn at barnevernsfagleg arbeid handlar om systematisk tenking; ein logisk samanheng mellom barnevernsarbeidarens undersøkingar, identifisering av problem og iverksetjing av tiltak. Det er også eit perspektiv der generell kunnskap om barnevernsproblem er avgjerande for å sikre kvalitativt gode og fornuftige avgjerdsprosessar, sjølv om skjøn er ein uløseleg del av dette. Faglege debattar går føre seg om kva formar for kunnskap som sikrar dette best (Avby, 2015; Backe-Hansen, 2009), og her er det fleire syn.

Barnevernstenestene i Noreg er i dag formelt organisert under to forvaltningsnivå, eit kommunalt og eit statleg. Primæroppgåvene i barnevernet er kommunale (Clifford & Lichtwarck, 2010). Utsette barn og unge har lovfesta rett til å få hjelp lokalt, både når det gjeld

ressursar, profesjonelle tenester og tiltak. Hovudansvaret for barnevernstenestene ligg på den kommunale barnevernstenesta, men andre offentlege, kommunale organ som helsestasjon, barnehage, skule og ulike spesialisthelsetenestar er viktige samarbeidspartar. Det er Barne- og familiedirektoratet (Bufetat) som forvaltar dei statlege arbeidsoppgåvene som ligg til barnevernet. Det statlege ansvaret for barnevern knyter seg til å støtte barnevernstenesta i kommunane i tilfelle der barn blir plassert utanfor heimen, anten i fosterheim eller i institusjon. Det overordna ansvaret for å kvalitetssikra arbeidet som blir gjort ved slike plasseringar ligg altså her.

1.1.2 Barnevernets avgjerder som gjenstand for strid

Barnevernets kommunale ansvar for å hjelpe barn og familiar er del av ein fagleg-politisk kontekst som gjer arbeidet med å ta avgjerder om barnevernsproblem kompleks. På ei side er barnevernsarbeid styrt politisk gjennom mandatet om å vere familieorientert og fokusere på hjelp i heimen. Det biologiske prinsipp vert rekna som ein grunnverdi, noko som viser seg klårt i alle forarbeid til barnevernslova. Tilknytning til biologiske foreldre vert i seg sjølv rekna som ein ressurs for barnet (NOU, 2000:69), og det primære målet er klårt; barnet skal vekse opp hjå sine biologiske foreldre. Barnevernet møter difor eit dilemma i alvorlege og kritiske situasjonar der det må vurderast om det er betre for eit barn at desse banda blir brote. I situasjonar der barn blir utsett for omsorgssvikt og overgrep og der det er fare for at barn blir skada, er barnevernet plikta til å vurdere om omsorgsovertaking er naudsynt. Det biologiske prinsipp blir i slike tilfelle sett opp mot andre verdiar og omsyn som gjeld barnets omsorgssituasjon, og det finst ikkje eintydige svar på slike dilemma verken i forskning eller i teori. Barnevernet må difor bruke skjøn og balansere dei ulike omsyna opp mot kvarandre i vurderinga av kva som er barnets beste i kvart enkelt tilfelle.

Ulike syn rår blant fagfolk om kor alvorleg omsorgssituasjonen kan vere før det er akseptabelt at barnevernet går inn og bryt relasjonen mellom barn og biologiske foreldre. Spørsmålet har vore gjort til gjenstand for strid og debatt både barnevernsfagleg og juridisk. Eit syn i debatten har vore dei som meiner at barnevernet legg for stor vekt på det biologiske prinsipp framfor andre omsyn (Backe-Hansen, 2003; Bunkholdt, 2002, 2003; Haugli, 2002; Sandbæk, 2003; Skivenes, 2003; Stiklestad, 2007) Argument her har vore at det biologiske prinsipp går ut over barnets rettsvern. Det vil seie ein påstand om at barnets interesser blir sett til side gjennom det biologiske prinsipp og omsynet til foreldras interesser får større tyding. Verdien er uttrykk for eit familievern, snarare enn eit barnevern (Skivenes, 2003). Eit anna argument som har vore framme i debatten er at det biologiske prinsipp blir oppfatta som «gitt av naturen» (Sandberg,

2005) og at prinsippet lever som ei «inngrodd sannhet» (Bunkholdt, 2013:53) på ein måte som gjer vidare kunnskapsmessig legitimering av avgjerder i barnevernssaker overflødig. Nyare forskning som viser at tilknytingskvalitet og samspel mellom barnet og barnets omsorgsperson er det viktigaste for barns utvikling blir brukt for å bygge opp under dette synet. Som del av denne debatten vart det sett ned eit utval for greie ut bruken av det biologiske prinsipp i barnevernet (NOU, 2012). Føremålet var å drøfte prinsippet i lys av vanskelege problemstillingar som knyter seg til dei verdivala som barnevernet møter på i saker som gjeld omsorgsovertaking. Å sjå på bruken av prinsippet i forhold til interessekonfliktar mellom barn og foreldre og samfunnets syn på barn og foreldres menneskerettar var ein viktig del av dette arbeidet. Utvalets konklusjon støtta opp om dei kritiske røystene til det biologiske prinsipp. Ei tilråding kom om å erstatte den biologiske orienteringa med eit nytt prinsipp definert som «utviklingsfremmende tilknytning» i vurderingar av barns beste i saker som gjeld omsorgsovertaking. Det har enno ikkje skjedd formelle endringar i barnevernets lovar og regelverk som følgje av denne rapporten.

Andre stemmer har peika på at det reint metodisk er vanskeleg, om ikkje umogeleg å dokumentere at biologi er verken meir eller mindre viktig for barns oppvekst og utvikling enn tilknytning og relasjonskvalitet (Fossum, 2012; Haugli, 2002). Eit slikt syn problematiserer forsøka på å gjere dette tema om til eit spørsmål om vitskapleg kunnskap. Det er snakk om juss og menneskerettar og barnets beste må først og fremst reknast som eit rettsprinsipp. Skivenes (2002) har peika på at det er vanskeleg å snakke om riktige avgjerder i barnevernet. Barnevernets avgjerder er normative. Kunnskap om kva som fremjar barns utvikling best er for mangfaldig og for lite eintydig til å kunne brukast til å ta så vanskeleg avgjerder som det er snakk om her. Men i følgje Skivenes er det heller ikkje moegeleg å skissere klare juridiske retningslinjer innafor barnevernsfeltet. Kvar sak har ein eigenart som gjer det nærast umogeleg å utarbeide generelle reglar som kan brukast på desse enkelttilfella. Skivenes hevdar difor at løysinga på desse dilemma handlar om å trekke alle dei ulike partane som er del av ei barnevernssak inn i avgjerdsprosessen og skape eit argumentasjonsfelleskap som opnar for rettferdige og opne forhandlingar.

Barnevern og barnevernets avgjerder vekker også allmenn interesse, og dei som jobbar med barnevern blir ofte gjenstand for kritikk i det offentlege ordskipet. Det knyter seg sterke kjensler til barnevernssaker og når barnevernet grip inn i folks privatliv engasjerer dette fleire enn berre dei sakene gjeld. Bakgrunnen for engasjementet er ofte saker der foreldre opplever å miste omsorga på sviktande grunnlag. Eit døme på slikt kjenslebunden engasjement ser vi i april 2016

der folk i 59 byar i Noreg, samt 19 andre land i Europa demonstrerer mot det norske barnevernet på grunn av ei barnevernssak i Naustdal kommune i Sogn og Fjordane (Paulsen & Rød, 2016). Saka handlar om at barnevernet i Naustdal overtek omsorga for fem barn i ein norsk-rumensk familie, inkludert ein baby. Årsaka til omsorgsovertakinga var mistanke om vald. Lokalt i kommunen har saka vekt sterke reaksjonar og barnevernsarbeidarane i Naustdal vart i etterkant utsett for grove skuldingar både på telefon og i sosiale media. Sinne spreidde seg både nasjonalt, og internasjonalt. Motstanden og demonstrasjonane som gjekk føre seg markerar eit opprør mot barnevernets utøving av makt og det fleire opplever som barnevernets maktarroganse og manglande respekt for privatlivet i familien. I Naustdal-saka knytte skuldingane seg spesielt til at barnevernet gjennomgåande og systematisk driv diskriminering av familiar på grunnlag av religion og kultur.

Andre gonger blir kritikken frå samfunnet retta mot at barnevernet grip inn for sjeldan eller for seint slik at barn blir utsett for skade og påkjenningar som barnevernet har ansvar for å hindre. Slik saker, som det også finst fleire døme på kan få mykje omtale i media, og debattar om kvaliteten i barnevernet oppstår i gjerne etterkant av slike saker. Saka om «glassjenta» (Ergo & Aass, 2016) og «Christoffer-saka» (Gangdal, 2010) er illustrerande døme. Både desse sakene handlar om barn som er utsett for langvarig skade utan at barnevernet ser eller grip inn med tiltak, og både sakene har tragiske utfall, den eine endar med at barnet dør.

Det allmenne engasjementet illustrerer at barnevernets samfunnsoppdrag om å sikre at barn får den omsorga dei treng er prega av «damned if you do, dammed if you don't» (NOU, 2012:33) Barnevernets arbeid kviler på eit verdigrunnlag som set barnevernet i ein posisjon mellom samfunnet og familien, og «barnets beste» er ein meningskonstruksjon som er ein uløseleg del av motstridande verdisyn. Rammene for barnevernsarbeidet er prega av fleire ulike omsyn og perspektiv, og barnevernets avgjerdsprosessar er veva inn i moralske og faglege dilemma som det ikkje finst klare og eintydige svar på. Barnevernets oppgåver blir gjennomført i «skjæringspunktet mellom fag og moral» (Solstad et al., 2014). Difor er det også slik at det ofte er fleire meningar om barnevernets arbeid og fleire ulike omsyn kan komme på kollisjonskurs. Eit barnevern som handlar rett slik alle ser det er utenkeleg.

Fleire reformer har vore gjennomført i norsk barnevern sidan midten av 1980-talet for å gjere barnevern til ei betre teneste. Politisk har det vore ei auka satsing på kvalitet i barnevernstenestene gjennom å styrke kompetansen til dei som jobbar med barnevernstenester (NOU, 2009, 2012). Målet har vore å gjere barnevernet meir kunnskapsbasert og å skape eit

profesjonalisert barnevern der vitenskapleg kunnskap om barns problemutvikling og verknader av terapi og tiltak skal styre arbeidet. Kunnskapsbasert barnevern er i ei slik forståing noko anna enn eit verdibasert barnevern, og kunnskap representerer med eit slikt utgangspunkt noko verdinøytralt og uavhengig av det kulturelle. Dei faglege debattane og dei ulike syna som eg skisserer over om barnevernets avgjerder viser at fagkunnskapen som blir brukt innanfor feltet er samansett og at den peikar i ulike retningar. Faggrupper brukar forskjellig kriterium for tolking og legg til grunn ulike forståingsmodellar for å støtte opp om sine syn. Det finst på denne måten grunn til å hevde at verdi- og ideologimessige vilkår ligg til grunn for barnevernets kunnskapsutvikling. Dei ulike kunnskapsorienteringane er ein uløseleg del av ein kulturell praksis, og avspeglar ideologiske posisjonar i feltet som viser at forskning skjer innafør eit kulturelt felt (Ulvik, 2009). Dette har i liten grad blitt gjort til gjenstand for kritisk drøfting (Clifford & Lichtwarck, 2010).

1.1.3 Dei juridiske rammene for barnevernets avgjerder

Det er Lov om barnevernstenester (barnevernslova) som skisserer dei juridiske rammene for ein barnevernsfagleg avgjerdsprosess. Avgjerdsprosessen blir i barnevernslova delt inn i ulike fasar der kvar fase viser til steg i ein arbeidsprosess som går over tid. Arbeidet med ei barnevernssak startar med utgangspunkt i at det blir meld inn ei bekymring om eit barn, og slike bekymringsmeldingar utløyser ei juridisk plikt for barnevernet til å innan ei veke vurdere om det som står her dannar grunnlag for vidare undersøking eller ikkje (Barnevernslova, 1992; §4-2). Dersom barnevernet vurderer at bekymringsmeldinga gjev «rimelig grunn til å anta at det foreligger forhold som kan gi grunnlag for tiltak» (Barnevernslova, 1992; § 4-3) blir det sett i verk ei vidare undersøking av meldinga. Barnevernet har med andre ord ingen plikt til å undersøke meldingar vidare. Det er skjønsmessige vurderingar av om det er «rimelig grunn til å anta» at det trengs ei undersøking som ligg til grunn for ei slik avgjerd. Arbeidet med å vurdere innhaldet i meldingar blir omtala som *meldingsfasen* av ein barnevernsfagleg avgjerdsprosess.

Ei avgjerd om å undersøke meldinga vidare utløyser altså ei undersøkingsplikt, og arbeidet går då over i *undersøkingsfasen*. Det er no ein barnevernsarbeidar åleine som får hovudansvaret for arbeidet med barnevernssaka. Undersøkingsplikta handlar om å hente inn informasjon og opplysningar om barnets omsorgssituasjon og på grunnlag av desse opplysningane gjere ei vurdering av om, og eventuelt kva behov barnet og familien har for tiltak. To hovudtypar av tiltak blir vurdert i denne fasen, hjelpetiltak i heimen eller omsorgstiltak i fosterheim eller institusjon. Også i denne fasen vil det vere barnevernets skjønsmessige vurderingar av barnevernssaka som gjeld. Formuleringane i lova for kva

kriterium som gjeld for å setje i verk tiltak er upresise. I lovteksten står det at hjelpetiltak kan setjast i verk dersom «barnet på grunn av forholdene i hjemmet eller av andre grunner har særleg behov for det» (Barnevernslova, 1992; §4-4). Omsorgstiltak kan vurderast dersom det er «alvorlige mangler ved den daglige omsorg som barnet får, eller alvorlige mangler i forhold til den personlige kontakt og trygghet som det trenger etter sin alder og utvikling». Denne paragrafen seier vidare at om omsorgstiltak ikkje er ei løysing «dersom det kan skapes tilfredsstillende forhold for barnet ved hjelpetiltak» (Barnevernslova, 1992; §4-12). Den juridiske terskelen for slike avgjerder er med andre ord høg, og avgjerder om omsorgsovertaking skal representere ein siste utveg dersom ikkje noko anna har positiv effekt. Undersøkningsfasen har ei tidsavgrensing på tre, unntaksvis seks månader.

Ei viktig føring som lova gjev for undersøkningsfasen er at arbeidet skal skje i samarbeid med familien. I § 6-4 står det at «Opplysninger skal så langt som mulig innhentes i samarbeid med den saken gjelder eller slik at vedkommende har kjennskap til innhentinga». Eit anna prinsipp er at avgjerder om hjelpetiltak skal skje med barnets foreldre sitt samtykke. Det er altså ikkje slik at barnevernsarbeidarar kan gjere faglege vurderingar i undersøkningsfasen uavhengig av kva familien sjølv måtte meine. Men lova opnar opp for at tvang kan brukast i visse tilfelle sjølv om foreldra ikkje ønskjer hjelp. Kritiske røyster har kommentert at denne doble posisjonen som foreldre har aukar faren for å tilsløre barnevernets utøving av makt (Midjo, 2010; Stang, 2007).

Viss barnevernet vurderer at omsorgstiltak er ei løysing må den endelege avgjerda om omsorgsovertaking godkjennast i Fylkesnemnda for sosiale saker. Fylkesnemnda er eit statleg organ som liknar ein domstol. Dei to partane, det kommunale barnevernet på den eine sida og familien på den andre har kvar sin advokat som presenterer saka for fylkesnemnda. Leiaren av fylkesnemnda er jurist, dei andre er ein leikperson og ein sakkunnig medlem. Desse tre medlemmene er likeverdige og fleirtalet i nemnda tek den endelege avgjerda om saka.

Ei avgjerd om anten hjelpetiltak eller omsorgstiltak avsluttar undersøkningsfasen, og barnevernet er etter dette plikta å følgje opp tiltaka som blir sett i verk (Barnevernslova, 1992; §4-5). Arbeidet er no formelt over i den siste fasen i arbeidsprosessen, tiltaksfasen. I denne fasen skal tiltaka jamleg evaluerast, og barnevernet har plikt til å utarbeide tidsavgrensa tiltaksplanar for arbeidet. Desse planane skal vurderast med utgangspunkt i spørsmålet om tiltaket er «tjenelig» (ibid). Eit barnevernstiltak kan etter slike evalueringar endrast, og ei barnevernssak blir avslutta dersom barnevernet vurderer at det ikkje lenger finst faglege grunnar til å halde fram.

1.2 Forskingsfeltet

Avgjerdstaking i institusjonelle og profesjonelle samanhengar har vore eit sentralt tema innafor samfunnsvitskapane og organisasjonsstudie over lang tid. Forskingsfeltet har ulike utgangspunkt både empirisk, metodisk og teoretisk (March & Heath, 1994), men studia har i hovudsak retta seg mot andre organisasjonar enn barnevern. Innafor sosiologi er det kanskje det medisinske feltet som oftast har vore gjort til gjenstand for denne typen analysar (sjå m.a. Atkinson, 1995; Måseide, 1991, 2006; Silverman, 1987). Medisinens profesjonar representerer eit yrkesfelt som er særskild dominert av perspektiv som ser avgjerdstaking som ein type problemløysing som kan bli forstått i kognitive termar. Utgangspunktet er då at dei faglege og kliniske vurderingsprosessar som ligg til grunn for ei avgjerd er rasjonelle, regelstyrte og prosedyreorienterte fenomen. Sosiologiske perspektiv har vore nytta til å få fram korleis sosiale og kulturelle prosessar, maktstrukturar og politikk også verkar med i dei medisinske avgjerdsprossane. Bruk av metodologiske tilnærmingar som utforskar avgjerdsprossar i verkelege arbeidssituasjonar snarare enn i kunstige samanhengar har ofte vore brukt innafor ei slik forskingsorientering.

Dei seinare åra har sosiologiske perspektiv på avgjerdstaking, med fokus på sosiale og kulturelle forhold og bruk av etnografisk metode vore aukande også innafor sosialt arbeid og barnevern (sjå m.a Sarangi & Roberts, 1999b). Avgjerdstaking som teoretisk fenomen har i liten grad vore eksplisitt tematisert, men fokus har vore retta mot å få fram kjenneteikn ved den sosiale og kulturelle konteksten som avgjerdsprossar i sosialt arbeid skjer innafor. Etter kvart har det utvikla seg eit eige kunnskapsområde som rettar merksemda mot korleis profesjonelle konstruer sosiale problem som barn og familiar har, og gjennom slike konstruksjonsprosessar produserer klientar og problemtypar som er tilpassa den institusjonelle konteksten (Gubrium & Järvinen, 2013). I norsk samanheng er det likevel snakk om svært få studie, særskilt innafor barnevernsfeltet. Etnografisk orienterte tilnærmingar med fokus på sosiale og kulturelle aspekt ved barnevernets avgjerdspraksisar har vore noko meir vanleg i dei andre nordiske landa, og kanskje spesielt i Storbritannia.

Når eg under presenterer kunnskapsbidrag med relevans for mitt prosjekt har eg vald ut forskning som særleg gjer den sosiale konteksten for avgjerdsprossar relevant, og som har ei slik etnografisk orientering. Eg har sortert kunnskapsbidraga etter to overskrifter, som får fram ulike aspekt ved institusjonell og profesjonell problemkonstruksjon. Det eine knyter seg til kunnskap som får fram dei sosialt konstruerte aspekta som ligg til grunn for faktaproduksjon i ein profesjonell avgjerdspross. Det andre aspektet, som har relevans for det første gjeld kunnskap

om kva diskursive prosessar som verkar med i møtet mellom klient og profesjonell. I presentasjonen er det hovudsakleg forskning frå barnevernsfaglege kontekstar som blir trekt fram, men det er mykje å hente også frå forskning på avgjerdsprosessar innafor andre profesjonelle yrkespraksisar. Denne forskinga vurderer eg som nyttig for mine analysar spesielt fordi dei deler ein metodologisk ambisjon om å utvikle kunnskap gjennom å utforske praksisar for avgjerdstaking der dei naturleg skjer.

1.2.1 Konstruksjon av fakta i ein avgjerdsprosess

På slutten av åttitalet og utover nittitalet har det vore gjennomført fleire nasjonale kartleggingar og evalueringar av barnevernets avgjerdsprosessar i Noreg (NOU, 2000). Desse studia hadde eit normativt utgangspunkt der avgjerdstaking som resultat var i fokus, og det overordna målet var å utvikle kunnskap om kva som kan gjere barnevernsfaglege avgjerder meir rasjonelle, i forståinga meir treffsikre og mindre vilkårlege. Fokus har spesielt retta seg mot avgjerder i barnevernssaker som gjeld omsorgsovertaking. Eit sentralt bidrag innafor denne forskingsorienteringa er Backe-Hansen (2001) sin doktorgradsstudie der ho utforskar korleis barnevernsarbeidarar tolkar og brukar informasjon for å komme fram til slike avgjerder. Med utgangspunkt i saksdokument som var del av barnevernssaker som vart fremja til fylkesnemnda analyserte Backe-Hansen korleis informasjon vart tolka og korleis barnevernsarbeidarane argumenterte for sine avgjerder. Resultatet viste at barnevernets avgjerdsprosessar er prega av ei rekkje kognitive feilslutningar der informasjon og opplysningar i saka vart brukt selektivt, og den vart tilpassa ei argumentasjonsrekke som var laga på førehand. Munro (1999) kom fram til liknande resultat i ein studie av granskingsrapportar frå barnevernssaker i England der barn som barnevernet kjente til døydde etter omsorgssvikt. Andre barnevernsforskarar som har retta merksemda mot liknande tematikk har nytta seg av kvalitative intervju (Christiansen, 2011) eller vignettstudie (Rød, 2004). Resultata får fram eit eintydig bilete; barnevernets resonneringspraksisar er både ulogiske og lite rasjonelle. Andre har peika på at arbeidets karakter er krevjande og prega av store kjensleprega påkjenningar, og at dette kan vere ei forklaring på den mangelfulle logikken og rasjonale i arbeidet (Claezon, 1987; Claezon & Larsson, 1985).

Val av metode, perspektiv og forskingsdesign påverkar kva resultat ein får, og for dei studia som eg nemner over blir den sosiale og kulturelle konteksten for det barnevernsfaglege avgjerdsarbeidet i liten grad trekt med som relevant i analysen. Perspektiv som gjer sosiale og kulturelle forhold relevant for å forstå barnevernsfagleg avgjerdstaking vil i større grad rette merksemda mot korleis institusjonelle rammer og situasjonelle forhold verkar med. Merksemda

rettar seg då mot å forstå barnevernet som eit sosialt system, og får fram korleis dette systemet meir enn individuelle resonneringsprosessar verkar med til kva fakta som blir skapt og brukt i ein avgjerdsprosess.

Studie av avgjerdstaking innafor helse- og omsorgssektoren og innafor utdanningsfeltet har vist at kunnskapen som verkar med når informasjon og opplysningar blir tolka, vurdert og brukt som fakta i ein avgjerdsprosess er mangfaldig og samansett. Sjølv innafor område som medisinsk avgjerdstaking, ein aktivitet som normalt blir rekna som sjølve prototypen på vitenskapleg forankra arbeid viser det seg at ikkje-vitenskapleg tilleggskunnskap og organisatoriske forhold verkar med i kliniske avgjerdsprosessar. Aaron Cicourel (1990) viser mellom anna korleis truverdet til profesjonelle som kjem med informasjon om medisinske kasus spelar inn når medisinske ekspertar vurderer det kliniske faktagrunnlaget i saker for å ta avgjerder om diagnose og behandling. Måseide (2011) sin studie frå arbeidet på ei lungeavdeling på eit sjukehus får fram at i uvisse saker der faktagrunnlaget ikkje er eintydig blir moralske eigenskapar hjå pasienten trekt inn i legars profesjonelle vurderingar og påverkar avgjerda om kva behandling pasienten treng. Susan White (2002) viser korleis legar og andre profesjonelle som er del av tverrfaglege team i ei barneavdeling diskuterer seg fram til årsakssamanhengar bak symptoma som barna i desse sakene har. Symptoma er fleirtydige og kan ha fleire årsaker som ikkje heilt utan vidare er lett å fastslå, men det dei kjem fram til påverkar kva som skjer vidare i saka og kva tiltak som blir sett i verk. White viser at dei profesjonelle orienterer seg mot å forstå sakene som anten eit medisinsk kasus, eit psyko-sosialt kasus eller ein kombinasjon av desse. På same måte som Måseide, får White fram korleis snakk og samhandling mellom profesjonelle, strategiar for argumentasjon og overtalingsteknikkar vert brukt her. Om symptoma vert tolka som eit teikn på det eine eller det andre typen kasus er resultatet av diskursive prosessar for faktaproduksjon snarare enn nøytrale skildringar av pasientens problem. Dei same produksjonsprosessane er involvert når informasjon som er henta frå teknologiske reiskapar blir tolka, som til dømes røntgenbilete (Måseide, 2002). Denne forskinga viser korleis alle typar informasjon og opplysningar, uavhengig av kva status dei har i utgangspunktet som objektive fenomen, først får praktisk mening i den aktuelle avgjerdssituasjonen dei blir brukt (Berg, 1992).

Liknande studie er gjennomført innafor spesialundervisningsfeltet. Desse viser også korleis andre forhold enn det ein tenker som objektiv og nøytral informasjon om problema verkar med i avgjerdsprosessar. Snarare enn omsynet til barnets behov viser det seg at institusjonelle og organisatoriske omsyn som til dømes tiltaksportefølje og økonomiske vurderingar har mykje å

seie for kva avgjerder som blir teke, og om elevar får vedtak om opplegg for spesialundervisning eller ikkje (Mehan, 1984; Mehan, Hertweck, & Meihls, 1986). Det kjem også fram at informasjon frå psykologar blir vurdert annleis og får ein annan status som fakta i vurderingsprosessen enn informasjon som kjem frå familien og foreldra til barnet (Mehan, 1983).

Omfanget av liknande studie innafor barnevernsfeltet er ikkje like stort. Nokre studie er gjort, mellom anna i England og Wales. I desse landa er det innført ei rekkje elektronisk sakshandsamingssystem som skal betre rutinane og auke kvaliteten i dei offentlege barnevernstenestene, og ei gruppe barnevernsforskar utforska korleis denne teknologien blir brukt i barnevernsfaglege avgjerdprosessar (Broadhurst, Hall, Wastell, White, & Pithouse, 2010; Wastell, White, Broadhurst, Peckover, & Pithouse, 2010). Det er spesielt eit sett med standardiserte og manualbaserte malar for informasjonsinnhenting og vurdering som vart brukt i den tidlege fasen av arbeidsprosessen (ICS) som vart utforska her. I denne fasen må dei som får inn meldingar om problem i ein familie vurdere og ta avgjerder om alvorsheten i problema etter berre få dagar, og malane som systemet gjev tilgang på er meint å fungere som hjelpemiddel til å effektivt sortere ut kva informasjon som var relevant å sjå etter og korleis denne skulle vurderast som fakta i saka. Avgjerda om alvorsheten har konsekvensar for vidare tiltak. Viss saka vart kategorisert som eit risikotilfelle vart problemet tilvist barnevernstenesta, viss ikkje vart meir generelle familieorienterte tiltak blir sett i verk. Dei ulike studia som var del av forskingsprosjektet bygger på ein kombinasjon av observasjon og intervju. Resultata viste at uformelle sosiale prosessar spelar ei viktig rolle korleis informasjon som kom inn vart vurdert og brukt. Mellom anna viste det seg at relasjonelle forhold mellom familien og den profesjonelle står sentralt for korleis risiko blir vurdert i kvar sak (Broadhurst et al., 2010), og at avgjerdene ofte vart vilkårlege på grunn av dårleg tid. Sjølvsaute førestillingar om kva som er eit «typisk» risikotilfelle (Pithouse et al., 2012) og meir praktiske forhold som knyter seg til økonomi og ressursar verka også med i vurderingane.

I Noreg har det vore gjennomført få studie som utforskar det kommunale barnevernets sosiale og kulturelle kunnskapspremiss. Ein av dei er Åse Vagli (2009) sin etnografiske studie av korleis barnevernsarbeidarar i ei kommunal barnevernsteneste skapar mening til barnevernssaker i kollegiale drøftingsforum og på uformelle arenaer internt i tenesta. Denne studien viser korleis dei verksame diskursane her er dominert av og dreg vekslar på kulturelt forankra og sjølvsaute kunnskap. Normative oppfatningar av normalitet og avvik, kjenslebundne erfaringar og idear om det sårbare barnet pregar barnevernets meningskonstruksjonar. Vagli

indikerer at barnevernets «institusjonelle logikk» slik den viser seg backstage representerer formar for taus kunnskap i dei faglege vurderingane som ligg til grunn for avgjerdsprosessen. Den kunnskapen som ikkje blir synleg for andre er prega av moral og kjensleprega forhold, mens teoriar og vitskapleg kunnskap vert brukt til å legitimere avgjerder etter at dei er teke.

Randi Juul (2010) har i sin doktorgradsstudie hatt fokus på korleis barnevernets barneperspektiv verkar med i dei faglege vurderingane av bekymringsmeldingar. Hennar studie viser at barnevernsarbeidarar i denne fasen først og fremst etterspør informasjon om individorienterte forhold og samspel mellom foreldre og barn. Dei orienterte seg i liten grad mot familiens levekår og kvardagsliv elles. Barna sjølve vart heller ikkje ofra stor merksemd i vurderingane. Juul konkluderer med at barnevernsarbeidarar orienterer seg mot og brukar diskursar henta frå psykologiske og medisinske kunnskapsregimer, og dette skapar vilkåra for kva typar problem barnevernsarbeidarane skapar.

1.2.2 Klientkategoriseringar i avgjerdsprosessen

Forskingstilfanget er noko større på tema som knyter seg til barnevernets praksisar for klientkategorisering, og utforsking av kva roller og klientidentitetar som blir skapt i møte mellom profesjonell og klient. Kategorisering av barns foreldre som klientar i barnevernet viser seg å spele ei spesielt viktig rolle her. Den britiske sosiologen Susan White har åleine og saman med andre forskarar gjennomført fleire etnografiske studie i England av ulike helse- og sosial tenester med ansvar for barns helse (White, 1998, 2002; White & Stancombe, 2003; White & Wastell, 2011). Desse studia viser at i arbeid med barn eksisterer det eit «hierarki» av gyldige eller akseptable forklaringar på kva det er som skapar eit barnevernsproblem og kven som har ansvaret for desse problema. Slike forklaringshierarki påverkar barnevernets praksisar for klientkategorisering. Forståingsrammene og tolkingsrammene som blir brukt innafør tenester som jobbar med barn er dominert av ei sjølvsgatt oppfatning om at det først og fremst er barnets foreldre som har ansvar og skuld for problem som oppstår i ein familie (Hall, Sarangi, & Slembrouck, 2005; White & Wastell, 2011). Det er i tillegg ein tendens til at alvorsgraden i dei profesjonelle si bekymring for barna aukar dersom ikkje foreldra sjølve innrømmer eit slikt ansvar (White & Wastell, 2011), eller viss det ikkje blir dokumentert at barnet har ei medisinsk eller psykisk diagnose som kan forklare problema på andre måtar (White, 2002). Barnevernsproblem tek form og blir til gjennom kategoriseringsprosessar der barnets foreldre blir klassifisert i relasjon til dette.

Fleire studie har blitt gjennomført som viser korleis slike og liknande etablerte og sjølvsgatte forståingar av barnets foreldre kan verke med og set nokre rammer for samhandlinga i møtet mellom barnevernets klientar og dei profesjonelle. Eit perspektiv her kastar lys over maktaspektet i slike møte, og korleis dette opnar for at dei profesjonelle kan definere ein probleidentitet for foreldra på bakgrunn av slike innarbeida og institusjonaliserte klientkategoriar. Eit forskarnettverk i Danmark har eit slikt fokus der poenget er å få fram korleis dei institusjonelle rammene som profesjonelle arbeider innafor skapar bestemte vilkår for møte mellom sosialarbeidar og klient (Järvinen & Mik-Meyer, 2003). Studie som er gjennomført innafor fleire ulike velferdsinstitusjonar i Danmark får fram korleis dei profesjonelle brukar sin institusjonaliserte maktposisjon i møte med tenestemottakar til å definere kva som er problemet. Møta mellom profesjonell og klient blir prega av at den profesjonelle har tilgang på klassifiseringssystem og institusjonaliserte klientkategoriar som gjer at tenestemottakar får tildelt ein «probleidentitet». Ein konsekvens er at klientane blir del av i eit system der dei får avgrensa høve til å påverke avgjerder som blir teke.

Tine Egelund (2003) er den einaste av desse forskarane som rettar merksemda mot barnevern. Hennar analyse tek utgangspunkt i møte mellom sosialarbeidarar og foreldre som kjem i kontakt med dansk barnevernsforvaltning. Resultata viser at sosialarbeidaren i desse møta kategoriserer foreldra som anten verdig eller ikkje-verdig trengande på grunnlag av allmenne førestillingar om kva som er normalt og avvikande foreldreskap. På bakgrunn av slike kategoriseringar vurderer barnevernsarbeidarane foreldras skuld i barnas problem og dette blir brukt til å legitimere vidare tiltak. Det blir i desse møta ikkje opna opp for alternative tolkingar, og klienten blir i staden tvinga til å tilpasse seg den kategoriseringa som vert gjort.

Ein liknande studie har blitt gjennomført innafor norsk barnevern. Turid Midjo (2010) har i sitt doktorgradsarbeid utforska fleire møte mellom barnevernsarbeidar og barnets foreldre gjennom ulike fasar i ein undersøkingsprosess og diskuterer kva forhandlingar som går føre seg her fram til avgjerd om tiltak. Det interessante i denne studien er at det i desse sakene er snakk om å vurdere hjelpetiltak i heimen der det i utgangspunktet er foreldra sjølve som formelt sit på avgjerdsmakta. Analysen viser at det likevel er barnevernsarbeidaren som i kraft av sin institusjonelle maktposisjon tek kontroll over og styrer kva problemforståingar som skal reknast som gyldige. I dei tilfella foreldra prøver å yte motstand mot barnevernets syn og kategoriseringar får dei i liten grad anerkjenning eller gjennomslag. Barnevernsarbeidaren brukar i slike tilfelle samtalestrategiar for å overtale foreldra til å gå med på tiltak som dei i

utgangspunktet ikkje ønskjer sjølv, og Midjo snakkar om det det rår ein form for «skjult maktpraksis» som avgrensar foreldras høve til å innverke på arbeidet.

Desse studia indikerer at profesjonelle brukar sin institusjonaliserte maktposisjon til å etablere og konstruere klientkategoriar som legitimerer visse tiltak. Andre har retta større merksemd mot å få fram dei forhandlingane som er del av prosessar for klientkategorisering i slike møte. Eit internasjonalt forskarnettverk med diskursive tilnærmingar i studie av sosialt arbeids praksis har gjennomført fleire studie som utforskar møte mellom profesjonelle og deira klientar. Forskjellige profesjonelle kontekstar dannar utgangspunktet, men fokuset rettar seg mot å få fram korleis klienten i desse møta opptrer som noko meir og anna enn eit viljelaust offer for systemets kategoriar (Mäkitalo, 2014; Hall, Juhila, Parton, & Pösö, 2003; Jokinen, Juhila, & Pösö, 1999). Turid Midjo sin studie har også med seg dette perspektivet i sine konklusjonar. Poenget her er å få fram at klientar aktivt orienterer seg mot dei institusjonelle rollene og klientkategoriane som er relevante i ein profesjonell setting, men at dei likevel prøver å opptre strategisk og på måtar som tener eigne interesser i saka best. Det handlar om å forhandle om skuld, ansvar, rettar og pliktar for eit profesjonelt problem, og fordelinga av dette er ikkje gitt på førehand. Som eg har vore inne på er det rådande og kulturelt forankra idear om foreldreskap som dannar utgangspunktet for eit slikt forhandlingsarbeid i barnevernet (Hall, Juhila, et al., 2003; Slembrouck & Hall, 2003), men kva foreldreidentitet og klientkategorisering som blir skapt utviklar seg lokalt, det er ikkje snakk om å tre inn i på førehand definerte roller som ligg klar til å bli fylt (Hall, Juhila, et al., 2003). Ei moralsk orientering verkar med i forhandlingane, men begge partar tek del i konstruksjonsprosessane som definerer situasjonen og som påverkar kva som blir resultatet til slutt.

Eit døme som illustrerer korleis denne typen forhandlingsarbeid kan komme til uttrykk er Hall, Jokinen og Suoninen (2003) sin studie av møte mellom barnevernsarbeidarar og mødrer som har mista omsorga for sine barn. Sjølve avgjerda om omsorgsplassering er ikkje eit forhandlingstema for desse møta då foreldra sjølv har vurdert denne løysinga som best for barnet. I møtet med barnets mor legg barnevernsarbeidaren likevel vekt på å forsvare og legitimere ei slik avgjerd, og dette blir gjort i relasjon til normative idear om morskap og sjølsagte førestillingar om at mødrer ikkje frivillig gjev avkall på sine born. Mødrene forsvargar på same måte sitt val om å gje frå seg omsorgsansvaret, og dei gjer dette i forhold til denne kulturelle førestillinga. Saman, og gjennom samhandlinga i møtet produserer barnevernsarbeidaren og barnets mor forklaringar som dei baa reknar som akseptable. Ein annan studie viser korleis mødrer som har mista omsorga for sine barn presenterer seg sjølv i

møte med barnevernsarbeidaren som «caring, but not coping» for å ta vare på ein foreldreidentitet som kulturelt sett vert rekna som moralsk akseptabel. På denne måten unngår dei samstundes å få det heile og fulle ansvaret for problema som barnet har (Slembrouck & Hall, 2003). White og Wastell (2011) har også vist korleis foreldre tilpassar seg allmenmoralske forventningar til ansvarleg foreldreskap og skuldspørsmål, og at dei på denne måten unngår moralsk fordømming frå dei profesjonelle. Det generelle poenget som blir løfta fram er at normativt funderte personkarakteristikkar av barnets foreldre spelar ei viktig rolle for barnevernets klientkategoriseringar, men at det er forhandlingar lokalt som påverkar korleis foreldre opptrer i relasjon til desse kategoriane (Hall et al., 2005)

1.3 Formulering av problemstilling

Denne korte kunnskapsoversikta viser korleis barnevernets praksisar for problemkonstruksjon og klientkategorisering er forankra i kulturelle og normative førestillingar om foreldreskap og familieliv. Ikkje-vitskapleg, moralsk og kjenslebunden kvardagskunnskap, samt institusjonelle maktstrukturar grip inn i barnevernsarbeidet på måtar som gjer det problematisk å forstå barnevernsfaglege avgjerder som resultatet av nøytrale vurderingar av eit barns behov. Generelt har merksemda innafor forskingsfeltet retta seg mot å få fram korleis dette verkar inn på profesjonelle praksisar «frontstage», det vil seie i ansikt-til-ansikt møte mellom barnevernsprofesjonelle og familien, og då helst barnets foreldre. Få studie er gjennomført med utgangspunkt i profesjonelle praksisar «backstage» der avgjerdsprosessar skjer utan at familien sjølv er til stades. Åse Vagli (2009) sin studie er eit unntak her, men elles blir denne asymmetrien i forskingsfokus også reflektert i kunnskapsoversikta som eg presenterte over. Uavhengig av profesjonell kontekst illustrerer studia korleis meining i barnevernsproblem blir produsert og skapt om gjennom samhandling, og dei får fram korleis situasjonsbundne og kontekstuelle aspekt spelar inn i desse konstruksjonsprosessane.

Få studie av barnevernet har retta seg mot å forstå korleis meininga i og konstruksjonar av eit barnevernsproblem utviklar seg over tid og på tvers av fleire ulike profesjonelle arenaer, backstage og frontstage. I min studie har eg eit ønskje om å utvikle kunnskap om dette. Med utgangspunkt i analysar av tre profesjonelle aktivitetar som står sentralt i ein barnevernsfagleg avgjerdsprosess med barnevernssaker, har eg eit ønskje om vise fram korleis forståingar og definisjonar av barnevernsproblema utviklar og endrar seg gjennom desse aktivitetane. Aktivitetane som eg studerer går føre seg på ulike profesjonelle arenaer, både backstage og frontstage, og dei involverer fleire deltakarar. Dei profesjonelle oppgåvene og det barnevernsprofesjonelle prosjektet varierer innafor kvar aktivitet, på same tid som alle knyter

seg til eit felles, overordna mål om å føre arbeidet med barnevernssaka vidare i ei retning som gjer det mogleg å ta ei avgjerd, og legitimere denne som institusjonelt og profesjonelt gyldig.

Føremålet med studien er deskriptiv. Det vil seie at eg ønskjer å skildre korleis barnevernsfaglege avgjerdsprosessar går føre seg, og å peike på kva sosiale og kulturelle forhold som verkar med i desse prosessane, snarare enn å ta stilling til om arbeidet kvar og ein barnevernsarbeidar gjer er godt eller dårleg, eller vurdere om kunnskapen som blir brukt er vitenskapleg nok. Studien rettar merksemda spesielt mot den rolla snakk og samhandling mellom barnevernsarbeidar og andre som er involvert i dei dei barnevernsfaglege aktivitetane har. Det er korleis denne samhandlinga verkar med til å utvikle og forme forståingar av eit barnevernsproblem, og korleis dette påverkar det vidare arbeidet med ei barnevernssak eg ønskjer å få fram.

Faglege debattar om barnevernets kunnskapsgrunnlag og spørsmålet om mogleg svekka tillit blant publikum har ført til at dei offentlege barnevernstenestene er i stadig utvikling og omstilling. Tiltaka som er sett i verk rettar seg i hovudsak mot å auke kompetansen hjå dei barnevernstilsette for å sikre kvaliteten i vurderingane som blir gjort, samt å betre rutinane som gjeld for sakshandsaming med barnevernssaker for å sikre systematikk og påliteleg arbeid. Dette er strategiar for kvalitetsforbetring som reflekterer ei instrumentell tilnærming til faglege vurderingar og avgjerdsprosessar der abstrakte arbeidsmodellar for avgjerdstaking dannar utgangspunktet. Eg har eit ønskje om at min studie av barnevernsfaglege avgjerdsprosessar, kunnskapsbruk og faglege vurderingar i barnevernssaker slik desse viser seg i ein praktisk arbeidskvardag i den kommunale barnevernstenestene kan få relevans og nytte, og kanskje bringe inn nye perspektiv i ein diskusjon om kva som kan auke kvaliteten i barnevernets avgjerdspraksisar.

Den overordna problemstillinga for studien er:

- Korleis skapar barnevernsarbeidarar i det kommunale barnevernet mening i avgjerdsprosessen med barnevernssaker?

Barnevernet er eit normativt felt, og vurderingar av kva som er barns beste i kvar barnevernssak er eit spørsmål av normativ karakter. Slike forhold gjer at avgjerder som blir teke i barnevernssaker har ved seg ei grunnleggande uvisse som til tider kan vere umogeleg å fjerne heilt. Denne uvissa skapar ei spenning mellom barnevernsarbeidarens avgjerdstvang og risiko for å ta ei avgjerd som seinare kan vise seg å vere feil. Eg har ei interesse av å få meir kunnskap om korleis barnevernsarbeidarane går fram når dei skapar mening til barnevernssaker i uvisse barnevernssaker. Eg vil vere spesielt oppteken av å utforske kva faglege reiskapar barnevernsarbeidarane har tilgang på og brukar når dei prøver å redusere denne uvissa i profesjonelle samanhengar. Det vil i denne samanhengen vere av interesse å få fram kva diskursar og diskursive praksisar som blir brukt til å legitimere dei faglege vurderingar som vert gjort.

Profesjonelle aktivitetar på tre ulike arenaer der barnevernssaker blir drøfta gjennom avgjerdsprosessen utgjer studiens empiriske utgangspunkt. Den eine er kollegiale drøftingar internt i barnevernstenesta. Her vert barnevernssaker drøfta av barnevernsarbeidarar utan at familien er til stades. Den andre er møte mellom barnevernsarbeidar og barnets foreldre, og den tredje er møte der barnevernsarbeidaren drøftar barnevernssaker med andre profesjonelle som til dagleg jobbar utanfor barnevernstenesta. Slike møte omtala barnevernsarbeidarane som rettleiing. Tre delproblemstillingar blir drøfta i samband med presentasjonen og analysen av dei tre aktivitetane:

- Korleis skapar barnevernsarbeidarane mening til barnevernssaker i kollegiale samanhengar, og kva diskursive reiskapar blir brukt til å kategorisere eit barnevernsproblem her?
- Korleis møter barnevernsarbeidarar barnets foreldre i barnevernssaker der det er ulike syn på barnevernssaka, og korleis markerer barnevernsarbeidaren si profesjonelle rolle som fagleg autoritet i desse møta?
- Korleis får barnevernsproblem mening i rettleiingssituasjonar der deltakarar utanfor barnevernstenesta tek del, og korleis brukar barnevernsarbeidarane slik ekstern rettleiing?

1.4 Oppbygginga av avhandlinga

I *kapittel 1* har eg introdusert tema og forskingsmessig fokus i avhandlinga. Eg gjer her greie for barnevernsfagleg avgjerdstaking som fenomen; organisatoriske og institusjonelle rammer, ideologiske dilemma og barnevernets historiske og kulturelle forankring blir skildra. Ei kort drøfting av sentrale sosiologiske tilnærmingar til studie av barnevernets avgjerdspraksisar blir presentert, før kapittelet endar ut i avhandlingas føremål og problemstillingar.

I *kapittel 2* introduserer eg avhandlingas analytiske tilnærmingar, og eg startar med å presentere perspektiv som opnar for å forstå avgjerdstaking som eit sosialt og kollektivt fenomen, som eit alternativ til individorienterte og kontekstlause forståingar av institusjonelle avgjerdsprosessar. Eg argumenterer for relevansen av dei teoretiske omgrepa som eg brukar i analysen av barnevernets avgjerdspraksisar, der språkpragmatiske perspektiv som rettar merksemda mot diskursars røyndomskonstituerande kraft står sentralt.

Dei analytiske tilnærmingane som er presentert i kapittel 2 er grunnleggande for metodiske val og framgangsmåtar i studien. I *kapittel 3* presenterer og grunnlegg eg desse vala, og eg skildrar arbeidet med analysen. I tillegg seier eg noko om forskarrolla og etiske vurderingar.

Kapittel 4-6 utgjer avhandlingas analysedel, og i desse kapitla presenterer eg tre sentrale profesjonelle aktivitetar i ein avgjerdsprosess som arbeidet med ei barnevernssak utviklar seg gjennom. Kvar av dei tre profesjonelle aktivitetane blir presentert i eit eige kapittel:

Kapittel 4 presenterer kollegiale drøftingar internt i barnevernstenestene der barnevernssaker vert drøfta utan at familien er til stades. Her skildrar eg korleis barnevernsarbeidarane kollektivt og gjennom samhandling produserer kategoriseringar av barnevernsproblema som blir drøfta, og korleis dette verkar med til å legitimere løysingar.

Kapittel 5 viser fram korleis barnevernsarbeidaren handterer møte med barnets foreldre i situasjonar med usemje, og korleis desse møta er dominert av ei samarbeidsorientering der barnevernsarbeidaren søkjer å skape konsensus om det vidare arbeidet med barnevernssaka.

I *kapittel 6* blir to ulike rettleiingssituasjonar drøfta, der profesjonelle som ikkje kjenner barnevernssaka frå før blir involvert i avgjerdsprosessen. Eg skildrar korleis denne involveringa verkar med til å redusere kompleksiteten i vanskelege og dilemmaprega barnevernsproblem, og eg diskuterer barnevernsarbeidarens status som ekspert i møte med juristar og psykologar som ein del av dette.

Kapittel 7 inneheld ei samanfating av avhandlinga, og eg vil svare på problemstillingane som eg har stilt. Eg presenterer her ein modell som opnar for å få fram dei prosessuelle aspekta ved barnevernsfagleg problemløysing, og som illustrerer dei dynamiske og ikkje-lineære aspekta ved barnevernsfagleg avgjerdstaking. Avslutningsvis i kapittelet framhevar eg korleis diskursive perspektiv og analysar av verkelege arbeidssituasjonar kan vere med til å styrkje barnevernsfagelege avgjerdspraksisar.

Kapittel 2 Analytisk ramme

“Decisions emerge from a number of activities and contexts, and it is hard to pin down the moment of talk when it is made” (Sarangi & Roberts, 1999a:34)

I dette kapittelet skal eg gjere greie for og drøfte dei teoretiske tilnærmingane som eg brukar i studien av barnevernets avgjerdsprosess. Desse tilnærmingane dannar utgangspunktet for mine skildringar og analyse av det empiriske datamateriale. Når eg drøftar dei teoretiske perspektiva som blir presentert grunnjev eg samstundes mitt val av analytisk ramme i avhandlinga. Kapittelet inneheld med andre ord skildringar av kva sider ved barnevernets avgjerdsprosess eg i denne avhandlinga ser *på*, og kva perspektiv og innfallsvinkel eg har vald å sjå dette *med*, og meir bestemt kva teoretisk omgrepsapparat eg nyttar i mine analysar av dette fenomenet.

Eit teoretisk hovudfokus i avhandlinga rettar seg mot den rolla snakk og samhandling spelar i profesjonelle kontekstar der formelle avgjerder blir teke. Fokus er spesielt mot snakk og samhandling som går føre seg mellom barnevernsarbeidaren som skal ta ei avgjerd og andre aktørar som er sentrale for avgjerdsprosessen i ei barnevernssak, og korleis denne samhandlinga verkar med i arbeidet med å skape mening til barnevernsproblema som barnevernssaker handlar om. Både situasjonelle og institusjonelle aspekt ved samhandlinga og forholdet mellom desse blir løfta fram. Dei situasjonelle aspekta knyter seg til forhold i samhandlingssituasjonen, og korleis samhandlinga i seg sjølv verkar med til å skape mening til aktuelle problem som blir drøfta der og då. Det institusjonelle aspektet knyter seg til det kommunale barnevernet som sosial institusjon, og korleis dette påverkar samhandlingssituasjonen og legg føringar og strukturelle avgrensingar på kva mening som blir skapt. Barnevernsfaglege avgjerdsprosessars sosiale dimensjon blir på denne måten løfta fram, og opnar opp for analysar av avgjerdstaking som meningskonstruksjon og som diskursiv praksis. Det vil seie ei tilnærming til avgjerdstaking som ser bort frå mentale prosessar som ikkje kan observerast direkte.

2.1 Eit sosialt perspektiv på avgjerdstaking

I sitatet som innleiar dette kapittelet kommenterer Sarangi og Roberts (1999a) instrumentelle og logisk-rasjonelle tilnærmingar til profesjonell avgjerdstaking. Ein rasjonell modell på profesjonell avgjerdstaking skildrar ei avgjerd som resultatet av regelstyrte handlingar og mål-middel tenking der måla og problema som skal løysast ligg der klar til å bli løyst (March &

Heath, 1994; Mehan, 1984). Avgjerdstaking blir med ei slik tilnærming forstått i kognitive termar. Ein generell kritikk mot denne forståinga er at menneskeleg tenking og bruk av kunnskap ikkje følgjer den strukturen og logikken som er føreset i slike modellar. Avgjerdsprossar er meir komplekse enn dette, og ofte er det slik at ei endeleg avgjerd først blir synleg etter at den er teke (Boden, 1994).

I denne avhandlinga blir den rasjonelle avgjerdsmodellen kritisert både på teoretisk og empirisk grunnlag. Ideen om at resonneringsprossar som ligg til grunn for avgjerder er konsistente og målretta bygger på eit vilkår om at personar som tek avgjerder samlar fullstendig kunnskap om alle sider av eit problem før det blir løyst. Dette er eit problematisk utgangspunkt. Menneske har frå naturen si side avgrensa kognitiv kapasitet, noko som påverkar vår evne til å oppfatte og lagre informasjon. Merksemda blir difor selektiv. Resonnering har dessutan ein sosial dimensjon ved at det som blir lagt merke til i ein tolkingsprosess oftast er det som er mest synleg, eller som knyter seg til kunnskap som er kjent frå før. Forsking frå kognitiv vitskap viser at tenking og tolking av informasjon blir organisert og strukturert gjennom bruk av mentale modellar og kognitive skjema (Rumelhart, 1980). Det vil seie at kunnskap som ein person allereie har opparbeida blir overført og brukt til å tolke og skape meining til nye observasjonar. Ny informasjon blir slik tolka, forstått og tilpassa etablerte forståingsmodellar meir enn å skape nye forståingar. Kognitive skjema kan brukast til å skape analogiar, ved at det ein ser blir samanlikna med og tolka i lys av tidlegare erfaringar med liknande tilfelle. Denne dynamikken mellom tidlegare og nye erfaringar vil etter kvart og over tid produsere faste idear om typiske tilfelle (Cicourel, 1973; 1985) Tolkingprossar reduserer på denne måten ein kompleksitet og eit mangfald som i utgangspunktet er der, og nokre gonger kan dette mangfaldet forsvinne heilt. Det har vore peika på at slike forhold ved tolkingprosessen aukar faren for systematiske feil og fordomsfulle vurderingar i profesjonelle avgjerdssamanhengar (Backe-Hansen, 2001; Kahneman & Miller, 1986). I ein barnevernsfagleg avgjerdspross kan denne slagsida ved resonneringsprossar vise seg mellom anna ved at barnevernsarbeidaren tolkar informasjon og opplysningar i lys av etablerte forventningar og fordommar om årsakssamanhengar, og brukar dette til å trekke slutningar om kva eit barnevernsproblem handlar om.

Cicourel (1985) kallar slik tolkingkunnskap for prosedyrekunnskap, og poenget her er at denne tolkingkunnskapen er forankra sosialt. Eit grunnleggande kjenneteikn ved prosedyrekunnskap er at den knyter seg til spesielle situasjonar og aktivitetar. Slik kunnskap har difor andre kvalitetar enn generell og kontekstlaus kunnskap som er meir abstrakt og forankra i generelle

teoriar og omgrep. Prosedyrekunnskap er avhengig av erfaring med liknande situasjonar og aktivitetar for å kunne brukast. Cicourel peikar på at denne kunnskapen gjer det mogeleg å trekke slutningar om årsakssamanhengar og å skape meningsfulle samanhengar på grunnlag av lite og avgrensa informasjon. Det er samspelet mellom lokal prosedyrekunnskap og skjematisk eller generell kunnskap som produserer mening. Eit døme på prosedyrekunnskap i barnevernssamanheng vil vere det å vite korleis generelle handlingsregelar for tiltak skal brukast i eit konkret tilfelle. I lova står det at slike tiltak skal setjast inn dersom «barnet på grunn av forholdene i hjemmet eller av andre grunner har særlig behov for det» (Barnevernslova, 1992; §4-4). Men meningsinnhaldet i denne reglen er ikkje innlysande. Det vil seie at barnevernsarbeidarar må legge til kunnskap og utvide meningsinnhaldet i regelen med sin prosedyrekunnskap om barnevern i slike situasjonar for å kunne tolke om problema ein møter på er av eit slikt tilfelle eller ikkje.

Eit anna grunnleggande premiss for den logiske-rasjonelle avgjerdsmodellen er at alle dei forskjellige løysingsalternativa som finst blir vurdert før ei endeleg avgjerd vert teke. For avgjerdstaking i institusjonelle samanhengar er ikkje dette tilfelle, og det også eit urealistisk ideal. Strukturelle forhold ved avgjerds konteksten skapar rammer for og avgrensar profesjonelle vurderingar på måtar som gjer at nokre løysingar framfor andre kan presse seg fram. Den valde avgjerda vil difor ikkje alltid verke rasjonell eller logisk i høve til målet. Hugh Mehan (1984) viser frå ein studie av det engelske skulesystemet der avgjerder om elevars rett til spesialundervisning vert teke at innhaldet i tiltaksporteføljen, økonomi, tid og skulens timeplanar berre er nokre av forholda som påverkar avgjerdsprosessen her. Barnets behov for spesialundervisning var ikkje alltid styrande for dei tiltaka som vart vald. Organisatoriske og institusjonelle omsyn verka med i vurderingane av elevars behov for spesialundervisning, og dette viser at avgjerdstakarar må resonnerer innafor rammene av ein avgrensa rasjonalitet (March & Heath, 1994). For nokre typar profesjonelle problem er det heller ikkje alltid klårt kva variablar som finst eller kva som vil vere mogelege konsekvensar av dei ulike løysingsalternativ. Det er heller snakk om ein straum av ulike problem, løysingar, avgjerdstakarar og valalternativ som meir eller mindre tilfeldig og over tid blir kopla saman. Kva problem som blir lagt merke til og får fokus på eit tidspunkt, og løysingar som blir vald kan difor bli vilkårleg. Dette viser at det kan vere meir passande å tale om avgjerdsprosessar som «organisert anarki» (March & Heath, 1994:199), der det er løysingane som søker problema, meir enn at problem søker løysingar. For barnevernsproblem er dette aktuelle problemstillingar i ein avgjerdsprosess. Problema i ei barnevernssak er komplekse, det er

sjeldan snakk om berre eit problem åleine, men kjeder av problem. Mekanismane for kva problem som til ei kvar tid får fokus kan difor ikkje styrast av logisk-rasjonelle prinsipp, men er snarare sosiale.

I følgje ein logisk-rasjonell modell skulle altså avgjerdsprosessar vere nøytrale og handle om å trekke slutningar på grunnlag av faktiske empiriske observasjonar. Slik er det ikkje. Problema som skal løysast og informasjon og opplysningar som dannar utgangspunktet for ei avgjerd om barnevernsproblem kan vere både utydeleg og fleirtydig. Eit barnevernsproblem er heller ikkje eit objektivt fenomen. Som eg viste i innleiingsvis i avhandlinga knyter det seg ei heil rekke dilemma til løysinga av eit barnevernsproblem. Problema må difor tolkast, spørsmål av moralsk og normativ karakter dukkar opp og den valde tolkinga må ha institusjonell legitimitet for å reknast som gyldig. Barnevernsproblem må difor reknast som eit produkt av prosessar for meningskonstruksjon der sosiale og kulturelle forhold verkar med. Dette gjer det naturleg å trekke inn perspektiv på avgjerdstaking som rettar merksemda mot kontekstuelle forhold og mot dei sosiale samanhengane som tenking, resonnering og tolking er del av.

2.1.1 Avgjerdsprosessar og sosialt distribuert kognisjon

Antropologen Edwin Hutchins (1995) presenterer eit perspektiv på problemløysing, tenking og resonnering som han kallar sosialt distribuert kognisjon. Dette er eit perspektiv som får fram avgjerdstakingas sosiale dimensjonar. Innafor alle organisasjonar og institusjonar der problem blir løyst og avgjerder teke er det alltid fleire ulike deltakarar som må samarbeide. Kvar av desse deltakane har ulik kjennskap til og kunnskap om problema som skal løysast, dei er med i kraft av å vere ein «informed citizen» (Schütz, 1964) om problemet. Det er samarbeidet mellom desse deltakarane som skapar løysingar og fører til at avgjerder kan takast, og avgjerder er på denne måten sosialt komplekse og kollektive. Fokus i analysar av avgjerdsprosessar som sosialt distribuerte er difor systemet av deltakarar og aktivitetar som avgjerdsprosessane er del av, snarare enn resonneringsprosessar lokalisert i folks hjernar. Fleire forskjellige problemløysingsaktivitetar har vore gjort til gjenstand for denne typen analyse. Døme her er problemløysing innafor fly- og skipsnavigasjon (Hutchins, 1995; Hutchins & Klausen, 1995), og avgjerdstaking innafor fagfelt som medisin (Cicourel, 1990) og spesialpedagogikk (Mehan, 1984). Desse studia er gjennomført med etnografiske metodar der målet har vore å få fram korleis tenking viser seg i praksis. Poenget er då å utforske ikkje berre kva mening som blir skapt, men korleis mening blir skapt gjennom bruk av ressursar og «reiskapar for tenking» som finst innafor ein aktivitet og korleis desse blir brukt til å skape mening. Døme på slike reiskapar og ressursar kan vere språklege omgrep og kategoriar, materielle reiskapar og det kan vere

ideologisk forankra tankesett. Poenget er å få fram korleis aktivitetar og mening utviklar seg i relasjon til den sosiale og kulturelle samanhengen den går føre seg i. Eininga for analyse rettar seg mot eit kollektiv og eit system av tenkarar og «tenkereiskapar» snarare enn individ, der tenking og resonnering blir forstått som fordelt mellom fleire ulike deltakarar innfor dette systemet.

Sosialt fordelte tolkingsprosessar, institusjonelle strukturar og faglege reiskapar påverkar på denne måten problemløysinga, og Hutchins snakkar om at det meir enn personar er eit «aktivitetssystem» som tenker, og at slike aktivitetssystem har andre eigenskapar enn kvart enkelt individ som er del av dette aktivitetssystemet. Hutchins (1995:169) skriv at «in watching people thinking in the wild, we may learning much more about their environment for thinking as about what is inside them», og ein kan seie at dette systemet av aktivitetar utgjer tenkingas «kognitive arkitektur» (Hollan, Hutchins, & Kirsh, 2000).

Goodwin (1994) illustrerer korleis profesjonelle utviklar bestemte måtar å tenke og resonnerer om problema dei er sett til å løyse innfor slike aktivitetssystem. Gjennom bruken av desse hjelpemidla skapar dei det han kallar «profesjonelle syn» som organiserer og orienterer tenkinga, og som gjer det mogeleg å velje ut kva som skal bli sett og korleis noko blir sett. Goodwin viser korleis hjelpemiddel som høyrer ein profesjon til kodar og klassifiserer problem på bestemte måtar, dei gjer at nokre sider ved problema blir meir markert og synleg enn andre, og dei blir brukt til å representere problema materielt. Han viser mellom anna korleis bruken av profesjonelle kategorisystem kan skape og endre samanhengar for observasjonar og informasjon og med dette gjere røyndommen til noko som passar det praktiske arbeidet. Materielle representasjonar av desse problema omdannar samstundes problema til eit anna røyndomsnivå. Dei profesjonelle hjelpemidla er slik tolkingsreiskapar som kan brukast til å sortere ut kva informasjon som er relevant og kva som ikkje er det. Problemas form og eigenskapar blir meir synleg og produserer fakta som trengs til å skape mening til det ein ser. Ein røyndom kan tolkast på ulike måtar, den er kompleks og profesjonelle brukar slike faglege reiskapar til å gjere denne røyndommen meir eintydig og til å identifisere meningsfulle og relevante samanhengar ut av denne kompleksiteten.

Perspektiv på avgjerdstaking som sosialt distribuert kognisjon opnar opp for å få fram korleis dette systemet av personar, faglege hjelpemiddel, kunnskapsformer og representasjonar kjem til syne og verkar med i å forme kva barnevernsproblem som blir sett gjennom ein barnevernsfagleg avgjerdsporsess.

2. 2 Ein interaksjonsteoretisk analysestrategi

Eit kjenneteikn ved barnevernets aktivitetssystem er at problemløysingsaktivitetane er nærast fri for teknologiske hjelpemiddel. Avgjerdsprosessen går først og fremst føre seg gjennom ulike møteaktivitetar der barnevernsarbeidaren snakkar om og diskuterer problema som skal løysast. Møteaktivitetar er ein viktig faglege reiskap for avgjerdstaking og problemløysing i barnevernet. I følge Mauss (2006) sin definisjon kan slik møteverksemd bli forstått som ein teknologi. Han definerer teknikkar som «traditional actions combined in order to produce a mechanical, physical and chemical effect, these actions being recognised to have that effect (ibid:98). Det vil seie at i Mauss si forståing knyter teknologi seg til bruk, føremål og effekt, og handlar på denne måten om meir enn materialitet. Barnevernets møteverksemd kan reknast som døme på ikkje-materielle reiskapar som blir brukt gjennom avgjerdsprosessen til å produsere visse konsekvensar, effekt og nytte i ei barnevernssak. Det er i desse møta og gjennom samhandlingsaktivitetane som går føre seg her at barnevernsarbeidarane prøver å løyse problem som kan oppstå undervegs, og det er her dei produserer forståingar av barnevernsproblem som gjer det mogeleg å ta avgjerder om korleis gå vidare i arbeidet.

Utforsking av samhandlinga i denne møteverksemda er difor ein naturleg inngang for å forstå kva som verkar med og som påverkar dei barnevernsfaglege avgjerdsprosessane. Interaksjonsteoretiske perspektiv på forholdet mellom meiningsdanning, snakk og samhandling er relevant og nyttig for denne typen analysar, og slike tilnærmingar blir omtala som diskursivt orientert (Hall, Juhila, Matarese & van Ninjatten, 2014:2; Wetherell, Taylor, & Yates, 2001). Diskursive og interaksjonsteoretiske tilnærmingar i ein analyse rettar merksemda mot å få fram korleis språk og kommunikasjon verkar med i konstruksjonsprosessar der mening blir produsert. I mi analyse vil det handle om å analysere fram kva rolle språk og samhandling spelar når barnevernsarbeidarane prøver å skape mening til barnevernssaker og ta avgjerder på grunnlag av dette.

2.2.1 Språkpragmatiske perspektiv

Diskursorienterte samhandlingsanalysar kan plasserast innafor ulike forskingstradisjonar, både metodisk og i forhold til teoretisk rammeverk. Diskursomgrepet kan difor variere i innhald, men ei grunnleggande tenking og fellesnemnar er ideen om at røyndomsforståingar blir konstituerert og konstaterert gjennom bruk av språk og kommunikasjon (Wetherell et al., 2001). Det vil seie ei forståing om at alle språklege og kommunikative uttrykk som blir brukt i ein gitt samheng verkar med til å produsere røyndomsforståingar og etablere denne som gyldig og verkeleg. Berger og Luckmans (1967) kunnskapssosiologiske tekst «The social construction

of reality» er vesentleg for forståinga av forholdet mellom røyndomsforståingar, språk og samhandling som diskursanalysar bygger på. Her presenterer forfattarane eit perspektiv på korleis kunnskap om og erfaring av røyndommen blir til gjennom ein konstruksjonsprosess der subjektive opplevingar blir omdanna til sjølvsaute og objektivt erfarte sosiale fenomen gjennom språk og samhandling. Erfaringar som i utgangspunktet er subjektive kan gjennom denne konstruksjonsprosessen bli institusjonaliserte, det vil seie at praksisar og forståingsformer over tid blir gjort til rutinar, eller etablerte «vanemessige handlingar» og med det til noko sjølvsaute som ikkje blir reflektert over. Berger og Luckman retta spesielt merksemda mot korleis grunnleggande sosiale institusjonar i samfunnet får ein eksistens og er eit produkt av slike språklege og samhandlingsmessige konstruksjonsprosessar. Vanar har då blitt etablerte og typifiserte innafor eit større fellesskap og dette skapar ei felles røyndomsforståing som gjev retning til vidare handling (Berger & Luckmann, 1967:54)

I profesjonelle samanhengar kan vi sjå døme på at vanedannande praksisar er etablert og institusjonalisert gjennom dei profesjonelle sin bruk av kategoriar. Eit openbart døme på dette er bruken av medisinske eller psykiatriske diagnosar. Bruken av slike diagnosar formar dei profesjonelle sin røyndom og forståingane av denne, og illustrerer døme på korleis ei språkleg forankra klassifisering og kategorisering kan ha konstituerande kraft (Wetherell et al., 2001). Ein diagnose kan i nokre samanhengar føre til at personar blir definert og forstått berre i relasjon til denne kategorien, og alternative oppfatningar av personen fell bort. Nokre kategoriseringar kan endatil bli varige, og eigenskapar som vert assosiert med ein kategori vert rekna som ein del av ein persons identitet (Goffman, 1963). Innafor sosialt arbeid og barnevern finst det på liknande vis kategoriar for ulike typar av sosiale problem og det finst kategoriar for ulike typar klientar. Desse kategoriseringane har konsekvensar for dei profesjonelle sine val av tiltak. Når klientar og problem blir kategorisert som type blir dei på same tid standardiserte, og nyansar, variasjon og unike trekk forsvinn. Det konstruerte aspektet ved kategoriseringsprosessen fell vekk, og forståinga får ein status som verkeleg og sann. Det har blitt hevda at innafor velferdstenestene vert klientar konstruert på bakgrunn av ulike typar «problemidentitetar» (Järvinen & Mik-Meyer, 2003) som eksisterer innafor institusjonen, og sosiale problem blir tolka og definert på bakgrunn av slike kategoriseringar.

Det er likevel ikkje slik at språklege kategoriar utan vidare skapar ein røyndom. Språk relaterer seg og referer alltid til ein annan røyndom. Dersom ein barnevernsarbeidar kategoriserer ei mor som ein dårleg omsorgsperson er dette ei formulering som konstaterer og definerer ein situasjon og eigenskapar ved ein person. Samstundes, for at denne kategoriseringa skal gje meining og

verte rekna som gyldig må den referere til forståingar av kva det er som gjer ei mor til ein dårleg omsorgsperson. Språk og språklege kategoriane viser på denne måten tilbake til kulturelle røyndommar, eller som i dette døme ein barnevernsprofesjonell røyndom for å få meining. Å kategorisere ei mor som ein «dårleg omsorgsperson» refererer til ei kulturelt forankra, men profesjonell forståing som gjeld innafor barnevernet av kva gode og dårlege omsorgspraksisar er. Det er på denne måten konteksten som gjev språket handlande kraft (Wetherell et al., 2001:17) Dette er ei tilnærming til språk og diskurs som får fram at ord, snakk og kategoriar ikkje har ibuande meining, men at meining blir skapt i relasjon til ein sosial og kulturell samanheng. Wittgenstein sitt omgrep «språkspel» (Johannessen, 1993; Wittgenstein, 1968) har relevans her. I ideen om språkspel ligg ei forståing av at meining blir til gjennom eit «spel», nærare bestemt ein aktivitet eller ein bestemt brukssamanheng der det er dette aktivitetsfellesskapet som skapar vilkåra for korleis noko bli oppfatta. Garfinkel (1967) er inne på noko av det same når han snakkar om språkets indeksikalitet. At språk er indeksikalt betyr at konteksten er ein uløseleg del av språkbruken og då meiningsdanninga. Gjennom ei rekkje eksperiment viser Garfinkel korleis det som blir sagt i ein samtale først gjev meining når det eksisterer ei felles referanseramme for snakket.

Levinson brukar omgrepet aktivitetstypar for å få fram språkets indeksikalitet og samanhengen mellom språk og kontekst. Ein aktivitetstype viser med Levinson til «any culturally recognized activity...[...] whose focal members are goal-defined, socially constituted, bounded, events with *constraints* on participants, setting, and so on, but above all on the kinds of allowable contributions.” (1979:s368). Aktivitetstypar er ein setting, ein strukturelt og kulturelt forankra kontekst som legg føringar på samhandlinga. Samhandling som er del av ein aktivitetstype skjer i relasjon til denne settinga, og språket får difor sin funksjon i relasjon til aktivitetstypen. I institusjonelle samhengar er ulike møteaktivitetar typisk døme på aktivitetstypar. Slike møte er ofte målorienterte, og dei inneheld ofte bestemte institusjonelt forankra arbeidsoppgåver som legg strukturelle føringar på korleis deltakarane samhandlar i desse møta. Deltakarane har som regel visse aktivitetsroller som definerer kva arbeidsoppgåver som ligg til deira deltaking i møtet. Det kan vere leiaroppgåver, ein kan delta som ekspert, eller som i barnevernets profesjonelle samhengar kan ei aktivitetsrolle vere klienten som har krav på ei teneste. Levinsons poeng her er at utøvinga av ei aktivitetsrolle orienterer seg mot den aktiviteten som gjeld, og snakk og samhandling får meining i relasjon til denne.

Det er altså ein samanheng mellom språk og kontekst, men dette betyr også at språk og samhandling kan brukast til å aktivere og skape bestemte samhengar for å påverke kva

røyndommar, og aktivitetar som blir skapt. Aktivitetstypar er sosiale realitetar som kan omtolkast og bli til noko anna. Språk og diskursar har på denne måten ein retorisk funksjon, og språkbruken blir ei sosial deltakingsform som aktivt skapar mening i deltakingssamanhengen (Måseide, 2008; Potter & Wetherell, 1987; Wetherell et al., 2001). Når det gjeld Levinsons aktivitetstypar vil det til dømes vere slik at aktiviteten set nokre strukturelle rammer for samhandlinga, men dette vil ikkje seie at det er snakk om eit statisk fenomen. Aktiviteten får ein funksjon og ei mening først når deltakarar brukar det handlingsrommet som finst til å skape denne meninga. I analysar av barnevernets avgjerdsprosess vil eit slikt perspektiv vere nyttig i diskusjonar av kvifor og korleis ein versjon av barnevernsproblemet vert snakka fram framfor andre i ein samhandlingssituasjon. Kva oppnår dei som er til stades med å etablere ein versjon som meir gyldig enn ein annan? Eit anna spørsmål er kva forhold som påverkar det som blir tilgjengelege versjonar? Dette er eit perspektiv som løftar fram diskursar som funksjonelle (Potter & Wetherell, 1987) der språk og samhandling vert rekna som retoriske ressursar som kan brukast til å overtale og overtyste. Språkpragmatiske tilnærmingar til diskurs rettar merksemda mot det personar gjer ved å bruke språket, og kva arbeid som er involvert (Wetherell et al., 2001) i ein samhandlingssituasjon. Språk og samhandling kan brukast til å representere røyndommen på bestemte måtar, og innafor barnevernets profesjonelle kontekstar får dette konsekvensar for kva avgjerder som blir teke.

Holquist (1983) omtalar situasjonar der fleire partar kjempar om å vinne fram med sin versjon av røyndommen for «representasjonspolitik». Holquist sitt poeng er at den som vinn fram med ein representasjon er den som rår over språklege verkemiddel og reiskapar som kan representere røyndommen i tråd med ein offisiell ideologi. Det er eit gjensidig forhold mellom den som snakkar og eit sosialt publikum som skapar mening til det som blir sagt, og i dette forholdet er det samstundes ein maktdimensjon. Eit dialogisk perspektiv på kommunikasjon ligg til grunn for dette synet (Bakhtin, Holquist & Emerson, 1981), og poenget er å forstå snakk og samhandling med utgangspunkt i kven snakket rettar seg mot, og kva forhold som gjev språket konstituerande kraft. Ord og språk blir sett som «a territory shared by both addresser and addressee, by the speaker and his interlocur» (Holquist, 1983:4), og det er den som har kontroll over og styrer dette «territoriet» som samstundes har makt til å definere og representere ein røyndom framfor ein annan.

Barnevernets møteaktivitetar er aktivitetstypar i ein avgjerdsprosess som knyter seg til å komme fram til kva mening eit barnevernsproblem i ei barnevernssak har, og den problemforståinga dei kjem fram til dannar grunnlag for det vidare arbeidet med saka. Retningar innafor dei

diskursanalytiske forskingstradisjonane som fokuserer språkets pragmatiske og sosiale funksjonar blir brukt i analysen av snakk og samhandling innafor desse aktivitetstypene. Eit analytisk fokus rettar seg då mot å få fram korleis språk og diskursar blir brukt som retoriske reiskapar (Wetherell et al., 2001). I dette ligg det at deltakarar i ein samhandlingssituasjon brukar språk og samhandling strategisk til å skape samanhengar som produserer ei bestemt meining til problema dei diskuterer, og det er på denne måten eit arbeid involvert i samhandlinga. Deltakarar med ulike interesser og syn forhandlar om meining gjennom bruk av desse språklege reiskapane. Kven og kva forhold som påverkar kva versjon som vert rekna som gyldig og kva argument som får gjennomslag innafor det diskursive rommet (ibid:25) som barnevernets avgjerdsprosessar er del av, er spørsmål eg diskuterer her.

2.2.2 Diskursive praksisar og samhandlingas orden

Når diskursar i sosial handlingar har eit mønster kan ein tale om diskursive praksisar (Goodwin, 1994; Wetherell et al., 2001). Diskursane kan då reknast som kjelder til å skape ein regularitet og orden i samhandlingssituasjonen, og dei kan brukast av deltakarane til å organisere handlingar. Diskursive praksisar viser seg som faste eller typiske måtar å bruke snakk og samhandling på i ein situasjon, og desse praksisane verkar med til å orientere deltakarane og ordne diskursar på bestemte måtar.

Goffman (1983) brukar omgrepet «interaksjonsorden», eller samhandlingsorden for å illustrere ein type diskursiv praksis som handlar om å regulere dei normative og moralske aspekta ved ein samtale slik at samtalen ikkje bryt saman. Goffman (1961) skil mellom to ulike typar samhandlingssituasjonar, som anten er prega av fokusert eller ufokusert samhandling. Ufokusert samhandling er del av kortvarige og tilfeldige møtesituasjonar der deltakarar ikkje aktivt orienterer seg mot kvarandre. Dei fokuserte samhandlingssituasjonane er av ein annan type. Her er samhandlinga prega av at deltakarane har ei felles orientering og aktivt samarbeider om å halde ved like samhandlingssituasjonen dei er del av. Samhandling som går føre seg i profesjonelle samanhengar er døme på fokusert samhandling, og der vil det vere viktig at dei som samhandlar har ei gjensidig orientering om kva ein kan forvente av møtet, og kva roller dei ulike deltakarane har i høve til kvarandre. Døme på slike samhandlingssituasjonar innafor barnevernet vil vere møte mellom barnevernsarbeidar og familien som barnevernssaka handlar om og det kan vere eit møte mellom barnevernsprofesjonelle som møtes for å diskutere ei barnevernssak.

I Goffmans ide om samhandlingsorden ligg det ein tanke om at alle typar samtalar og samhandlingssituasjonar er regulert av ein orden der dei som møtes skapar denne orden gjennom måtar å te seg på og snakke på i samtalen. Samhandlingsorden viser med andre ord til eit eige nivå av sosial orden, der samhandling som tilsynelatande verkar tilfeldig, blir regulert av konvensjonar som til ei kvar tid gjeld. Eit viktig poeng med samhandlingsorden er at ein slik orden er sett saman av kulturelt definerte rettar og plikter som knyter seg å stadfeste ein sosial identitet i samhandlinga. Samhandlingsorden er på denne måten grunnleggande moralsk og relasjonell (Juhila, Mäkitalo & Nordregraaf, 2014), der det finst forventningar til korleis deltakarar ter seg og det er desse forventningane som skapar grunnlaget for deltakarane si orientering. Identitetar, situasjonar og relasjonar blir konstruert, definert og stadfesta i relasjon til ein slik samhandlingsorden. Goffman hevdar at det moralske og relasjonelle arbeidet knyter seg til ei generell sosial plikt som gjeld om å syne respekt for kvarandre sitt moralske sjølv. Gjennom det han kallar ansiktsarbeid (Goffman, 1967), som skisserer reglane for respektfull åtferd, snakkar og opptre deltakarar på måtar som skapar positive bilete av ein sjølv og som anerkjenner andre si framstilling av seg sjølv.

Ein slik moralske og relasjonell samhandlingsorden vil med Goffman gjelde for alle typar samhandlingssituasjonar der personar møtes ansikt-til-ansikt. I profesjonelle samanhengar vil det i tillegg vere ein institusjonelt forankra samhandlingsorden som gjeld (Sarangi & Roberts, 1999a). Ein slik orden knyter seg til dei rettane og pliktane som gjeld innafor eit institusjonelt system, og samhandlinga handlar om å stadfeste roller og identitetar som er del av denne typen samhandlingssituasjonar. I ein barnevernssamheng vil eit utgangspunkt for samhandlinga vere at partane orienterer seg i høve til eit institusjonelt forankra rollepar. Til slike rollepar følgjer det med rettar og pliktar som skisserer nokre forventningar til korleis deltakarane skal opptre i møte med kvarandre. I ein samhandlingssituasjon mellom ein barnevernsarbeidar og familien som barnevernssaka handlar om, gjeld mellom anna ei grunnleggande forventning om at den som er barnevernsklient viser respekt for barnevernsarbeidarens profesjonelle autoritet ved å svare på dei spørsmåla som blir stilt, sjølv om desse handlar om forhold i familien som normalt vert rekna som private.

Å rette merksemda mot interaksjonsorden og institusjonell orden i samhandlinga vil opne opp for analysar av korleis deltakarane gjennom samhandlinga stadfestar for kvarandre sin sosiale identitet og korleis dette på same tid etablerer og produserer ein orden i desse møta. Eg vil ta i bruk ei analytisk tilnærming som utforskar korleis orden blir regulert og haldt ved like av deltakarane sjølve gjennom eit mønster av diskursive praksisar som dominerer den aktuelle

aktiviteten. Analysen vil i tillegg orientere seg mot å få fram korleis dei diskursive praksisane som blir synleg relaterer seg til dei tre profesjonelle aktivitetane. Det vil seie at eg vil sjå korleis aktivitetstypen (Levinson, 1979) har konsekvensar for og legg føringar på korleis deltakarane snakkar og samhandlar innafor dei tre ulike møteaktivitetane. På grunnlag av dette vil eg seie noko om kva sosial orden blir produsert, regulert og haldt ved like gjennom den barnevernsfaglege avgjerdsprosessen.

2.3 Ramme og footing

Sentrale omgrep i analysar av samhandlingsjonsorden er «ramme» og footing» (Goffman, 1974, 1981). Desse omgrepa kan brukast til å analysere fram korleis deltakarar brukar språk og kommunikasjon for å etablere orden i ein samhandlingssituasjonar. Det analytiske omgrepsparet får fram ein dynamikk mellom samhandling og den sosiale situasjonen som seier noko om forholdet mellom aktørorienterte og strukturelle aspekt ved meningsdanning. Rammeanalysar får fram korleis snakk og samhandling får mening i lys av sosialt definerte situasjonar, samstundes som det er gjennom snakket og samhandlinga at mening i sosiale situasjonar bli skapt.

Omgrepet «ramme» viser i følge Goffman til fysiske, sosiale og kulturelle forventningsstrukturar som gjeld for ein samhandlingssituasjon (Goffman, 1974). I følge Goffman blir alle sosiale situasjonar definert og forstått i lys av rammer. Rammene organiserer forståingar og samhandlinga til deltakarane og gjer at ein samhandlingssituasjon blir meningsfull. Å etablere ei ramme vil seie det same som å definere ein situasjon. Situasjonsdefinisjonen legg føringar på korleis deltakarar orienterer seg i forhold til kvarandre, kva dei forstår som føremålet med samhandlinga, med andre ord kva mening samhandlinga får. Ei rammeanalyse vil på denne måten innebere å stille spørsmålet «kva går føre seg her?» (Goffman, 1974:25), og gjennom rammeanalysar fangar ein opp kva rammer eller forventningsstrukturar som blir etablert og utforskar kva konsekvensar ei slik innramming har for samhandlinga.

Institusjonell setting, ritualiserte samhandlingsprosedyrar og definerte føremål etablerer ofte ei profesjonell ramme for samhandlinga (Måseide, 2008) i profesjonelle samanhengar. I møte mellom barnevernsarbeidar og barnevernsklient vil ei slik profesjonell ramme legge føringar på samtalen, ved at den peikar ut kva tema som vil vere relevant å snakke om og kva spørsmål som er naturleg å stille. Dette vil igjen verke med i forhold til å definere kva deltakarane sin status og rolle i situasjonen vil vere. Innafor ei profesjonell ramme eksisterer det nokre

forventningar til korleis ein barnevernsarbeidar og klient handlar og kven dei er for kvarandre i ein slik situasjon. Nokre gonger kan dei profesjonelle rammene endre seg slik at samhandlinga får ein meir privat og uformell karakter. Slike rammer definerer ein situasjon der deltakarar samhandlar i kraft av å vere unike personar snarare enn som institusjonelle aktørar. Samhandlingsformer som bryt med det som normalt vert rekna som profesjonelle rammer er vanleg spesielt innleiingsvis og avslutningsvis i profesjonelle samtalar (Drew & Heritage, 1992; Måseide, 2008). Rammer gjer altså til at snakk og samhandling får meining innafor den ramma som vert gjort gjeldande. Dei som tek del får ein identitet og relasjonar blir etablert i relasjon til desse rammene. Samhandlinga kan også få eit bestemt uttrykk i lys av kva rammer som gjeld for situasjonen. Dette viser seg mellom anna ved at profesjonell samhandling som går føre seg «backstage» ofte er prega av meir uformelt snakk enn dei som går føre seg «frontstage» (Sarangi & Roberts, 1999a). Det er ulike forventningsstrukturar som gjeld for desse to situasjonane, og dette påverkar kva som er legitimt å seie kva og kor tid for ein profesjonell.

I kva grad det skjer eit rammeskifte og kva forhold som regulerer og held ved like rammer i samhandlingssituasjonen er sentralt å få fram i rammeanalysar. Fokus rettar seg då mot å utforske dynamikken mellom dei strukturelle aspekta ved ein situasjon, som til dømes kva forventningsstrukturar som gjeld innafor ramma, og dynamiske aspekt der deltakarane sjølve verkar med til å halde ei ramme på plass eller skape rammeskifte. Poenget er å få fram korleis rammer verkar med til å organisere og ordne samhandlinga i ein situasjon og kva dette gjer med meiningsdanninga. Med andre ord kva funksjonar ulike rammer har i samhandlingsaktiviteten.

Eit sentralt omgrep i Goffmans seinare forfattarskap om rammeanalysar er omgrepet «footing» (Goffman, 1981), eller posisjonering. Goffman definerer posisjonering som «participant's alignment, or set, or stance, or posture, or projected self» (ibid:128). Omgrepet viser altså til at deltakarar markerer ein bestemt status eller identitet for seg sjølv eller andre i samhandlingssituasjonen. I følgje Goffman er det deltakaranes snakk og ikkje-verbale uttrykk eller trekk¹ som markerar ein posisjon, og dette posisjoneringsarbeidet kan endre rammer. Som Goffman uttrykker det: «A change in footing implies a change in the alignment we take up to ourselves and the others present as the way we manage the production or reception of an

¹ Goffman (ibid:24) brukar uttrykket «move» for å markere at nonverbale uttrykk er ein viktig del av verbal samhandling, og at desse kan vere viktig for posisjonering.

utterance. A change in our footing is another way of talking about a change in our frame for events.”

Endring av rammer gjennom posisjonering kan skje svært raskt. Det er snakk om «a strip of behaviour that is less long than a grammatical sentence» eller det kan skje som «shift in tones» (Goffman, 1981:128). Det er desse små augneblinka i samtalen og nyansar i samhandlinga som altså kan få store konsekvensar for kva rammer som vert gjort gjeldande, og ei ny meining blir skapt i situasjonen.

I følge Goffman er det tre aspekt ved posisjonering som er viktig å få fram. Det eine handlar om det han kallar deltakingsstatusar. Ein deltakingsstatus viser til relasjonen mellom dei samhandlingsmessige trekka og deltakaren. Det vil seie at gjennom posisjoneringa markerar deltakarane forholdet til ein bestemt status eller identitet som er ønskjeleg å aktivere, anten for seg sjølv eller for andre. Deltakarar har i utgangspunktet ei heil rekkje av ulike deltakingsstatusar som kan gjerast gjeldande, men som regel er det berre nokre av desse som vert markert og aktivert i ein situasjon. I eit møte mellom barnevernsarbeidarar er det til dømes barnevernsarbeidaren sin status og identitet som profesjonell som er særleg relevant og som difor vil vere dominant i desse samanhengane. I møte mellom ein barnevernsarbeidar og barnets foreldre er det deltakingsstatusar som profesjonell og som barnets omsorgsperson som oftast er aktuelle. Samhandlinga går då føre seg ved at partane aktiverer slike deltakingsstatusar ved å markere ein slik identitet gjennom snakket.

Aktivering av deltakingsstatusar har relevans for det andre aspektet ved posisjoneringsomgrepet som Goffman snakkar om, deltakingsformatet. Eit deltakingsformat viser til talet på deltakingsstatusar som til ei kvar tid er aktivert i ein samhandlingssituasjon. Deltakingsformatet fortel noko om kva situasjon som vert gjort gjeldande. Det er dei deltakingsstatusane som er aktivert til ei kvar tid som avgjer dette. Det tredje aspektet ved posisjoneringsomgrepet som Goffman trekk fram handlar om produksjonsformatet. Produksjonsformat viser til kjelda for ein deltakingsstatus, det vil seie kven eller kva det som blir sagt eller uttrykt er henta frå. Her er poenget at aktivering av ein deltakingsstatus kan grunne i ulike kjelder og dette har tyding for posisjoneringa. Goffman (1981:144) skisserer tre ulike kjelder for ein deltakingsstatus og som utgjer produksjonsformatet i ei ytring. Den eine er personen som snakkar, «the speaker». Den andre er forfattaren, «the author», som viser til den som opphavleg står bak det som vart sagt. Den tredje er den ansvarlege, «the principal». Dette er den som står formelt ansvarleg for det som vart sagt. Normalt vil desse tre aspekta ved ein

deltakingsstatus knyte seg til same person, men dette treng ikkje vere tilfelle. Om den som snakkar presenterer orda som sine egne, om ansvaret vert plassert på andre, eller om det blir snakka på vegner av andre har følgjer for kva eigarskap deltakaren markerer i høve til det som vert sagt. Dette påverkar posisjoneringarbeidet. Det handlar om å markere og signalisere til andre i samhandlingssituasjonen korleis ein forpliktar seg til, eller har ansvar for den deltakingsstatusen som blir aktivert: «to select the capacity in which we are to be active is to select (or to attempt to select) the capacity in which the recipients of our action are present» (ibid:145). Det vil seie at korleis desse tre aspekta ved ei posisjonering vert markert vil ha konsekvensar for kva ramme som vert gjort gjeldande.

Å rette merksemda mot produksjonsformatet i ei samtale opnar opp for å trekke inn andre aktørar i ein analyse av samhandling enn berre dei personane som fysisk er til stades. Bakhtin sitt omgrep «bukting» (Bakhtin et al., 1981) får fram eit liknande poeng. Bukting viser til at fleire stemmer kan gjere seg gjeldande i ein samtale enn dei som er til stades. Personar kan snakke gjennom andre sine stemmer, og orda blir på den måten «halvt nokon andre sine» og høyrer heime ein annan stad (Bakhtin et al., 1981:293-294). Ord og stemmer går i dialog med andre stemmer og gjer tydeleg ein kompleksitet i samtalen som ikkje kjem fram i klassiske kommunikasjonsmodellar (Goffman, 1981; Ørving, 2007).

Goffmans posisjoneringsomgrep blir i mine analysar brukt til å få fram endringar i ein samhandlingssituasjon. Det er eit nyttig omgrep å bruke for å utforske korleis personar ved hjelp av små verbale og ikkje-verbale trekk kan endre rammer og på den måten endre meninga som samhandlinga, identitetar og relasjonar får. Tradisjonelt blir profesjonell praksis assosiert med definerte roller (Slembrouck & Hall, 2014). Å snakke om at personar har eit profesjonelt mandat blir ofte knytt til at det finst eit sett forventningar som formar og pregar den profesjonelle sin åtferd. Som følge av rolleforventningar er det vidare klåre oppfatningar av kor tid ein profesjonell bryt med desse forventningane og ein kan snakke om at nokon opptrer uprofesjonelt. Ramme og posisjoneringsomgrepet opnar opp for ei alternativ tilnærming til ei slik rolleforståing. Omgrepa får fram at roller er dynamiske og fleksible og at dei involverer aktørar som samhandlar om kva rollekonstruksjonar som skal gjelde i ein situasjon. Personar kan yte motstand mot roller som dei får tildelt, og det kan oppstå forhandlingar om kva type situasjon som er gjeldande. Det interessante i mine analysar vil vere å sjå kva posisjonar profesjonelle gjer gjeldande og korleis situasjonar blir ramma inn under arbeidet med å skape mening til barnevernsproblem og ta avgjerder om desse. Ramme og posisjoneringsomgrepet

gjer det mogeleg å forstå dei situasjonsbundne aspekta ved rolleutøvinga i ulike samhandlingssituasjonar som er del av ein avgjerdsprosess der fleire deltakarar blir involvert.

2.4 Kategorisering

Kategoriar og kategorisering står heilt sentralt i arbeidet med å komme fram til avgjerder i profesjonelle samanhengar. Eg nemnte i kapittel 2.2.1 korleis medisinske og psykiatriske diagnosar er døme på profesjonelle kategoriar som påverkar kva røyndommar som blir skapt, og innafor ulike profesjonar finst det alltid visse kategoriar som orienterer røyndommen på denne måten. Det å kunne klassifisere problem i relasjon til profesjonsspesifikke kategoriar og typar er avgjerande for å kunne forstå, diskutere og gripe inn med løysingar i forhold til desse problema (Mäkitalo, 2014). Kategoriar er på denne måten aktivitetsspesifikke (Sarangi & Coulthard, 2000) der problem blir klassifisert i relasjon til dei definerte problemtypane som har relevans innafor ein bestemt institusjon. I det kommunale barnevernet vil det til dømes vere kategoriseringar av ulike typar barnevernsproblem som er aktuelt. Det er desse kategoriane som konstaterer og konstituerer røyndommen til ein barnevernsarbeidar, problem kjem til syne og løysingar blir utleia og forsvart med utgangspunkt i desse kategoriane. Kategorisering involverer slik prosessar som resulterer i at fakta, problemforståingar og situasjonar blir etablert som ein type framfor ein annan (Hall et al., 2005:15)

Kategoriseringsprosessar i profesjonelt arbeid er diskursivt og interaksjonelt forankra. Det er ikkje snakk om at problema som skal løysast ligg der klare til å bli plassert og klassifisert i ein kategori. Det er snarare slik at kategoriseringar blir til gjennom samhandling der fleire ulike deltakarar blir involvert i ein konstruksjonsprosess (Hall et al., 2005; Mäkitalo, 2014). Det er gjennom snakk og forhandling om kva innhald eit problem har og kva kategoriar som er relevant å klassifisere desse problema i forhold til at den endelege kategoriseringa av problemet blir til. To aspekt ved slike konstruksjonsprosessar kan løftast fram i diskursive tilnærmingar til kategorisering. Desse to aspekta får fram kva funksjon og rolle kategoriar har for utvikling av problemforståingar i profesjonell praksis.

Eit aspekt handlar om korleis røyndommen får mening gjennom kategoriar og korleis kategoriar difor kan brukast til å skape mening til eit profesjonelt problem. Dette er eit perspektiv som i hovudsak bygger på sosiologen Harvey Sacks (1992a, 1992b) sine arbeid der han utforskar den rolla folks tilgang til kulturelle kategoriar har for meiningsdanning. Sacks har fokusert spesielt på sosiale kategoriseringar. Det vil seie kategoriar som blir brukt til å skildre og forklare folks handlingar og veremåtar i kraft av deira personlege eigenskapar og moralske

karakterar. Sacks var oppteken av å få fram korleis mykje av kunnskapen som medlemmar av eit samfunn har og bruker til å skape meinig knyter seg til slike sosiale kategoriar (Mäkitalo, 2014; Sacks, 1992a). Sacks snakkar om medlemskapskategoriar, eller «membership categories» (MBC). Dette er ressursar som kan brukast til å klassifisere personar i relasjon til bestemte typar eller grupper av personar som har nokre fellestrekk. Kulturell kunnskap om kva som kjenneteiknar typen eller grupperinga skapar forventningar til korleis ein type eller medlem vil te seg eller vere. Medlemskapskategoriar blir på denne måten brukt til å gje mening til situasjonar og personar som ein kan møte på eller snakke om. Eit døme kan vere medlemskapskategorien «åleinemor». Kulturell kunnskap om kva eigenskapar som «heng ved» og som blir assosiert med åleinemødrer skapar forventningar til personar som blir kategorisert som det.

Eit viktig poeng hjå Sacks er at slike kategoriar kan aktivt brukast i samhandlings situasjonar som ein ressurs for å oppnå bestemte forståingar av røyndommen, og kategoriar gjer det også mogeleg å rekne desse røyndomsforståingane som sjølvsegte. Det vil seie at kategoriar verkar med til å legitimere eit syn og ein versjon av ein røyndom som i utgangspunktet kan bli forstått på fleire måtar. Kategorisering illustrerer på denne måten eit døme på «glossing» (Garfinkel, 1967). Glossing er eit omgrep som er utvikla av etnometodologen Harold Garfinkel og viser til dei metodane folk brukar til å skape mening til fenomen som i utgangspunktet kan bli forstått på fleire måtar. Gjennom glossing blir meningsmangfaldet i ein situasjon dekt over. Bruken av kategoriar er på denne måten ein form for glossing som organiserer forståinga. Eigenskapar og trekk ved personar og problemtypar vert rekna som sjølvsegte og dekker på same tid over andre mogelege måtane å forstå denne personen på.

I sosialt arbeid kan kategoriar vere nyttige reiskapar å bruke i det profesjonelle arbeidet (Mäkitalo, 2014). Innanfor sosialt arbeid praksis finst det mellom anna eit heilt register av medlemskapskategoriar som er aktivitetsbundne, det vil seie kategoriar som det knyter seg visse rettar og plikter til. Eit døme her vil vere kategorien «mor» eller «far», som står sentralt i alt barnevernsfagleg arbeid. Til desse kategoriane høyrer det ei rekkje pliktar, rettar og forventningar som knyter seg til det å ha ansvar for eit barn. Viss det blir vurdert at ei mor ikkje opptrer i tråd med desse forventningane vil det kunne danne grunnlag for å omtale og klassifisere denne mora som ein «dårleg omsorgsperson». Denne kategoriseringa blir då gjort i relasjon til dei aktivitetsbundne forventningane som ligg til kategorien mor, og vurderingane har følgjer for korleis barnevernsarbeidaren vurderer problem i ei barnevernssak. Ei mor som blir kategorisert som ein «dårleg omsorgsperson» kan forvente å bli stilt til ansvar for dei

problema som eit barn har, og det kan også danne grunnlag for framlegg om tiltak. Bruken av aktivitetsbundne kategoriar kan på denne måten brukast som ein ressurs for avklaring av kva plikter og ansvar som gjeld for involverte personar i forhold til å definere eit profesjonelt problem, og kategoriseringa legitimerer på same tid løysingar.

Analysar av korleis profesjonelle innafor sosialt arbeids praksis brukar sosiale kategoriar kan vere spesielt nyttig for å få fram kva prosessar som verkar med når personar blir til klientar innafor eit system. Utforsking av korleis deltakarar som blir involvert i arbeidet snakkar seg fram til og forhandlar om kva klientidentitet som skal reknast som gyldig, og kva forventningar som ligg til grunn for klassifisering av ein klient er aktuelle og relevante innfallsvinklar å ta her. Det å rette merksemda mot korleis kategoriar blir brukt «i snakk» får fram kva funksjonar desse kategoriane har i høve til dei avgjerdene som skal takast (Hall et al., 2005). Dette kan vere nyttig for å få fram korleis kategoriar blir brukt i ein samhandling for å legitimere ei forståing av barnevernssaka framfor ei anna, og kva problem som finst i ei barnevernssak. Slike kategoriar kan også brukast strategisk i slike forhandlingar.

Eit anna aspekt ved kategorisering knytter seg til korleis kategoriseringar av problem blir til og får eit innhald *gjennom* snakk, ikkje berre *i* snakk. Hall, Slembrouck og Sarangi (2005:27) brukar omgrepet «categorisation at work» for å vise til at samhandlingsprosessen i seg sjølv utgjer ein ressurs som gjer det mogeleg å konstruere eit innhald i kategoriar. Snakk og samhandling kan brukast til å forhandle om og skape strid om innhaldet i ein kategori. Denne forma for kategorisering blir definert som “[...] the process of negotiating professional categories on occasions specifically organised to categorize people, relationship and situations” (ibid). Innfallsvinkelen kan vere spesielt nyttig i analysar av profesjonelle samanhengar der det oppstår forhandlingar om kva forståingar som skal vere konstituerande for klassifisering og kategorisering av eit profesjonelle problem. I arbeidet med barnevernssaker kan slike forhandlingar oppstå til dømes i situasjonar der det er usemje om kva eit barnevernproblem handlar om, og kanskje spesielt når det er snakk om å ta valet mellom omsorgsovertaking og hjelpetiltak. Ein viktig del av slike forhandlingar går ut på at dei som diskuterer klarar å peike ut og forsvare kva forhold som talar for eller mot at det er snakk om den eine eller andre typen problem.

I følgje Hall, Slembrouck og Sarangi (2005:29) er denne forma for kategoriseringsarbeid sett saman av tre komponentar, representasjon av hendingar, karakterar og profesjonell handling. Dette er eit ei narrativ tilnærming til kategoriseringsprosessar der fokus rettar seg mot å få fram

korleis ei forteljing kan produsere og skape profesjonelle problem. Ved å representere ei hending på ein bestemt måte vil dette på same tid legitimere profesjonell handling. Representasjonane skapar forteljingar om problem som gjer at nokre profesjonelle handlingar trer fram som meir gyldige og naturlege enn andre. Kva «plot» som dominerer og får relevans i forteljinga påverkar kva røyndom som blir skapt. Forteljingar kan på denne måten peike ut årsakssamanhengar og skape inntrykk av kva rolle dei involverte i ei hending spelar i dette plottet. Det same vil vere tilfelle når karakterar blir skildra. Korleis ein person blir representert i ei forteljing, kva eigenskapar som blir trekt fram og korleis desse eigenskapane blir vurdert kan skape inntrykk av skuld og ansvar. Ein studie av engelsk barnevern (Dingwall, Eekelaar, & Murray, 1983) viste mellom anna korleis barnevernsarbeidarane sine moralske karakteristikkar av foreldre påverka vurderingar av skuldspørsmål og avgjerd om tiltak i overgrepssaker. Foreldra som vart skildra som lite samarbeidsvillige, eller som braut med middelklassens konvensjonar for foreldreskap hadde større sjanse for å misse omsorga for barna enn andre foreldre. Dette viser døme på korleis profesjonelle handlingar blir representert og legitimert gjennom forteljingar om hendingar og karakterar. Eit viktig poeng med denne tilnærminga er å få fram at kategoriseringsarbeid involverer kreativt, retorisk arbeid, og at kategoriseringar av profesjonelle problem blir til gjennom samhandling der ei forteljing får status som meir gyldig enn ei anna. Fokus i analysar av «categorization at work» rettar seg mot å utforske det narrative arbeidet som går føre seg i samhandlingssituasjonar der bruken av ein bestemt kategorisering av saka står på spel. Ei slik utforsking får fram kva diskursive praksisar som gjer seg gjeldande og verkar med i arbeidet med å skape karakterar og situasjonar. I mi analyse brukar eg ei slik tilnærming for å få fram kva forhold ved personar og situasjonar som blir trekt fram og brukt for å legitimere bestemte forståingar av eit barnevernsproblem.

Analysar av barnevernets bruk av kategoriar i snakk og kategoriseringspraksisar gjennom snakk fortel på denne måten noko om det sosiale og kulturelle grunnlaget for barnevernets profesjonelle problemkonstruksjonar, og det fortel noko korleis barnevernets kategoriseringsprosessar er «innkapsla sosialt» (Cicourel, 1973). Edwards (1991) har hevda at språklege kategoriar ikkje berre er reiskapar for å forstå ein røyndom slik kognitivt orienterte tilnærmingar legg vekt på. Språklege kategoriar blir snarare brukt aktivt for å forme og skape røyndomar. Profesjonelle kategoriar må difor reknast som ein grunnleggande del av profesjonelle sitt kunnskaps- og handlingsrepertoar (Mäkitalo, 2014). Til grunn for ei kategorisering finst det alltid alternative forståingar og røyndomsskildringar. Personar, hendingar og handlingar kan skildrast på fleire måtar alt etter kva ein vel å legge vekt på i

forteljinga. Kategorisering er difor ein profesjonell praksis som kan brukast til å oppnå oppslutnad om ein av fleire moglege forståingar. Å kunne bruke, argumentere for og å oppnå oppslutnad om ei bestemt kategorisering av barnevernssaker er ein viktig del av del av arbeidet med å «gjere» avgjerdsprosessen. Analysar av kategoriseringspraksisar kastar på denne måten lys over grunnleggande aspekt ved barnevernets bruk av kunnskap gjennom ein avgjerdsprosess.

Eit anna poeng som er relevant å trekke fram i denne samanhengen er at barnevernet er ein profesjon som hentar og brukar kunnskap frå fleire ulike fagtradisjonar og kunnskapsfelt, og barnevernsarbeidarar må samarbeide med andre profesjonelle og familien for å komme fram til kva kategoriseringar av barnevernsproblema som skal gjelde. I profesjonelle samanhengar der fleire skal samarbeide kan det oppstå strid om kva kategoriar og representasjonar av eit problem som skal gjelde. Dette kan skje i situasjonar der profesjonelle med ulike fagbakgrunn og tilgang til ulike kategorisystem må samarbeide og det oppstår diskusjonar om kva kategorisystem som skal gjelde. Det kan også skje i situasjonar der profesjonelle og klientar skal bli samde om kva kategorisering av eit problem som er mest gyldig og passande. I kva grad institusjonaliserte maktposisjonar eller forhandlingar dannar grunnlaget for kategorisering og representasjon av barnevernsproblema som blir forsøkt løyst er eit empirisk spørsmål som eg håpar å få fram i avhandlinga. Utforsking av barnevernsarbeidets representasjonspolitik (Holquist, 1983) der hendingar, karakterar og profesjonelle handlingar blir representert i samhandling vil kunne opne opp for analysar av kva makt og statushierarki som gjeld, og om dette innverkar på kva og kven sine representasjonar som får gjennomslag i barnevernssaker.

2.5 Barnevernsproblemas utviklingsbanar

Mine observasjonar av arbeidet med å ta avgjerder i barnevernssaker fekk etter kvart fram forteljingar om arbeids*prosessar*. Meininga i eit barnevernsproblem, og avgjerder om dette problemet var i stadig endring og utvikling gjennom desse arbeidsprosessane. Berre i løpet av dei fire månadene som eg var til stades i ei teneste kunne retninga på arbeidet med ei barnevernssak endre seg fleire gonger, og kva avgjerd om barnevernsproblemet som var rett å ta var i peiodar uviss. Mine observasjonar viste at barnevernsproblema utvikla seg i banar der til dels uføreseielege krefter og dels strukturelle forhold ved barnevernssystemet påverka retninga på utviklingsbana. Desse banane utvikla seg, om ikkje uavhengig av, så på tvers av formelle fasar i avgjerdsprosessen (jf kap. 1.1.3). Denne observasjonen gjorde at eg etter kvart i analysen av dette avgjerdsarbeidet såg nytten av Corbin og Strauss (1988) sitt teoretiske rammeverk for analyse av kroniske sjukdommar. Eit sentralt omgrep her er trajektorieomgrepet.

Dette omgrepet byr på eit sosiologisk perspektiv på sjukdomsutvikling, eit fenomen som hovudsakleg blir tolka i medisinske eller psykologiske termar. Corbin og Strauss definerer ein sjukdomstrajektorie som “not only the physiological unfolding of a...disease but to the *total organization of work* done over that course, plus the *impact* on those involved with that work and its organization” (Corbin & Strauss, 1988:33). Med ei slik tilnærming til sjukdomsutvikling vil dei medisinske aspekta ved ein kronisk sjukdom framleis vere ein sentral del, men fokuset rettar seg i tillegg seg mot å få fram kva sjukdomsrelatert arbeid som er involvert, og mot den aktive rolla som personar og samhandlinga mellom personar spelar for å forme kva retning sjukdommen utviklar seg. Når ein sjukdom oppstår vil dette involvere eit arbeid med å handtere sjukdommen over tid, for den sjuke sjølv, men også for helsepersonell og pårørande. Denne handteringa inneheld bestemte arbeidsoppgåver og ofte eit samarbeid mellom partane om å gjennomføre desse oppgåvene. Kva arbeidsoppgåver som til ei kvar tid er involvert knyter seg til sjukdommens ulike fasar og til situasjonsspesifikke forhold som har relevans på eit tidspunkt i sjukdomsutviklinga. Forfattarane illustrerer med empirisk døme korleis dette arbeidet viser seg for fleire ulike typar av kroniske sjukdommar. Det dei får fram er korleis desse sjukdommane utviklar seg i eit samspel mellom strukturelle forhold som skapar vilkår for arbeidet med sjukdommen, og samhandlinga mellom dei som blir involvert i arbeidet.

Trajektorieomgrepet sitt fokus på det sjukdomsrelaterte arbeidet og den aktive rolla samhandling har i utforminga av ei sjukdomsutvikling, gjer dette til ein relevant analytisk innfallsvinkel som også kan brukast til å forstå barnevernsproblemas utvikling gjennom ein barnevernsfagleg avgjerdsprosess. Det er ei tilnærming som opnar opp for å få fram korleis ein avgjerdsprosess blir forma både av problemas eigenart slik dei viser seg i ein familie og av samarbeidet mellom dei ulike partane som blir involvert i arbeidet med å løyse desse problema innafor barnevernssystemet. Eit anna poeng med å bruke trajektorieomgrepet i analysen vil vere å få fram dei uføreseielege og dynamiske aspekta som pregar arbeidet med barnevernssaker. I løpet av arbeidet med ei barnevernssak vil det kunne dukke opp ei heil rekkje situasjonar som endrar vilkåra for korleis barnevernsproblemet i saka blir forstått. Slike situasjonar blir handtert innafor dei ulike profesjonelle aktivitetane som er del av avgjerdsprosessen. Dei som tek del i aktiviteten og samhandlinga mellom desse vil påverke barnevernsproblemas utvikling vidare og legge premissa for kva som skjer vidare med barnevernssaka. I mine analysar har eg peika ut tre ulike profesjonelle aktivitetar som eg observerte at stod sentralt i ein avgjerdsprosess. Problem som dukka opp vart forsøkt løyst innafor desse tre aktivitetane, og dei representerer på denne måten komponentar i barnevernsproblemas utviklingsbanar. Komponentane får fram

eit generelt mønster som eit barnevernsproblem utviklar seg gjennom, og variasjonane som vil vere for kvart barnevernsproblem relaterer seg til dette generelle mønsteret.

Det er viktig å peike på at sjukdomstrajektoriar har eit heilt anna empirisk utgangspunkt enn barnevernsproblem. Mellom anna vil ein ikkje finne att dei medisinske og kroppslege aspekta som påverkar ein sjukdomstrajektories form og fasar i barnevernsproblemas utviklingsbanar. På ei anna side, som ein kronisk sjukdom er barnevernsproblem del av ein profesjonell praksis med ein bestemt struktur og sosial organisering. Det er fleire som blir involvert i arbeidet med eit barnevernsproblem slik som det er for sjukdommar. Dette gjer at arbeidet med kvart barnevernsproblem får sin unike kombinasjon av involverte partar og aktivitetar. Det er altså samspelet mellom dei unike trekka ved kvart barnevernsproblem på ei side, og faste og typiske strukturar på ei anna som skapar rammevilkåra for arbeidet og som produserer retninga og utviklinga som eit barnevernsproblem kan ta. Trajektorieomgrepet opnar på denne måten opp for analysar av korleis eit barnevernsproblem kan utvikle seg over tid og gjennom dei aktivitetane som eit barnevernsproblem blir del av. Trajektorieomgrepet flyttar det analytiske fokuset bort frå eit einseitig fokus på eigenskapar og trekk ved problema som skal løysast og over på den rolla som barnevernsarbeidarane og dei andre som blir involvert i å løyse problema spelar i høve til å påverke kva problem som blir skapt og korleis dette legg premissa for barnevernsproblemas vidare utvikling. Kva aktivitetar som er involvert i arbeidet med ei barnevernssak vil variere frå sak til sak, og forma på barnevernsproblemas utviklingsbanar vil på denne måten først vere moglege å sjå i ettertid.

2.6 Samanfatning – analytisk ramme

Eg har i dette kapittelet presentert dei teoretiske perspektiva som eg vil bruke i mine analysar og diskusjonar av korleis barnevernsarbeidarar skapar mening til barnevernsproblem gjennom ein avgjerdsprosess. Den analytiske ramma er todelt:

- På ei side er analysen inspirert av perspektiv innafor kognitiv sosiologi som rettar merksemda mot dei sosiale dimensjonane ved resonnering, tolking og problemløysing. Eit hovudprosjekt i slike analysar er å presentere alternative forståingar til korleis kognitive aktivitetar og resonneringsprosessar går føre seg, og perspektiva er ein kritikk av individorienterte og kontekstlause syn på dette. Innfallsvinklar som får fram korleis tenking er «innkapsla sosialt» (Cicourel, 1973) og korleis dette verkar med i meningsskapingsprosessar står sentralt her. Det handlar om å forstå menneskeleg tenking i relasjon til den sosiale, kulturelle og materielle konteksten. Edwin Hutchins (1995) sitt

aktivitetsteoretiske rammeverk der omgrepet sosialt distribuert kognisjon står sentralt er grunnleggande for denne typen analysar. Med utgangspunkt i tre profesjonelle aktivitetar som i mitt materiale viste seg som sentrale for arbeidet med barnevernssaker analyserer eg fram korleis samhandlinga innafør desse aktivitetane, og dei sosialt distribuerte trekka ved barnevernssystemet som viser seg her utviklar forståingar og skapar meining til barnevernsproblem.

- Det andre delen av mitt analytiske rammeverk er sett saman av interaksjonsteoretiske perspektiv som peikar på snakk og samhandling som røyndomskonstituerande praksisar. Språkpragmatiske perspektiv, representert ved Goffmans samhandlingsteori, samt diskursive og narrative perspektiv på kategorisering står sentralt. Snakk og samhandling er ein grunnleggande del av barnevernets profesjonelle aktivitetar, og interaksjonsteoretiske perspektiv kan brukast i analysen til å få fram korleis språk og samhandling blir brukt som reiskapar til å representere barnevernsproblem, og på denne måten legitimere ei løysing som meir gyldig enn andre.

Dette er ein analysestrategi som tek utgangspunkt i ei forståing av barnevernsproblem som konstruerte fenomen som blir skapt innafør eit institusjonelt system av profesjonelt orienterte aktivitetar. Barnevernets prosessar for problemkonstruksjon og avgjerdstaking er underlagt dette systemet, og systemet vil legge føringar på kva problem som blir produsert og kva profesjonelle og institusjonelle identitetar som blir stadfesta. Samstundes er det aktørar som produserer, etablerer og regulerer dette aktivitetssystemet. I kraft av si deltaking kan desse aktørane velje å tilpasse seg, gjere motstand mot eller prøve å endre den orden som er lagt.

Kapittel 3 Metodologi

I dette kapitlet vil eg presentere og grunngje val av metodisk framgangsmåte i studien, og eg vil skildre korleis eg har gått fram i analysen av datamateriale som eg har fått tilgang til. Studien har eit forskingsdesign som er inspirert av ein etnografisk orientert framgangsmåte (Hammersley & Atkinson, 2007). Det vil seie at eg har gjennomført eit lengre feltarbeid der eg har vore til stades i barnevernsarbeidaranes arbeidskvardag, observert kva som skjer, høyrte på det som har blir sagt og stilt spørsmål til det eg har sett og høyrte. Analytisk fokus og teoretisk orientering har, som det går fram av førre kapittel vore spesielt retta mot snakk og samhandling. Eg har difor oppsøkt situasjonar og aktivitetar der barnevernsarbeidarane i møte med andre diskuterer og snakkar om kva mening ei barnevernssak skal ha. På den måten har dette blitt ein studie av barnevernets arbeid med barnevernssaker slik det kjem til uttrykk gjennom sosial samhandling, og det er med dette utgangspunktet eg har samla inn data som kan kaste lys over problemstillinga for mitt prosjekt.

Kapitlet har følgjande struktur: Eg startar med ein kort presentasjon av kvifor eg meiner at feltarbeid med observasjon og deltakande observasjon har vore eigna som metode til utforsking av mine forskningsspørsmål, og eg vil vise korleis dette valet også er knytt til min vitskapsteoretiske posisjon. Hovuddelen av kapitlet vil handle om praktiske sider ved datainnsamlinga i dei tre barnevernstenestene, og eg vil skildre analyseprosessen. Forskarrolla og feltrelasjonane mine blir også kommentert, og eg skal spesielt ta føre meg tilgangsproblematikk her. Avslutningsvis vil eg vurdere kvaliteten i min studie og få fram etiske refleksjonar som eg har gjort meg både før, undervegs og etter feltarbeidet.

3.1 Forholdet mellom problemstilling og val av metode

Ei etnografisk tilnærming, med observasjon og deltakande observasjon over tid vart vald til dette prosjektet fordi eg har vore interessert i å forstå dei dynamiske aspekta ved ein avgjerdsprosess, og fordi eg har hatt eit spesielt ønske om å utforske korleis barnevernsarbeidarar skapar mening til barnevernsproblem gjennom samhandling, snarare enn som individuelle aktørar. Metodens «prosessfokus» og «kontekstproduserande potensiale» (Järvinen & Mik-Meyer, 2005:118) har mellom anna gjort det mogeleg å få innblikk i korleis meninga i ei barnevernssak kan endre seg over tid, og det har også vore mogeleg å forstå meningsdanning i barnevernssaker i lys av den sosiale samanhengen som arbeidet skjer innafor. Det å få vere til stades i ein variert arbeidskvardag i tre barnevernstenester over ein periode på eit år, har gjeve meg innsyn i arbeidet på tvers av profesjonelle samhengar og i

ulike fasar av avgjerdsprosessen der aktørar som er del av ulike meiningsfærar (Schütz, 1962) blir involvert. Feltarbeidet har i tillegg gjort det mogeleg å bli kjent med det kommunale barnevernet som institusjonelt system og som kulturell praksis, og dette har opna opp for ei utforsking av korleis eit institusjonelt forankra kollektiv av involverte, snarare enn individuelle barnevernsarbeidar påverkar kva meining ei barnevernssak får. Denne metoden har i liten grad har vore brukt innafor forskning på barnevernets avgjerdsprosessar, spesielt i norsk samanheng.

Barnevernets avgjerdspraksisar var ukjend for meg då eg starta på prosjektet. Eg hadde ingen direkte kjennskap til eller erfaringar med praktisk barnevernsarbeid utover den kunnskapen eg hadde fått gjennom andre undersøkingar som var gjort. Åse Vagli (2009) sin studie er den einaste studien eg kjenner til som skildrar barnevernets avgjerdsprosessar med eit liknande metodisk utgangspunkt som meg. Dette utgangspunktet har også gjort det mogeleg å ta eit «outsider-perspektiv» (Molander & Terum, 2008:23) på arbeidet, og løfte fram sjølvsaget aspekt ved barnevernets praksisar, og kanskje også gjere klårare dei samanhengane som desse praksisane går inn i.

3.2 Vitskapsteoretisk posisjon

Det finst koplingar mellom metodiske val i studien, analyseprosessen og teoritilfanget som er brukt. Desse koplingane handlar om korleis eg posisjonerer meg som forskar i høve til det eg har observert, og det handlar om eit bestemt kunnskapssyn som ligg til grunn for mine analysar av observasjonsdata. Koplingane påverkar *kva* eg reknar som data i studien og korleis eg vel å analysere desse som *resultat* i studien.

Når eg vel å gjennomføre eit feltarbeid over så lang tid som eg har gjort, plasserer eg meg i ein klassisk antropologisk og etnografiskinspirert forskningstradisjon. Samhandlinga som eg har hatt med barnevernsarbeidarane under feltarbeidet og mine observasjonar av deira arbeid har ført fram til det eg presenterer som resultatet i studien. Samstundes er det viktig å få fram at det er dynamikken mellom den empiriske røynda som har spelt seg ut i desse barnevernstenestene og mine fortolkingar av denne røynda som produserer dei data som eg byggjar mine analysar på. Mitt møte med feltet, og mine «tjukke skildringar» (Geertz, 1973) av barnevernsarbeidet skjer ikkje teorilaust. Teoritilfanget påverkar både kva eg vel å rekne som data og korleis eg vel å tolke desse i analysen.

Eg har eit teoritilfang i studien som er henta frå ein konstruktivistisk og interaksjonsteoretisk forskningstradisjon. I kapittel 2 er eg inne på at dette er eit samleomgrep for forskningstradisjonar med fleire ulike retningar. På same tid representerer dette ei orientering som grunnleggande sett

skil seg frå andre analytiske tilnærmingar, som til dømes fenomenologi og hermeneutikk (Järvinen & Mik-Meyer, 2005), og dette har metodiske konsekvensar. I høve til eit feltarbeid med bruk av observasjon og deltakande observasjon som metode vil ei plassering innafor den eine eller andre orienteringa innverke på korleis forskaren hentar inn og tolkar sine empiriske data. Järvinen and Mik-Meyer (2005) gjer eit skilje mellom fenomenologiske og konstruktivistisk-interaksjonistiske utgangspunkt for eit etnografisk feltarbeid og kallar desse for «naturalistiske» versus «interaksjonistiske» tilgangar. Desse to ulike inngangane til eit feltarbeid skapar ulike premiss for analysen i etterkant. Dette viser seg mellom anna ved at der ein naturalistisk etnografi vil vere oppteken av å fange opp røyndommen mest mogeleg slik den «verkeleg er», vil ei interaksjonistisk orientering ha fokus på *praksis* slik dette viser seg sosialt, kulturelt og materielt. Forfattarane omtalar den naturalistisk orienterte feltarbeidstradisjonens mål som å skildre ein essens i den røyndommen som blir studert. Tanken er då at forskaren gjennom eit langt feltarbeidet kjem så nær informantane sin røyndom at det vil vere mogeleg å forstå deira opplevingar, erfaringar og perspektiv. Røyndommen blir forsøkt utforska gjennom «de studeredes perspektiv» (ibid:98), og ideen er at forskaren på denne måten kan få tilgang til kva meining dei sjølve legg i sine egne praksisar og sin eigen røyndom.

For ein interaksjonistisk orientert etnografi vil denne tilnærminga til feltarbeidet ha ved seg ein del problem som knyter seg til det å vurdere og konstatere ei etnografisk skildring som meir eller mindre sann eller verkeleg. Som lesar av ein etnografisk tekst som andre har produsert er det problematisk å ta stilling til om desse er sanne eller ikkje berre på grunnlag av at nokon har vore der og observert over tid. Eit anna poeng er at for sosiale fenomen vil det alltid vere snakk om eit meiningsmangfald som gjer det problematisk å snakke om berre ei sanning eller ei meining. Det antropologiske idealet om sjå noko frå «the native`s point of view» (Malinowski, 1922:25) blir på denne måten problematisert og ein kan stille spørsmål ved om dette i det heile er mogeleg å oppnå. Silverman (1993) hevdar at naturalistiske tilgangar til feltarbeidet snarare vil auke faren for bruk av subjektive perspektiv dominert av fokus på ikkje-observerbare psykologiske tilstandar og kva folk tenker, meir enn kva folk gjer. Eit sitat, utsegn eller ei handling «snakkar ikkje for seg sjølv». Interaksjonistisk orienterte analysar vil difor rette merksemda mot praksisar for å få fram korleis desse verkar med til å *konstituere* og *skape* meining i situasjonen, meir enn å identifisere kva motiv og meining aktørane sjølv legg i desse praksisane.

Mine analysar har ei interaksjonistisk orientering slik Mik Meyer og Järvinen skriv om dette. Analysen bygger då på ein grunnleggande tanke om at meining blir skapt gjennom samhandling

og i situasjonar, og målet med mine analysar av det empiriske datamaterialet er ikkje «en bestræbelse på at finde «sandheter om, hvad der virkelig skete», men snarere at beskrive de sandheter, som sociale aktører forsøger at finde frem til» (Järvinen & Mik-Meyer, 2005:106). Ved å skildre «det som skjer» (Silverman, 1993) og ved å rette merksemda mot snakk og samhandling slik dette vart uttrykt, meir enn å definere på førehand kva meining denne samhandlinga har for dei involverte har eg forsøkt å gjennomføre studien i tråd med eit slik ideal.

Orienteringa har også, i tråd med eit slikt fokus, hatt følgjer for mine analysar av sjølve samhandlingsaktivitetane som eg har observert. Språk og samhandling vert ikkje rekna som «refleksion av en individuel og/eller social virkelighed» (Järvinen & Mik-Meyer, 2005:103), eller som ei spegling av individuelle og mentale prosessar (ibid:104). Mine analysar tek utgangspunkt i at barnevernets samhandlingssituasjonar er institusjonelle praksisar, og det vil difor vere utanfor mitt prosjekt å identifisere korleis kvar og ein som er involvert subjektivt erfarer denne røyndommen. Eg tolkar det som blir sagt og gjort i lys av dei posisjonar deltakarar har tilgang på innafor eit slikt institusjonelt og profesjonelt system, og ikkje med utgangspunkt i deira «divsverden». I teorikapittelet skildrar eg eit analytisk perspektiv på samhandling som grunnar i at slike posisjonane både avgrensar og gjev mogelegheiter for deltakarar. Det er korleis desse blir brukt i den aktuelle profesjonell samanhengen som ressursar for meiningsskaping eg er ute etter å fange opp i min studie. Snakket representerer «institusjonelle samtalar» (Drew & Heritage, 1992), snarare enn allmenne kvardagssamtalar, og dette påverkar kva som blir sagt, korleis noko blir sagt og kva meining noko får i ein samhandlingssituasjon. Formålet har vore å analysere fram korleis barnevernsarbeidarar og andre som dei møter skapar og konstruerer ein røyndom med utgangspunkt i institusjonaliserte posisjonar, og korleis denne røyndommen blir gjort meiningfull for dei som er til stades.

For å samanfatte er mitt mål med analysen å «dokumentere handlingers udtryk» (Järvinen & Mik-Meyer, 2005:118) slik desse viser seg gjennom ein avgjerdsprosess og innafor sentrale samhandlingsaktivitetar der barnevernsarbeidarar saman med andre prøver å skape meining til barnevernsproblem og barnevernssaker. Eg gjer ikkje forsøk på å komme «bak» samhandlinga og seie noko om kva intensjonar eller motiv dei måtte ha for å handle slik dei gjer, men rettar merksemda mot å få fram kva meining dei skapar i desse situasjonane, korleis den blir skapt og kva sosiale konsekvensar denne meiningsskapinga har for dei som er til stades.

3.3 Om feltarbeidet

Feltarbeidet er gjennomført i tre ulike barnevernstenester. Eg var til stades i til saman tolv månader, fire månader i kvar teneste, og eg oppheldt meg i ei teneste om gongen. Det er barnevern*skontoret* som i hovudsak utgjorde den fysiske ramma for feltarbeidet. Av og til gjekk arbeidet med barnevernssaker føre seg utanfor tenesta sine kontorlokale, og eg tok del i noko av dette arbeidet også når det passa seg slik. Dette var spesielt i samanhengar der barnevernsarbeidaren møtte familiane som barnevernssaker handla om heime, eller når dei deltok på møte med andre profesjonelle i andre lokale utanfor barnevernstenesta.

3.3.1 Dei tre barnevernstenestene

Valet om å ha feltarbeid i tre ulike tenester vart gjort på grunn av eit ønske om variasjon, utan at eg med det var ute etter å studere systematiske skilnader mellom tenestene. Mitt kvalitativt orienterte forskingsdesign elles eignar seg ikkje til å få fram slike forhold. Eg hadde då eg starta ein ambisjon om å utforske spesielt små og mellomstore barnevernstenester for å sjå om og eventuelt korleis barnevernsarbeidaranes kunnskap om lokalsamfunnet påverka meiningskonstruksjonar i barnevernssaker. Dette fokuset endra seg undervegs, men dei tre tenestene vart delvis vald på grunnlag av omsynet til storleik. Utanom dette vart dei tre tenestene vald først og fremst av praktiske omsyn. Familiesituasjonen min gjorde det vanskeleg for meg å ha feltarbeid i tenester som var lengre unna enn at eg kunne pendle kvar dag.

Barnevernstenestene var nokon lunde likt organisert. Det var ein barnevernsleiar i kvar teneste, elles var det lite spesialisering av arbeidsoppgåver. Barnevernsarbeidarane var det ein kallar generalistar (Haugland, 2000) der den same barnevernsarbeidaren har ansvar for ei og same sak frå start til slutt. Arbeidsfellesskapet i dei tre barnevernstenestene hadde også ei homogen fagleg samansetting. Alle barnevernsarbeidarane hadde treårig sosialfagleg utdanning, og dei aller fleste som jobba der hadde fleire års erfaring innafor barnevernsfeltet. For storparten, og for dei som vart mine næraste informantar var det også slik at dei hadde jobba i den same tenesta over fleire år.

Eg oppretta den første kontakten med barnevernstenestene ved at eg tok eg kontakt med barnevernsleiareren på telefon og fortalde om mitt forskingsprosjekt. I denne telefonsamtalen informerte eg kort om prosjektets mål og innhald og spurde om det kunne vere interesse for å delta på noko slikt. Etter denne samtalen sende eg eit informasjonsskriv (jf. vedlegg 5) med ein formell førespurnad, og fekk formelt samtykke til ønskje om å delta i prosjektet etter dette.

Feltarbeida i dei tre tenestene utvikla seg noko ulikt. Den viktigaste grunnen til dette handlar om at eg utover i feltarbeidet akkumulerte nye innsikter som påverka og utvikla mine forskingsinteresser. Erfaringa i ei barnevernstenesta gav meg nye tankar og ny innsikt i kva som ville vere tenleg i det neste. I perioden mellom kvart feltarbeid brukte eg tida til å skrive ned og reflektere over erfaringane mine så langt, og eg fekk etter kvart ei auka forståing for og grunnlagskunnskap om kva som var relevant å sjå etter. Problemstillingane vart meir presise, feltarbeidet vart meir målretta frå mi side og tok til å «følge meir spesifikke spor» (Måseide, 1997:108). Erfaringane som eg gjorde meg undervegs påverka på denne måten datainnsamlingsprosessen.

Heilt konkret vil dette seie at eg under første feltarbeidet brukte mykje meir tid enn i dei to neste til å observere dagleglivet i barnevernstenesta og å snakke med barnevernsarbeidarane om arbeidet dei gjorde. I denne første fasen av feltarbeidet hadde eg også eit heilt ope fokus. I den første tenesta fekk eg fast plass i eit venterom som var rett utanfor kontora til barnevernsarbeidarane. Plasseringa mi på venterommet var nyttig i denne fasen fordi det gav meg ein naturleg inngang til å «henge meg på» barnevernsarbeidaranes aktivitetar, eller spørje dei spørsmål viss det var noko eg lurte på.

Strukturen og organiseringa av arbeidet med barnevernssaker var i den første perioden vanskeleg å forstå. Arbeidsprosessane verka for meg både kaotiske og fragmenterte. Vagli (2009) og Midjo (2010) skriv om liknande erfaringar frå deira første møte med barnevernsfeltet. Vagli skildrar sin frustrasjon over å få kjennskap til stadig nye barnevernssaker utan at ho klarte å fange opp ein orden og logikk i dette arbeidet. Midjo skriv at det var først etter ein lengre periode med observasjon og etter fleire samtalar med barnevernsarbeidarane at ho klarte å forstå og gje mening til den «oppstykkta arbeidsformen» (ibid:86) som pregar barnevernsarbeid. Eg kjende på liknande måtar at eg i starten av feltarbeidet var ein utanforståande som mangla føresetnader for å forstå. For at snakk og samtale skal gje mening treng ein tilleggskunnskap om samanhengar (Cicourel, 1985; Gumperz, 1982; Måseide, 1997). Denne tilleggskunnskapen mangla eg i starten. Eg brukte difor mykje av tida i løpet av det første feltarbeidet til å gjere meg kjent med og opparbeide meg kunnskap om barnevernet som institusjon og som arbeidsfelt. Denne innsikta fekk eg gjennom å snakke mykje med barnevernsarbeidarane som jobba der *om* arbeidet deira for å prøve å skape ei betre forståing for kva arbeidsprosessane som vart del av ei barnevernssak. I denne perioden var valet av aktivitetar som eg hang meg med på svært tilfeldig då eg mest av alt var oppteken av å få med meg så mykje som mogeleg av det som skjedde. Etter kvart som tida gjekk opparbeida eg meg ei større forståing for

arbeidsprosessane, og etter som kvardagslivet i barnevernstenesta vart tilstrekkeleg «trivialisert» (Måseide, 1997) utvikla også forskingsorientinga mi seg. Gradvis vart observasjonane mine retta meir mot utvalde aktivitetar som eg erfarte som spesielt interessante og relevant i arbeidet med ei barnevernssak. Eg bestemte meg dessutan undervegs for å følgje utvalde saker i staden for å ta del i alle aktivitetar som dukka opp uavhengig av kva sak det handla om. Dette valet handla også om at den tilleggskunnskapen (Cicourel, 1985) eg hadde om ei sak også gjorde det lettare å forstå det som skjedde i aktivitetar som var del av denne saka. Profesjonelt snakk og samtale om barnevernssaker er prega av at dei som deltek har ein førehandskunnskap om historikken i saker og det vart ofte teke for gitt at alle som var til stades også hadde denne førehandskunnskapen. Dette kunne handle om diskusjonar eller hendingar som hadde skjedd før i saka og som vart sentral for samtalen her og no utan at det vart eksplisitt sagt kva dette var. Førehandskunnskap om slikt gjorde det lettare å forstå meininga i den samhandlinga som gjekk føre seg.

I det neste feltarbeidet brukte eg mindre tid på å observere dagleglivet i tenesta. Det var no enklare å forstå barnevernsarbeidets eigenart og korleis arbeid med ei barnevernssak var organisert. Her også fekk eg fast plass i eit venterom som var rett utanfor kontoret til dei tilsette. Eg sat på dette venteromet av og til, men mest av alt «hang eg meg på» så mykje som mogeleg av aktivitetane som følgde med enkeltsaker. Eg laga tidleg i feltarbeidet avtalar om kva barnevernssaker eg kunne følgje slik at eg fekk opparbeida meg erfaring med og kunnskap om arbeidsprosessar over tid. Det same gjorde eg i det neste og siste feltarbeidet. Her fanst det heller ikkje noko naturleg stad for observasjon av dagleglivet i tenesta. Eg valde difor å gjere avtalar med to av barnevernsarbeidarane om å følgje arbeidet med utvalde saker som dei jobba med, og i tillegg vere med på eit fast fellesmøte som var ein gong i veka der alle dei tilsette deltok. I dette møtet vart aktuelle barnevernssaker drøfta i fellesskap og leiaren orienterte kollegiet om den daglege drifta i tenesta.

3.3.2 Tenesteovergripande rettleiingsmøte

Under det andre feltarbeidet vart eg merksam på det barnevernsarbeidarane her omtala som ei rettleiingsgruppe. Rettleiingsgruppa hadde ei regional organisering der barnevernsarbeidarar frå fire ulike tenester tok del, og dei hadde møte om lag ein gong i månaden. Eg la merke til at barnevernsarbeidarane snakka om denne gruppa som både nyttig og viktig for arbeidet med ei barnevernssak, spesielt i dei sakene som vart opplevd som vanskelege og komplekse. Eg vart difor interessert i å utforske grundigare kva som gjekk føre seg i desse rettleiingsgruppene og kva rolle desse rettleiingsgruppene spela i ein avgjerdsprosess. Eg tok difor kontakt med dei

som var ansvarlege for desse rettleiingsgruppene, og fekk etter kort tid samtykke frå alle deltakarane i gruppa til å delta (vedlegg 9).

3.3.3 Synlege og usynlege barnevernssaker

Mi orientering mot samhandlingsaktivitetar har ført til at eg har fått data om barnevernssaker som blir gjort til gjenstand for diskusjon. Alle barnevernssaker i ei barnevernsteneste blir ikkje det. Det var fleire aktive barnevernssaker i dei tre barnevernstenestene som eg aldri fekk innsyn i eller kjennskap til. Eg fekk til dømes vite at i den første tenesta hadde dei 40 aktive saker i den perioden eg hadde feltarbeid. Eg fekk berre kjennskap til ein liten del av alle desse sakene. Det var dei sakene som vart diskutert av fleire, og mest av alt dei som trengte mykje oppfølging og som tok mykje av tida til barneversarbeidarane som utgjer mitt empiriske datamateriale. Sakene har variasjonar med omsyn til både innhald, alvorsgrad og kva formelle arbeidsfasar dei er del av, men alle har ved seg dette trekket. Dei andre barnevernssakene er heller ikkje så lett å sjå eller oppdage når ein observerer kvardagslivet i ei barnevernsteneste slik som eg har gjort. Barnevernssaker finst også som dokument i det elektroniske saksbehandlingssystemet, men det er dei barnevernssakene som har ved seg noko som barneversarbeidarane treng å diskutere med andre som blir synleg for ein observatør. På ei anna side erfarte eg at ei og same barnevernssak var i periodar synleg og i andre periodar usynleg gjennom ein arbeidsprosess. Arbeid med barnevernssaker har potensiale til å vare over lang tid, og på eit tidspunkt i arbeidsprosessen kan barnevernssaka vere gjenstand for intensiv og omfattande drøfting, mens den brått og av ulike grunnar kan gå over til å bli ei «usynleg sak» i systemet som ikkje vert drøfta.

3.4 Forskarrolla og feltrelasjonar

For å kunne følge dei barnevernsglege avgjerdsprosessane var det heilt naudsynt å etablere ei forskarrolle som gav tilgang til arbeidet, og som gav meg ein legitim rett til å observere sentrale aktivitetar i arbeidet. Eg erfarte likevel at det ikkje var nok å vere ein passiv observatør på sidelinja. Det var gjennom å opparbeide tilstrekkeleg sosial og kulturell kunnskap om barnevernfeltet, og ikkje minst gjennom tillit til barneversarbeidarane at det vart mogeleg å dra nytte av tilgangen. Det er ved å etablere ei rettmessig deltakarrolle i felten (Måseide, 1997) at feltarbeidet blir vellukka, og denne rolla blir til gjennom forhandling.

Eg vurderer mine feltarbeid som vellukka på den måten at eg klarte å skape meg ei slik deltakarrolle i alle dei tre tenestene, men deltakarrolla vart likevel noko ulik på kvar plass. Dette skuldast variasjonar i kvaliteten og eigenskapane ved dei sosiale relasjonane som eg etablerte

til barnevernsarbeidarane. Feltrelasjonane eg etablerte gav meg ulike deltakarroller, og dette vart avgjerande for tilgangen.

Det første feltarbeidet illustrerer eit godt døme på slik variasjon, og viser korleis ei deltakande forskarrolle står sentralt for tilgangen. I denne tenesta fekk eg ein spesielt god og nær kontakt med ein av barnevernsarbeidarane. Denne barnevernsarbeidaren vart ein nøkkelinformant for meg under heile dette feltarbeidet, og det var stort sett ho som svara på mine spørsmål undervegs og som tok meg med på aktivitetar. Ein av dei andre barnevernsleiarane i denne tenesta utvikla etter kvart ein skepsis til mi deltaking. Dette vart markert ved at ho gav meg avgrensa tilgang til sitt arbeid med barnevernssaker. Det var vanleg at ho stengde døra til kontoret sitt, både når ho hadde avtalar med klientar og viss ho snakka i telefonen. Ho let vere å involvere meg i aktivitetar som knytte seg til eige arbeid med saker, men var positiv til at eg deltok i fellesmøte der andre barnevernsarbeidarar og profesjonelle tok del.

I denne tenesta vart det difor til at eg først og fremst følgde arbeidet til denne eine barnevernsarbeidaren. Grunnen til at det vart slik kan vere fleire. For det første viste denne barnevernsarbeidaren heilt frå starten av større interesse for mitt prosjekt enn dei andre, og det vart difor mest naturleg å vende seg til denne personen når eg lurte på noko. Etter kvart som samtalan mellom meg og denne barnevernsarbeidaren vart hyppigare og me vart nærare kjend vart det også naturleg for oss å snakke om tema som ikkje berre handla om barnevern. I tillegg snakka me ofte om andre aspekt ved barnevernsarbeidet enn berre det som var relevant der og då. Det vart snakk «på metaplan» som Måseide (1997:103) omtalar det. Samtalen våre handla mykje om problemstillingar og dilemma som knyter seg til barnevernsarbeid generelt, og elles vart det ofte «frustrasjonsnakk» om enkeltsaker. I desse samtalan distanserte (Goffman, 1961) eg meg aktivt frå rolla som forskar, og eg vart i desse samanhengane meir som ein samtalepartnar. Gjennom desse samtalan oppretta eg ein nær relasjon til denne barnevernsarbeidaren, og det var like ofte at barnevernsarbeidaren sjølv tok kontakt med meg som at eg tok kontakt med ho. Denne rolla som samtalepartnar var viktig for min tilgang til dei barnevernsfaglege aktivitetane i denne tenesta, og den var viktig for at eg fekk opparbeida meg naudsynt institusjonell og kulturell kunnskap om barnevern. Gjennom rolla som ein interessert samtalepartnar som også viste interesse og forståing for ein krevjande arbeidssituasjon skapte eg tillit hjå barnevernsarbeidaren og eg vart ein person som også ho fekk utbytte av å snakke med. Dette gav ho uttrykk for. Ho fortalde meg etter feltarbeidet at det hadde vore interessant å ha meg med også for sin eigen del.

Dette var ikkje ein beint fram medviten strategi frå mi si side. Relasjonen mellom oss utvikla seg naturleg på denne måten. Sett i ettertid ser eg likevel at den kontakten eg fekk med denne barnevernsarbeidaren i starten var viktig for mi læring om barnevernsarbeid. Gjennom det ho fortalde og viste meg om det barnevernsfaglege arbeidet opparbeida eg meg grunnlagskunnskapen som var naudsynt for å forstå det som gjekk føre seg. Eg etablerte på denne måten ei rolle som legitim, men perifer deltakar (Lave & Wenger, 1991), og denne rolla opna opp for at eg fekk delta i aktivitetar og opparbeide meg viktig kunnskap om barnevernet som institusjonelt og profesjonelt system.

Feltrelasjonane utvikla seg annleis i dei to andre tenestene. Noko av grunnen til det var at eg på dette tidspunktet forstod betre kva barnevernsarbeidet gjekk ut på og eg trengte ikkje å stille så mange spørsmål om den generelle barnevernskunnskapen som i starten. Under det andre feltarbeidet fekk eg like nært forhold til alle barnevernsarbeidarane som jobba i tenesta. Denne barnevernstenesta var til liks med den første liten, slik at det var praktisk mogeleg å få god kontakt med alle, og det fekk eg. Under det siste feltarbeidet fekk eg eit nærare forhold til to av barnevernsarbeidarane, men kven dette vart opplevde eg som tilfeldig. Denne tenesta var større og hadde for mange tilsette til at det vart praktisk mogeleg å følgje arbeidet til alle. Eg laga difor avtalar før eg starta feltarbeidet her med to personar, og det var desse som vart mine viktigaste informantar som gav meg tilgang til å delta på aktivitetar i denne tenesta.

Kontakten og relasjonen til barnevernsarbeidarane i desse to tenestene var meir distansert enn i den første, men kontakten var god og nær nok til at eg fekk etablert ei rettmessig deltakarrolle også her. Eg fekk tilgang til dei aktivitetane som eg spurde om å få tilgang til, og eg kunne spørje dersom det var noko eg lurte på. På mange måtar opplevde eg desse to feltarbeida som meir vellukka enn den første på grunn av dette. Ved å ha god kontakt med fleire fekk eg høve til å følgje større delar av den barnevernsfaglege aktiviteten som var i tenesta, og eg fekk innsyn i fleire saker med større variasjon her. I desse to tenestene fekk eg i tillegg og i større grad enn i den første tenesta vere tilskodar til samhandling «backstage». Det vil seie samanhengar der barnevernsarbeidarar tok opp og diskuterte barnevernssaker kollegialt utan at familien sjølv var til stades. Dette kan sjølvstund ha noko med at backstageaktivitetar oftare fann stad her enn i den første tenesta, men eg trur også det var fordi eg hadde eit godt og nært forhold til heile kollegiet, ikkje berre ein av dei.

Slike backstage-samanhengar drøftar eg i kapittel 4, og som eg det går fram her var det var vanleg i desse drøftingssamanhengane at barnevernsarbeidarane lo og spøkte om familiane som

barnevernssaker handla om. Galgenhumor var vanleg og irritasjon over «vanskelege personar» kom ofte til syne. Spesielt under det andre feltarbeidet observerte eg mykje av slike backstageaktivitetar. Eg erfarte at mitt nærvær ikkje påverka barnevernsarbeidarane på ein måte som gjorde at dei endra åtferd, eller snakka på andre måtar enn dei brukte å gjere, og stort sett hadde eg ei rein observatørrolle i desse samanhengane. Dei fortalde meg også i etterkant at dei ofte gløynde at eg var til stades i desse samanhengane, og observatørrolla mi vart i slike samanhengar akseptert.

I profesjonelle aktivitetar der barnevernsklientar eller andre profesjonelle var til stades hadde eg også ei rein observatørrolle. I slike situasjonar sat eg på sidelinja utan å seie noko. Midjo brukar nemninga «situasjonell naturleg posisjon» (Midjo, 2010:110), og skildrar med dette omgrepet korleis ho i møtesituasjonar mellom barnevernsarbeidar og familien veksla mellom å vere synleg og usynleg. I starten og slutten av eit møte prøvde ho å skape eit inntrykk av å vere ein vanleg og sosial hyggeleg person, mens ho undervegs prøvde å markere ikkje-deltaking. Eg hadde ein liknande strategi, og erfarte at dette fungerte godt.

Alt i alt opplevde eg at eg fekk ei forskarrolle underfeltarbeidet og klarte å etablere feltrelasjonar her som gav meg den tilgangen som eg trengte. Relasjonane eg etablerte var «midlar» som eg brukte til å få gode data (Album, 1996:240). Det å komme nær nok slik at ein som forskar har føresetnader til å forstå og tolke meininga i det som skjer er viktig. Samstundes er det viktig å vere distansert nok slik at ein blir i stand til å oppdage det sjølvsegte og skape analytisk distanse. Fleire har skrivne om dette vanskelege forholdet mellom nærleik og distanse på eit feltarbeid med deltakande observasjon (Album, 1996). For min del etablerte eg som forskar ein nærleik i mine relasjonar til barnevernsarbeidarane under feltarbeidet slik at det vart mogeleg å få tilgang til aktivitetar og for å forstå desse aktivitetane. Eg har på same tid prøvd å skape ein analytisk distanse til det eg har observert ved å rette merksemda undervegs og i ettertid mot dei observerbare profesjonelle aktivitetane, og ta utgangspunkt i det som vart sagt og gjort her.

Samstundes er det viktig å presisere at det nære forholdet eg hadde til barnevernsarbeidarane hadde noko å seie både for *kva* eg fekk tilgang til og *kva* eg har retta merksemda mot i analysen. Mitt feltarbeid er orientert og påverka av praktiske forhold. Dette er vanleg for forskingsaktivitetar (Måseide, 1997), og feltrelasjonar er ein viktig del av dette. Det er det barnevernsarbeidarane fortalde meg og viste meg om barnevernsfaglege avgjerdsprosessar som har blitt mine data. Utan at eg har hatt som mål å vere deira talerøyr, vil dette like fullt vere noko som har påverka både datainnsamling og analyse. Blant anna at barnevernssakene som eg

har observert har ved seg ein vanske, og at eg brukar mykje plass i avhandlinga på å diskutere korleis forholdet mellom barnevernsarbeidar og barnets foreldre påverkar arbeidet med ei barnevernssak er delvis eit resultat av mine feltrelasjonar. At eg først og fremst etablerte gode feltrelasjonar til saksbehandlaren framfor barnevernsleiaren har ført til at det aldri vart aktuelt å sjå på aktivitetar som knytte seg til leiaroppgåver. Det har heller aldri vore aktuelt å forstå arbeid med barnevernssaker med utgangspunkt i klientens ståstad, eller å utforske barnevernsarbeidet med utgangspunkt i andre profesjonselle sin ståstad. Tema som forholdet mellom barnevernsleiar og saksbehandlar, forholdet til barna som barnevernssakene handla om og forholdet mellom barnevernsarbeidarar og andre samarbeidspartnarar som lærarar, sjukepleiarar og legar har heller ikkje fått fokus. Det var arbeidet til dei eg fekk best kontakt med eg også fekk følgje, og nokre aktivitetar var meir sentrale enn andre her.

3.5 Mine data i studien

Eg har nytta tre framgangsmåtar for å samle data til studien gjennom feltarbeidet. Dette er observasjon, uformelle samtalar med barnevernsarbeidarane og notat og lydbandopptak frå samhandlingsaktivitetar i barnevernsarbeidet der snakk og samtale har vore sentralt. Desse framgangsmåtane har produsert feltnotat som eg skreiv kvar dag under feltarbeidet i dei tre tenestene, notat frå samtalar som eg hadde med barnevernsarbeidarane og transkripsjonar av bandopptak frå konkrete samhandlingsaktivitetar der barnevernsarbeidarar møter andre for å diskutere ei barnevernssak. Dette representerer til saman ulike typar av tekst som eg brukar på ulike måtar i analysen og tekstane tener ulike føremål.

3.5.1 Samhandlingsdata

Hovuddelen av det empiriske materiale som eg brukar i analysen er samhandlingsdata frå profesjonelle møteaktivitetar der barnevernssaker har vore diskutert og drøfta. Desse samhandlingsdata er prega av at eg har nytta ulike teknikkar for dataregistrering, og data frå desse aktivitetane har difor ulike bearbeidingsnivå (Måseide, 1997). Nokre gonger har eg nytta bandopptakar, andre gonger ikkje, og dette har konsekvensar for kor detaljert og nøyktig samhandlingsdata har blitt. Då eg starta feltarbeidet hadde eg som mål å ta i bruk bandopptakar så ofte som mogeleg når dette var naturleg. Av ulike grunnar fekk eg mindre på band enn først tenkt. Ei enkel forklaring er at eg i nokre tilfelle ikkje fekk samtykke til å bruke bandopptakar. Dette var tilfelle under heile det første feltarbeidet. For barnevernsarbeidarane i denne tenesta vekte tanken på at deira snakk og samtale skulle bli teke opp på band ubehag, og eg let difor vere. I dei to andre tenestene fekk eg samtykke til å bruke bandopptakar dersom eg gjorde dei merksam på førehand. Her brukte eg bandopptakar i nokre av møteaktivitetane som eg

observerte, men ikkje alle. Av og til spurde eg aldri om å få lov. Dette gjeld spesielt for møtesituasjonar mellom barnevernsarbeidar og ein familien der relasjonen mellom dei var spent. I samanhengar der eg visste at samtalen kom til å handle om svært private og sensitive tema tenkte eg at det kom til å bli ei stor påkjenning at eg var til stades. Å be om å få ta samtalen opp på band i tillegg til å vere til stades vurderte eg i nokre tilfelle som for mykje å be om for familien. Sett i ettertid kunne eg truleg ha gjort meir for å få dette til. Dei gongene eg spurde om å få ta samtalen opp på band var det sjeldan motstand frå familiane, og dette var uavhengig av konfliktnivået eller alvorsgraden i saka. Berre i to tilfelle fekk eg avslag frå familiar då eg spurde.

Andre gonger tok eg ikkje opp på band fordi det vart upraktisk. Dette gjeld spesielt for ikkje-planlagde kollegiale drøftingar av barnevernssaker som oppstod ad hoc. I desse samhengane opplevde eg det som vanskeleg å bryte inn for å be om samtykke til å ta diskusjonen opp på band. Eg laga meg etter kvart ein avtale om å få lov til å bruke bandopptakar dersom eg vurderte noko som spesielt viktig og interessant å ta vare på. Denne avtalen fungerte ikkje så godt i praksis. Ofte vart det forstyrrende for diskusjonen dersom eg brått og utan varsel tok fram bandopptakaren under ein diskusjon.

Notat frå samhandlingsaktivitetar som ikkje er teke opp på band har avgrensingar som tekstmateriale i ein analyse (Måseide, 1997). Tekstane frå desse situasjonane manglar ord og det som blir sagt blir ikkje referert presist. Når eg las gjennom notata mine frå samhandlingssituasjonar som eg hadde observert utan bandopptakar var det fleire som inneheld meir informasjon om mine tolkingar av innhaldet i det som vart sagt enn det som faktisk var sagt. Eg ser at spesielt tidleg i feltarbeidsperioden er dette tilfelle og i nokre tilfelle vart det vanskeleg å rekonstruere meningsfulle situasjonar ut av mangelfulle transkripsjonar frå samhandlinga. Dette har ført til at eg berre i liten grad brukar samhandlingsdata frå feltarbeidet i den første tenesta i analysen. Den eine gongen eg faktisk nyttar utdrag frå ein samhandlingssituasjon herifrå (i kapittel 5) er det fordi notata har god kvalitet trass mangel på teknisk utstyr. Samhandlinga som eg observerte var dessutan del av arbeidet med ei barnevernssak som eg kjente godt, noko som gav meg så god bakgrunnsinformasjon at det var mogleg å skape ei meningsfull rekonstruksjon. Dette gjeld generelt for dei tekstutdraga som eg brukar frå samhandling som ikkje er teke opp på band.

Transkripsjonar frå møtesituasjonar som er teke opp på band har potensiale til å gje nøyaktige og presise skildringar av det som har vorte sagt i situasjonen. Det er likevel viktig å vere klar

over at det finst ulike system for korleis ein kodar slike transkripsjonar, og systema ein kan velje mellom har ulike presisjonsnivå. Kva transkripsjonskode ein vel har noko å seie for kor presis den skrivne teksten til slutt blir og kva dimensjonar ved snakket som blir lagt vekt på i analysen (Måseide, 1997). Mine transkripsjonskodar er vald med utgangspunkt i mitt teoretiske og analytiske perspektiv på samhandling, og dels i lys av kva detaljrikdom eg har vurdert at tener dei problemstillingane som eg drøftar. Eg har ei språkpragmatisk tilnærming der eg utforskar korleis kontekstar både blir teke med inn i samhandlinga og produsert i samhandlinga gjennom språket (Sarangi & Roberts, 1999a). Føremålet med analysen av samhandlingsdata er å vise kva språk og samhandlingsuttrykk gjer i ein situasjon, og korleis desse vert brukt som ressursar for å skape mening til barnevernssaker. Å få ein tekstversjon som er styrt av det opphavlege snakket har difor vore viktig, og eg har difor forsøkt å skildre samhandlinga så nært opp mot slik det kom til uttrykk i situasjonen. Samstundes har eg ikkje vurdert det som viktig eller tenleg for analysen å gjere synleg den type detaljar og nyansar som er vanleg innafør tradisjonell konversasjonsanalyse (Roger & Bull, 1989). Personvernomsyn har dessutan verka med til at eg har skapt ein til dels idealisert versjon av snakk. På denne måten blir ikkje ein person si dialekt avslørt. I tillegg til transkripsjonar av det som vart sagt har eg likevel forsøkt å få med ikkje-verbale uttrykk, som stemmeleie, tonefall og kjensleuttrykk, men dette vert kommentert etterpå, og går i mindre grad fram av sjølve transkripsjonen. I mine forteljingar om korleis barnevernsarbeidarar skapar mening til barnevernssaker er slike ikkje-verbale uttrykk viktig og er med på å påverke kva mening ein samhandlingssituasjon får.

3.5.2 Observasjonsdata

Snakk og samtale kan ikkje åleine danne grunnlaget for tolkingar av samhandling. Nøyaktige transkripsjonar fortel ikkje alt om meininga i det som vert sagt i ein situasjon (Cicourel, 1992). Feltnotat som skildrar observasjonar av barnevernsarbeidet utanfor sjølve samhandlingssituasjonen og notat frå observasjonar av det som skjer i situasjonen som ikkje går fram av snakket har vore viktig i den samanhengen. Denne typen observasjonsdata blir i mine analysar brukt som kontekstproduserande materiale for dei samhandlingsdata som eg presenterer og analyserer.

Under feltarbeidet skreiv eg kvar dag ned inntrykk og oppsummeringar frå det som hadde skjedd. Kvar notat vart merka med dato og klokkeslett slik at eg kunne finne tilbake til når det vart skrive. I tillegg skreiv eg alltid notat før, under og etter dei ulike møteaktivitetane med snakke-data. Desse notata inneheld informasjon om føremålet med eit møte, kva som hende i

møte som ikkje går fram av snakket, kven som var til stades, og viss det var noko som eg spesielt la merke til i dette møtet.

Desse feltnotata har gitt meg viktig tilleggsinformasjon om mine samhandlingsdata. Eg gjer altså ingen analyse av feltnotata med observasjonar som tekst, men eg har brukt dei til å utdjupe mi forståing av dei samhandlingssituasjonane som eg analyserer. Notata som eg har skrivne føre, under og etter ein møteaktivitet har vore spesielt viktige då dei har bidrege med kontekstuell informasjon om barnevernssakene som blir snakka om der og då. Tilleggsinformasjon om kva som har hendt før i saka, om andre aktivitetar som har vore og utfyllande informasjon om kva som er prosjektet i situasjonen slik barnevernsarbeidarane definerer dette er sentralt. Feltnotat har dessutan vore gode å bruke til å «gjenskape situasjonen i erindringen lenge etterpå» slik Dag Album (1994:215) så godt skildrar det. Fyldige og gode feltnotat gjorde det lettare å sjå situasjonen klårare føre seg når eg fann desse notata fram att. Feltnotat med mine observasjonar av det som skjer har på den måten skapt viktige fortolgingsrammer for analysen av samhandlingsdata.

3.5.3 Feltsamtalar

Samtalar som eg har hatt med barnevernsarbeidarar undervegs i feltarbeidet har også vore viktige for analysen. Desse samtalane har ikkje teke form som formaliserte intervju, men har snarare vore uformelle samtalar der eg har spurd barnevernsarbeidarane om det eg har lurt på. Ingen av desse samtalane er teke opp på band, men eg skreiv notat frå det som kom fram i desse samtalane etterpå. Desse samtalane har vore spesielt viktige i samband med møteaktivitetar med barnets foreldre og med andre profesjonelle. Gjennom desse feltsamtalane har eg fått informasjon om kva barnevernsarbeidaren har vurdert som føremålet med desse møta og deira vurderingar av dette i etterkant. Desse samtalane har gjort det mogeleg å tolke desse samhandlingssituasjonane med eit slikt utgangspunkt.

3.6 Analyseprosessen

Etter at feltarbeidet vart avslutta har det empiriske materiale som eg har fått tilgang på vore gjennom ein utveljingsprosess. Berre utvalde delar av mine samhandlingsdata frå barnevernets møteaktivitetar dannar utgangspunktet for den empiriske presentasjonen og analysen i avhandlinga. Utveljing av data og sjølv analysen av datamateriale har vore ein prosess som har vore prega av ei stadig veksling mellom teori og empiri. Analysen har både teoridrivne og datadrivne aspekt, og forteljninga om barnevernets meningsskapingsprosessar er skapt i ein «kombinasjon av å lage og å finne» (Album, 1996:248) utan at det alltid er så lett å gjere greie

for presist korleis. Det finst omfattande metodelitteratur om korleis gå praktisk fram i denne analyseprosessen (Coffey & Atkinson, 1996; Silverman, 1993), men i praksis handlar analyse om å lage seg strategiar for handtering og tolking av datamateriale som kan skape ein orden og gjere det mogeleg å finne mønster i materiale slik at meningsfulle og truverdige skildringar av fenomenet ein studerer kjem fram. Det handlar om å finne måtar å kategorisere og omgrepsfeste data på, og det handlar om å utforske desse kategoriane grundigare gjennom tolking.

3.6.1 Systematisering av datamateriale i aktivitetstypar

Eit feltarbeid som går over eit år med observasjon og deltakande observasjon som metode fører til eit omfattande datamateriale. Det vart ei utfordring for meg å handtere så store mengder data. Under og rett etter kvart feltarbeid brukte eg mykje av tida på å transkribere møtesituasjonane som eg eg hadde delteke på. Eg gjorde også fleire forsøk undervegs på å systematisere datamateriale og få ei oversikt over sentrale mønster i den empirien eg til ei kvar tid sat på. Det er likevel *etter* at eg avslutta feltarbeidet at det meste av analysearbeidet har gått føre seg. Det var ikkje slik at mine observasjonar frå feltarbeid laga ferdige forteljingar. Det er eg som har skapt dei forteljingane som eg presenterer ved å velje ut og tolke mine data slik eg reknar som mest rimeleg. Eg har gjort fleire forsøk på å skrive fram analysen undervegs og den endelege forteljinga er resultatet av ein lang prosess.

Den første utfordringa i analysearbeidet var å finne fram til ei inndeling og kategorisering av datamateriale som tok vare på kompleksiteten og variasjonane i det arbeidet eg hadde observert, og på same tid vise fram eit mønster. Det tok lang tid å finne fram til eit system og ei organisering av samhandlingsdata og møteaktivitetar som fekk fram ein logikk i arbeidet med barnevernssaker som var i tråd med det eg hadde observert. Det vart rett og slett vanskeleg og tidkrevjande å konstruere forteljingar om avgjerdsprosessar over inntrykket eg hadde fått, og på same tid finne «linjer som ordnet stoffet» (Album:248).

Den endelige strukturen og organiseringa av datamateriale vart til etter fleire gjennomlesingar. Eg starta først med å systematisere materialet mitt etter saker. Det vil seie at eg laga meg ei oversikt over dei barnevernssakene eg hadde observert og møteaktivitetane som var del av desse sakene. Denne oversikta viste at det var store variasjonar i kva aktivitetar sakene inneheldt, både med omsyn til omfang og kven som var involvert i desse møteaktivitetane. Desse variasjonane vart til som eit resultat av at sakene eg observerte var i ulike arbeidsfasar i avgjerdsprosessen, barnevernsproblema hadde kvar sin eigenart og det knytte seg til kva aktivitetar eg hadde fått tilgang til å observere. Denne erkjenninga av stor variasjon førte meg

vidare til eit arbeid med å finne måtar å skape eit mønster i dette på som kunne danne eit meiningsfullt utgangspunkt for den vidare analysen. På dette tidspunktet i analyseprosessen var Levinsons (1979) analytiske omgrep «aktivitetstype» til stor hjelp (sjå kapittel 2.2.1). Dette omgrepet skapte ei retning til analysen der eg orienterte meg mot å identifisere kva type aktivitetar som gjekk att og som var sentrale for ein avgjerdsprosess på tvers av barnevernssaker. Etter dette organiserte og samla eg materialet frå samhandlingsaktivitetane etter type i staden for sak.

Det eg i avhandlinga skildrar som barnevernets problemløysande aktivitetar gjennom avgjerdsprosessen illustrerer døme på slike aktivitetstypar. Dei representerer ulike, men typiske profesjonelle aktivitetar som går att i arbeidet med ei barnevernssak, der kvar aktivitet har eit bestemt mål og ei oppgåveorientering. Arbeid med barnevernssaker inneheld eit mangfald ulike møteaktivitetar, eller aktivitetstypar, men ei grovinnending gjev følgjande oversikt:

- Kollegiale drøftingar. Dette er møte internt i barnevernstenestene der barnevernssaker vart drøfta utan at familien var til stades sjølv
- Klientmøte. Dette er ein møtesituasjon der barnevernsarbeidaren møter barnets foreldre åleine eller saman med barn, heime eller på kontoret.
- Ansvarsgruppemøte. Dette er eit tverrfagleg møte der barnevernsarbeidaren, saman med familien og andre profesjonelle som har mykje med familien å gjere diskuterer korleis dei kan samarbeide om barnevernstiltak.
- Fleirprofesjonelle rettleiingsmøte. Her møter barnevernsarbeidaren andre profesjonelle utan at familien sjølv er til stades for å diskutere barnevernssaker.

I tillegg til desse møta fekk eg høyre om at barnevernsarbeidarane hadde eigne møte med barna åleine, men dette fekk eg aldri observere sjølv, og mi erfaring var at slike møte var sjeldne. Eg har få observasjonar frå ansvarsgruppemøte. Eg valde difor å sjå vekk frå denne aktivitetstypen i mine analysar og konsentrerte meg om dei tre andre typane.

3.6.2 Analysearbeidet av barnevernets aktivitetstypar

Når det gjeld mine analysar av kollegiale drøftingar brukar eg datamateriale frå feltarbeidet i berre to av dei tre tenestene. Dette handlar om at kvaliteten er best på samhandlingsdata herifrå. I den eine tenesta fekk eg teke alle dei kollegiale drøftingane som eg observerte opp på band, og det var berre denne tenesta som hadde faste møtepunkt der barnevernssaker vart drøfta kollegialt. Eg var til stades i 15 slike faste møte, og kvart møte vara mellom to og tre timar. Her vart ein straum av barnevernssaker drøfta og diskutert, også dei barnevernssakene som eg

følgde spesielt i denne tenesta. Bortsett frå at slike drøftingar ikkje var organisert på same måte i dei to andre tenestene hadde både forma og innhaldet i kollegiale drøftingar klåre fellestrekk på tvers av tenestene. Eg brukar i tillegg materiale frå den andre tenesta når eg diskuterer ei drøftingsform som vart spesielt mykje brukt der, rollespelet (jf kap. 4.3.3). Drøftinga som eg brukar som illustrasjon fekk eg også teke opp på band.

Analysen av klientmøte tek utgangspunkt i datamateriale frå møtesituasjonar på barnevernskontoret mellom barnevernsarbeidar og barnets foreldre der det har oppstått usemje mellom desse to. Grunnen til at eg valde å fokusere på denne typen klientmøte er eit resultat av at barnevernsarbeidarens handtering av usemje med barnets foreldre var ein viktig del av barnevernets oppgåveorientering for dei aller fleste klientmøta som eg har materiale frå. Det er dessutan møtesituasjonar i barnevernstenesta, snarare enn heime hjå folk eg har flest av. Analysen av slike møte bygger på materiale som eg hentar frå alle dei tre tenestene, men eg har vald å rette merksemda spesielt mot dei møta som var del av barnevernssaker som eg hadde omfattande tilleggsinformasjon om. I analysen vil eg mellom anna trekke inn data frå dei førebuaende møta som barnevernsarbeidaren ofte har før dei møter barnets foreldre. I desse møta planlegg barnevernsarbeidaren saman med ein eller fleire kollegaer møtet som skal komme. Ved å trekke inn data herifrå prøver eg å få fram det Sarangi og Roberts (Sarangi & Roberts, 1999a:23) omtalar som «the blurrings between frontstage and backstage». Eg vil vise korleis det som skjer på ein backstagearena der foreldra ikkje er til stades sjølv relaterer seg til det som skjer når barnevernsarbeidaren møter foreldra i etterkant. Samhandlingsdata frå førebuaende møte gjev innsyn i kva barnevernsarbeidaren søker å oppnå i møtesituasjonen som skal komme og det fortel noko om korleis barnevernsarbeidarane legg planar for å oppnå dette. Førebuingmøta gjev på det viset tilgang på kontekstuell informasjon (Cicourel, 1968) og får fram kva «institusjonell orientering» (Drew & Heritage, 1992) barnevernsarbeidaren har for ein aktivitet som skal komme seinare.

Analysen av fleirprofesjonelle møte bygger på datamateriale frå to ulike typar rettleiingssituasjonar som var vanleg å ta del i for barnevernsarbeidarane i mitt materiale. Dette er eit tenesteovergripande rettleiingsmøte (jf kap. 3.3.2). Eg observerte til saman ni tenesteovergripande rettleiingsmøte og alle desse er teke opp på band. Den andre typen var og møte mellom barnevernsarbeidarar og spesialistar innfor fagfelte psykologi og juss. I dei tre tenestene var det vanleg å få rettleiing av ein psykolog eller ein jurist i spesielt vanskelege barnevernssaker, og ofte i saker der det var snakk om omsorgsovertaking. Alle tenestene hadde tilgang på rettleiing frå psykolog gjennom faste kommunalt eller regionalt organiserte

møteplassar. Her deltok psykologar som til dagleg jobba på Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk. Eg observerte denne typen møte i to av dei tre tenestene, der desse gjekk føre seg om lag ein gong i månaden. Den tredje tenesta deltok også i slike fleirprofesjonelle møte, men desse fekk eg av ulike grunnar ikkje observert. Berre eit av desse møta er teke opp på band, og det er utdrag frå dette møtet eg presenterer i avhandlinga.

Alle barnevernstenestene hadde tilgang på faste kommuneadvokatar som vart kontakta i situasjonar der det var snakk om omsorgsovertaking i ei barnevernssak. Gjennom feltarbeidet var det to barnevernssaker dette vart aktuelt for, og eg har observert til saman tre møte mellom barnevernsarbeidar og kommuneadvokat. Eg brukar utdrag frå eit av desse møta i analysen av denne aktivitetstypen, og dette møtet vart teke opp på band.

Etter at eg hadde peika ut dei tre aktivitetstypene starta arbeidet med å analysere fram kva rolle desse aktivitetane spelar for arbeidet med å skape mening til barnevernsproblem og barnevernssaker. Dette analysearbeidet starta med at eg utforska og las grundigare gjennom transkripsjonane frå kvar av dei tre aktivitetstypene. Eg konsentrerte meg om ein aktivitetstype om gongen og las materiale delvis på tvers av sakar for å prøve å finne eit mønster her. Eg såg då spesielt etter kva barnevernsarbeidaren brukte møteaktiviteten til og korleis dei brukte den ved å leite etter kjenneteikn ved aktivitetens innhald, struktur og form. Relatert til dette prøvde eg å finne fram til korleis aktiviteten gjekk inn i avgjerdsprosessen med den aktuelle barnevernssaka det var snakk om. Dette analysearbeidet er eit resultat av eit samspel mellom eit teoretisk omgrepsapparatet som eg brukar og den røynda som spelte seg ut innafør aktiviteten. Det er kva som faktisk vart sagt og gjort innafør ein aktivitet som dannar utgangspunktet, men dei mønstra som eg finn i snakket og samhandlinga tek utgangspunkt i ei diskursiv orientering for analyse. Språk og kommunikasjon blir i mine analysar forstått som ei sosial deltakingsform og ein praksis som skapar mening i sosiale aktivitetar, det skapar situasjonar, statusar, identitetar og relasjonar. Dei utdraga eg presenterer frå dei tre aktivitetstypene har blitt valgt fordi dei illustrerer typiske og dominerande mønster i dei diskursive praksisane som eg har observert.

3.7 Vurdering av kvalitet i studien

Det er alltid relevant å vurdere kvaliteten i ein forskingsstudie. Kvalitetsvurderingar handlar om å kritisk ta stilling til om resultatane og presenterer gjev svar på dei spørsmåla eg har stilt, om eg fått tilgang på data som trengs til å gjennomføre analysen, og om tolkingane mine kan reknast

som rimelege. Eg vil no diskutere kva kvalitetskrav ein kan ha for vurdering av kvalitet i den typen studie som eg har gjennomført og vurdere min studie i lys av slike krav.

3.7.1 Validitet og reliabilitet i kvalitativ forskning

Det har blitt skriva mykje om framgangsmåtar for vurdering av ein metodes kvalitet, og omgrepa validitet og reliabilitet står sentralt her (Silverman, 1993). Reliabilitet i forskning knyter seg generelt til vurderingar av korleis framgangsmåten som er brukt for innsamling av data og den praktiske gjennomføringa av forskingsprosjektet kan ha påverka resultatet. Validitet handlar om å vurdere tolkingar som ein forskar gjer, og i kva grad ein kan rekne resultatata som blir presentert som rimelege og gyldige

Det er usemje blant forskarar om validitet og reliabilitet er brukbare som omgrep for måling av kvalitet innafor kvalitative forskingsprosjekt. Nokre vil meine at omgrepa i alt for stor grad knyter seg til positivistiske kunnskapsideal og idear om objektivitet og at dei difor eignar seg betre innafor kvantitativt orienterte forskning. Thagaard (2013) innfører omgrepa «truverd» og «bekreftbarhet» som alternativ for å markere at det ikkje er snakk om ein forskingslogikk som er basert på tradisjonelle forståingar av objektivitet der forskaren fungerer uavhengig av feltet ho eller han studerer. Hammersley (1992:51) peikar på at det innafor ei kvalitativ forskingsorientering ikkje er snakk om å *reprodusere* ein røyndom, men å *representere* denne gjennom eit bestemt perspektiv. Album (1996) er inne på noko av det same i det han skriv at forskarens forteljingar blir til gjennom eit samvirke mellom ein ytre røyndom og eit analytisk omgrepsapparat. Guba og Lincoln (1985) peikar på at kvalitativ forskning handlar om å tolke, der forskarens posisjonering, fordommar og perspektiv alltid vil vere ein uløyeleg del av tolkingprosessane. Det treng likevel ikkje vere slik at tolking er ugyldig av den grunn. Dei meiner difor det er meir passande å ta i bruk kriterium som vurderer eit resultat som «tillitsvekkande» og «autentisk». Desse omgrepa kan i større grad enn validitet og reliabilitet få fram at det er snakk om å rettferdiggjere tolkingar, ikkje presentere dei som sanne.

Andre har hevda at validitet -og reliabilitetsspørsmål er viktig også innafor kvalitativ forskning og skuldar dei som seier noko anna for å mangle gode alternativ. Silverman (1993) skisserer mellom anna ei rekkje krav til kva som skal til for å rekne ei tolking som meir eller mindre rimeleg og truverdig, og legg til grunn at empiriske skildringar på ein eller annan måte må kunne testast opp mot ein sosial realitet. Peräkylä (2011) tek ein liknande posisjon. Han er spesielt oppteken av vurderingar i konversasjonsanalytiske tilnærmingar der sosial samhandling utgjer data, og han lister opp fleire konkrete valideringsprosedyrar som bør følgjast i slike

analysar. Han går så lang at han snakkar om å måle sanningsverdi, eller «truthfulness» (Peräkylä, 2011:378). Kva kontroll som trengs er avhengig av teksten sin status i analysen, men forskingsresultat bør vere noko meir enn at forskaren skildrar sin eigen tolking og grunnjev dette med erfaringar frå felten.

Spørsmål om validitet, reliabilitet og truverd må uansett vurderast i forhold til den metoden som er brukt, og ein metode skal vere tilpassa det sosiale fenomenet ein er ute etter å forstå. Det er like fullt viktig å stille krav til at data i ein studie har blitt handtert både grundig og kritisk nok (Silverman, 1993:144) slik at det blir mogeleg for ein lesar å vurdere tolkingar i lys av dette.

3.7.2 Etablering av fortolkingskontekstar og rimelege tolkingar

Mi forteljing om korleis barnevernsarbeidarar skapar mening i avgjerdsprosessen er ei av fleire mogelege forteljingar. Det er ikkje mogeleg å teste mine resultat og tolkingar opp mot ein sosial realitet som eksisterer uavhengig av meg som forskar. Eg har allereie nemnt korleis teoretisk perspektiv og analysereiskapar har verka med når eg har analysert datamateriale. Ein meir eller mindre medviten bruk av kognitive skjema (Rumelhart, 1980), der slike perspektiv er ein del, vil i tillegg påverke korleis eg har observert og kva eg har sett etter undervegs i feltarbeidet. Dette verkar inn på kva meningssamanhengar og fortolkingskontekstar som har blitt skapt og som eg brukar som grunnlag for analysen av data (Måseide, 1982). Alle sosiologiske analysar står ovanfor eit fortolkingsproblem som knyter seg til å dokumentere ei forklaringar eller fortolking av eit sosialt fenomen som meir gyldig enn eit anna (Måseide, 1990). Å gje innsikt i korleis eg har konstruert meningssamanhengar og fortolkingskontekstar i analysen av samhandling vil difor vere viktig for på denne måten skape eit grunnlag for andre til å vurdere mine tolkingar.

Tekstutdraga frå samhandlingsaktivitetane som dannar grunnlaget for mine analysar representerer berre eit lite utsnitt av den røyndommen som eg prøver å skildre. Snakk og samhandling fortel ikkje alt om ein situasjon. Det trengs tilleggsinformasjon, og utvida forståingsrammer må konstruerast for å skape mening til det som blir sagt (Cicourel, 1985; Cicourel, 1992). Eg har difor gjennom feltarbeidet vore oppteken av å samle tilstrekkelig informasjon og kunnskap om dei samhandlingsaktivitetane som eg analyserer slik at eg kan gjere rimelege tolkingar av det som bli sagt. I analysearbeidet brukar eg denne informasjonen til å etablere medvitskontekstar (Glaser & Strauss, 1964) som gjer det mogeleg å tolke

meningsfulle samanhengar ut av den avgrensa informasjonen eg får i sjølve samhandlingssituasjonen.

Som dette kapittelet viser har eg vore oppteken av å samle omfattande etnografisk informasjon om barnevernsarbeid for å betre forstå det som skjer i dei ulike samhandlingsaktivitetane som eg analyserer. Gjennom hyppige samtalar med barnevernsarbeidarane om deira eige arbeid og på grunnlag av observasjonar av arbeidskvardagen og av viktige aktivitetstypar over tid har eg prøvd å få god nok innsikt i barnevernsfaglege avgjerdsprosessars organisering og institusjonelle rammer, og eg har prøvd å få kunnskap om barnevernsprofesjonens sosiale og kulturelle forankring. Dette har verka med til at eg har opparbeida meg eit grunnlag og ein tilleggskunnskap om barnevernsarbeid som gjer meg tryggare på at mine tolkingar av samhandlingsaktivitetar er rimelege. Til dømes har denne innsikta gjort det mogeleg å tolke forskjellar som viser seg mellom backstagesnakk i kollegiale drøftingar og frontstagesnakk i møte med barnets foreldre lys av den sosiale situasjonen desse aktivitetane representerer i ein avgjerdsprosess. Det uformelle preget som kollegiale drøftingar har får med dette utgangspunktet ei anna mening enn om eg berre hadde tolka drøftingane i lys samhandlingssituasjonen isolert sett. Eit anna poeng er at feltarbeid over tid og observasjonar av arbeidet med ei og same barnevernssak på tvers av profesjonelle arenaer har gitt meg kunnskap om situasjonar som har vore før den samhandlingsaktiviteten som eg analyserer. Slik kunnskap har gjeve meg innsikt i kva erfaringar og kunnskap barnevernsarbeidarane har med seg inn i ein samhandlingssituasjon og som kan påverke det som skjer. Slike innsikt kan fortelje noko om eventuelle samanhengar mellom to situasjonar som skjer til ulike tider, og som involverer ulike personar. Gjennom feltarbeidet har eg på denne måten forsøkt å fange opp det som Cicourel (1992) omtalar som samhandlingas «smale» og «breie» kontekst. I analyse av snakk er det viktig å ha eit medvit om begge desse. Det vil vere forhold utanfor samhandlingssituasjonen som kan verke med og regulere det som skjer. Dette er samhandlingas breie kontekst. Samhandlingsprosessen i seg sjølv er ein smal kontekst som også påverkar det som skjer. Delakaranes kjennskap og kunnskap om kvarandre og samhandlingas føremål er viktig her.

Det vil likevel vere umogeleg for ein forskar å få med seg alt. Av praktiske årsakar blir det alltid slik at ein forskar «privilegerer» nokre aspekt ved ein kontekst og ignorerer eller ser vekk frå andre (Cicourel, 1992:309). I mitt tilfelle har eg til dømes lite kjennskap til og kunnskap om barnevernsarbeidaranes samarbeidspartar. Eg har ikkje snakka med barnets foreldre eller andre profesjonelle som har teke del i mitt prosjekt utover dei korte møta me har hatt under

samhandlingsaktiviteten. Eg har veit difor lite om deira erfaringsgrunnlag ut over det barnevernsarbeidarane har fortald meg. Eg veit også lite om kva tidlegare opparbeida kunnskap dei har med seg inn i samhandlingsaktivitetane og som kan ha verka med her. Mitt utgangspunkt for tolking av barnevernsklientars og andre profesjonelle sitt snakk er difor avgrensa. I mine analysar har eg difor også lagt vekt på at det er korleis barnevernsarbeidarar skapar meining i avgjerdsprosessen eg er ute etter.

3.8 Etiske refleksjonar

Denne studien er meldt til Norsk Samfunnsvitskapleg Datateneste (NSD) som har godkjent forskingsopplegget (Vedlegg 1). I tillegg har eg fått godkjenning frå Rådet for taushetsplikt og forskning om at barnevernstilsette vart fritteken frå teieplikta slik at eg kunne vere til stades i barnevernstenestene som observatør (Vedlegg 2 og 3). Eg trengte dessutan ei utvida godkjenning frå NSD for å kunne ta opp samtalar på band der personidentifiserande opplysning kom fram om personar som ikkje visste sjølv at dei var del av forskingsprosjektet (vedlegg 4). Dette handla utelukkande om kollegiale drøftingar i barnevernstenestene der barnevernssaker vart drøfta og eg ikkje hadde fått samtykke frå dei sakene handla om. Fordi prosjektet mitt har teke lengre tid enn planlagt har eg også fått godkjenning frå NSD to gonger i løpet av perioden om å forlenge prosjektet. Slik godkjenning har eg fått via e-post.

Utover formelle godkjenningar av prosjektet er det andre etiske omsyn og val som eg har måtte vurdere undervegs. Dette handlar om korleis eg praktisk har gått fram for å få samtykke frå dei som tek del i prosjektet, det handlar om korleis eg har vore ein forskar i feltet og det handlar om anonymisering og korleis eg har vald å framstille personar og situasjonar i avhandlinga. For dei involverte i arbeidet med barnevernssaker vil det vere snakk om sårbare situasjonar, og dette er eg plikta til å ta omsyn til.

Både barnevernsarbeidarane, familieane og andre profesjonelle som har delteke i prosjektet har gitt meg informert samtykke. Dette er eit formelt krav, og det er nedfelt i forskingsetiske retningslinjer. Eg tok først kontakt med barnevernsleiarane i dei ulike tenestene på telefon. Alle leiarane viste interesse, bortsett frå ein. Denne leiaren ønskja ikkje å delta på grunn av høgt arbeidspress og få tilsette. Etter at eg hadde fått førebels samtykke frå barnevernsleiarane informerte eg dei andre barnevernsarbeidarane i tenesta om prosjektet i eit eige møte i tenesta før eg starta feltarbeidet. I dette møtet orienterte eg om prosjektet og dei fekk stille spørsmål. Eg la stor vekt på å få fram at mi interesse og mål med prosjektet var å *skildre* arbeidet med barnevernssaker, snarare enn å *vurdere* arbeidet som godt eller dårleg. Eg fekk utelukkande

positiv respons frå alle barnevernsarbeidarane i desse møta, og erfaringa mi var at dette utgangspunktet var viktig for den positive haldninga som møtte meg. I dette møtet fekk alle eit informasjonsskriv om prosjektet og eit samtykkeskjema (vedlegg 5 og 6). I desse møta fekk eg meir eller mindre open invitasjon frå alle til å komme for å observere deira arbeidskvardag.

Familiane som deltok i studien fekk informasjon om prosjektet via barnevernstenesta. Det var berre familiar som eg møtte og som var del av dei barnevernssakene som eg følgde spesielt som vart kontakta. Familiar som eg aldri møtte, men som var del av barnevernssaker som vart drøfta kollegialt eller i fleirprofesjonelle samanhengar fekk eg ikkje samtykke frå. Dette var praktisk vanskeleg å få til, og det var heller ikkje naudsynt med omsyn til krava frå NSD. Dei familiane som deltok vart kontakta av barnevernsarbeidaren som hadde ansvar for deira barnevernssak på telefon. Barnevernsarbeidaren orienterte om mitt prosjekt og familien vart spurd om å delta. Desse familiane vart som regel ringt opp før eit planlagt møte som eg hadde ønske om å delta på. Ei innvending til denne framgangsmåten kan vere at foreldra fekk lite tid til å tenke seg om og vurdere si eiga deltaking. Ei anna innvending er i kva grad eit slikt samtykke vil vere informert, og om dei visste kva dei eigentleg samtykka til. Samstundes opplevde eg aldri i møte med dei foreldra som samtykka at dei opplevde mi deltaking som ubehagelig eller som eit press. Tvert om var det fleire som gav uttrykk for at dei tykte det var spennande å delta. Når eg møtte desse familiane informerte eg alltid ein gong til om prosjektet, og eg la då spesielt vekt på deira rett til å trekke seg. Eg la også vekt på at mi deltaking ikkje kom til å påverke arbeidet eller barnevernets vurderingane i barnevernssaka, og at eg ikkje jobba for barnevernet. I tillegg til den munnlege informasjonen fekk dei eit informasjonsskriv om prosjektet og eg fekk skriftleg samtykke (vedlegg 7 og 8). Dei aller fleste foreldra trefte eg fleire gonger, og dei fekk kvar gong høve til å trekke seg. Berre to familiar gjennom feltarbeidet takka nei til å delta i prosjektet. To gonger observerte eg møte med barna som barnevernssaka handla om. I begge tilfella var foreldra også med, og eg orienterte barna om prosjektet på same måte som foreldra.

Andre profesjonelle som deltok i studien fekk på same måte som foreldra informasjon om prosjektet via barnevernstenesta. Dei fekk i tillegg det same informasjonsskrivet som barnevernsarbeidarane fekk og eg informerte alle som var del av møteaktivitetane om prosjektet før møtet starta. På grunnlag av dette fekk eg samtykke.

Eg har vore oppteken av å verne om dei som har delteke i mitt prosjekt, og har forsøkt å utforme presentasjonar av det empiriske materiale slik at personar og identitetar ikkje blir kjent att. Eg har gjort nokre grep i teksten for å sikre anonymitet, og forhold som kan verke med til å

identifisere personar blir ikkje skildra. I nokre tilfelle har eg endra kjønn og alder på personar der det ikkje har hatt noko å seie for poenget i teksten elles, eller der det ikkje er relevant for meiningsinnhaldet. Eg har også endra namn på spesielle stader, personar og hendingar der dette aukar sjansen for gjenkjenning. Barnevernsarbeidarar og andre profesjonelle omtalar eg konsekvent utan namn, og kjønn er i nokre tilfelle endra. Omsynet til personvern er også årsaka til eg presenterer ein idealisert versjon av snakk. Eg trur likevel det vil vere vanskeleg å sikre full anonymitet i min studie. Truleg vil barnevernsarbeidarar, andre profesjonelle og foreldre vil kjenne att seg sjølv i teksten. Dei som jobbar i same teneste vil også mest truleg identifisere kvarandre. Faren for gjenkjenning vil vere mindre mellom barnevernstenestene.

Som forskar er ein også plikta til å vurdere faren for alvorlege konsekvensar for dei som resultatet gjeld. For resultatata i min studie vil desse vurderingane spesielt gjelde for barnevernsarbeidarane som har delteke. Desse jobbar i ei velferdsteneste som er utsett for omfattande og ofte skarp kritikk. Eit forskingsprosjekt som mitt kan verke med til å auke og forsterke denne kritikken, og føre til påkjenningar for dei tilsette. Samstundes er det eit mål for mitt forskingsprosjekt nettopp å rette merksemda mot og gjere synlege praksisar som normalt er skjult for andre. Det har likevel vore viktig for meg å få fram at eg aldri har hatt som mål å vurdere desse praksisane som gode eller dårlege. I tillegg har eg som utgangspunkt for mine analysar at barnevernsarbeidarane orienterer seg mot å gjere eit fagleg godt arbeid og at dei heile tida søker mot å ta faglege og moralske gode avgjerder. Viss dei ikkje lukkast går eg ut i frå at dette ikkje handlar om manglande evne eller vilje hjå den enkelte barnevernsarbeidar, men at det er situasjonar og institusjonelle føringar i arbeidsprosessen som gjer at det blir slik.

Det kan vere ei påkjenning for barnevernsarbeidarar å ha ein forskar til stades i arbeidskvardagen over tid. Eg erfarte også at mi deltaking hadde nokre sider som vart erfart som ei påkjenning for barnevernsarbeidarane undervegs, og dette måtte eg ta omsyn til. Dette handla hovudsakeleg om at eg brukte av barnevernsarbeidarane si arbeidstid når eg bad dei om å svare på mine spørsmål og forklare meg arbeidet. Dei aller fleste gav uttrykk for at dei opplevde tidsbruken som positiv, og at dei fekk utbytte sjølv av å reflektere over sitt eige arbeid på måtar som dei vanlegvis ikkje gjorde. Andre kunne oppleve at mi deltaking gjekk ut over den tida dei hadde til rådvelde for det praktiske arbeidet med saker. I den eine tenesta brukte eg til dømes så mykje tid saman med den eine barnevernsarbeidaren at barnevernsleiaren reagerte, og eg tok omsyn til denne tilbakemeldinga. Det å vere fire månader i ei teneste viste seg difor å vere lenge nok.

3.9 Avsluttande kommentar

Denne avhandlinga byggjer på ei teoretisk forankra grunnide om at mening blir skapt i barnevernssaker i eit samspel mellom institusjonelle rammer og situasjonsbundne samhandlingspraksisar som spelar seg ut innafor desse rammene. Denne orienteringa har prega min framgangsmåte i studien, både i høve til kva eg har sett etter og mi omgrepsfesting og analyse av desse meningsdanningsprosessane. Slik sett er denne studien teoridreven. På ei anna side er det observasjonar av konkrete samhandlingsaktivitetar som barnevernsarbeidarane tek del i når dei jobbar med å skape mening til barnevernssaker, samt det barnevernsarbeidarane har fortald om sitt arbeid som styrte kvar eg retta merksemda mi undervegs i feltarbeidsprosessen. Det var fordi eg observerte sjølv korleis det systemet av samhandlingsaktivitetar som inngår i ei barnevernssak verkar med til å utvikle avgjerdsprosessar og produsere mening til barnevernssaker at eg kunne skrive om nettopp dette. Difor er studien også empiridreven. Mi forteljing om avgjerdsprosessar i barnevernssaker er resultatet av dette samspelet mellom teori og empiri, og eg har i dette kapittelet prøvd å gjere greie for kva som har vore mitt utgangspunkt for å fortelje akkurat denne.

Kap 4 Konstruksjonar av barnevernssaker og problem i kollegiale drøftingar

Dette kapittelet innleiar min analyse av korleis barnevernsarbeidarar skapar mening i avgjerdsprosessen med barnevernssaker, og i dette kapittelet drøftar eg korleis barnevernsarbeidarane skapar mening i kollegiale drøftingar internt i barnevernstenestene. I interne drøftingsmøte går fleire barnevernsarbeidarar i tenesta saman for å diskutere barnevernssaker utan at familien sjølv er til stades, og desse drøftingane representerer ein viktig problemløysande aktivitet i avgjerdsprosessen. I desse drøftingane prøver barnevernsarbeidarane å komme fram til ei semje om kva problemforståingar som skal gjelde i sakene, og dei drøftar mogelege løysingar på desse problema.

Når barnevernssaker vert drøfta i kollegiet på denne måten er dette ein aktivitet som gjer problemløysinga og avgjerdsprosessen i barnevernssaker kollektiv. Det er ei markering av at det ikkje er den einskilde barnevernsarbeidaren sitt ansvar åleine å ta avgjerder i ei barnevernssak. Ved å gjere barnevernssaker til gjenstand for kollektiv drøfting blir ansvaret for saka overført til barnevernskollegiet, og i mitt materiale var det vanleg blant barnevernsarbeidarane å snakka om at dei ville «drøfte saka på kontoret» før ei avgjerd vart teken. Gjennom drøftingane, snakket og samhandlinga som skjer «på kontoret», produserer og formar barnevernsarbeidarane ein barnevernsrøyndom i fellesskap som dannar grunnlag for det vidare arbeidet med ei sak.

I kapittelet viser eg korleis barnevernsarbeidarane i desse drøftingane diskursivt skapar mening til barnevernsproblema, og korleis dette på same tid produserer løysingar. Eg vil vere spesielt oppteken av å få fram korleis barnevernsarbeidarane konstruerer og produserer sanningar og fakta i desse sakene, og korleis dette vert brukt til å legitimere ei avgjerd som meir gyldig enn andre. I første del av kapittelet illustrerer eg denne typen konstruksjonsprosessar i meldingsfasen av ein arbeidsprosess. I denne fasen drøftar barnevernsarbeidarane i kollegiet om bekymringsmeldingar som kjem inn for eit barn skal følgjast opp med undersøking eller leggst vekk. Denne avgjerda er altså grunnleggande for om bekymringar for barn i det heile tatt vert til ei barnevernssak eller ikkje. Siste del av kapittelet viser korleis barnevernets konstruksjonsarbeid held fram etter meldingsfasen. Etter meldingsfasen og undervegs i arbeidet med ei barnevernssak dukkar det stadig opp situasjonar i ei sak som vert gjort til gjenstand for kollektiv drøfting i kollegiet. Kva mening barnevernsproblema får då, og korleis dei vert tolka gjev retning til og påverkar det vidare arbeidet med barnevernssaka. Eit hovudpøeng med

analysen i dette kapittelet er å få fram korleis barnevernsarbeidarane brukar kollegiale drøftingar som ein fagleg reiskap. Det vil seie at eg prøver å få fram korleis slike drøftingar kan blir forstått som ein bestemt type teknologi (Mauss & Schlanger, 2006) som produserer og utviklar problemforståingar i barnevernssaker slik at det blir mogeleg å gå vidare i arbeidet.

4.1 Kollegiale drøftingar og snakkets backstagepreg

I alle dei tre tenestene hadde kollegiale drøftingar eit heilt spesielt uttrykk som skil seg frå alle andre drøftingstypar som eg observerte. Først og fremst handlar dette om at kollegiale drøftingar er prega av å vere «backstage» (Goffman, 1969), og dei har difor ei meir uformell innramming enn drøftingar der personar som ikkje jobbar i tenesta til dagleg er med. Til dømes var det vanleg å avbryte kvarandre under diskusjonane og dei snakka ofte i munnen på kvarandre. Det var mykje latter undervegs og diskusjonane kunne til tider bli høglydte. Spesielt ved usemje var det ikkje uvanleg at det oppstår intense diskusjonar, men dette førte ikkje til djupe konflikter eller at personar vart støtt. Det handla meir om at engasjementet der og då er stort for barnevernssaka. Samstundes var drøftingane innimellom prega av eit stort alvor og mykje kjensler slik Åse Vagli (2009) også finn i sin studie.

Barnevernsarbeidarane fortalde meg fleire gonger at den kollegiale drøftingstypen ikkje hadde same krav til profesjonalitet som drøftingar i andre profesjonelle samanhengar. Dette såg eg også ved at det som normalt vert rekna som uprofesjonelt og ikkje-korrekt spårkbruk og framferd var akseptabelt her. Personar som barnevernssaker handlar om og som ikkje er til stades vart til tider omtala på måtar som i andre profesjonelle samanhengar hadde blitt rekna som upassande. Eit døme på dette er under ei drøfting der ein lege har meldt si bekymring for tre barn som bur saman med ein far med store psykiske problem. Ein av barnevernsarbeidarane kommenterer denne saka med å seie, «så smart å få tre så tette ungar med ein så koko far». Private synspunkt og kjensleprega ytringar slik som dette får plass i desse samanhengane, og drøftingane kan difor innimellom likne det Goffman kallar «opinion talk» (Goffman, 1974). Denne typen snakk er subjektiv og prega av personen som snakkar, meir enn objektivt forankra formuleringar. Det finst i desse møta rom for å komme med denne typen ytringar. Fleire fortalde meg om desse møta at det her vart opna opp for å seie det du tenker og føler utan å vere redd for at profesjonaliteten eller faglegheita var trua. Drøftingssituasjonane vart på denne måten eit pusterom der barnevernsarbeidarane kunne ta opp vanskelege og kompliserte problemstillingar i det dei erfarte som ei meir uformell og uforpliktande setting enn det som var vanleg i fleire andre møtesamanhengar. Dette er også eit poeng som Riemann (2005) trekk fram. Han skildrar emosjonell utreinsking som ein av fleire årsaker til at saker blir gjort til gjenstand for kollegial

drøfting intern i sosialt arbeid. Det er med andre ord andre reglar for snakk og åtferd her er enn i møte med familien og møte med andre profesjonelle samarbeidspartnarar til dømes.

Samstundes er staden der dei kollegiale drøftingane går føre seg eit viktig avgjerdsforum i tenestene. Drøftingsaktiviteten har eit praktisk føremål som relaterer seg til eit institusjonelt forankra prosjekt. Drøftingane handlar ikkje berre om barnevernsarbeidaranes behov for emosjonell utreinsking, men representerer praktisk barnevernsarbeid der viktige arbeidsoppgåver vert gjennomført. Dei er døme på arbeidssituasjonar i sosialt arbeid der snakket skapar mening til profesjonelle problem og profesjonelle situasjonar (Juhila, Mäkitalo & Nordregraaf, 2014:10). Dei snakkar seg fram til korleis barnevernsproblem i ei barnevernssak skal bli forstått, og dei diskuterer moglege løysingar på desse problema. Eit sentralt poeng i den samanhengen er at problem og løysingar blir snakka fram utan at familien som barnevernsaka handlar om er til stades. Drøftingsaktiviteten er ein situasjon der profesjonelle «snakkar om» sine klientar og ikkje «med» klientane (Sarangi & Roberts, 1999a:22). Det er ein aktivitet der klienten diskursivt blir «drafted and talked into being» (Nikander, 2003:126) gjennom den profesjonelle sine skildringar og kategoriseringar. Personar som er involvert og situasjonar som har oppstått under arbeidet med ei barnevernssak blir representert gjennom det barnevernsarbeidarane fortel utan at dei sjølve har høve til å bryte inn og påverke direkte korleis dei blir framstilt her. Når uformelle uttrykksformer, humor og kjensler dominerer snakket påverkar dette kva type og form problema som blir produsert får. Det er noko av dette eg vil drøfte i dette kapitlet, og eg startar med meldingsdrøftingane

4.2 Er dette ei sak for barnevernet?

Ei barnevernssak blir til med utgangspunkt i at det blir meldt inn ei bekymring for eit barn. Bekymringsmeldingar utløser ei juridisk plikt for barnevernet til å innan ei veke vurdere om det som står her dannar grunnlag for vidare undersøking eller ikkje (Barnevernslova, 1992; §§ 4-2, 4-3, jf kap.1.1.3). Vurderingar av bekymringsmeldingar er altså vesentlege for avgjerda om eit problem vert til ei barnevernssak eller ikkje. Det er innhaldet i bekymringsmeldinga som skal danne grunnlaget for barevernets vurderingar av dette spørsmålet, men eit vesenstrekk ved dei fleste bekymringsmeldingane som kjem inn til barnevernstenesta er at dei er vage situasjonsskildringar og diffuse hint om «trøbbel» (Gubrium & Järvinen, 2013). Det er sjeldan snakk om klare, eintydige problem som blir presentert i ei melding. Informasjonen i meldinga er ofte knapp og den kan tolkast på fleire måtar. Det varierer også kor mykje kontakt barnevernsarbeidarane har hatt med personen som melder, og barnevernsarbeidaren har ikkje

sjølv hatt kontakt med familien som meldinga gjeld². Denne kontakten har noko å seie for kor stor kjennskap barnevernsarbeidarane har til barnets situasjon og om problema før dei tek avgjerda om å følgje meldinga opp eller ikkje. Nokre gonger er det berre det skriftelege meldingsdokumentet som dannar grunnlag for ei slik avgjerd, andre gonger har barnevernsarbeidarane snakka med meldar og fått meir utfyllande informasjon om grunnlaget for meldinga. På grunn av det diffuse preget og tilgang på knapp informasjon må barnevernsarbeidarane bruke ein tolkingskunnskap (Cicourel, 1985) som gjer det mogeleg å danne seg opp ei meining om kva problem dei har med å gjere. Tolkingskunnskap blir brukt til å produsere samanhengar, og det er desse samanhengane som skapar meining til problema.

Eg skal no vise med utdrag frå to ulike meldingsdrøftingar korleis tolkingskunnskap blir brukt her til å produsere samanhengar som gjer det mogeleg å ta avgjerder om bekymringsmeldingar. Drøftingane får også fram eit anna typisk trekk som gjeld for slike meldingsdrøftingar; avgjerder om bekymringsmeldingar vert teke raskt og utan mykje diskusjon eller drøfting i kollegiet.

4.2.1 Konstruksjon av eit typisk barnevernskasus

Utdraget under viser drøftinga av ei bekymringsmelding om Tom som kjem inn frå ein lærar i skulen der Tom går. Problemet handlar om at Tom ofte kjem for seint på skulen utan at verken mor eller far til Tom klarar å gjere noko med dette. Ingen av barnevernsarbeidarane kjenner til familien eller saka frå før, så det er berre meldingsdokumentet som dannar grunnlag for vurderingane. Berre i løpet av nokre få ordvekslingar vert det bestemt at denne meldinga skal følgjast opp og at problemet handlar om «manglande grensesetting».

Barnevernsleiaren (L) presenterer først meldinga, og barnevernsarbeidarane B, B1, B2 og B3 deltek i ein diskusjonen som følgjer:

L: her er det ein ...meldeskjema...det er barn Tom Olsen, fødd i 2004, mor er Randi Olsen, far er Reidar Olsen...det er meldt frå skulen (les opp frå meldeskjema:) Eleven kjem svært ofte for seint på skulen han er altså født totusenogsj, ni år. Det var eit problem førre skuleår, det har halde fram no. Det er ofte snakk om to til tre gonger per veke. Mor seier at han ikkje vil på skulen, han legg seg på sofaen og ser på teve, vil ikkje kle på seg, mora pleiar då å ringe skulen...har bedt om råd om kva ho skal gjere. Eleven har ei yngre syster som kjem òg for seint då dei køyrer saman, dette er noko ho ser ut å lide under. Har hatt...kva har meldar gjort (eit punkt på meldeskjema som blir lese opp:). Har hatt samtalar med heimen for å forklare kor viktig det er at eleven kjem til skulen i rett tid. Har rettleia mor i høve bruken av belønningssystem og klistremerker som motivasjon for å komme tidsnok. Har gjort avtale om at tilsette hentar eleven dersom naudsynt... har ikkje brukt det enda. Er barnet henvist til andre hjelpeinstansar [punkt på meldeskjema], ja, det er PPR

² Dette gjeld ikkje dersom det kjem inn ei bekymringsmelding i ei sak som allereie er under arbeid. Meldingar i slike tilfelle vert ikkje diskutert her.

B: pluss bup og..
L: nei, er det det, då...nei..
B: (peikar på meldeskjema): pluss bup
L: å ja der står det, pluss bup, ja
B1: kva er det, ppr og bup..?
L: ja...sånn
B2: her må vere noko meir
L: her er det noko meir, dette åleine, altså ei melding med at... dette er opplæringslova som regulerer at han skal på skulen, det er deira ansvar, men når ei mor seier at ein niåring blir liggande på sofaen og se på teve om morgonen så syner det meg manglande grensesetting,
B3: ja, jøye meg. ni år, ja
L: ni år, og ho på sju kjem og då for seint, så her er det manglande grensesetting, sant
B3: er far der og, eller er ho åleinemor
L: nei, både mor og far, og dei greier ikkje få ein niåring til å...
B1: til å gå på skulen for han ser på tv
L: då tenker eg at her er det...
B3: godt det kommer så tidleg og ikkje når han er seksten
B1: ja, dei kjem alltid då

Som utdraget viser startar drøftinga med at meldingsdokumentet vert lese opp for alle som er der. Dette var vanleg å gjere. Nokre gonger fanst det ikkje eit meldingsdokument som melder sjølv har skrive slik som her. I slike tilfelle var det barnevernsarbeidarens skriftlege formuleringar av ei bekymring som er meldt munnleg som vart lese opp. Det var uansett alltid slik at leiaren las opp ein tekst som skildrar ei bekymring og det som vart lese opp danna utgangspunktet for drøftinga.

Meldingsdokumentet inneheld få konkrete opplysningane om Tom sin situasjon, og problemet som vert skildra knyter seg først og fremst til Toms skulesituasjon og at han «svært ofte kjem for seint på skulen». Vi får vite at dette har vara over ein lengre periode og at mor til Tom har bede skulen om råd. Etter at leiaren har lese meldingsteksten og ein kort oppklaringsrunde om Tom er tilvist til barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (bup) eller ikkje, seier ein av barnevernsarbeidarane «her må det vere noko meir». Dette er eit utsegn vi kan tolke som ein påstand om at det som står i bekymringsmeldinga ikkje fortel alt om problema til Tom. Barnevernsarbeidaren seier med det same at problemet handlar om eit typisk tilfelle der det er snakk om ei mor som viser «manglande grensesetting». I den korte diskusjonen som følgjer kjem barnevernsleiaren sjølv, men også dei ande barnevernsarbeidarane med kommentarar og innspel som produserer samanhengar som legitimerer ei slik problemforståing.

Leiaren kommenterer først at det normalt er skulen som formelt har ansvar for barn som ikkje kjem seg på skulen, og trekk fram at det er opplæringslova som regulerer slike saker. Formuleringa rammar problemet inn institusjonelt. Det å etablere og synleggjere

«institusjonelle ansvarssoner» (Atkinson, 1999) på denne måten var vanleg i meldingsdrøftingar og illustrerer døme på eit institusjonelt posisjoneringsarbeid. Vi ser her at barnevernsleiaren markerer at det formelle ansvaret til barnevernet knyter seg til å ta hand om visse typar problem, og ikkje problem som berre handlar om skuleproblem. Ved å ramme problemet inn institusjonelt på denne måten gjer barnevernsarbeidaren problemet relevant for barnevernets profesjonelle ansvarsområde, og problemet får mening som det. Andre gonger såg eg at institusjonelle ansvarssoner vart markert for å fråskrive seg eit profesjonelt ansvar for problema som var skildra i meldinga. Uansett var det vanleg at slike grenser vart sett utan diskusjon. Vi ser her at ingen av dei andre kjem med innvendingar mot det barnevernsarbeidarens seier, og situasjonsdefinisjonen vert kollektivt akseptert slik.

I resten av drøftinga produserer og konstituerer barnevernsarbeidarane problemet «manglande grensesetting». Utdraget viser at denne problemforståinga blir skapt på grunnlag av meir enn det som står sjølve meldingsdokumentet. Barnevernsarbeidarane brukar tilleggsinformasjon som ikkje går fram av det som står i meldinga til å skape samanhengar som meldinga vert tolka på bakgrunn av. Tilleggsinformasjon som blir brukt her knyter seg til barnevernsarbeidaranes allereie etablerte oppfatningar og førestillingar av kva type mor dei har med å gjere og kva type problem dei har med å gjere. Dei brukar desse førestillingane til å produsere årsakssamanhengar til den type skuleproblem som Tom har. Vi ser dette når leiaren seier at «når ei mor seier at ein niåring blir liggande på sofaen og se på teve om morgonen så syner det meg manglande grensesetting». Leiaren skapar her ein samheng mellom Toms skuleproblem og eigenskapar ved Toms mor. Barnevernsleiaren legg vekt på at guten er ni år og signaliserer med dette ei forventning om at mødrer til gutar i denne alderen bør klare å få barna på skulen. Det er på den måten kulturelt forankra og normative oppfatningar av kva ei mor bør klare, snarare enn informasjon som går fram av meldingsteksten som dannar grunnlaget for problemkonstruksjonen som leiaren produserer her. Opplysningane om at Tom ikkje kjem seg på skulen kunne i utgangspunktet ha blitt tolka på andre måtar, og problemet kunne vore plassert andre stader enn på mor. Det kunne til dømes tenkast at det var forhold ved skulesituasjonen som gjorde at Tom ikkje går på skulen, det kunne også tenkast at Tom sjølv har problem som ikkje handlar om at foreldra manglar evne til å setje grenser. Som det går fram av meldinga er problemet tilvist andre instansar. Desse årsaksforklaringane får ikkje plass her, og barnevernsarbeidarane brukar allmennmoralsk kunnskap om mødrer til å skape mening og gjere vurderingar av problema.

Vi ser at ein av dei andre barnevernsarbeidarane startar på eit liknande resonnement litt lenger ute i samtalen, og igjen er det normative forventningar til kva det vil seie å vere mor som skapar ein tolkingskontekst, og som påverkar kva problemforståing som då blir konstruert. B3 prøver å vidareutvikle og «dokumentere» (Garfinkel, 1967) problemkonstruksjonen «manglande grensesetting» når ho spør om Tom si mor er åleinemor. Ved å ta i bruk den sosiale kategorien «åleinemor» blir det gjort forsøk på å legge til enda ein dimensjon som kan forklare Toms problem. I spørsmålet ligg det ei forventing og ei tenking om at det heng ved nokre eigenskapar til det å vere ei «åleinemor» og dette blir brukt som ein ressurs til å forklare, skape mening til og konstituere problema i meldinga. No viser det seg at Toms mor ikkje er åleine, men dette endrar ikkje problemforståinga som har sett seg. Denne opplysninga vert snarare brukt til å dokumentere at problemet handlar om heimeforholda generelt og manglande grensesetting spesielt. Barnevernsleiaren seier no at «nei, både mor og far og **dei** greier ikkje å få ein niåring...» (mi utheving). Barnevernsarbeidarane har eit oppgitt toneleie i denne sekvensen, noko som verkar med til å forsterke det problematiske i dette tilfelle.

Avslutningsvis seier B3 at «godt det kommer så tidleg og ikkje når han er seksten». I denne formuleringa ligg er det også referanse til etablert kunnskap om eit «typisk barnevernsproblem». Ho indikerer i det ho seier her at det er snakk om eit problem som kunne utvikla seg til å bli meir alvorleg dersom ikkje nokon grip inn. B1 sin kommentar «Ja dei kjem alltid då» er ein respons som stadfesting det B3 seier. Det er samstundes eit resonnement som kviler på ei etablert førestilling om korleis denne typen problem brukar å utvikle seg.

At grensesetting er eit relevant problem for barnevernet vert i utdraget rekna som sjølvsagt, og det kan verke som at det å kategorisere problemet slik automatisk utløyser eit vidare handlingsløp utan at det blir nødvendig å eksplisitt seie kva dette går ut på. Det illustrerer døme på glossing (Garfinkel, 1967), der det å omtale saka som manglande grensesetting produserer eit meningsinnhald til problemet og treng difor ikkje nærare forklaring. Det vert rekna som sjølvsagt at alle som er til stades veit kva som ligg i dette, både kva problemet skuldast og korleis slike problem viser seg. At drøftinga går så rask som her kan også tyde på at denne forståinga av mødrer og manglande grensesetting er etablert som «typar» i kollegiet. Tilgangen på slike og andre typar gjer at avgjerdsprosessen i meldingsfasen kan bli ein rutine (Berg, 1992) og ein vanedannande praksis (Berger & Luckmann, 1967), der vurderingar som vert gjort og informasjonen som vert brukt som grunnlag for å ta avgjerder ikkje lenger blir reflektert over. Det er tydeleg her at problemet blir konstruert på grunnlag av noko som alle kjenner til og har ei felles oppfatning om. Den korte diskusjonen som er før dei går vidare til neste sak tek berre

nokre få minutt, og det er kollektiv semje om konklusjonen. Det er altså barnevernsarbeidaranes prosedyrekunnskap (Cicourel, 1985) som gjer det mogeleg å komme fram til denne tolkinga. At ein «niåring blir liggande på sofaen og se på teve om morgonen» blir trekt fram som illustrasjon på dette problemet, og det blir brukt som ein dokumentasjon på at problemet finst. Barnevernsarbeidaren seier vidare at dette «fortel meg» at det handlar om manglande grensesetting. Resonnementet som blir presentert her er at dette er ein situasjon som brukar å oppstå når ein har med denne «typen» mor å gjere som ikkje klarar å sette grenser. Barnevernsleiaren, med støtte frå dei andre barnevernsarbeidarane brukar her ein framgangsmåte for å resonnerer om årsaksforklaringar på som Garfinkel (1967) kallar «the documentary method of interpretation».

Eg viser her korleis «manglande grensesetting» som døme på eit typisk barnevernsproblem får meiningsbærande kraft gjennom dei samanhengane som gruppa skapar. Det er barnevernsarbeidaranes etablerte førestillingar og kunnskap om slike samanhengane som blir brukt og som gjer det mogeleg å tolke problemet slik dei gjer. Det illustrerer eit døme på ein tolkingsprosess som er «sosialt innkapsla» som Cicourel (1985) omtalar det. Det vil seie at sosial og kulturelle forhold spelar inn i meiningsdanningsprosessar. Vi ser korleis sjølvsegte førestillingar om mødrer gjer det mogeleg å raskt kategorisere eit problem som «manglande grensesetting» utan å gjere greie for heile resonnementet bak, eller å ha tilgang på omfattande bakgrunnsinformasjon. Åse Vagli (2009) viser i sin doktorgradsstudie korleis normativt forankra førestillingar om mødrer og mødrers ansvar for barn er ein sentral del av kunnskapsgrunlaget for dei faglege vurderingane av barnevernssaker. I meldingsdrøftinga blir denne kunnskapen implisitt brukt til å trekke konklusjonar av *problemtype*.

Utdraget over illustrerer at det er ein konstruksjonsprosess som dannar utgangspunktet for om ei bekymring vert til ei barnevernssak eller ikkje. Avgjerder om meldingar kviler på bruk sjølvsgt og implisitt kunnskap om kva eit barnevernsproblem er og kva som skapar slike problem. Barnevernsarbeidarane som drøftar tek også for gitt at dei andre sit på den same sjølvsegte kunnskapen. Barnevernsleiaren møter ingen motstand når ho raskt tolkar problemet slik som ho gjer, og utdraget får fram kva funksjon referansen og kjennskapen til typiske barnevernssakus spelar her.

Neste utdrag viser drøftinga av bekymringsmeldinga om Svein, og i dette tilfellet vert problemet definert som «ikkje barnevern». Informasjonen i meldinga vert tolka og aktivt brukt til å støtte opp under ei bestemt forståing av problemet slik vi ser over. På liknande vis som i dømet med

Tom får drøftinga fram det konstruerte aspektet ved barnevernsproblem. Det er likevel nokre forskjellar her som er verd å merke seg. For det første kjenner barnevernsarbeidarane i det neste tilfellet saka og barnet som meldinga handlar om frå før. Dette påverkar tolkingane som blir gjort. For det andre er det verd å merke seg at trass fleire fellestrekk i problema til Tom og Svein, tolkar barnevernsarbeidarane årsakene til problema på heilt ulike måtar. Barnevernsarbeidaranes kunnskap om kva type problem som har løysingar innafør barnevernssystemet kan vere ei forklaring på dette.

4.2.2 Konstruksjon av eit tilfelle som «ikkje er barnevern»

Utdraget under er henta frå den første delen av drøftinga om bekymringsmeldinga om Svein. Barnevernsleiaren (L) startar på same måte som sist med å lese opp frå meldingsdokumentet. Det dannar seg raskt ei oppfatning i kollegiet om at det er snakk om eit tilfelle som «ikkje er barnevern». Barnevernsarbeidarane B, B1, B2, B3 og B4 involverer seg i diskusjonen:

L: den andre er han Svein Nilsen, den som me fekk på telefon for ei stund sidan. Han bur på Myra, han går på vidaregåande, dette er fordi at han ikkje...går på skulen så vidt eg...(les opp meldingsdokumentet:) Konkret bekymring, ja, stort fråvær, inntak på særskilt grunnlag for andre år på rad, han seier linja er rett for han, men greier ikkje å møte. Møter ujamt og berre til nokre fag, det vil seie det han er interessert i, har ikkje forståing for at utdanninga krev frammøte og innsats. Kontaktmøte med mor og elev frå skulestart tjueti til fjortande oktober tjueti, fleire møte hausten elleve utan at det har resultert i noko endring, helsesøster kopla inn, men skulen tenker at eleven sin livssituasjonen må endrast om han skal ha sjans til å komme seg vidare

(Stille ei kort stund)

B: kven som melder?

L: det er skulen, Myra vidaregåande skule, ved Åse Berg

(stille ei kort stund)

B1: den får me jo i retur heile tida

L: og eg...sånn som eg les det utfrå dette syns ikkje eg dette er barnevern, men det er no meg

B2: me hadde jo sak i fjor og den henla me jo ganske kjapt etterpå

BL: han er fødd i nittifem

B3: sytten år

B4: denne får ikkje me gjort noko med

B3: nei

L: og han ar nett fylt sytten år og han går på vidaregåande skule, og at ikkje han møter på vidaregåande..altså..

B3: OT³ veit eg...

Barnevernsleiaren les opp meldingsteksten og det er ein kort avklaringsrunde på kven som har sendt inn meldinga. Etter dette startar samtalen om meldinga sitt innhald. Som vi ser blir det raskt skapt ei stemning i gruppa om at dette er ei bekymringsmelding som er lite relevant for vidare oppfølging. Barnevernsleiaren seier med det same at «utifrå dette syns ikkje eg dette er barnevern». Det som er verd å legge merke til her er korleis denne konklusjonen blir legitimert

³ Oppfølgingstenesta

ved å vise til barnevernets tilgang på løysingar. Det er dette som vert trekt fram som argument for ein slik konklusjon. B4 sin kommentar om at «denne får me ikkje gjort noko med» og B1 som seier at «den får me jo i retur heile tida» er innspel som handlar om at Sveins sine problem er vanskeleg å finne løysingar på innafor barnevernssystemet. Saman med kommentaren til B2 om at saka var lagt vekk i fjor fortel desse utsegna at det er tilgang på løysingar snarare enn omsynet til Svein sine behov for hjelp som ligg til grunn for påstanden om at «dette ikkje er barnevern». Det barnevernsarbeidarane seier her illustrerer framgangsmåtar for problemkonstruksjon som liknar det som er funne i andre profesjonelle samanhengar, som til dømes innafor medisin (Berg, 1992) og spesialundervisning (Mehan et al., 1986). Tilgang på løysingar er ein viktig del av avgjerdsprosessar. Grunngevingane som kjem til syne når avgjerder vert drøfta fortel på denne måten noko om kva strukturelle føringar som verkar med i dei profesjonelle vurderingane.

Det barnevernsarbeidarane trekk fram her og som dei brukar til å legitimere ein slik konklusjon er for det første barnets alder. Barnevernsleiaren nemner fødselsåret til guten og dei trekk eksplisitt fram at guten er 17 år. Dette er spesielt interessant å sjå i lys av vurderingane som vart gjort av bekymringsmeldinga om Tom. Tom er 9 år, og i det tilfellet vart skuleproblema forklart ved å skulde på omsorgsegenskapar ved Toms mor. Tom sin alder vart eksplisitt trekt fram for å markere at mors manglande evne til å sette grenser er eit reelt problem. Han blir framstilt som eit offer for mors veremåtar, og blir i diskusjonen snakka fram som eit «barn i fare» (Vagli, 2009). For denne guten på 17 år er dei barnevernsfaglege vurderingane andre, og han blir ikkje på same måta framstilt som eit offer. Her er det guten sjølv som er problemet. Leiaren seier til slutt i utdraget i eit oppgitt toneleie «at han ikkje møter på vidaregåande altså». I drøftinga av Tom sine problem var barnevernsarbeidarane oppgitt over mor, her verkar dei oppgitt over guten, og potensiale til løysing vert då vurdert på andre måtar. Oppfølgingstenesta vert nemnt, og vi ser med det ei markering av institusjonelle ansvarssoner der ansvaret for problema vert plassert på ein annan instans enn barnevernet. Vi ser at det skjer noko med dei faglege vurderingane når barnet det er snakk om blir eldre.

Det neste utdraget, som er eit direkte framhald av utdraget over startar med at ein av barnevernsarbeidarane etterlyser meir og utfyllande informasjon om Svein sin situasjon. Spørsmålet ho stiller fører likevel ikkje til ei utforskningsorientering som kunne ha nyansert eller endra på konklusjonen. I staden vert enda fleire argument presentert som legitimerer at denne saka «ikkje er barnevern»:

B3: men at det er noko der, om det står noko der, det står noko om at han bør forandra?
B1: han er jo sånn slappfisk han der Svein, han er ein sånn sløving som ikkje..tiltakslause
B4: dei [skulen] må ha møte med foreldra og så må dei få dei til å...
(snakker i munnen på kvarandre)
BL: det er berre mora, faren bur i Stavanger
B3: det står noko om at livssituasjonen måtte forandra seg, kva som er gale med han då?
B4: kanskje få utdjupa meldingen
BL: kven har best kapasitet her no då, alle melder seg frivillig (lett latter)?
B5: eg kan ta han, men veit ikkje kva eg skal gjør
B4: du kan jo berre ringe og få utdjupa meldinga
B3: kan jo berre høyre om dei veit noko, viss ikkje legg du den vekk
BL: kva er det med livssituasjonen som bør endrast, spør dei om OT er kopla inn og sånt
B3: sei at det kan dei gjere (lett latter)

B3 kommenter i utdraget at det «er noko her» med vekt på «er». Ho spør om det står noko der [i meldingsteksten] om kva som bør endrast. I meldingsdokumentet stod det skrive at «livssituasjonen må endrast om han skal ha sjans til å komme seg vidare», og det er truleg dette B3 referer til. Spørsmålet oppnar altså for ei utforsking av kva problem Svein har. Ingen av dei andre følgjer opp denne tråden. B1 trekk i staden fram at han er «jo sånn slappfisk» og «sløving» og ho omtalar han som «tiltakslaus». Dette er moralske karakteristikkar av Svein som rettar merksemda mot hans personlege karakterdrag og eigenskapar. Barnevernsarbeidaren gjer gjeldande moralske rammer for tolking av problema slik som i drøftinga av Tom, men det er ei moralsk kategorisering som gjev Svein sjølv, snarare enn heimeforholda skulda og ansvaret for dei skuleproblema han har. Å definere barnet som eit moralsk problem flyttar samstundes ansvaret for å løyse dei over på andre instansar. Vi ser at B4 seier at «skulen må ha møte med foreldra». Problemet blir altså overført til skulen, og ansvaret for å følgje opp Svein blir plassert der når situasjonen blir definert på denne måten.

B3 spør enda ein gang kva det er med livssituasjonen til Svein, «kva som er gale» med den, og B4 nemner at det er mogeleg å få utdjupa meldinga. At dei manglar informasjon om situasjonen vert her brukt som argument for å ikkje gå vidare med saka. I Tom sitt tilfelle brukte dei den knappe informasjonen dei hadde til å produsere eit barnevernsproblem som gav grunnlag for vidare oppfølging. Oppfølgingstenesta blir nemnt ein gong til som ein relevant instans å kontakte for å få slik informasjon og B3 seier i ein spøkefull tone at «det kan dei gjere» om skulen. Dette er ein framlegg om å overføre handteringa av problemet til skulen.

4.3.3 Barnevernets prosedyrekunnskap i meldingsfasen

Utdraga frå dei to drøftingane som eg har presentert viser at barnevernsarbeidarane brukar tilleggsinformasjon som ikkje går fram av sjølve meldingsdokumentet for å skape mening til

problem som blir skildra i ei bekymringsmelding. Denne tilleggskunnskapen blir brukt diskursivt i meldingsdrøftingar til å skape samanhengar som gjer det mogeleg å tolke innhaldet i meldingsdokumentet, og samanhengane dei skapar legitimerer på same tid ei avgjerd om meldinga skal følgjast opp med undersøking eller ikkje. I begge tilfella gjer barnevernsarbeidarane gjeldande moralske rammer som vert brukt til å tolke og skape meining til problema dei drøftar. Institusjonelle rammer vert gjort gjeldande for å markere kven som har det profesjonelle ansvaret for problemet det er snakk om. Konklusjonen er ulik i dei to sakene. Tom sitt problem vert rekna som eit typisk barnevernsproblem, Svein sitt vert rekna som ei sak som «ikkje er barnevern». Begge problema handlar om barn, men i ulike aldrar som ikkje kjem seg på skulen. Avgjerdene vart teke raskt og utan mykje diskusjon.

Viss vi ser på kva forhold som spelar inn for kva avgjerd som blir teke kan det verke som om barnevernsarbeidaranes erfaringar med liknande saker står sentralt. Denne erfaringa og kunnskapen utgjer ein sentral dimensjon ved barnevernsarbeidaranes prosedyrekompetanse (Cicourel, 1985) i ein meldingsfase. Nokre gonger har barnevernsarbeidarane opparbeida seg denne kunnskapen gjennom eit tidlegare kjennskap til familiane og problema som bekymringsmeldinga handlar om, og slik kjennskap spelar inn i avgjerdprosessen. Meldingsdrøftinga om Tom viser eit tilfelle der ingen av barnevernsarbeidarane verken kjenner til saka eller personane som denne saka handlar om frå før. Som vi ser produserer barnevernsarbeidarane ei kategorisering av problemtypen på grunnlag av eit generelt fortolkningsrepertoar, som det kan verke som om barnevernsarbeidarane deler, om kva som utgjer eit typisk barnevernskasus, «manglande grensesetting». I drøftinga av bekymringsmeldinga om Svein er utgangspunktet for tolking annleis. Her er det fleire som anten direkte eller indirekte har nær kjennskap til og erfaring med Svein og hans problem frå tidlegare. Sveins problem blir konstituert på bakgrunn av denne kjennskapen og vi ser at det er ei etablert forståingsramme som finst frå før og som dei nye opplysningane i bekymringsmeldinga vert fortolka inn i. I mitt materiale var det ofte slik at barnevernsarbeidarane kjende til familiane som bekymringsmeldingar handla om. Det var ikkje uvanleg at meldingar som kom inn handla om saker som hadde vore aktive tidlegare, men som av ulike grunnar var lagt vekk og avslutta. Denne kjennskapen påverkar tolkingane av informasjonen i bekymringsmeldinga slik som her.

I tillegg verkar institusjonskunnskap om kva problem som er mogeleg å løyse innafør barnevernets problemløysingssystem å vere ein sentral del av prosedyrekompetansen i ein meldingsfase. Vi ser at løysingspotensiale er viktig for avgjerda i begge desse to sakene. Dei to

bekymringsmeldingane har klare fellestrekk. Både meldingane kjem frå skulen, og bekymringane knyter seg til barn som ikkje kjem seg på skulen. Den eine bekymringsmeldinga vert likevel rekna som lite relevant å undersøke vidare, og oppfatningar av om det er mogeleg «å gjere noko med problemet» står sentralt. Meldinga blir tolka og får mening i lys av denne institusjonskunnskapen og problemet blir overført til andre instansar i dei tilfella barnevernsarbeidarane vurderer at løysingar ikkje finst. Avgjerdsprosessen for bekymringsmeldingar liknar på denne måten på det Berg (1992) omtalar som konstruksjonar av «institusjonelt løysbare kasus». Avgjerdene er resultatet av ein omdanningsprosess der utvalde aspekt ved informasjonsgrunnlaget blir brukt til å støtte opp om ei problemforståing som det finst institusjonelle løysingar for. På same tid blir informasjon og opplysningar konstruert for å legitimere visse løysingar.

4.3 Konstruksjon av eit barnevernsproblem i saker under arbeid

Faglege vurderingar i ein meldingsfasen er altså avgjerdande for om eit problem som barn og familiar har blir til ei barnevernssak eller ikkje. Etter at denne avgjerda er teke går arbeidet med barnevernssaka over i ein undersøkingsfase (Barnevernslova, 1992; § 4-3), og det er ein barnevernsarbeidar åleine som formelt får hovudansvaret for det vidare arbeidet med saka. Det første som skjer i undersøkingsfasen er at barnevernsarbeidaren kontaktar familien som saka gjeld. Barnevernsarbeidaren møter familien for å snakke om bekymringsmeldinga som har komme, og det som skjer i desse møta kan vere viktig for korleis arbeidet med barnevernssaka utviklar seg vidare. Turid Midjo (2010) viser mellom anna korleis barnevernsarbeidaren og foreldre i slike meldingsmøte forhandlar om kva mening ei bekymringsmelding skal ha. Midjo får fram korleis slike møte er dominert av ei konsensusorientering der barnevernsarbeidaren prøver å få foreldra til å gå med på det vidare undersøkingsarbeidet og å få dei til å erkjenne at det eksisterer eit problem. Ho viser samstundes at foreldra kan distansere seg frå rolla som barneverns klient i denne fasen og det vidare arbeidet kan då bli prega av dette. Etter kvart i arbeidet med barnevernssaka kan også fleire andre aktørar bli involvert og denne involveringa kan på same måte som møta med familien påverke barnevernssakas utvikling. Mellom anna spelar andre profesjonelle som har kontakt med familien ei viktig rolle som informantar for barnevernet. Opplysningar som desse har om familien blir brukt av barnevernsarbeidaren for å få ei heilskapleg oversikt over barnets omsorgssituasjon.

Avgjerdsprosessen etter meldingsfasen kviler altså på eit undersøkingsarbeid der barnevernsarbeidaren samlar informasjon og opplysningar frå ulike kjelder, og det er denne informasjonen som dannar grunnlaget for barnevernets vurderingar. I mitt materiale var det

vanleg at barnevernsarbeidarane løfta fram for kollegiet ulike problemstillingar som knytte seg til å gjere faglege vurderingane av den informasjonen som dei fekk undervegs om barnevernssakene. Dette gjeld uavhengig av om arbeidet var i ein undersøkingsfase eller i ein tiltaksfase. I resten av kapittelet skildrar eg kva som kjenneteiknar denne drøftingsaktiviteten. Eg vil vere spesielt oppteken av å få fram korleis kollegiet diskursivt produserer fakta og sanningar om barnevernsproblema og brukar dette til å legitimere løysingar. Informasjon og opplysningar i ei barnevernssak representerer ikkje nøytrale kjelder til kunnskap om eit barnevernsproblem. Som utdraga vil få fram er det snarare snakk om at barnevernsarbeidarane aktivt gjer informasjon og opplysningar praktisk brukbare gjennom samhandlinga i drøftingssituasjonen. Til dette treng dei diskursar, og det dei kjem fram til påverkar kva avgjerder som trer fram om korleis barnevernssaka bør handterast vidare.

4.3.1 Dramatiserte situasjonsskildringar frå møte med familien

Barnevernsarbeidarens direkte erfaringar med og observasjonar av familien som barnevernssaka handlar om er ei viktig kjelde til informasjon som dannar grunnlag for faglege vurderingar i ei barnevernssak. Samtalar som barnevernsarbeidaren har med familien er grunnleggande her. Det same er observasjonar som barnevernsarbeidaren gjer av familien heime. Det var vanleg at barnevernsarbeidarane presenterte slike erfaringar og observasjonar i dei kollegiale drøftingsforuma, og barnevernsarbeidarane drøfta då i fellesskap det som vart presentert og brukte dette som grunnlag for å gjere faglege vurderingane av saka.

I mitt materiale var det vanleg at barnevernsarbeidarens erfaringar og observasjonar vart formidla til dei andre i kollegiet gjennom ei forteljingsform som eg kallar *dramatiserte situasjonsskildringar*. Denne forteljingsforma er kjenneteikna av at barnevernsarbeidaren som jobbar med saka dramatiserer og spelar ut ein møtesituasjon som har vore mellom barnevernsarbeidaren og ein av dei barnevernssaka handlar om, ofte var dette barnas foreldre. Bruken av slike dramatiserte forteljingar dukka opp spesielt i starten av drøftinga når barnevernssaka vart introdusert, men slike forteljingar kunne også dukke opp undervegs i drøftinga. Det som er interessant å sjå i denne samanhengen er korleis dei dramatiserte situasjonsskildringane blir brukt og kva funksjon dei får. Det er ein tendens til at formidling av observasjonar og erfaringar gjennom dramatiserte situasjonsskildringa genererer og produserer problematiske kasus. Den dramatiserte formidlingsforma er ein framgangsmåte som skapar eit bestemt innhald til det som blir presentert. Det er eit trekk at bruken av dramatiserte situasjonsskildringane produserer personkaraktistikkar, og dette «karaktararbeid» (Hall et al., 2005) står sentralt for korleis barnevernsproblemet blir kategoriserert.

BARNEVERNSSAKA OM ROBERT

Det første dømet som illustrerer korleis slike dramatiserte situasjonsskildringar kan blir brukt handlar om Robert på to og eit halvt år. Når denne barnevernssaka vert drøfta er det to månader sidan ei bekymringsmelding om Robert kom inn til tenesta. Det var då ein nabo som anonymt meldte frå om si bekymring for at Robert ikkje fekk den omsorga han trengde. Observasjonar av Robert med for lite klede og andre episodar som vekte mistanke om at noko var gale danna grunnlaget for bekymringsmeldinga. Arbeidet er i ein undersøkingsfase og barnevernsarbeidaren som har ansvaret saka jobbar på drøftingstidspunktet med å samle inn opplysningar om Robert sin situasjon som kan danne grunnlag for å ta ei avgjerd om tiltak. I drøftinga av denne saka får barnevernsarbeidarens dramatiserte situasjonsskildringar frå eit møte med Roberts mor ein viktig plass. Det er spesielt ei forteljing frå ein samspelsituasjon mellom Robert og Roberts mor på eit heimebesøk som blir viktig, og denne forteljinga påverkar korleis barnevernssaka og problema i saka vert kategorisert.

Drøftinga startar med at barnevernsleiaren (L) gjev ordet til barnevernsarbeidaren (B) som då startar med å fortelje frå heimebesøket:

L: Robert

(ein av barnevernsarbeidarane spør kva sak det er og dei har ei rask avklaring på dette)

B: meg og B1 var jo på uanmeldt heimebesøk på og, kva dag var det?

B1: på onsdag

B: og det var jo og ein opplevelse må eg sei

L: du må fortelje om karius og baktus.

B: hm?

L: du må fortelje om karius og baktus

B: ja (lett latter), når me kom så fekk jo han Robert ein is, han spiste på is og så hadde.. gjorde han det ei stund og så gjekk han bort til fryseboksen og ville ha ein is til, så han stod (refererer Robert:) is, is is is is så stod mora, nei, kva var det ho sa (refererer mor:), nei du får ikkje is

B1: (refererer Roberts mor): når mamma har sagt nei, har mamma sagt nei

B: ja, har mamma sagt nei, så har mamma sagt nei og du får ikkje is, så tok han ein is likevel, så stod ho liksom med isen over sånn (viser og refererer mor:) nei du får ikkje is (ler litt)

B1: så står han veit du is is is (refererer mor:)- nei, nei, i morgon, i morgon

B: (refererer mor) Kva trur du karius og baktus seier viss du spise is? Kva trur du karius og baktus seier viss at du spise is? Ho gjentar heile tida, veit du og så begynte ho (seier delvis ilag med B2) Eg får så vondt i tennene mine seier karius og baktus (latter)

Utdraget er henta frå introduksjonen og den innleiande delen av drøftinga, før dei andre barnevernsarbeidarane involverer seg i samtalen og diskusjonen av sjølve saka startar. Gjennom denne presentasjonen blir dei andre introdusert for saka og dei blir samstundes orientert om kva profesjonelt prosjekt som gjeld i arbeidet med saka på dette tidspunktet. Barnevernsarbeidaren formidlar dette ved å fortelje frå ein situasjon som har vore i undersøkingsarbeidet. Situasjonen

er frå eit heimebesøk som ho og ein annan barnevernsarbeidar var på. Saker vart ofte introdusert på denne måten. Ved å fortelje til dei andre frå sitt eige arbeid med saka blir barnevernssaka plassert i ein profesjonell meiningssamanheng, og drøftinga orienterer seg mot dei praktiske arbeidsoppgåvene som gjeld der og då for barnevernsarbeidaren. I denne saka handlar det profesjonelle prosjektet om å undersøke Robert sin omsorgssituasjon og vurdere om og eventuelt kva barnevernstiltak som bør setjast inn. Denne saka har vore oppe til drøfting før, og vi ser at barnevernsarbeidaren ikkje treng å seie så mykje om saka, men startar rett på forteljinga. Ho tek for gitt at dei andre kjenner til kva ho jobbar med, og det trengst heller ikkje mykje oppklaring i høve til dette. Forteljinga frå heimebesøket er meir ei orientering til dei andre om kva som har skjedd sidan sist og kva ny informasjon som har komme fram og som må vurderast.

Vi ser at barnevernsarbeidaren hintar med ein gong om at saka har ved seg noko spesielt. B fortel at ho har vore på uanmeldt heimebesøk og at det var «ein opplevelse». Med denne formuleringa førebur ho dei andre på at dei som var der har sett noko utanom det vanlege, og barnevernsleiaren ber rett etterpå om at ho fortel om «karius og baktus». B ler lett før ho startar å fortelje. Denne introduksjonen til forteljinga verkar med til å etablere ein bestemt meiningssamling for forteljinga. Ved å omtale heimebesøket som ein «opplevelse» og ved å le lett medan ho snakkar er det som om ho gjer presentasjonen klar til å bli formidla. Ho rammar forteljinga inn på ein måte som skapar visse forventningar til det som kjem, og dette blir eit viktig aspekt ved dramatiseringa og produserer ei bestemt meining til forteljinga som heilskap.

Når B fortel frå heimebesøket presenterer ho ei svært detaljert skildring av ein enkeltepisode der Robert ber mor om ein is. I denne delen supplerer B1, som også var til stades, med informasjon. Dei markerer med dette at både to såg det same og opplevde situasjonen på same måte. Når B og B1 fortel referer dei nøyaktig det Robert sa og det Roberts mor svara i denne situasjonen og dei etterliknar stemmer når dei fortel. Gjennom presentasjonen prøver dei å gjenskape situasjonen som var og vise dei andre presist kva som skjedde. Barnevernsarbeidarane endrar sine deltakarstatusar i situasjonen. Dei snakkar gjennom andre sine stemmer (Goffman, 1981), og markerer med dette at det er Robert og Roberts mor som er forfattar og ansvarleg for det som blir sagt. På denne måten skapar dei ein situasjon som har hendt til ei anna tid og på ein annan stad. Gjennom ein konstruert dialog (Tannen, 2007) og mykje bruk av indirekte tale (Juhila, Jokinen, & Saario, 2014) skapar dei denne situasjonen på nytt. Det blir ein form for buktaling (Bakhtin at al., 1981) og dette har sosiale effektar.

For det første skapar bruken av stemmer til personar som ikkje er fysisk til stades slik som dei gjer her autentisitet til det som bli fortald. Denne forteljingsforma gjer at det som blir fortald blir oppfatta som nær det som verkeleg hende. I tillegg blir dramatiseringa ein framgangsmåte som syner fram for andre korleis noko har skjedd, ikkje berre kva som har skjedd. Ved å vise fram nøyaktig kva som vart sagt og gjort blir ein røyndom som har vore gjort tilgjengeleg for drøfting av fleire enn berre dei som var til stades då det skjedde.

Ein annan effekt av slike dramatiseringar er at personar får karakterar utan at det trengs ein språkleg merkelapp for det. Det er dramatiseringa som illustrerer karakteren, og andre formar for kategoriseringar av personen blir difor overflødig. Vi ser at mor får ein karakter gjennom barnevernsarbeidaranes dramatiseringar her. Etterlikningar av kva mor sa og gjorde og deira dramatisering av is-episoden gjev Roberts mor bestemte eigenskapar og dramatiseringa illustrerer også at desse eigenskapane er problematiske. Den dramatiserte situasjonsskildringa viser at ho er eit moralsk problem som bryt med det normale. Dei får mellom anna fram at Roberts mor har misoppfatta forteljinga om Karius og Baktus, og barnevernsarbeidarane ler når dette poenget kjem fram. Latteren undervegs og omtalen av denne episoden som ein «opplevelse» understrekar i tillegg at dei har med ein unormal person å gjere, og dramatiseringa understrekar at hennar eigenskapar som omsorgsperson er problematiske. Det Roberts mor seier, og slik ho handterer is-episoden, ved mellom anna å gjenta det same spørsmålet fleire gonger for Robert, illustrerer ein inadekvat foreldrepraksis og hendinga blir brukt for å vise fram nettopp dette. Seinare i drøftinga refererer barnevernsarbeidarane frå fleire møte med mor på liknande vis. Dei fortel då kva mor har sagt og gjort i andre møte, og mor blir framstilt som eit problem på same vis som i is-episoden, dei same karaktertrekka går att her. Gjennom fleire slike dramatiserte skildringar av mor i samspel med Robert etablerer barnevernsarbeidaren som presenterer barnevernssaka ei kollektiv stemning i gruppa om at Roberts mor er eit problem.

Dei andre barnevernsarbeidarane i kollegiet som ikkje jobbar med saka sjølv brukar denne problemkonstruksjonen gjennomgåande som grunnlag for å underbygge resonnementa sine om saka i den vidare drøftinga. Det kjem mellom anna fram at dei tilsette i barnehagen har fortald at Robert viser nesten eit års forseinka motorisk og sosial utvikling. Desse opplysningane blir tolka på bakgrunn av karakteren som Roberts mor no har fått, og dei skapar årsakssamanhengar om problema til Robert på grunnlag av det. Det er etablert ei kollektiv oppfatning av at det er mor som er problemet her, og som har skulda for Roberts problem. Framlegga til mogelege tiltak bygger på denne forståinga:

B5: men kor lenge er det igjen av undersøkelsen då?

B: ut november trur eg

B5: (den presise ordlyden er uklar, men ho kjem med eit framlegg om at B må tilby mor omfattande hjelpetiltak og at ho må vere tydeleg for mor på at ho ikkje kan velje denne hjelpa vekk)

B: heimekonsulent

B5: for det at det høyrer jo ut som ei sånn nemnd, potensiell nemndsak

Det blir etablert ei kollegial semje om at dei har med ei inadekvat mor å gjere som treng omfattande hjelp heime for at situasjonen til Robert skal bli betre. Barnevernssaka blir omtala som ei «potensiell nemndsak», og B5 seier at dette er ei sak der familien ikkje kan velje barnevernstiltak vekk fordi alvoret er for stort. Dramatiseringa av Roberts mors karakter og situasjonar som barnevernsarbeidaren har observert av Roberts mor og Robert er sentralt for at denne problemkonstruksjonen vert etablert. Drøftinga vert avslutta med at barnevernsleiaren seier at dei må gå vidare til neste sak. Ein av dei spør då «ja, var du ferdig?» og barnevernsarbeidaren svarar at «jada, eg har egentlig sagt det eg skulle, eg eg vil bare ta det opp sånn i ny og ne».

Barnevernsarbeidarar får ved å drøfte saker «i ny og ne» stadfesting på kva barnevernsproblem dei har med å gjere. Problemforståinga som blir konstruert og etablert har konsekvensar for korleis det blir jobba vidare med saka. I dette tilfelle jobba barnevernsarbeidaren vidare med ei barnevernssak og eit problem som vart rekna som alvorleg.

BARNEVERNSSAKA OM OLE

Det neste utdrag viser eit anna døme på korleis barnevernsarbeidarens dramatiserte situasjonsskildring produserer problemforståingar i ei barnevernssak. Denne gongen er det detaljerte skildringar frå ein telefonsamtale som barnevernsarbeidaren har hatt med den biologiske mora til Ole på 17 år som blir presentert. Ole er for tida i fosterheim og barnevernsarbeidaren som presenterer saka for dei andre har eit oppfølgingsansvar for denne plasseringa. Tiltaket er ei såkalla «frivillig plassering» (Barnevernslova, 1992; §4-4, 6.ledd). Dette vil seie at Oles biologiske foreldre har formelle rettar i høve til å påverke avgjerder om fosterheimsplasseringa, noko som ikkje er tilfelle på same måte dersom fosterheimsplasseringa har vore vedteke i fylkesnemnda. Barnevernsarbeidaren som har ansvar for denne saka er difor formelt og juridisk plikta til å gå inn i forhandlingar med Oles biologiske foreldre dersom dei ønskjer endringar.

Gjennom dramatiseringa av telefonsamtalen som har vore der Oles mor kjem med eit krav, skapar barnevernsarbeidaren ein meiningskontekst som får ei sentral rolle i vurderingane av

korleis desse krava bør møtast. Skildringar frå telefonsamtalen og mors framferd blir brukt til å illustrere kor vanskeleg Oles mor er, og at ho representerer eit hinder og noko som gjer arbeidet med barnevernssaka til Ole vanskelegare enn det kunne vore. Oles mor blir gjennom dei dramatiserte skildringane konstruert som ein «vanskeleg klient» (Juhila, 2003).

Utdraget er henta frå starten av drøftinga der barnevernsleiar (L) gjev ordet til barnevernsarbeidaren som jobbar med saka (B). Ho startar med det same å fortelje telefonsamtalen som ho nyleg har hatt med Oles biologiske mor, Kari:

L: Ole

B: ja, off...eg trudde jo at der hadde roa seg der no eg veit du og at han skulle bu der han budde og alt var greitt heilt til dess ho...så ringte Kari meg på tysdag og då var ho var skikkelig på hugget

L: skikkelige på

B: og etter at eg hadde snakka med ho og eg blei jo meir og meir sikker etter lenger ho prata, til slutt så sa eg du Kari det er ein ting eg lurte på har du drukke i dag, sa eg..[refererer og etterliknar Kari] ja det kan eg svare ærlig på det har eg gjort eg feira at mannen min opna ny butikkog det feira eg i dag og ja eg har drukke og så prata ho vidare, sant og så

L: og då var klokka to på tysdagen

B: ja, klokka var to og Ole hadde..det som nok låg i bakgrunnen det var det at Ole hadde komme over til Grønmo [heimen til Kari], det er ikkje så langt ifrå der Ole bur til der Kari bur, dessverre, sånn at han hadde komme over til mor då på kvelden, mandagskvelden, og hadde sitte og bore seg over at han ikkje fekk pengar, han fekk ikkje, han fekk ikkje, han Gunnar og Liv [fosterforeldra]betalte ikkje, eller handla ikkje klede til han, han fekk alt for lite lommepeng.

Vi ser her at også denne barnevernsarbeidaren med det same etablerer ei bestemt meiningsramme for forteljinga som skal komme. Ved å starte med å seie «ja, off» signaliserer ho til dei andre at det har oppstått eit problem som skapar vanskar i arbeidet med Ole si barnevernssak. Formuleringa «eg trudde at der hadde roa seg no» får i tillegg fram at liknande problem har oppstått før i denne saka, og at det er noko som har skjedd som har aktualisert problemet igjen. Det blir med det same hinta om at problema knyter seg til Oles biologiske mor, Kari. Det er også verdt å merke seg at barnevernsarbeidaren ikkje treng å komme med noko bakgrunnskunnskap om saka til dei andre. Dette er ei sak som har vore drøfta ei rekkje gonger i dette drøftingsforumet før, og barnevernssaka om Ole har vara over fleire år. Saka har blitt ein føljetong i tenesta som alle kjenner, og desse sakene var det mange av i dei tenestene som er i mitt materiale. Slike saker vart jamleg gjort til gjenstand for drøfting når ulike typar av problemsituasjonar dukkar opp. Barnevernsarbeidaren førebur her dei andre på ei forteljing om eit slikt problem.

I utdraget prøver barnevernsarbeidaren, på ein liknande måte som i drøftinga av Robert å skape på nytt ein verkeleg situasjon som har vore gjennom dramatisering. Denne gongen handlar situasjonen om eit telefonmøte mellom barnevernsarbeidaren og Oles mor. Det kjem etter kvart

fram at det Oles mor ber om er at Ole får byte fosterheim. Barnevernsarbeidaren spelar ut og dramatiserer denne telefonsamtalen der ho ber om dette, og ho refererer nøyaktig kva Oles mor har sagt og korleis ho har sagt dette. Skildringane er detaljerte og B held fram ei god stund med å fortelje frå telefonsamtalen. Barnevernsarbeidaren etterliknar mor si stemme når ho refererer på same måte som vart gjort med mor til Robert. Ho pratar fort, hektisk og usamanhengande og skapar på denne måten eit inntrykk av personen ho snakka med. Ho viser korleis Kari gjennomgåande pratar i veg utan å la ho sjølv få komme til ordet i samtalen, og ho skildrar Kari som ein person som manglar kontroll over eigne kjenslereaksjonar. Mellom anna viser ho fram korleis mor impulsivt vekslar mellom å vere sint og å vere fortvila og lei seg:

så var ho kjempe-på-hogget og prata og prata og så nei no gidd eg ikkje prata med deg meir, hadet, pip, så berre la ho på, så eg kom aldri til ordet og fann vel ut at det ikkje hadde noko hensikt heller. Åh (ler: hå-hå) så (ler: hå-hå) ringer ho opp att etter 3 minutt...

Barnevernsarbeidaren fortel så at når mor ringer opp att er ho fortvila og at ho gret og at det mor fortel handlar om erfaringar med barnevernet som har vore ufine med ho gjennom mange år.

Den dramatiserte situasjonsskildringa sin funksjon i denne drøftinga er at den produserer ein personkarakteristikk. Kravet som mor kjem med er berre ein liten del av barnevernsarbeidarens forteljning, presentasjonen handlar i hovudsak om å vise fram ein hysterisk og ustabil person. Mor får ein slik identitet gjennom den måten barnevernsarbeidaren etterliknar det mor seier og måten ho seier det på, Oles mor blir med det gjort til ein deltakar i barnevernssaka som representerer eit moralsk problem. Barnevernsarbeidaren viser fram ein person som bryt med normer for normal åtferd. Referatet frå telefonsamtalen illustrerer ein person som drikk midt på dagen (klokka to), ho pratar i veg utan omsyn til den ho pratar med og er som kjenslemessig ustabil. Barnevernsarbeidarens latter innimellom er med på å forsterke dette inntrykket av at vi har med ein unormal person å gjere. Denne personkarakteristikken og problemkonstruksjonen blir også brukt seinare i drøftinga når barnevernsarbeidarane diskuterer korleis saka kan handterast vidare.

Først etter den dramatiserte situasjonsskildringa frå telefonsamtalen stiller barnevernsarbeidaren eit konkret spørsmål til dei andre, og inviterer dei andre til ei drøfting:

men det som eg lurar på no, kva i huleste gjer eg no viss for eksempel at ho og Ole finn ut at han ikkje skal bu, at dei flyttar inn til den andre familien og er trehundreogtjuefem kroner i veka for lite for ein sekstenåring?

Drøftinga varar i om lag fjorten minutt og dei blir raskt samde om at dei ikkje treng å ta omsyn til mors ønskjer i denne saka, men at barnevernsarbeidaren kan arbeide vidare med den fosterheimen som Ole bur i no. Barnevernsarbeidaren avsluttar med å seie «nei, men då veit de no litt om den, der kan det bli nokre bruduljar i løpet av sommaren».

Dette er ei sak som har vore oppe til drøfting tidlegare, og saka har blitt ein føljeting som har gått over fleire år. Dei andre barnevernsarbeidarane veit kva saka handlar om og det kan verke som om forteljinga som blir presentert her «utvidar» (Juhila, Mäkitalo, & Noordregraaf, 2014) ei større forteljing som har starta tidlegare. Dei mange små dramatiserte forteljingane over tid skapar kjeder av forteljingar frå situasjonar og episodar som har vore og til saman skapar dette ei større forteljing om eit barnevernskassus. Ein vesentleg del av slike kassus er forteljingar om kva klienttype ein har med å gjere. Etableringa av dei store forteljingane får eg ikkje fram akkurat i dette dømet her. Det kan likevel tyde på at ei slik stor forteljing om eit barnevernskassus er etablert når barnevernsarbeidaren kan starte rett på ei forteljing frå arbeidet utan å seie noko om kva som har hendt før. I drøftinga av Ole si sak er det også teikn til at Oles mor sin karakter har blitt etablert som klienttype i kollegiet. Fleire kommentarar som kjem undervegs frå dei andre viser at dei kjenner att det barnevernsarbeidaren fortel frå andre situasjonar dei har høyrd om før. Ein av dei brukar følgjande argumentasjon for å ta ei avgjerd i saka utan å ha møte med mor først: «ho agerer etter impulsmetoden, eg trur me må bestemme oss for korleis me skal handle og så må me følgje det». Oles mor blir her omtala som ein person som «handlar etter impulsmetoden». Løysinga om å sjå bort frå hennar innspel hentar legitimitet i ei slik kategorisering av mor og denne kategoriseringa verkar å vere sjølvsagt. Det kan vere ein fare for at slike typar får eksistere og leve sitt eige liv uavhengig av kva personen som blir referert til gjer og seier. Kategoriseringa kan i slike tilfelle bli varige, og eigenskapar og trekk som blir assosiert med kategorien vert rekna som eit trekk ved ein persons identitet.

Utdraga frå drøftinga av saka til Robert og saka til Ole viser korleis barnevernsarbeidarars dramatiserte forteljingar av eigne direkte erfaringar med og observasjonar av familien i barnevernssaker får plass i ei kollegial drøfting. Gjennom slike forteljingar genererer og produserer barnevernsarbeidarane diskursivt fakta og opplysningar om familien som kollegiet utviklar og brukar i drøftinga. Problemkonstruksjonar blir til på grunnlag av desse forteljingane og påverkar avgjerda om korleis ei barnevernssak bør handterast vidare. Utdraga viser at den dramatiserte forteljingsforma påverkar meiningsskapingsprosessen. Gjennom dramatisering av møtesituasjonane blir ein situasjon som har skjedd tidlegare skapt på nytt og gjort tilgjengeleg for drøfting i kollegiet, men det som blir vist fram knyter seg utelukkande til å produsere

personkarakteristikkar. Det som blir dramatisert er samtalar, dialogar og hendingar som illustrerer moralske eigenskapar og trekk ved personane som er involvert i situasjonen. Det er barnevernsarbeidaren som rammar forteljinga inn, og som difor er i posisjon til å gje personar ein status og definere deira status som deltakar her.

4.3.2 Tolking og bruk av informasjon og opplysningar frå andre profesjonelle

I tillegg til barnevernsarbeidaranes egne observasjonar og direkte erfaringar med familien står opplysningar som kjem inn frå andre profesjonelle også sentralt i barnevernets faglege vurderingar. Barnevernsarbeidarane får tilgang på slik informasjon anten gjennom munnlege tilbakemeldingar på telefon eller i møte, eller dei kan komme som skriftlege dokument. Ein vanleg situasjon under arbeid med barnevernssaker er at informasjon og opplysningar som kjem inn kan vere motstridande. Det er også vanleg at den same informasjonen kan bli tolka på ulike måtar. Eg har fleire døme i mitt materiale på at det finst fleire ulike meiningar om og oppfatningar av den same hendinga og dei same opplysningane, og informasjon som kjem inn om barnevernssaker vil difor ikkje berre «opplyse» ei sak. Dei er kjelder til å skape auka kompleksitet i problema.

Eg skal no vise med utdrag frå ei kollegial drøfting korleis barnevernsarbeidarane diskursivt skapar meining til slike motstridande opplysningar, og korleis dei gjennom dei kollegiale drøftingane prøver å gjere desse opplysningane meir eintydige slik at dei blir praktisk brukbare som fakta i det vidare arbeidet. Ofte må det forhandlingar til for å få dette til, og dette forhandlingsarbeidet er diskursiv. På same vis som med barnevernsarbeidaranes observasjonar og erfaringar blir opplysningar som kjem frå andre diskursivt generert og gjort tilgjengeleg som fakta gjennom barnevernsarbeidaranes snakk. Informasjonsgrunnlaget i barnevernssaker har på denne måten ein «augneblikkskaraktar» (Måseide, 2006), der det er fortolkingskonteksten som blir skapt som påverkar kva meining informasjon får. Og denne kan endre seg rask, i ein augneblikk.

Utdraga som eg brukar som illustrasjon er henta frå ei kollegial drøfting av barnevernssaka til Ida. Dette er ei barnevernssak som eg følgde svært tett under heile feltarbeidet i den tenesta som Ida si sak er del av. Ida har i nesten eit år budd i fosterheim etter frivillig samtykke frå foreldra, og det er mors rusproblem som har vore ein viktig grunn til at Ida er plassert. Mor har dei siste månadane vore rusfri og ho har vore gjennom eit opphald på rusinstitusjon. Mor meiner difor at rusproblema ikkje lenger er eit problem, og at ho er i stand til å ta seg av Ida. Foreldra til Ida har bede om at Ida får flytte heim att. Etter at barnevernsarbeidaren fekk inn ei

bekymringsmelding om at mor drakk alkohol på ei reise for kort tid sidan, vurderer ho på si side at det vil vere svært risikofylt for Ida å flytte heim att allereie, og det blir vurdert å fremje sak for fylkesnemnda. Ida har i tillegg fått ein diagnose for tilknytingsforstyrring, og ei problemstilling som har vore drøfta er om mor er i stand til delta i det terapiopplegget som trengs for denne diagnosen. Ida si sak har vore drøfta kollegialt fleire gonger, og det er stadig vurderinga om Ida bør tilbakeførast, eller om ho bør plasserast i fosterheim permanent som har vore tema for drøftingane. Dagen før denne drøftinga som eg presenterer utdrag frå her kom det inn ein skriftleg rapport frå mor til Ida sin psykolog. Psykologen skriv her at risikoen for at mor skal få eit nytt tilbakefall i høve til rus er svært låg og ho skriv at Idas mor har kontroll over rusbruken sin. Det som står i denne rapporten dannar utgangspunktet for nye kollegiale drøftingar, og det oppstår forhandlingar om korleis desse opplysningane kan brukast i barnevernssaka, og kva følgjer det som står i rapporten skal få for vurderingane av barnevernssaka. Heile drøftinga varar i nesten ein time.

Drøftinga startar med at barnevernsarbeidaren fortel til dei andre at psykolograpporten har komme, og ho les etter dette direkte opp frå det som står skrive i rapporten. Rapporten er lang, men i det som kjem fram er at mor har det psykologen omtalar som ei realistisk vurdering av sine eigen rusproblem og psykiske vanskar, og ho vurderer risikoen for eit tilbakefall med omsyn til alkohol som låg. Utdraget startar mot slutten av B si referering av dette innhaldet:

B:(...les opp frå rapporten:) hun har sluttet å drikke, komt tilbake i arbeid...og har i all vesenetlig fått tilbake sin funksjonsevne [kommentere det som står i rapporten:] altså, denne rapporten her slår jo klakk i hjel..

B2: ja

B: ja, han gjer det for fordi at denne her seier jo det at mor har ein realistisk..

B2: kven som har skriv den her da?

B: psykologen til mor

L: me hadde denne oppe på veiledning på torsdag og då syns me alle dei fem som var der oppe at det var heilt tydeleg at denne måtte plasserast, fire- tolv- plasserast varig, og då tenker eg at

B1: men ett menneske..

L: ja, eg meiner fortsatt at me skal plassere altså..

B3: dette med varig, det skal du aldri

L: ja, men så varig at stabiliteten til mor er der (snakkar i munnen på kvarandre)

B3: Me får vente på «Furli behandlingssenter» no

Barnevernsarbeidaren (B) kommenterer med det same ho er ferdig med å lese opp frå psykolograpporten at denne rapporten representerer eit problem i undersøkingsarbeidet. Det som står støttar opp om ein motsett konklusjon av den som barnevernsarbeidarane har komme fram til i tidlegare drøftingar. Så langt i undersøkingsarbeidet har det vore oppslutnad i kollegiet om ei avgjerd der Ida held fram med å bu i fosterheim til mors rusproblem har blitt

meir stabilt. Uttalen frå mors psykolog der ho skriv at ho har «sluttet å drikke» og at ho har «i all vesentlighet fått tilbake sin funksjonsevne» er informasjon som verkar til å reduserer alvorret i rusproblema som Idas mor har, og det er informasjon som støttar opp om ei løysing om at Ida kan flytte heim att. Det er dette barnevernsarbeidaren kommenterer når ho seier at rapporten «slår klakk i hel».

Det er som nemnt vanleg under arbeid med barnevernssaker at informasjon som kjem frå ulike partar i saka kan gje motstridande opplysningar i ei sak. I slike situasjonar er det vanskelegare å skape eit eintydig og klårt bilete av kva problema som gjeld i barnevernssaka. Dette skapar ein uviss avgjerds kontekst for val av tiltak slik som her. Situasjonar av uvisse skapar ikkje berre forhandlingar mellom barnevernet og familien. Det gjer også at det oppstår forhandlingar internt i barnevernstenesta, og dei kollegiale drøftingane. Vi ser mot slutten av utdraget at ein av barnevernsarbeidarane (B3) kjem med innvendingar mot ein konklusjon om «varig plassering». Ho kommenterer at «dette med varig, det skal du aldri». Det ho seier her har referanse til barnevernslova som seier at varige plasseringar berre skal skje i svært sjeldne tilfelle. Barnevernsleiaren modererer påstanden sin og presiserer at ho meinte «så varig at stabiliteten til mor er der».

Før B3 kjem med denne kommentaren prøver fleire andre barnevernsarbeidarar å redusere verdien i psykolograpporten ved å mellom anna så tvil om truverdet til psykologen som har skrive rapporten. B2 spør om kven som har skrive rapporten, og dette kan tolkast som eit spørsmål som rettar merksemda mot relasjonen mellom psykologen og mor. Lenger ute i drøftinga vert dette trekt fram for å underbygge ein påstand om at denne psykologen representerer mors interesser i saka. Viss det er tilfelle vil det vere ein fare for at det som står i rapporten har Idas mor sine interesser og ikkje barnet sitt beste som utgangspunkt. B1 sin kommentar «men ett menneske» er også eit innspel som reduserer verdien av rapporten. Det same gjer barnevernsleiaren sin kommentar om at saka har vore drøfta ein annan stad der alle var samde om at omsorgsovertaking var det rette. Vi ser her korleis barnevernsarbeidarane kjem med ulike innspel der dei prøver å redusere relevansen av psykolograpporten. Psykologens status som ekspert blir forsøkt redusert. Det går føre seg eit retorisk arbeid der barnevernsarbeidarane prøver å legitimere eit syn som er motsett av det psykologen skriv.

B3 endrar fortolkingsramma når ho trekk fram at barn aldri skal plasserast «varig». Frå ei moralsk innramming der barnevernsarbeidarane stiller spørsmål om psykologens truverd og interesser blir ei juridisk ramme no gjort relevant med kommentaren frå B3, og vi ser med dette

ei endra orientering i snakket. Det er barnevernslova og reglane her som blir referansen for vurderingane av barnevernssaka og problema. B3 seier i tillegg at «me får vente på Furli behandlingssenter no», og signaliserer med dette ei forståing om at dei manglar opplysningar til å konkludere i saka. Furli behandlingssenter er namnet på institusjonen der Idas mor har vore innlagt og det er opplysningar derifrå B3 viser til her. Innspelet kan tolkast som eit framlegg om å vente å sjå før ein konkluderer, og det er samstundes ein påstand om at dei andre barnevernsarbeidarane trekk forhasta konklusjonar.

Gjennom heile denne drøftingsseansen ser vi liknande rammeskifte. Det er i tillegg eit stort engasjement i kollegiet. Dei avbryt kvarandre heile tida og stadig nye spørsmål og perspektiv på saka dukkar opp. Meininga i saka endrar seg heile tida som følgje av slike rammeskifte og dette påverkar kva opplysningar i saka som får relevans og kva meining opplysningane får.

Litt lenger ute i drøftinga trekk ein av barnevernsarbeidarane fram at Ida har ein diagnose, og ho peikar på at denne diagnosen krev ein behandling som det er uvisst om mor klarar å følgje opp:

B2: eg tenker det at me må sjå på.. denne diagnosen kor mykje den krever, og dette hastar, kanskje er ho skada for livet, kanskje kan me nå ho enda..og dette haster, kven skal gjere det opplegget med ho? Me har jo vurdert det, mor kan ikkje gjere det ho kan ikkje gjere det, ho har nett sprukke, kan hende at ho sprekk tre gonger i løpet av den perioden ho skal gjere dette opplegget, me må innhente opplysningar i forhold til kva vil denne jente trenge i kor langt framover

L: ja, ja ja, og eg tenker

B3: me får ikkje til noko fire tolv heller

B2: kven skal gjere denne her?

B: ja, altså me har jo vurdert at ikkje ho i vertfall per i dag kan gå gjennom denne behandlinga med jenta, med at den er så krevjande og ho er så ustabil og ho seier noko om det sjølv og at ho kan ikkje ta jentungen ut av barnehagen og vere heime med ho tjuefiretimar i døgn.

Vi ser her korleis B2 ved å rette merksemda mot Ida sin diagnose etablerer ei ramme som gjer Ida til eit psykologisk kasus. Fokuset rettar seg mot Idas behov for behandling og spørsmåla som knyter seg til mors rusproblem får ikkje same relevans lenger. Det har tidlegare komme fram at mor ikkje ønskjer sjølv å ta del i denne behandlinga fordi det vil krevje at ho må vere heime med Ida heile dagen og slutte i barnehagen. Dette blir trekt fram no som støtte for ei avgjerd om vidare fosterheimplassering. På denne måten legitimerer ho løysinga ikkje berre utifrå Idas psykologiske behov, men at det blir også ei logisk følgje av det mor har sagt sjølv. Ein av barnevernsarbeidarane (B3) som tidlegare har trekt fram barnevernslova gjer igjen gjeldande ei juridisk ramme når ho seier at «me får ikkje til noko fire tolv heller». Med denne formuleringa referer barnevernsarbeidaren til rettspraksis i fylkesnemnda, og ho generer med

dette eit juridisk problem og kjem med ein påstand om at det ikkje vil vere mogeleg å få medhald for omsorgsovertaking der. Dette trekk ho også fram litt lenger ute i diskusjonen rett etter at ein av barnevernsarbeidarane har omtala Ida som «relasjonsskada» og det blir vist til Ida sitt behov for behandling som Idas mor ikkje er i stand til å gjennomføre:

B3: ja, men har me så mykje val?

Lise: nei det er det eg er litt sånn i dus, men no skal me no ha møte med advokaten og sjå det i eit juridisk perspektiv

Dei snakkar i munnen på kvarandre og ein av dei trekk fram at Ida si sak vart drøfta på eit rettleiingsmøte (jf kap.6) der det vart «veldig tydelig når me sette opp dette systematisk» at det er uheldig å tilbakeføre jenta til mor. Barnevernsarbeidaren (B) som jobbar med saka seier då:

eg er kjempeeinig det i alt dette der.. eg er kjempeeinig i det at her er det ei jenta som har opplevd alt for mykje på alt for kort tid, ho er fire år, har ei alkoholisert mor og ein psykisk sjuk far, men samtidig så vurderte me faktisk denne mora her, me vurderte å tilbakeføre denne jenta her første oktober, og mor har hatt ein sprekk utan at ho har hatt noko med jenta å gjort, og har henta seg inn att, altså psykologen her dokumenterer at mor har henta seg inn att, ho er ikkje bekymra sant, slik at har me noko det betyr at har me noko, har me noko

B1: skulle me hatt inn sakkyndig, har me tid til det, eller korleis?

B3: nei, eg trur det er vanskeleg å få dette gjennom i nemnda, ho ser alle problema sine, har heile nettverk og heile hjelpeapparatet rundt seg til å hjelpe seg, ho har heile nettverket og det at ho sprekk ein gang betyr ikkje du ikkje kan vere mor

Vi ser her korleis barnevernsarbeidarane her endrar ramma for snakket og omdannar Ida si sak til eit juridisk kasus. Det blir trekt fram at saka vil vere vanskeleg å få gjennom i ei nemnd, og barnevernsarbeidaren presenterer argument som vil vere typisk for nemndsvurderingar. B3 aktiverer ein deltakingsstatus som institusjonell aktør og ho snakkar her med stemma til fylkesnemnda. Ved å spørje «har me så mykje val?» skapar ho eit inntrykk av at den barnevernsfaglege avgjerdsprosessen er styrt institusjonelt, og at dei som sitt i barnevernskollegiet ikkje er i posisjon til å påverke desse prosessane. Spørsmåla som rettar seg mot Ida sine behov (for stabil omsorg og for behandling) vert med dette mindre relevant, eller i alle fall redusert til eit problem som handlar om at saka «er vanskeleg å få gjennom i nemnda». Ein annan barnevernsarbeidar spør om det er tid til å leige inn ein sakkunnig. Dette er eit framlegg som i så fall vil føre til at ansvaret for å ta denne avgjerda vert flytta over på ein psykolog.

Vi ser her korleis barnevernsarbeidarane gjennom korte ordvekslingar klarar å endre rammene for snakket og Ida sine problem endrar med det både innhald og staus. Kva opplysningar som

får relevans og kva meining desse opplysningane får som fakta i saka endrar seg også med slike rammeskifte. Om Ida får ein deltakingsstatus i drøftinga som psykologisk kasus eller som juridisk kasus har konsekvensar for kva løysingar som trer fram som dei rette.

Eit siste utdrag illustrer enda eit rammeskifte som vert gjort i drøftinga. Dette understrekar korleis informasjonsgrunnlag i barnevernssaker har ein augneblikkskaraktar. Gjennom rammeskifte vert konteksten for å skape meinig til informasjonen endra, og dette kan skje raskt. I dette utdraget ser vi at barnevernsarbeidaren gjer eit rammeskifte ved å rette merksemda mot val som mor har teke undervegs. Barnevernsarbeidaren vurderer desse vala som moralsk problematisk. Ved å trekke fram dette endrar barnevernsarbeidaren dei juridiske og psykologiske rammene og gjer gjeldande rammer som er moralske. Utgangspunktet for rammeskifte er ein påstand som B3 kjem med om at Idas mor har gjort «alt rett», og at det difor vil vere vanskeleg å få saka gjennom i nemnda:

B1: alt rett, kva då er alt rett?

B3: oppsøker dei personane som kan hjelpe deg, tek tak i dei problema du har og får dei til å hjelpe deg å slutte å drikke

B1: eg ser det, men eg ser ikkje kva ho gjer rett for den ungen der

B3: kva anna kunne ho gjort, kva tenker du ho...kva burde ho gjort annleis for seg og ungen etter at ho kom heim [frå turen, min kommentar]?

B1: eg syns det er snodig val det at ho ikkje reiser [på terapi i fase 2, min kommentar], det kan jo skyldast at ho trur ungen skal tilbake igjen, men og at ho vil...at når ho les så vanvittig mykje, om tilknytning, då bør du jo og skjønne at då må du heller vere.. liksom, når ho tek annakvar helg så blir det vanskelig for ungen, då er det betre å ta kvar helg

B3: men ho har ikkje fått noko anna enn annakvar helg

B1: ja, men ho tar vekk søndagen, ho tar vekk søndagen, då seier ho då vil eg heller gå i kyrkja, det er jo heilt merkelig, det er jo **merkeleg** syns eg. Ja, kanskje ho hadde vert god nok mor for ein unge utan diagnose og sånn men når ho har denne diagnosen, ho kan bli skada for resten av livet for ein alvorleg diagnose, og kanskje ho er skada for resten livet på grunn av dette her ...

B1 omtalar her fleire val som Idas mor har teke undervegs som moralsk problematiske. Det eine gjeld eit val om å reise på ferie i staden for å delta i eit terapiopplegg for rusproblema sine. Det andre handlar om at mor vel å gå i kyrkja i staden for å ha samvær med Ida. Dette er val som Idas mor har teke, og som normalt ville vore innafor det ein tenker som privat handlefridom. Her blir vala vurdert som moralsk problematiske. B1 omtalar dei som snodige og merkelige og brukar dette for å argumenter for at mor ikkje «gjer rett» slik B3 påstår. Ho trekk i tillegg fram at Idas mor som ein person som les mykje og som har mykje psykologisk fagkunnskap, men som ikkje brukar denne kunnskapen i praksis. Barnevernsarbeidaren trekk desse vala fram som illustrasjon på eigenskapar ved Idas mor. B1 gjer med det ho seier her gjeldande rammer som er moralske og Idas mor blir til eit moralsk kasus og eit moralsk

problem. Dette vert brukt diskursivt til å argumentere for ei løysing med vidare fosterheimplassering.

Utdraga frå den kollegiale drøftinga av Ida si sak viser korleis opplysningar som har komme inn frå Idas mor sin psykolog dannar utgangspunktet for ein lengre diskusjon i kollegiet. I dokumentet som psykologen har skriva står det at Idas mor har innsikt i eigne problem og at risikoen for eit tilbakefall i høve til rus er låg. Korleis desse opplysningane skal brukast og kva meining dei skal ha blir gjort til gjenstand for forhandling. Drøftingane viser korleis barnevernsarbeidarane diskursivt produserer informasjon og opplysningar som gjer at det som står i dokumentet får ulike meiningar. Dette skjer ved at barnevernsarbeidarane vekslar mellom å gjere gjeldande rammer som er moralske, psykologiske og juridiske.

I løpet av dei femti minutta som drøftinga varar klarar ikkje barnevernsarbeidarane å komme fram til ei kollektiv semje om kva versjon som skal reknast som den gyldige. Diskusjonen endar med ein konklusjon om å be psykologen som har gitt Ida diagnosen ei tydelegare presisering av kva behov Ida har. Avgjerda om Ida bør flytte heim eller ikkje blir utsett og vi kan seie at problemløysinga blir flytta over på ein ny og annan arena og det er andre aktørar, i dette tilfelle psykologen, som får ansvaret vidare.

4.3.3 Rollespel og handtering av ein vanskeleg klient

Rollespel var ei anna drøftingsform som vart brukt i kollegiale drøftingar. Rollespelet har likskapstrekk med dei dramatiserte situasjonsskildringane som eg skildrar over, men skil seg likevel frå desse ved at rollespel dramatiserer og skapar ein fiktiv situasjon, snarare noko som faktisk har hendt. Rollespel har også ein annan funksjon som problemløysingsaktivitet enn dei dramatiserte situasjonsskildringane i ei drøfting. Rollespel vert brukt som ei praktisk øving til neste møte med familien som barnevernssaka handlar om. I rollespela spelar barnevernsarbeidaren ut ein tenkt møtesituasjon mellom barnevernsarbeidar og barnets foreldre i arbeidet med ei barnevernssak som er under arbeid. Rollespelet relaterer seg til den konkrete saka som vert drøfta, og barnevernsarbeidarane tek på seg roller som den eine eller andre parten og spelar ut desse rollene ved å snakke med andre stemmer og opptre som om dei var i eit verkeleg møte.

Eit kjenneteikn ved desse rollespela er at situasjonane som blir spelt ut knyter seg utelukkande til barnevernssaker der det er usemje mellom familien og barnevernet om kva problemforståing og løysing som skal reknast som gyldig i saka. Rollespela er på denne måten ein reiskap dei brukar til å drøfte korleis denne usemja kan handterast, og dei brukar rollespel til å øve seg på

møtesituasjonar som skal komme der denne usemja blir eit tema. Det som også er verdt å merke seg er at slike rollespela oppstår spontant. Midt under eit resonnement i drøftinga av ei barnevernssak kan ein av barnevernsarbeidaren gjere gjeldande ei rollespelramme. Med dette blir det også skapt ein ny situasjonsdefinisjon, og dette påverkar meininga som drøftingssituasjonen får.

Eg skal no vise med utdrag frå ei drøfting av barnevernssaka til Anita på 17 år korleis rollespelet vert brukt slik. Som vi skal sjå får barnets foreldre ein deltakingsstatus i desse rollespela gjennomgåande som vanskelege personar, og dei blir på denne måten konstruert som eit problem for arbeidet med saka. Dette påverkar også kva script som blir utvikla for korleis barnevernsarbeidarane planlegg neste møte.

I barnevernssaka om Anita på 17 år har Anita foreldres og barnevernet ulike syn på eit planlagt hybeltiltak for Anita. Anita sjølv har fortald at ho ønskjer å flytte på hybel, men foreldra til Anita har heile tida vist motstand mot eit slikt tiltak. Dei er spesielt kritiske til å skulle betale for hybeltiltaket sjølv, og har motsett seg alle økonomiske krav då dei oppfattar at tiltaket først og fremst er barnevernets prosjekt. Usemja har til tider utvikla seg til store konfliktrar. Anitas foreldre seier mellom anna at det er barnevernet si skuld at Anita no ønskjer å flytte på hybel. Barnevernet seier på si side at det er forhold ved heimesituasjonen til Anita som gjer at Anita vil det slik.

I utdraget under drøftar barnevernsarbeidarane (B1 og B2) Anita si sak. Spørsmålet handlar her om kva dei skal gjere dersom Anitas foreldre ikkje vil samtykke til hybeltiltaket, eller viss det viser seg at dei ikkje vil bidra økonomisk til å få tiltaket gjennomført. Dei diskuterer om det er ei løysing å avslutte barnevernssaka, eller om dei heller bør ta ei avgjerd om at barnevernet tek heile det økonomiske ansvaret sjølv. Undervegs i drøftinga av dette spørsmålet aktiverer B2 fleire gonger ei rollespelramme for drøftingssituasjonen:

B2: kor god avtale trur du at du kan gjøre når du ser kor vanskelig det er innledningsvis og kor sterk den aversjonen er opp i mot samarbeidsinstansar?

B1: men trur ikkje du at dei vil samarbeide viss me seier okei, me skal betala for me ser at de ikkje er villige til å gjere det for at jenta skal få bu der, når ho ikkje vil flytte heim att

B2: (tek rolla som far) eg er søren meg ikkje fornøgd, du seier at jenta mi skal få firetusen i månaden, kva slags tøys er det? Ho treng jo mye meir enn det, ungdom, viss me skal sørge for den jenta vår så må ho flytte heim att

B1: nei, veit du kva det trur ikkje eg, at han kjem til å sei det

Vi ser her at B2 gjer gjeldande ei rollespelramme ved å aktivere Anitas far si stemme i diskusjonen. Ved å med stemma til far markerer B2 eit rammeskifte i situasjonen og meininga i det B2 seier må bli forstått i lys av eit rollespel. B2 deltek i denne samtalesekvensen som Anitas far og ikkje i rolla som barnevernsarbeidar. Far blir spelt ut i rollespelet som ein person som uttrykker sinne, og han blir spelt ut som ein person som ikkje er nøgd med barnevernets arbeid nærast uansett kva tiltaket skulle vere. Anitas far får gjennom dette korte rollespelet ein klientidentitet som «vanskeleg», og som også er urimeleg. Rett før har B2 trekt fram at Anitas far har vore vanskeleg å få til avtalar med gjennom heile arbeidsprosessen, og ho omtalar far som ein person som har «aversjon opp i mot samarbeidsinstanser». Dette er ei kategorisering som gjev Anitas far eigenskapar og karaktertrekk. Det er ein måte å omtale far på som gjev han ein klientidentitet som «vanskeleg». Når rollespel vert brukt får ho også fram korleis slike eigenskapar og karaktertrekk kjem til uttrykk, og korleis eigenskapen kan bli eit praktisk problem i eit potensielt møte mellom dei to. Dette skapar ein drøftingssituasjon der spørsmål om korleis personar med slike eigenskapar og identitetar kan møtast får relevans.

I ein samtale som eg hadde med ein av barnevernsarbeidarane om rollespel fortalde ho at den som tok initiativ til slike rollespel gjerne tok rolla som «djvelens advokat». Ho fortalde at det å spele rolla som ein ekstra vanskeleg person vart gjort for å førebu barnevernsarbeidaren til potensielle og utfordrande forhandlingssituasjonar som kunne oppstå i eit planlagt møte med foreldra. Som vi ser i utdraget over spelar B2 her ei rolle som urimeleg, aggressiv og lite samarbeidsvillig og ho skapar på denne måten ein tenkt situasjon der desse eigenskapane viser seg. Det er denne møtesituasjonen som blir gjort til gjenstand for drøfting. B1 seier med det same «Nei, veit du kva det trur ikkje eg at han kjem til å seie». Med desse orda markerer ho for det første eit rammeskifte. Rollespelet er over og ho skapar ein situasjon der det er drøfting *av* rollespelet gjeld. B1 påstår at B2 ikkje har spelt rolla som far autentisk nok. Å kommentere i kva grad rollespelet speglar den faktiske røyndommen var også typisk for drøftingar med rollespel. Det vert med dette gjort gjeldande ei meiningsramme for rollespelet som tek utgangspunkt i møtesituasjonar som har vore med personen tidlegare . Det er barnevernsarbeidaranes direkte erfaringar med den personen som blir spelt ut som dannar utgangspunktet for rollekonstruksjonen. Når B1 påstår at «han ikkje kjem til å seie det» er det B1 si erfaringar frå møte med Anitas far som dannar referansen. Det var også vanleg at rollespelramma vart avbrote slik som over dersom nokon opplevde at roller som vart spelt ut braut med dette. Ei ordinær drøftingsramme vart då gjort gjeldande att, og dei korrigerte rollespela undervegs på denne måten.

Ei anna meiningsrammeramme som vert gjort gjeldande i rollespelet er klientmøtesituasjonen slik denne vert definert som profesjonell aktivitet. Dei sosiale konvensjonane som gjeld for denne typen møte og oppfatningar om kva funksjon slike møte har er del av dette og utgjer det Goffman (1974) kallar samhandlingssituasjonens sosiale primærrammer. Kulturelt og sosialt definerte oppfatningar av kva profesjonell aktivitet klientmøte representerer utgjer ei primærramme som rollespelet får mening på grunnlag av. Ei norm som gjeld for klientmøte er blant anna at klienten skal ha høve til å komme med si meining om saka, og barnevernsarbeidaren er då plikta til å møte klienten med respekt sjølv om klientens synspunkt er urimelege eller klienten opptrer ufint. Gjennom rollespela markerer barnevernsarbeidarane tydeleg at det finst ulike konvensjonar for korleis eit problem og ei sak blir snakka om i ein klientmøtesituasjon versus kollegiale drøftingar der klienten ikkje er til stades. Markeringar av rammeskifte fekk dette fram.

Utdraget under illustrer eit slikt rammeskifte. Utdraget startar midt i eit rollespel der B snakkar som om han skulle vore i eit møte med Anita der han forklarar ho kva vurderingar som ligg til grunn for iverksetjing av hybeltiltaket:

B: det er jo barnevernstenesten som har hatt ansvar for, men så er det underveis komt til den erkjennelsen av at ditt eget ønske og foreldre sine ønske at du skulle flytte i eigen leilighet, så har vi, vi har bistått i forhold til det, vi har sagt at vi kan vere med å dekke noe av de etableringskontander så er det mamma og pappa som står ansvarleg for dottera si, så nå timeout i forhold til den biten, men me kan jo sei til far (hevar stemma) kven fan var det som fucka det opp første gangen, kven er det som er hovefuckaren her (B1 ler lett og samtalen mellom barnevernsarbeidarane held fram innafor ei vanleg drøftingsramme:)

B: ... i forhold til å bu utenfor heimen

B1: kva er det som er grunn til at me sitt her...

Vi ser her at B markerar eit brot i høve til rollespelramma når ho går over til å gjere vurderingar av fars skuld i problema og omtalar han i nedsetjande vendingar. Markeringa av rammeskifte skjer ved at B seier «timeout», og ho gjer med dette gjeldande ei ordinær drøftingsramma att. Dette opnar samstundes opp for eit anna type snakk. Ho omtalar no far på måtar som innafor ei «klientmøteramme», eller møte med Anita ville vere upassande og rekna som uprofesjonelt. Å stille spørsmål til far om kven som «fucka opp» omsorgssituasjonen og omtale han som «hovefuckaren» slik ho gjer her ville vere eit brot med dei normene og konvensjonane som gjeld for slike møte. Innafor ein kollegial setting er det på ei anna side akseptert og legitimt å komme med slike kjensleutbrot. B uttrykker her ein frustrasjon over Anitas far, og ho let dette komme til syne for den andre barnevernsarbeidaren. Før kjensleutbrotet markerer ho at rollespelet er over.

Rollespelramma vart ofte halden ved like av barnevernsarbeidarane lengre enn det utdraga over viser. Etter at ein barnevernsarbeidaren tek ei rolle og spelar denne ut var det vanleg at ein annan barnevernsarbeidar med det same tok rolla som «den andre parten», og gjennom dette skapar dei og held ved like rollespelramme heilt til ein av dei markerar brot. Slik kunne barnevernsarbeidarane spele ut lengre sekvensar av ein tenkt klientmøtesituasjon før situasjonen vart drøfta. Utdraget under viser eit eksempel på dette. Utdraget illustrerer på same tid korleis rollespelaktiviteten blir brukt som ein reiskap til å utvikle «script», eller strategiar for å handtere møtesituasjonar som skal komme.

Utdraget er del av ein diskusjon der B1 først foreslår at dei avsluttar arbeidet med hybeltiltaket dersom Anitas foreldre ikkje seier seg villige til å betale. B2, deler ikkje dette synet, og ho aktiverer ei rolle som Anita som gjev uttrykk for fortvilning over ei slik avgjerd:

B1: då blir det spennande å se korleis jenta reagere på det, kor viktig det er for henne ...skal ta stilling til det. Viss jenta klarer å bu heime så er det kanskje det beste, viss det er sånn som far seier at her er det bevegelse og kanskje ho kan bu heime, så er det kanskje det beste

B2. (tek rolla som Anita) Men eg vil ikkje flytte heim att, eg orka ikkje det

B1: (tek rolla som barnevernsarbeidar) Nei, mamma og pappa, dei seier at du skal bu heime

B2: men eg vil jo ikkje, du veit no det korleis det har vore der, de har no sagt heile vegen at de ville støtte meg på dette der, at det skulle bli ein ordning på det, kan ikkje de betale litt de òg då?

B1: nei

B2: for eit barnevern!(ler lett)

B2 tek her stemma til Anita og rettar orda til barnevernsarbeidar B1 som om det var Anita og

B1 som var i eit møte. B1 tek med det same rolla som seg sjølv i møte med Anita og presenterer ei forklaring. I rolla som Anita aksepterer ho ikkje denne forklaringa. Det vi ser her er at B2 gjer gjeldande ei rollespelramme for å drøfte korleis dei kan møte Anita i ein tenkt situasjon der barnevernet har teke ei avgjerd om å avslutte hybeltiltaket. B2 skapar her er ei ein situasjon der Anita er ein person som ikkje vil akseptere denne avgjerda. Ho får i rollespelet ein deltakingsstatus som «problemklient» og dei øver seg på korleis ho kan bli møtt. Gjennom rollespelet utviklar dei strategiar for korleis dei kan møte den motstanden frå Anita som potensielt kan komme, og dei utviklar også strategiar for korleis dei kan legitimere ei avgjerd på måtar som Anita kan akseptere. Barnevernsarbeidarane går inn og ut av «rollespelramma» på denne måten. Ein fiktiv situasjonen som kunne vore verkeleg blir spelt ut, for så å bli avbroten og drøfta før rollespelet igjen vert aktivert att på eit seinare tidspunkt.

Eg har her vist korleis rollespel vert brukt som drøftingsform i kollegiale drøftingssituasjonar. Det har vore eit poeng å få fram at denne drøftingsforma er ein reiskap som barnevernsarbeidarane brukar for å diskutere korleis dei kan møte personar i barnevernssaker der det er usemje om problemforståingar og løysingar. Gjennom rollespelet skapar

barnevernssarbeidarane ein fiktiv møtesituasjon mellom barnevernssarbeidaren og ein person som viser motstand mot ei avgjerd som barnevernssarbeidaren har teke. På denne måten tek barnevernssarbeidarane situasjonen ut av tida og samanhangen som den brukar å vere i på same måte som med dei dramatiserte situasjonsskildringane. Rollespelet skjer på ein annan stad og til ei anna tid enn det vanlege klientmøte brukar å vere, men aktiviteten har tydleg referanse til reelle situasjonar og hendingar som potensielt kunne ha skjedd. Det er klientmøtesituasjonen som utgjer «primærramma» (Goffman, 1974) for rollespelaktiviteten. Rollespelsituasjonen får innhald og meining etter mønster frå denne typen møte. Normer som gjeld for klientmøtesituasjonar er retningsgivande for korleis barnevernssarbeidaren ter seg også i rollespela.

Samstundes, nettopp fordi det ikkje er ein verkeleg klientmøtesituasjon, men «keyings» (Goffman, 1974:43), kan rollespela brukast som drøftingsreiskap. Dei som tek del kan endre klientmøtesituasjonen, situasjonen kan drøftast og barnevernssarbeidarane kan prøve ut ulike strategiar og framgangsmåtar for korleis klientmøtet dei drøftar kan handterast. Barnevernssarbeidarane prøver seg fram, korrigerer kvarandre og prøver på nytt, noko som naturleg nok ikkje er mogeleg i verkelege klientmøtesituasjonar. På denne måten blir det skapt eit nytt problemrom som vert gjort tilgjengeleg for drøfting, sjølv om mønsteret for aktiviteten er møte med klientar slik det brukar å gå føre seg.

Deltakarformatet og produksjonsformatet (Goffman, 1981) i drøftingssituasjonen endrar og utvidar seg som følgje av at rollespelrammer vert aktivert. Personar som barnevernsssaka handlar og som ikkje er fysisk til stades blir til deltakarar i samhandlingssituasjonen gjennom rollespelet og barnevernssarbeidaranes snakk. Det likevel verdt å merke seg at sjølv om barnevernssarbeidarane spelar roller til verkelege barnevernssklientar, snakkar dei også på vegner av klienten og legg orda i munnen på den personen dei snakkar på vegner av. Barnevernssarbeidarane er på denne måten både forfattar og ansvarleg for orda, sjølv om dei blir presentert som eit rollespel. Klientidentiteten som syner seg i rollespela er fullt og heilt barnevernssarbeidarens konstruksjon, dei hentar ikkje stemmer frå andre. Rollespela produserer gjennomgåande personar som er vanskelege eller personar som yter motstand mot barnevernss avgjerd. I utdraget over ser vi korleis Anitas far i rollespelet blir til ein person det er vanskeleg å få til eit samarbeid med og som er i kontinuerleg opposisjon mot barnevernet. Anita er ein person som nektar å samtykke til ei avgjerd. Barnevernssarbeidarane brukar rollespelet til å illustrerer kva problem som følgjer med møte med slike vanskelege klientar, og dei prøver å

utvikle script eller lage strategiar for korleis dette kan handterast. Rollespelet er på denne måten ein fagleg reiskap for handtering av relasjonelle problem i ei barnevernssak.

4.4 Avsluttande kommentar

Eg har i dette kapitlet vist korleis barnevernsarbeidarar skapar mening til barnevernssaker i kollegiale drøftingar internt i barnevernstenesta. Analysen får fram korleis barnevernsarbeidarane diskursivt produserer og konstruerer barnevernsproblema som blir drøfta, og eg har lagt vekt på å få fram korleis dei gjennom denne drøftingsaktiviteten produserer og genererer informasjon og opplysningar, og gjer desse relevante og gyldige som fakta i sakene. Det dei kjem fram til dannar grunnlaget for faglege vurderingar og det blir brukt til å legitimere løysingar i barnevernssaka. Kva som er eit barnevernsproblem kan i utgangspunktet tolkast på fleire måtar, og kva faglege vurderingar som er gyldige er også ofte eit forhandlingsspørsmål. Det finst alltid fleire moglege sanningar og versjonar av ein barnevernsrøyndom. I desse drøftingane gjer barnevernsarbeidarane gjeldanden nokre samanhengar som barnevernssaka blir tolka i forhold til og dei skapar på denne måten «accountings» (Garfinkel, 1967). Det vil seie at dei konstruerer ei barnevernssak og eit barnevernsproblem som legitimerer visse løysingar framfor andre.

Analysen viser også at det er ulike utgangspunkt for å tolke barnevernssaker gjennom ein avgjerdsprosess. I ein meldefasen er det bekymringsmeldingar åleine som dannar utgangspunktet for barnevernsarbeidaranes meningskonstruksjonar (bvl §4-3). Barnevernsarbeidaren har ikkje snakka med familien som meldinga handlar om eller andre som kunne ha bidrege med utfyllande informasjon. Analysen viser at når barnevernsarbeidarar skapar mening til bekymringsmeldingar må dei difor legge til informasjon som ikkje går fram av sjølve meldingsdokumentet. Det er i hovudsak tidlegare kjennskap til og erfaring med liknande sakar som blir brukt til å skape tolkingskontekstane, og utifrå dette gjer dei vurderingar av om problemet som blir skildra er ei sak for barnevernet eller ikkje. Barnevernsarbeidaranes institusjonskunnskap om kva typar problem som har potensiale til løysing spelar ei viktig rolle her.

Etter at ei bekymringsmelding har blitt til ei barnevernssak er det vidare tolkingsarbeidet prega av at fleire partar blir involvert i avgjerdsprosessen. Kapitlet viser korleis barnevernsarbeidarane prøver å produserer eintydige fakta ut av mangfaldig og somme tider motstridande informasjon, og dei gjer på den måten informasjonsgrunnlaget i barnevernssaker praktisk brukbar for det vidare arbeidet. Denne konstruksjonsprosessen er på same måte som

meldingsdrøftingar diskursiv, og eg viser korleis barnevernsarbeidarane gjennom snakk og samhandling i dei kollegiale drøftingane gjer problema synlege og tilgjengelege ved å ta i bruk diskursar som er moralske, juridiske og psykologiske. Diskursane som blir brukt produserer og gjer gjeldande ulike innrammingar av barnevernsproblema og dette påverkar kva meining problema får. Juridiske diskursar vert brukt til å gjere gjeldande institusjonelle rammer. Det ser vi døme på når den faglege vurderinga vert knytt til om ei barnevernssak får gjennomslag i fylkesnemnda eller ikkje. Ein psykologisk diskurs dominerer når rammer som er meir profesjonelt orientert vert gjort gjeldande. Døme på dette er når det blir argumentert for eit barns behov for stabilitet og god omsorg. Det er verdt å merke seg at stabilitet og omsorg er omgrep som blir brukt i drøftinga utan vidare forklaring av kva som ligg i dette, men det er ved å vise til Idas diagnose og psykologens vurderingar at forståinga får legitimitet. Vi ser også at daglegverdas rammer vert gjort gjeldande gjennom bruk av moralske diskursar. Døme på dette er når vurderingar av kva som er normalt å gjere blir trekt fram og brukt som argument for eit syn.

Kapittelet får også fram korleis barnevernsarbeidarar tek i bruk rollespel i dei kollegiale drøftingane. Rollespela har ein spesiell funksjon som fagleg reiskap her. Gjennom rollespela skapar barnevernsarbeidarane ein fiktiv møtesituasjon, som kunne vore verkeleg, med familien i ei barnevernssak. Barnevernsarbeidarane brukar rollespela til å diskutere korleis dei best kan handtere aktuelle konflikhtar og usemje i det neste møte med familien. Rollespelet er på denne måten ein drøftingsreiskap for praktisk handtering av relasjonelle problem, snarare enn berre ein reiskap for konstatering og konstituterer av dette problemet. Utdraga eg viser frå rollespela viser at dei likevel har ein slik funksjon også. Korleis ei rolle blir spelt ut påverkar kva klientidentitet som blir produsert for den det gjeld. Rollespela blir på denne måten også brukt til å produsere ein vanskeleg klient.

Eit hovudpoeng med kapittelet har vore å få fram at kunnskapsgrunnet som ligg til grunn for barnevernets avgjerdsprosessar har ein hybrid og samansett karakter. Mitt materiale frå drøftingssituasjonane viser, til liks med andre studie frå barnevernsprofesjonelle settingar at moral og kjensler spelar ei dominerande rolle i barnevernsfaglege vurderingar (Egelund, 2003; Forsberg & Vagli, 2006; Vagli, 2009; White & Wastell, 2011). Utdraga som eg presenterer får likevel fram at barnevernsarbeidarar drar vekslar på og brukar ulike kunnskapskjelder og profesjonelle «rasjonalitetar» når dei gjer faglege vurderingar og tek avgjerder om korleis gå vidare i ei barnevernssak. Kapittelet viser korleis kunnskap om institusjonelle forhold, psykologiske kunnskap om barns behov og allmenmoral alle spelar ei viktig rolle med omsyn

til barnevernsfaglege forståingar av eit barnevernsproblem. Kollegiale drøftingar er ein aktivitet som knyter seg til å meisle ut visse av ein uviss situasjon (White, 2002:433). Narrative og dramatiske forteljingsformer, profesjonelle, institusjonelle og moralske diskursar blir brukt retorisk og fungerer som ressursar i dette problemløysingsarbeidet. Det er ikkje institusjonelle reglar og tilgang på nøytrale fakta om barnets omsorgssituasjon som styrar dei faglege vurderingane. Det er heller ikkje snakk om at barnevernsarbeidaranes generelle kunnskap om juss, psykologi eller allmenmoral styrer avgjerdsarbeidet. Kunnskapen, informasjonen og reglane må skapast og produserast for å gjerast praktisk brukbar i arbeidet med barnevernssaker. Barnevernsarbeidaren brukar kollegiale drøftingar som ein reiskap i dette konstruksjonsarbeidet.

Å drøfte barnevernssaker kollegialt verkar med til å gjere den barnevernsfaglege avgjerdsprosessen kollektiv, og avgjerda blir ikkje den enkelte barnevernsarbeidaren sitt ansvar åleine. Dette er eit poeng som også blir løfta fram i neste kapittel. Her diskuterer eg korleis barnevernssaker som har vore drøfta og fått ei meining «backstage», får meining og blir forhandla om frontstage i møte med foreldra til barnet som desse barnevernssakene handlar om. Når det står eit profesjonelt kollektiv bak eit syn verkar dette med i forhandlingsprosessar som skjer her. Det er viktig å trekke fram at barnevernets drøftingssituasjonar er ein «lukka arena» som ikkje andre deltakarar som blir involvert i ei barnevernssak har innsyn i, heller ikkje familien som barnevernsaka handlar om. Barnevernets kollegiale forhandlingar om problemforståingar og løysingar er ikkje tilgjengeleg for andre enn barnevernsarbeidarane sjølve.

Kapittel 5 Konstruksjonar av ein samarbeidsrelasjon i møte med barnets foreldre

Førre kapittel viste korleis barnevernsarbeidarane skapar mening til barnevernssaker i kollegiale drøftingsforum der familien ikkje er til stades sjølv, og kapittelet peikar ut kva diskursive praksisar som verkar med når barnevernsproblem og barnevernsklientar blir konstruert «backstage». I dette kapittelet rettar eg merksemda «frontstage», og viser korleis barnevernssaker får mening i møte mellom barnevernsarbeidarar og foreldra til barnet som barnevernssaka handlar om. Det er vanleg å ha møte med barnets foreldre fleire gonger gjennom arbeidet med ei barnevernssak. Desse møta kan ha fleire ulike funksjonar og føremål alt etter kva problemstillingar som gjeld i den aktuelle saka og kvar i arbeidsprosessen saka er. Uavhengig av dette er barnets foreldre sin formelle status som part i saka sentral, og gjer at foreldresamarbeid spelar ei viktig rolle for arbeidsprosessen. Foreldre har eigne rettar i høve til å påverke arbeidet med saka, og barnevernsarbeidaren er alltid plikta til å ta omsyn til foreldras meiningar før barnevernstiltak blir sett i verk. Det er vidare eit mål at barnevernet skal søke løysingar i dialog med foreldra. Tiltak som blir sett i verk skal helst vere frivillige og med samtykke frå foreldre, berre i svært alvorlege tilfelle kan tiltak setjast i verk med tvang.

Som eg peika på i kapittel 1 representerer spenninga mellom barns og foreldres interesser eit grunnleggande dilemma ved barnevernssaker. Slike spenningar kan bli spesielt utfordrande å handtere i tilfelle der det ikkje er eit alternativ å bruke tvang (Midjo, 2010). I dette kapittelet utforskar eg korleis foreldresamarbeidet kjem til uttrykk i møte mellom barnevernsarbeidaren og barnets der partane har ulike interesser og syn på barnevernssaka. Sett frå barnevernet sin ståstad er dilemma med ulike og motstridande interesser spesielt tydeleg i slike saker. I møta kjem denne spenninga ofte til uttrykk ved at partane ønskjer gjennomslag for ulike syn på problemdefinisjonar og tiltak, eller om tiltak bør setjast inn i det heile. Eg utforskar i kapittelet korleis barnevernsarbeidarane diskursivt handterer slike forhandlingar i møta med foreldre om slike spørsmål. Eit spesielt fokus rettar seg mot å diskutere korleis barnevernsarbeidarar markerer si profesjonelle rolle som fagleg autoritet. Korleis går dei fram for å grunnje sitt syn på saka når barnets foreldre ikkje deler dette synet? Kapittelet viser at framgangsmåtane dei brukar er prega av eit mål om å ta vare på og halde ved like ein samarbeidsrelasjon slik at ikkje arbeidet med saka står i fare for å bryte saman på grunn av konflikt. Barnevernets aktivering, kontroll og regulering av deltakaranes institusjonelle roller i samhandlinga står sentralt for dette arbeidet.

5.1 Møte med barnets foreldre i barnevernssaker

Det er ikkje uvanleg at det oppstår situasjonar undervegs i arbeidsprosessen der barnevernsarbeidaren og barnets foreldre har ulike syn og interesser i barnevernssaka. I fleire av dei barnevernssakene som utgjer mitt materiale er foreldresamarbeidet under heile eller delar av arbeidsprosessen prega av motstridande syn. Under arbeidet med saka om Ida på fire år (jf kap 4.3.2) dukkar det brått og litt uventa opp ei bekymringsmelding om at Idas mor har drikke alkohol på ei reise. Denne bekymringsmeldinga kom rett før det var meininga at Ida skulle flytte heim att til foreldra etter eit opphald i fosterheim. Barnevernsarbeidaren uttrykker i eit møte med Idas mor der dei snakkar om denne bekymringsmeldinga at ho no er bekymra for om denne hendinga er eit teikn på at mor ikkje har kontroll over rusmisbruket sin. Ho seier også at ho er skuffa over at Ida si mor ikkje fortalde om hendinga sjølv, men at ho fekk vite om det gjennom ei bekymringsmelding frå andre. Barnevernsarbeidaren seier at ho no er uviss på om det er rett å tilbakeføre Ida likevel, og ho omtalar hendinga som «ein sprekk». Ho snakkar om sprekken som eit problem som mor har, og som kan bli eit problem for Ida. Mor forstår ikkje problemet på same vis. Ho seier at dette var noko som skjedde ein gong, og det var ein naturleg reaksjon på ei hending som oppstod på reisa. Ho skuldar både barnevernsarbeidaren og barnevernssystemet for å vere direkte skuld i at dei personlege problema som ho har hatt framleis er der. Ho seier på eit tidspunkt i møtet at det er barnevernet som har skulda for at problema har fått utvikla seg. Idas problem vert stadig fortolka som mindre alvorlege av Idas mor enn av barnevernsarbeidaren. Dei gjer heilt ulike vurderingar av kor alvorlege konsekvensane av mors alkoholbruk er for jentas fungering og utvikling.

For barnevernsarbeidaren knyter det seg fleire oppgåver til møte med barnets foreldre i slike situasjonar. For det vidare arbeidet med saka vil det for det første vere viktig å komme fram til ei forståing av barnevernsproblema i saka som kan danne grunnlag for vidare handling i saka og setje i verk tiltak. Problemet må definerast som av anten den eine eller den andre typen for å få ei løysing, og det er ønskjeleg at foreldra samtykker til det som blir bestemt. I Ida-saka handla desse alternativa om vidare fosterheims plassering eller tilbakeføring til foreldra. På ei anna side er ei like viktig oppgåve for barnevernsarbeidaren å halde ved like ein arbeidsrelasjon til foreldra som gjer at arbeidet ikkje stoppar opp, eller at saka må avsluttast på grunn av konfliktutvikling. Det handlar om å etablere ei gjensidig orientering, eller det Goffman kallar «working consensus» (Goffman, 1969:21), mot kva roller dei har for kvarandre som profesjonell og barnevernsklient. I situasjonar med relasjonelle spenningar og usemje krev dette forhandlingar, då forventningane til kva rollepar som gjeld i utgangspunktet ikkje er

samanfallande. Som i møte mellom Idas si mor og barnevernsarbeidaren. Idas mor meiner at det barnevernsarbeidaren omtalar som ein sprekk ikkje har relevans for saka, og at barnevernet difor ikkje har ei legitim rolle som hjelpar i høve til dette problemet. Barnevernsarbeidaren er av ei anna oppfatning og ønskjer å gripe inn med tiltak.

Eg skal no vise korleis barnevernsarbeidaren forsøker å realisere ei gjensidig orientering i denne typen møte med barnets foreldre. Eg brukar Goffmans (1974, 1981) omgrep ramme og footing i analysen for å få fram dette. Omgrepsparet blir brukt til å diskutere korleis barnevernsarbeidaren og foreldra orienterer seg mot og aktivt konstituerer og konstruerer sine roller i desse møta, og korleis dette påverkar meiningsproduksjonen. Rammeomgrepet opnar opp for å analysere fram korleis barnevernsarbeidaren og barnets foreldre saman gjer gjeldande forventingsstrukturar i møtesituasjonen, noko som påverkar kva identitetar deltakarane snakkar og handlar utifrå. Desse forventingsstrukturane definerer kven dei er for kvarandre, kva relasjon dei har og kva deltakarrolle dei får i samhandlingssituasjonen. Rolle, eller posisjonering relaterer seg til rammer, men viser spesielt til korleis rammene for samtalen kan endre seg undervegs ved at ein av partane aktiverer andre deltakarstatusar i situasjonen.

5.2 Det innleiande snakket og etablering av samarbeidsrammer

Det er vanleg for introduksjonsfasen i klientsamtalar at dei bryt med den byråkratiske forma som profesjonelle samtalar ofte har (Måseide, 2008:371). Samtalen liknar i denne fasen meir på det Drew og Heritage (1992) kallar «ordinære samtalar», og skil seg frå dei institusjonelle ved at dei ikkje verkar å ha ein tydeleg relevans for det institusjonelle føremålet som samtalen er del av. I mitt materiale var denne pre-institusjonelle fasen i møte mellom barnevernsarbeidar og barnets foreldre ofte prega av «small talk». Snakket mellom dei relaterer seg i denne delen av samtalen ikkje direkte til barnevernssaka, stemninga er uformell og har eit personleg preg. Dei asymmetriske aspekta ved relasjonen vert tona ned og liknar meir ein samtale mellom to likeverdige partar. Samhandlinga er prega av «sosialt snakk», snarare enn «institusjonelt snakk» (ibid).

Den innleiande delen av samtalen kan likevel ha ein viktig funksjon, spesielt i møte der det har vore relasjonelle spenningar tidlegare. Å etablere ei small-talk ramme for samtalen kan vere konfliktdepande. Men for at dette skal bli vellukka krev det at foreldra møter barnevernsarbeidaren på måtar som gjer at denne ramma blir haldt ved like. Først då vil det bli etablert ei gjensidig orientering i møtet som kan tene det vidare snakket.

5.2.1 Idealisering og markering av normalitet

Møtesituasjonen som eg vil diskutere først handlar om Karsten på 9 år. I barnevernssaka om Karsten har barnevernet konkludert med at problema til Karsten skuldast eit «uheldig samspel i familien». Denne problemkonstruksjonen er resultatet av eit tre månader langt undersøkingsarbeid. Undersøkinga starta med ei bekymringsmelding frå ein lege som melde bekymring for at Karsten nekta å ta livsnødvendig medisin. Etter dette har barnevernsarbeidaren hatt samtalar med barna og dei vaksne i familien, vore på heimebesøk og vurdert informasjon og opplysningar som har komme frå andre kjelder om familien. I kollegiale drøftingar backstage er det spesielt vurderingar av fars psykiske vanskar og rusbruk som vert trekt fram som uheldig, samt at Karstens mor «lar gutten få styre». Foreldra til Karsten deler ikkje denne problemforståinga. Dei meiner at problema til Karsten skuldast diagnosen som Karsten får medisin for. Barnevernet og Karstens foreldre plasserer årsaken til problema ulikt, og viser døme på korleis ulike barnevernsskasus blir konstruert som følgje av partanes «ordering work» (White, 2002:412) når dei argumenterer mot kvarandre.

Barnevernsarbeidaren som jobbar med denne saka fortel meg at ho opplever saka til Karsten som svært vanskeleg på grunn av usemja med Karstens foreldre. Ingen av foreldra vil samtykke til tiltaka som barnevernet har foreslått, det har vore vanskeleg å få tilgang på informasjon om korleis familien har det, og Karstens mor har sagt at ho ønskjer at barnevernet skal avslutte arbeidet med saka. Ho har gitt uttrykk for at familien ikkje treng hjelp i det heile. I møtet som eg presenterer utdrag frå har barnevernsarbeidaren på førehand laga ein plan om å fortelje foreldra at ho vurderer situasjonen til Karsten som alvorleg, og ho vil presentere tiltak som ho meiner at bør setjast i verk for at situasjonen til Karsten skal bli god nok.

Møtet startar med at barnevernsarbeidaren først helsar på foreldra og seier «vel overstått 17.mai». Barnevernsarbeidaren smilar og har ei markert vennleg framtoning. Ho spør korleis familien feira denne dagen. Mor til Karsten fortel frå dagen og forteljinga ho presenterer handlar om kor kjekt det har vore. Barnevernsarbeidaren kommenterer denne forteljinga i ein spøkefull tone, og ler lett når ho seier at «ja, det er ei stund til ein begynner å bli engestelig». Mor fortel då at bror til Karsten var på fest om kvelden, og at han på denne festen var med på ein konkurranse der ungdom kunne vinne ein premie dersom dei «blåste grønt» i ein alkoholtest ved midnatt. Samhandlinga er prega av ei lett stemning og dei snakkar høfleg til kvarandre. Samtalen har eit trivielt og kvardagsleg preg, og minner lite om ein sosial situasjon der alvorlege livsproblem er tema. Barnevernsarbeidaren snakkar roleg og vennleg og både mor og far svarar vennleg og høfleg tilbake.

Barnevernsarbeidaren avsluttar snakket om 17.mai og vender seg direkte til Karstens far (her kalla for «Inge») og hans situasjon som pasient på ein rusbehandlingsinstitusjon. Barnevernsarbeidaren markerer med dette eit rammeskifte, og orienterer seg meir tydeleg mot fars identitet som klient. Far til Karsten er til vanleg innlagt, men har den siste tida hatt permisjon, og det er dette barnevernsarbeidaren kommenterer. Det er verdt å legge merke til korleis barnevernsarbeidaren går fram når ho introduserer tema. Ho (B1) snakkar framleis med ei markert roleg stemme, og nyttar førenamnet til far (F) når ho snakkar til han:

B1: du da, Inge, du har vore heime sidan 3.mai?

F: eg reiser i morgon att, så det

B1: du ser godt ut

Far fortel som ein respons på denne kommentaren kor positivt opphaldet heime har vore, og han seier at Karsten har «snudd heilt om», at det har vore veldig triveleg heime den siste tida og at det «var så koselig å ete ordentlig middag ilag».

Gjennom dei korte utdraga frå den innleiande delen av samtalen ser vi her korleis barnevernsarbeidaren og foreldra til Karsten saman skapar ei forteljing om ein vanleg, normal familie. Møtet startar med at barnevernsarbeidaren legg til rette for at ei slik forteljing skal få utvikle seg. Problema i familien er eit ikkje-tema, dei vert direkte underkommunisert. Ved å stille spørsmål om korleis familien har feira 17.mai vert merksemda retta mot heilt andre forhold i familien, og det er ein direkte invitasjon til å snakke om det normale familielivet. Både mor og far svarar på invitasjonen og fortel kva dei gjorde denne dagen. Dei får fram i det dei seier at dei har hatt ein hyggeleg og fin dag i lag.

Barnevernsarbeidarens invitasjon til snakk om 17 mai kan blir forstått som ei symbolsk handling. Ved å rette merksemda mot det vanlege og normale i familien kommuniserer barnevernsarbeidaren på same tid ei forventning om at familien er nettopp det. Vanleg og normal. Handlingane illustrerer eit ansiktsarbeid (Goffman, 1967) som held ved like eit positivt inntrykk av familien og det illustrerer eit døme på idealisering (Goffman, 1969). Idealisering er eit av Goffmans kvardagsrituale som handlar om å markere at ein trur det beste om kvarandre, og det er ein markering av normalitet, snarare enn avvik. Kommentaren «det er ei stund til ein begynner å bli engstelig» er ei slik markering. Barnevernsarbeidaren trekk her fram vanlege bekymringar og erfaringar som alle foreldre har for sine barn. Vi ser også at denne normalitetskonstruksjonen utviklar seg gjennom eit samarbeid. Karstens mor stadfestar den identiteten som barnevernsarbeidaren gjev ho ved å halde fram med å fortelje om seg sjølv og

familien som vanlege og som skikkelege folk. Ho legg vekt på å presentere ei forteljing om kor kjekk dagen var og ho fortel ei historie om sonen som deltek på ei rusfritt arrangement. Gjennom samtalen skapar dei saman ein situasjon der partane snakkar til kvarandre som normale, ideelle og likeverdige personar.

På mange måtar held barnevernsarbeidarens normalitetsarbeid fram etter rammeskifte der spørsmåla som blir stilt relaterer seg til fars rusproblem. Det blir gjort gjeldande ein problemidentitet for far, men denne identiteten blir introdusert med diskresjon. Barnevernsarbeidaren refererer ikkje eksplisitt kvar far oppheldt seg før 3.mai, og kommentaren om at «du ser godt ut» verkar også med til å halde ved like det positive inntrykket av far som allereie er skapt gjennom forteljingane om 17.mai. Problema som knyter seg til rusproblema vert på denne måten underkommunisert, eller i det minste kommunisert på ein indirekte måte. Ein sosial situasjonen med tre vennleg innstilte og samarbeidsorienterte personar som snakkar saman blir haldt ved like gjennom slikt snakk. Karstens far svarar at han «reiser i morgon att», før han fortel om kor koselig familien har hatt det rundt middagsbordet heime den siste tida. Han seier rett nok at dette er ein ny situasjon («Karsten har snudd heilt om»). Likefult, ved det far seier her held han ved like ein sjølvpresentasjon som normal og godtfungerande familiefar. Gjennom snakket distansar han seg frå rolla som rusmisbrukar og barneverns klient. Barnevernsarbeidaren gjer i denne delen av samtalen ingen forsøk på å komme med alternative forteljingar som kunne skapt eit anna inntrykk. Ho anerkjenner og stadefestar denne sjølvpresentasjonen. Når barnevernsarbeidaren spør kor lenge far har vore heime er dette ein høfleg gest, meir enn eit spørsmål som handlar om permisjonens varigheit. Ho seier datoen for avreise sjølv, og viser med dette at ho veit svaret. Det ho seier kan snarare tolkast som ei markering av interesse for far, og det er ei sosial handling som markerer eit ønskje om å bli oppfatta som ein hyggeleg og imøtekommande person. Bruk av førenamnet hans har også ein sosiale effekt, og verkar med til å skape ein nærleik og intimitet i samtalen som bryt med ei byråkratisk form.

Normalitetssnakk, snakk om 17.mai og samtalesekvensen mellom barnevernsarbeidaren og Karsten far kan i denne møtesituasjonen verke med til å etablere ei samarbeidsramme som kan tene den vidare samtalen. Å opptre slik frå barnevernsarbeidaren si side symboliserer respekt og anerkjenning for ein familie som i utgangspunktet har fått tildelt eit sosialt stigma (Goffman, 1963). Å vere barneverns klient er ein avvikande sosial identitet, og for mange er det ei stor påkjenning og ei krise å bli undersøkt av barnevernet, og dei kan bli usikre på kva som kjem til å skje med barna. Dette var tilfelle for familien til Karsten. Å akseptere ei rolle som

barneverns klient omfattar altså på same tid å underordne seg eit system som definerer deg som ein person og der det blir tydelege at ein ikkje er som andre vanlege folk. Ved å støtte opp om eit positivt inntrykk av Karstens far og Karstens familiesituasjon, og markere denne som også normal, god og trygg blir foreldra sett som noko meir og anna enn berre personar med problematiske identitetar. Dette har på same tid ein positiv sosial effekt i samtalen.

Det er først etter dette innleiande snakket at barnevernsarbeidaren orienterer samtalen meir tydeleg og direkte mot tema som tidlegare har vore vanskeleg å snakke om og som knyter seg til dei problema som barnevernsarbeidaren meiner at familien har. Det skjer med dette eit brot med idealiseringa som har vore. Ved å skape ei gjensidig orientering mot samarbeid og gjensidig respektfull framferd innleiingsvis i samtalen kan dette verke med til å plikte dei som er til stades om å ta vare på og halde ved like denne ramma vidare. Når barnevernsarbeidaren er hyggeleg og imøtekommande skaper dette forventningar til at Karstens foreldre er hyggeleg tilbake. Denne innramminga pliktar foreldra til å opptre slik idealiseringa til barnevernsarbeidaren krev. Som utdraget viser aksepterer Karstens foreldre denne situasjonsdefinisjonen. Dei er hyggeleg tilbake, svarar på alt dei blir spurd om og bidreg på denne måten til å skape ein slik situasjon. Den vidare samtalen utviklar seg heller ikkje til ein open konflikt. Undervegs oppstår det fleire diskusjonar om problema til Karsten og partane held fast på kvar sine årsaksforklaringar slik som har vore tilfelle før. Samhandlinga gjennom heile samtalen er likevel prega av at dei klarar å på ein situasjonsdefinisjon som er felles nok til at dei kan prate saman om dette utan at det endar opp i open konflikt, eller brot.

Bruk av small-talk for å underkommunisere konflikt og etablere ei samarbeidsramme for samtalen blir kanskje enda meir tydeleg i det neste utdraget. Dette handlar om eit møte om Ida si sak, som eg nemner innleiingsvis i kapitlet. Det er ein barnevernsarbeidar og foreldra til Ida som møtes. Det aktuelle spørsmålet på møtetidspunktet knyter seg til om Ida skal flytte heim att til foreldra, noko foreldra ønskjer sjølv eller om ho bør vere lenger i fosterheim.

5.2.2 Personifisering av den profesjonelle relasjonen

Rett før dette møtet som eg presenterer utdrag kjem eit utgreiingsresultat frå ein psykolog på barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (Bup) som viser at Ida har tilknytingsvanskar. Ida er adoptert og psykologen fortel at dette kan ha noko med tilknytingsproblemet å gjere. Psykologen presenterte dette resultatet for Idas foreldre og barnevernsarbeidaren ei veke før dette møtet her. Under presentasjonen der psykologen snakkar om terapiopplegget forlèt far møtelokalet i sinne. Når barnevernsarbeidaren snakkar med han på telefon litt seinare fortel at

han føler seg lurt av både barnevernet og av Bup, og at han kjenner seg sett til side som omsorgsperson for jenta. Han meiner at diagnosen som psykologen gjev Ida må vere feil. Han opplever ikkje at dei problema som psykologen skildrar med Ida stemmer med slik han opplever dette heime. Han seier også at han kjem til å nekte å la jenta gå i terapi slik som psykologen kjem med framlegg om.

Barnevernsarbeidaren drøftar denne situasjonen kollegialt i det interne drøftingsmøte på kontoret og dei diskuterer her kva ho skal gjere dersom far nektar jenta behandling. Ein av barnevernsarbeidarane nemner fylkesnemnd som ei løysing dersom far og mor ikkje går med på at jenta går i terapi. Barnevernsleiaren er tydeleg på at ho vurderer dette som er ei dårleg løysing og seier «uff, nei her må me vere i dialog». Ho er redd for at «då har du starta krigen». Ho oppmodar barnevernsarbeidaren heller om å finne måtar å få foreldra til å forstå at terapi vil vere det beste for jenta. Konklusjonen i det kollegiale møtet er at dei ventar med vidare vurderingar i saka til barnevernsarbeidaren har hatt møte med foreldra, og ho vil prøve der å få dei med på å la jenta få terapi.

Då barnevernsarbeidaren og eg kjem til møtelokalet sit foreldra og ventar. Etter nokre innleiande helsefrasar og etter at me har sett oss ned rundt møtebordet spør barnevernsarbeidaren om ferien som Idas mor har vore på saman Ida. Ho spør korleis dei har hatt det og kva dei har gjort på. Far seier ingenting, han har eit mutt uttrykk og han kommuniserer med dette misnøye. Barnevernsarbeidaren ignorerer dette. Ho prøver ikkje å involvere far i samtalen og rettar seg mot Idas mor når ho snakkar. Idas mor fortel at dei har vore i ein dyrepark og at dette var veldig kjekt. Ho fortel frå opplevingane der, men trekk fram at ho tykkjer det er dyrt å vere på ferie med barn. Barnevernsarbeidaren seier då at det er ho veldig samd i og fortel om ein gong ho opplevde å bli overraska over prisar på slike stader då ho sjølv var på feire med barna. Det er ei lett stemning når dei snakkar saman og dei ler og spøkar. Når Idas mor er ferdig å fortelje spøker barnevernsarbeidaren om mors alkoholbruk når ho kommenterer «eg må jo sei det til deg då, at der [på ferie med Ida] er det forbode med alkohol». Begge to ler av denne kommentaren før dei går vidare til neste tema.

Etter snakket om ferien seier barnevernsarbeidaren at ho har tenkt litt på adopsjonsrapporten som låg til grunn for adopsjonen av Ida for to år sidan. Ho seier at ho kunne tenkt seg å vite litt meir om oppveksten til mor, om familiebakgrunnen hennar. Ho fortel at det er interessant å kjenne til historia til barnets foreldre og ho trekk fram at Idas mor tidlegare har sagt at ho har ein «trøblete bakrunn». Idas mor svarar på dette med å fortelje om erfaringar ho har hatt med

ein vanskeleg oppvekst med få gode og nære relasjonar. Barnevernsarbeidaren følgjer interessert med og kjem stadig med blick og nikk som anerkjenner det mor seier. Samtalen har eit fortruleg og privat preg der Idas mor fortel detaljar om oppveksten og barnevernsarbeidaren lyttar og let mor fortelje. Etter denne samtalen om familiebakgrunn seier Lise «men så var det jenta og utredningen». Ho har trykket på «men», og markerer med dette eit nytt skifte i tema. Lise seier at ho nett har snakka med psykologen om kor intens terapiopplegget for jenta kjem til å bli, og samtalen dreier seg over på tema som knyter seg direkte til det som er møtets agenda.

Denne innleiande delen av samtalen tek om lag ti minutt. Vi ser her at barnevernsarbeidaren på same måte som barnevernsarbeidaren i møte med Karstens foreldre startar samtalen med å snakke om eit tema som tilsynelatande verkar lite relevant for sjølve barnevernssaka og problema her. Vi ser i begge møta at barnevernsarbeidaren markerer distanse frå ei rolle som formell og byråkratisk, men i møtet med Idas mor ser vi enda tydelegare korleis barnevernsarbeidaren også aktiverer ein personleg og privat deltakingsstatus i samtalen. Når barnevernsarbeidaren og Idas mor snakkar om ferieturen liknar samtalen ein som kunne vore mellom to nære som kjenner kvarandre godt. Latteren skapar ei lett stemning og forsterkar dette inntrykket. Det same skjer når Idas mor fortel om kor dyrt det var å feriere med barn i familieparker og barnevernsarbeidaren seier at ho har hatt dei same erfaringane sjølv. Då er det ikkje lenger ein profesjonell barnevernsarbeidar som snakkar, men ein privatperson. I eit augneblikk aktiverer ho ein deltakingsstatus som mor, og skapar med dette ein sosial situasjon der to mødrer med dei same erfaringane snakkar saman. Dette illustrerer korleis «a strip of behaviour that is less long than a grammatical sentence» (Goffman, 1981:128) kan verke inn på kva sosiale identitetar som blir gjort relevante og synlege. Den profesjonelle relasjonen blir med denne typen snakk og samhandling personifisert. Det er ikkje ein profesjonell og klient som snakkar saman, det er to likeverdige partar.

På eit tidspunkt i samtalen spør barnevernsarbeidaren med mors alkoholbruk. Ho seier med lattermild stemme «eg må jo sei det til deg då, at der er det forbode med alkohol». Det som kan høyras ut som ein uviktig spøkefull kommentar skapar likefullt ei bestemt mening til situasjonen. Orda ho seier formidlar fleire budskap og det kan bli forstått som ein måte å metakommunisere om rolla si som barnevernsarbeidar på. På ei side markerer ho med denne formuleringa at rolla som barnevernsarbeidar pliktar ho å ha kontroll over mors rusbruk. Men når ho ler og spør får det ho seier også eit anna meiningsinnhald. Det kan tolkast som ei markering av at ho personleg trur betre om Idas mor enn at ho drikk på tur saman med jenta. Barnevernsarbeidaren formidlar med denne måten å uttrykke seg på at ho spør fordi ho er

institusjonelt plikta til det, ikkje fordi ho sjølv trur det er slik. Ho distanserer seg med dette frå den delen av si profesjonelle rolle som knyter seg til kontroll, og signaliserer ei ambivalent haldning til ei slik rolle. Latteren og forma gjer at kommentaren ikkje får meining som ein instruks eller ordre frå ein autoritet. Mor ler av det som vert sagt og viser at ho tykkjer denne kommentaren var morosam og treffande. Aktivering av denne deltakarolla gjer gjeldande ei uformell ramme, men også ei samarbeidsramme.

Barnevernsarbeidaren gjer eit rammeskifte når ho nemner adopsjonsrapporten. Å trekke fram adopsjonsrapporten er ei markering av at snakket no går over i ein annan fase og at ramma som gjeld er meir profesjonelt orientert enn under samtalen om ferie. Tema har direkte relevans for barnevernssaka. Samstundes markerer barnevernsarbeidaren også i denne delen distanse frå ei rolle som byråkratisk og autoritær. Ho inviterer mor til å fortelje om oppveksten sin og signaliserer med det interesse for mor som person. Ho har tilgang på ein skriftlig rapport som ho har lese, men fortel at ho ønskjer å høyre mor si forteljing. Ho referer til at mor sjølv har omtalt oppveksten sin som «trøblete». Barnevernsarbeidaren viser at ho vil møte Idas mor som ein unik person, ikkje som ei standardsak. Mor svarar på invitasjonen og fortel om fleire svært private opplevingar frå oppveksten. Ho gjev inntrykk av å fortelje om fortida si slik den var utan å skjule noko som helst av det vonde, og definerer med dette ein sosial relasjon til barnevernsarbeidaren som nær og personleg. Når ho fortel viser barnevernsarbeidaren med anerkjennande blick og nikk interesse og forståing for det Idas mor fortel. I denne sekvensen blir det slik skapt ei intim og nærast privat ramme for samtalen der det er to fortrulege som snakkar saman. Samstundes kan det tenkast at Idas mor har eit ønske om å presentere forklaringar og legitimere problema som ho har hatt med rus. Forteljinga verkar med til å plassere skuld og ansvar for rusproblema på oppvekstforhold, snarare enn mor sjølv. Hall og Matarese (2014) har vist at det å opne opp for at klientar får presentere narrativ på denne måten, kan ha ein funksjon i profesjonelle samhandlingssituasjonar. Sjølv om klientens forteljing ikkje alltid har direkte relevans for saka, fungerer dei som viktige markeringar av klientens rett til å komme med si forståingar av ein røyndom som kan komme i fleire versjonar.

Då Lise på eit tidspunkt seier «men, så var det Ida og utredningsrapporten» markerer ho enda eit nytt skifte av samtaletema. Ho markerer med dette at dei no er over i den delen av samtalen som handlar om det dei eigentleg har møttes for å diskutere.

Eg har vist korleis barnevernsarbeidaranes i den innleiande delen av eit møte med barnets foreldre gjer gjeldande eit small-talk format for samtalen. I denne delen blir dei institusjonelle

aspekta ved samtalsituasjonen underkommunisert, og barnevernsarbeidaren markerar ein distanse frå ei profesjonell rolle som byråkratisk og formell. I staden aktiverer barnevernsarbeidarane ei personleg og nær deltakingsstatus ved å vise interesse for og møte foreldra som personar, snarare enn som standardsaker. Framferda liknar eit «kjenslearbeid» slik Hochschild (2003) snakkar om det. Vi ser at barnevernsarbeidarane i bådø møtesituasjonane ler og på andre måtar skapar ei lun og god stemning for snakket. Tema som ikkje har direkte relevans for barnevernssaka er i fokus her. Tema knyter seg til ferie og 17.mai feiring og barnevernsarbeidaren opnar på denne måten opp for at foreldra får presentere seg som normale. Dei deler erfaringar og markerer eit likeverd i relasjonen. På denne måten distanserer barnevernsarbeidaren seg også frå rolla som profesjonell autoritet, men barnets foreldre distanserer seg på same tid frå rolla som klient. «Livsverdas stemmer» (Mishler, 1984) erstattar dei institusjonelle, og dette har ein funksjon. Det kan tenkast som framgangsmåtar som barnevernsarbeidaren brukar for å signalisere eit ønskje om samarbeid snarare enn konflikt. Ved å distansere seg frå ei rolle som formell, byråkratisk og autoritær markerer barnevernsarbeidarane at dei er hyggelege, vennleg innstilte personar som vil familien det beste. Gjennom å te seg og snakke slik skapar barnevernsarbeidaren ein situasjon som gjer at barnets foreldre føler seg sett og kan kjenne seg vel i situasjonen. Samarbeidsramma skapar på same tid forventningar til at foreldra har ei gjensidig orientering mot denne ramma. Når barnevernsarbeidaren opptreer hyggeleg og imøtekommande med foreldra, skapar det ei forventning om at foreldra er hyggeleg tilbake. Når barnevernsarbeidaren tydeleg viser respekt, anerkjenning og interesse for foreldra, pliktar det foreldra å syne respekt og anerkjenning tilbake.

I mitt materiale var denne måten å innleie samtalen på typisk, spesielt i dei møta der potensiale til konflikt vart rekna som stort. Men også der det ikkje var snakk om store, opne konflikter var det vanleg med slikt small-talk i starten som ikkje er relaterer seg til sjølve saka. Snakket som pregar den pre-institusjonell fase i ein samtale (Drew & Heritage, 1992) har på den måten ein viktig sosial funksjon. Det legg eit grunnlag for det vidare snakket, og produserer ei innramming av møte som kan tene samtalen og arbeidet med barnevernssaka som heilskap. Det kan tenkast at denne innramminga kan verke med til å etablere ein moralsk orden i samhandlingssituasjonen som reduserer potensiale for konflikt når vanskelege og meir sensitive tema med konfliktpotensiale vert introdusert seinare. Dag Album (1996:24) har laga eit skilje mellom samværsformer og kunnskap som to ulike rammer for samhandling. Samværsformer er samhandling som orienterer seg mot relasjonen mellom dei som samhandlar og karakteren som

denne samhandlinga får. Kunnskapsramma orienterer seg mot innhaldet i samhandlinga, og relasjonen er eit middel til å utveksle dette innhaldet. Dette analytiske skiljet får fram ei side ved slike møte mellom barnevernsarbeidar og barnets foreldre som er viktig å få fram. I den innleiande delen av møte prøver barnevernsarbeidaren å etablere ei samværsform som tener arbeidet med saka. Gjennom det som blir sagt, og som ikkje relaterer seg direkte til barnevernssaka, fortel ho noko om seg sjølv og om relasjonen som ho ønskjer å ha til familien; at ho er ein hyggeleg person som vil familien vel, og ho opptre slik for å skape eit legitimt grunnlag for å ta opp sensitive tema og peike på problem ved familiesituasjonen som elles kunne blitt rekna som krenkande.

5.3 Kontroll og regulering av samarbeidsramma

Etter den første innleiande fasen av møtet endrar samværsforma og samtaleformatet seg, og ei tydelegare profesjonell innramming av situasjonen vert gjort gjeldande. Når barnevernsarbeidaren i møte med Idas foreldre seier «men, så var det bekymringsmeldinga» er dette ei markering av at dei no går over i ein fase av samtalen der dei skal snakke om det møtet eigentleg handlar om. Det er også ei markering av ein asymmetri i relasjonen mellom dei som ikkje har vore så tydeleg fram til no. Det er barnevernsarbeidaren som styrer samtalen herifrå og vel kva tema som skal snakkast om. Barnevernsarbeidaren signaliserer med formuleringa ein overgang frå ein uformell small-talk situasjon, og aktiverer ein deltakingsstatus som formell og profesjonell i møte med ein barnevernsklient i ei sak. Frå å delta i samtalen som likeverdige partar gjer barnevernsarbeidaren no gjeldande ein profesjonell setting som fører til at rollene dei har i samtalen blir styrte av andre rolleforventningar. Barnevernsarbeidaren orienterer seg meir direkte mot dei oppgåvene som ho er plikta til å utføre.

Det er likevel ikkje slik at barnevernsarbeidaren og barnets foreldre i resten av samtalen opptre gjennom faste samhandlingsmønster og rolleforventningar som er absolutt gitt på førehand. Spesielt i situasjonar der det er snakk om at partane har ulike syn slik som her vil ein viktig del av samhandlinga knyte seg til å forhandle seg fram til kva roller og klientidentitetar som skal gjelde. Meir enn at barnevernsarbeidaren og barnets foreldre følgjer faste reglar for kven som bestemmer kva og kven dei er for kvarandre, skjer det forhandlingar. Det som også er eit særdrag ved barnevernets klientsamtalar er at det finst ingen tydelege autoritetshierarki som partane held seg til og som styrer samhandlinga slik som i større grad er tilfelle i medisinske settingar (Mishler, 1984). Innafor barnevernets setting har barnevernsarbeidaren ei plikt til å både høyre på og ta omsyn til det foreldra meiner (jf kapittel 1). Barnevernet kan etter skjønnsmessige vurderingar og i unntakstilfelle velje å sjå bort frå deira mening, men retten til

å bli involvert og ha ei stemme er der uansett. Ein kan seie at det i desse møta går føre seg eit kontinuerleg grensearbeid, «boundary work» (Slembrouck & Hall, 2014), der barnevernsarbeidar og barnets foreldre gjennom samhandlinga prøver å regulere aktivitetane og dei sosiale relasjonane som gjeld. Grensearbeidet kan knyte seg til å etablere grenser for kva tema som er relevant å snakke om, kva som ikkje er det og kven som har ansvar for kva i problema dei snakkar om. I barnevernssaker der det er ulike syn på kva problema i barnevernssaka handlar om og korleis desse kan løysast er dette aktuelle problemstillingar som må avklarast for å kunne gå vidare i arbeidsprosessen.

Eg skal no illustrere korleis slike forhandlingar kan gå føre seg. Merksemda rettar seg spesielt mot korleis barnevernsarbeidaren posisjonerer seg sjølv og barnets foreldre og med dette gjer gjeldande ulike rammer for samtalen. Dette posisjoneringsarbeidet påverkar kva samhandlingssituasjonar som vert etablert og det påverkar meningsproduksjonen i barnevernssaka. Rammene har konsekvensar for kva type samarbeids- og autoritetsrelasjonar som vert gjort gjeldande, og då kven som rår over kva forteljing om barnevernssaka og kva problemkonstruksjonar som skal reknast som gyldige.

5.3.1 Etablering av ei tilsynelatande forhandlingsramme

I løpet av samtalen, og ofte tidleg i samtalen, var det vanleg at barnets foreldre vart invitert inn til å fortelje om sine opplevingar og perspektiv på barnevernssaka. Barnets foreldre blir med denne invitasjonen gitt ei klientrolle som opnar for å påverke korleis samtalen om barnevernssaka utviklar seg. Dei får peike ut aktuelle tema og seie si meining om problema som blir diskutert. Barnevernsarbeidaren gjer med ein slik invitasjon gjeldande ei forhandlingsramme der foreldra får ei aktiv rolle som meningsproduserande aktørar i barnevernssaka. Eg skal vise utdrag frå ein møtesituasjon der barnets foreldre blir invitert inn i samtalen på denne måten. Utdraga får fram at sjølv om foreldra får tildelt ein status som aktiv deltakarar med rett til å seie si meining, gjev ikkje ein slik deltakingsstatus automatisk tilgang til å påverke problemkonstruksjonar i saka.

I tilfellet som eg brukar som døme har barnevernsarbeidarane allereie etablert ei problemforståing for saka backstage i barnevernsskollegiet. Denne forståinga blir ikkje formidla direkte til foreldre, men som analysen vil vise prøver barnevernsarbeidaren i staden å ta kontroll over og regulere foreldras innverknad på kva meningskonstruksjon som skjer, og ein kan spørje seg kva funksjon ein slik invitasjon då vil ha. Bruk av diskursive ressursar i samtalen for å

orientere eit narrativ (Hall & Matarese, 2014) om barnevernsproblemet i ei retning som støttar opp om barnevernsarbeidarens syn står sentralt her.

Møtet som utdraget er henta frå handlar om saka til Kåre og Knut på 9 og 11. Saka til Kåre og Knut har vore ei barnevernssak over ein lengre periode. I denne perioden har barnevernet sett inn mindre hjelpetiltak i familien, men på møtetidspunktet bur Kåre og Knut i fosterheim. Foreldra samtykka til denne fosterheimsplasseringa i samband med at barnas mor brått måtte leggast inn på sjukehus på grunn av ein kronisk sjukdom og det kom inn ei bekymringsmelding frå helsepersonalet om uro for barnas omsorgssituasjon. Sjølv om foreldra samtykka til denne plasseringa, har dei heile tida meint at plasseringa er unødvendig. Fristen for fosterheimstiltaket går snart ut, og barnevernet ønskjer å forlenge tiltaket. Det er to barnevernsarbeidar (B1 og B2) som jobbar saman med dette undersøkingsarbeidet. Dei har no ha laga ein avtale om å møte foreldra til barna for å diskutere status i barnevernssaka.

Før møte med foreldra har dei saman med barnevernsleiaren i tenesta eit førebuande møte der dei sakkar om barnevernssaka, og lagar ein plan for dette møtet. I dette møtet omtalar dei barnevernssaka som «alvorleg», og B1 seier at foreldra «ikkje ser behovet hjå gutane». Det blir trekt fram at det er mykje konflikter i heimen og at foreldra er meir oppteken av eigne behov enn av barnas behov. I det førebuande møtet snakkar dei om at det er viktig å få foreldra med på å forlenge fosterheimstiltaket. Samstundes vurderer dei at dette kan bli vanskeleg å få til. Familien har vore motstandar av fosterheimsløysinga heile tida, og gjekk med på denne plasseringa under høgt press. Fleire gonger gjennom det førebuande møtet gjennomfører dei rollespel (jf kapittel 4.3.4) der dei øver seg på møtesituasjonen som skal komme. Dei konkluderer med å sjå kva situasjonen vil vere etter møtet med foreldra og vurdere grundigare om tvang kan reknast som ei løysing etter dette møtet.

Sjølve møtet med foreldra til Kåre og Knut (M= mor, F=far) skjer i barnevernstenesta sine kontorlokale, og foreldra sit i rommet då B1 og B2 kjem inn. Det er først ein kort sekvens med litt «small talk» før det skjer eit rammeskifte når B1 ber foreldra om å «fortelje litt:

B1: vil de fortella litt då, Anne og Per?

M: (litt uklart kva som vert sagt...både M og P mumlar og svarar ikkje heilt)

B2: korleis denne perioden har vore..

M: eemm, tungt

B1: tungt, kva som har vore tungt tenker du?

M:nei, for når det..han Knut begynte jo med det at han forsvant når dei skulle til [fosterheimen] att når (uklart)

B1: kor tid skjedde det?

M: nei, det har jo vore slik sidan syttande mai egentlig

B1: mm

M: då begynte dei begge to å sette seg opp for dei begynte å grine begge to fordi dei skulle til Grønvik [namnet på staden der fosterheimen ligg]

B2: kva du sa no at?

M: sette seg til å grine begge to fordi dei skulle til Grønvik

Vi ser her at samtalen startar med at barnevernsarbeidaren inviterer foreldra til å «fortelje litt», og spørsmålet illustrerer eit typisk døme på det Hall og Matrese (2014:86) omtalar som ein «invited story». Det vil seie at sosialarbeidar ber klienten om å fortelje kva som har skjedd sidan sist dei treftes. Ein slik invitasjonen til å «fortelje litt» gjer meir enn å få foreldre til å snakke, det er også eit signal om at barnevernsarbeidaren reknar dei som aktive deltakar i det vidare arbeidet og at informasjonen dei kjem med vert rekna som relevant. Spørsmålet blir først stilt heilt ope, noko som i utgangspunktet opnar opp for at foreldra kan snakke om kva som helst, barnevernsarbeidaren legg i utgangspunktet ikkje føringar. Foreldras mumling og uklare svar kan likevel tyde på at foreldra blir usikre på kva B1 eigentleg vil eller er ute etter med spørsmålet, og at foreldra er uvisse på kva dei kan forvente av møtet. Det dei veit av møteinnkallinga er at tema skal handle om barna og evaluering av fosterheimstiltaket.

B2 presiserer spørsmålet og legg til «korleis perioden har vore», og mor kjem då med eit svar. Barnevernsarbeidarens presisering gjev heller ikkje denne gongen tydelege føringar på tema, og så langt i samtalen blir barnevernsarbeidarens formelle definisjonsmakt tona ned og ho let foreldra styre samtalen.

Når mor fortel «om perioden som har vore» konsentrerer ho seg om å trekke fram problem som har vore i fosterheimen. Ho fortel at perioden har vore «tung», og ho skildrar episodar der gutane har vore lei seg fordi dei må reise til fosterheimen etter samværet med foreldra. Forteljningane som mor presenterer her må bli oppfatta som eit direkte innspel og argument i diskusjonar som dei har hatt tidlegare om denne fosterheimsplasseringa. Ho produserer eit narrativ som illustrerer eit problem (Hall & Matarese, 2014:89), og forteljninga blir på denne måten er ei sosial handling blir brukt til å legitimere ei bestemt oppfatning av ein situasjon (Matarese & Caswell, 2014:46). Forteljninga som blir presentert får fram at fosterheimsplassering verken har vore eller er ei god løysing for barna. Mor skildrar ein situasjon som viser at barna ikkje vil vere i fosterheimen, ho snakkar med ei trist og fortvila stemme når ho fortel, noko som verkar med til å forsterke eit drama i forteljninga.

Neste utdrag er ei direkte vidareføring av utdraget over, og barnevernsarbeidarens responsar på mors forteljning kan indikere at den opne invitasjonen ikkje var så open likevel:

B2: mm

B1: det skjedde ein gong

M: han Knut han har hange rundt halsen min og skal ikkje og førre veke når fostermor kom att så sprang han rett inn på rommet sitt for å gøyme seg.

B1: ja

M:.. for han skulle ikkje til Grønvik han skulle vere hjå mamma

B1: ja, men han Kåre, det var ein gong han har gråte

M: ja, for han er litt lettare å...kom no då Knut seier han

B1: mm

M: men dei er veldig innstilt på det begge to på at dei skal heim att på onsdag

B1. ja, mm

B2: korleis har du hjulpet dei då, Anne, når du har visst den avtalen me har hatt, kva har du gjort i desse situasjonane?

M: nei, eg har jo sagt at dei må jo berre det. Sjølv om det har vore tungt så har eg prøvd å halde meg sterk så lenge dei har vore i hus.

Det er to forhold som peikar seg ut ved barnevernsarbeidarens respons på mors forteljing her. På ei side brukar barnevernsarbeidarane diskursive markørar som signaliserer at dei føl med på det som blir fortald og som opnar for at mor får halde fram med forteljinga. Kommentrar som «mm» og «ja» er døme på dette (Hall & Matarese, 2014). På ei anna side ser vi at barnevernsarbeidaren stadig stiller oppfølgingsspørsmål og dei kjem med kommentrar som rettar seg mot å nyansere og utdjupe mors forteljing. Desse nyanseringane og utdjupeingane gjer at forteljinga blir til ein annan.

Eg, som har vore observatør i kollegiale samanhengar backstage der denne saka har vore drøfta, kan også sjå korleis problemkonstruksjonar som vart produsert der og informasjon og opplysningar frå andre kjelder som dei har diskutert her påverkar og viser att i denne samtalen. Kommentaren frå B1, «det skjedde ein gong», kan på ei side tolkast som ei konstatering, men det er også ei oppmoding til mor om å presisere kor ofte det har vore eit problem at barna ikkje vil i fosterheimen. Barnevernsarbeidaren legg markert vekt på «ein». Mor svarar ikkje på dette, men held fram med å komme med detaljar om henteepisoden. B1 gjentek dette poenget rett etterpå og formulerer då eit spørsmål om det er ein gong Kåre har gråte. Mor svarar då at det har vore lettare for Kåre enn for Knut å dra til fostreheimen. Når denne saka har vore drøfta backstage har informasjon om dei same episodane som mor fortel om komme fram, men då referert frå foreldra i fosterheimen. Ein annan versjon og andre forklaringar enn det mor kjem med dominerer desse. Fosterforeldra har fortald til barnevernsarbeidarane at gutane har sagt at dei likar seg i fosterheimen. Spørsmålet som B1 stiller om kor ofte barna har gråte når dei skal i fosterheim bygger mest truleg på kjennskapen til desse alternative forteljingane. I staden for å nemne at ho har slik informasjon blir forteljinga forsøkt korrigert ved å be mor om presiseringar.

Vi ser også at barnevernsarbeidar B2 endrar fokus for samtalen ved å stille spørsmålet «korleis du har hjelpt dei»...[...]. når du har visst om den avtalen me har hatt». Merksemda rettar seg mot mors handtering av hentesituasjonane og at fosterheimplasseringa har vore ein avtale, og bort frå problemet med at barna ikkje vil reise. Dette er forhold som blir gjort relevant, og barnevernsarbeidaren endrar på same tid ramma og deltakingsformatet for samhandlinga. Mor blir med dette spørsmålet gitt ein klientidentitet som moralsk aktør i forteljinga om barnevernssaka, meir enn som medprodusent av forteljinga om barnevernssaka. Snakket handlar ikkje lenger om «korleis perioden har vore». I staden blir mor beden om å gjere normative vurderingar av sin eigen innsats for å hjelpe barna, og ho får tildelt eit moralsk ansvar for å handtere problemet når det dukkar opp. Barnevernsarbeidaren signaliserer her nokre forventningar til at det er hennar ansvar å handtere slike situasjonar når dei dukkar opp. Ansvar for dette vert forsterka av at barnevernsarbeidaren viser til «den avtalen me har hatt». Barnevernsarbeidaren gjer med dette gjeldande ei ramme og ein situasjonsdefinisjon der fosterheimplasseringa er eit fellesprosjekt. Mor blir gjennom barnevernsarbeidaranes kommentarar og oppfølgingsspørsmål til eit objekt for samtalen, og mor må forsvare seg snarare enn å «fortelje litt om korleis perioden har vore».

Vi ser her altså korleis invitasjonen om å «fortelje litt» ikkje treng å handle om at barnevernsarbeidaren søkjer informasjon og kunnskap om barnas foreldre sine erfaringar med eit tiltak. Med ein slik invitasjon etablerer barnevernsarbeidaren ei forhandlingsramme der foreldra til Kåre og Knut får ein status som aktive deltakarar i samtalen, og spørsmålet kan tolkast som ei markering av at foreldras erfaringar og meiningar er viktige og relevante for handteringa av barnevernssaka. Oppfølgingsspørsmåla som barnevernsarbeidarane etter kvart stiller til mors forteljing kan likevel tyde på at denne rolla som deltakar gjev avgrensa rettar som meiningsprodusent for problemkonstruksjonane i barnevernssaka. Kommentaraner som kjem og spørsmåla som blir stilt verkar med til å redusere dramatikken i den forteljinga som mor presenterer, og barnevernsarbeidaren prøver å ta makt og kontroll over forteljinga som mor har starta på. Spørsmålsstillinga endrar forhandlingsramma og mor får ein deltakingsstatus som «undersøkjingsobjekt» i saka, snarare enn som medprodusent av ei forteljinga om barnevernssaka, og av ei forteljing om Knut og Kåre sine erfaringar i fosterheimen.

I møtesituasjonar der barnevernsarbeidar og barnets foreldre møtes for å diskutere barnevernssaker står forteljingar og narrativ om hendingar og karakterar slik som mor til Kåre og Knut kjem med her sentralt. Dei har ein viktig funksjon. Som vi ser kan slike forteljingar brukast til å produsere og legitimere problemforståingar i barnevernssaka, og kva forteljing som

får status som gyldig påverkar løysingsalternativa. Forteljingar er ein diskursiv ressurs som kan brukast i slike forhandlingar. Utdraget over demonstrerer korleis foreldra til Kåre og Knut prøver å skape ei slik forteljing. Ho blir i tillegg oppmoda om å komme med ei forteljing. Men som vi ser i dette tilfellet kan barnevernsarbeidarens diskursive grep i samtalen vere avgjerande for om barnets foreldre kjem i posisjon som meiningsprodusent og som aktiv deltakar i høve til å bestemme og få definisjonsmakt over problemforståinga i barnevernssaka. I denne samtalen var ikkje det tilfelle. Dynamikken i samtalen som eg illustrerer her går att fleire gonger gjennom samtalen, og typisk i dei situasjonane der det er usemje om kva forteljing som skal gjelde. Etter kvart kjem barnevernsarbeidarane med eit framlegg om å forlengje fosterheimstiltaket og dette fører til at det utviklar seg ei amper stemning og høglydt diskusjon. Den eine barnevernsarbeidaren bryt då inn og seier:

men, no seier B1 noko om kva me har tenkt har vore nødvendig. Kva seier de som foreldre om kva som har vore nødvendig og ikkje nødvendig i denne perioden?

Ein kan spørje seg om det å invitere barnets foreldre inn i samtalen der barnevernsarbeidarane allereie har gjort seg opp ei meining om barnevernsproblemet kan handle om ein framgangsmåte for å signalisere anerkjenning for dei som moralske subjekt, meir enn ein invitasjon inn som deltakarar med rett til å definere situasjonen.

5.3.2 Bruk av institusjonelle stemmer

I den siste delen av kapittelet skal eg vise eit anna døme på korleis barnevernsarbeidaren gjennom diskursive trekk kan ta kontroll over samtalen og situasjonsdefinisjonen. Dette handlar om det eg omtalar som barnevernsarbeidarens bruk av «institusjonelle stemmer». Det vil seie at barnevernsarbeidaren i samtalen med barnets foreldre snakkar på vegner av andre enn seg sjølv, og aktiverer ulike stemmer som høyrer barnevernssystemet til.

Eg brukar utdrag frå møte mellom barnevernsarbeidarane B1 og B2 og far til Erlend på 11 år som illustrasjon. I denne saka er det bestemt at Erlend bør flytte i fosterheim på grunn av omsorgsforholda heime. Erlend si sak har gått over fleire år, og det har vore sett inn ulike hjelpetiltak. Far til Erlend har store rusproblem og barnevernet vurderer at mor til Erlend ikkje er i stand til å ta seg av Erlend på ein god nok måte. Barnevernstenesta jobbar difor med å fremje sak for fylkesnemnda om omsorgsovertaking. Dei har kalla foreldra til Erlend inn til eit møte for å presentere denne avgjerda og for å forklare kva faglege vurderingane som ligg til grunn for ei slik avgjerd. Dei vil også i dette møtet be foreldra om samtykke til å gjennomføre

ei sakkunnig vurdering av Erlends omsorgssituasjon. Denne vurderinga vil dei bruke som dokumentasjon i saka som skal sendast til fylkesnemnda. Erlends foreldre har fått eit brev der dei blir kalla inn til dette møte. I brevet står det at barnevernstenesta vurderer Erlends situasjon som svært alvorleg. Ein nyleg episode der far sovna ved middagsbordet medan Erlend var til stades på grunn av rus blir nemnd i brevet som illustrasjon på alvorlet.

Barnevernstenesta får melding om at det berre er far til Erlend som kan komme på møtet. B1 og B2 har då eit førebuaende møte der dei snakkar om korleis dei skal gå fram i samtalen med Erlends far når dei informerer om avgjerda og for å få far til å samtykke til sakkunnig vurdering. Dei blir samde om at dei bør vere til stades begge to og at dei har ulike roller. Dei lagar ein avtale om at B1 har skal ha ansvar for «ta vare på» far, medan B2 har ansvar for å presenterer og grunngje for far avgjerda om å fremje sak for fylkesnemnda. B1 seier til B2 i møtet at «du kjenner Frode [Erlends far] så godt at du veit korleis du skal legge opp kruttet». Det er kva framgangsmåte som vil sikre at dei «er i dialog», som B1 seier, som er styrande for kva planar dei lagar. Dei snakkar om korleis dei skal snakke med far og kva ord dei skal bruke for at far skal forstå det dei seier og at han skal klare å akseptere ein slik bodskap. Dei blir også samde om å vere tydeleg med det same på kva som er barnevernets syn i barnevernssaka.

Far og B1 sit i rommet då B2 og eg kjem inn. Ansiktsuttrykket til far endrar seg då han ser B2, og han sender ho eit mørkt blick. B2 seier i ein markert hyggeleg tone til Erlends far «så kjekt å sjå deg her». Dei har ein kort seanse med «small-talk» som handlar om busstider og fars praktiske utfordringar med å komme seg til møtet. Far tek etter dette opp at han og Erlends mor har vorte samde om at det er Erlends far som skal overta den daglege omsorga for Erlend. I dag er det mor. Dei snakkar ei stund om dette utan at barnevernsarbeidarane gjer noko forsøk på å endre tema for samtalen. Erlends far fortel at Erlend ikkje finn seg til rette på den skulen han går på no og at han ønskjer å byte skule. Far bur nærmare ein annan skule og det vil difor vere meir praktisk om Erlend bur der, og B1 fortel om dei formelle prosedyrane som gjeld for slike skulebyte.

Etter at dei har snakka ei stund om eit eventuelt skulebyte orienterer barnevernsarbeidaren samtalen over på generelle tema som gjeld Erlend sin livssituasjon. B1 spør mellom anna om Erlend har venner i nærleiken av der far bur. Far fortel då at Erlend har ein ven, men at han må gå langs ein bilfarleg veg for å besøke han og at han difor brukar å følgje Erlend langs denne vegen. B1 seier då «så flott gjort at du føl guten» og far svarar: «klart eg føl han, det er son

min». Dei snakkar etter dette ei kort stund om kor farleg denne åttisona som Erlend må gå langs er, og kor lite denne vegen er lagt til rette for gåande.

Samtalen startar altså ikkje slik det vart planlagt i det førebuaende møtet. I staden for å starte samtalen med å fortelje om møtets agenda og om barnevernets syn, let barnevernsarbeidaren Erlends far få styre samtalen og tema. Dei snakkar lenge om eit mogeleg skulebyte for Erlend som om omsorgsovertaking ikkje skulle vere aktuelt. Vi ser også eit tydeleg identitetsarbeid her som liknar det eg viste i kapittel 5.2.1 frå møtet med Karstens foreldre. Far fortel om episodar som får fram at han er ein person som tek ansvar for Erlend og at han har sut og omsorg for han. B1 anerkjenner det far fortel om seg sjølv og held ved like fars sjølvpresentasjon når ho med ei vennleg og støttande stemme kommenterer at det er «så flott gjort at du føl guten». Fars svar «klart eg føl han, han er jo son min». Vi ser her eit posisjoneringsarbeid frå begge partar som gjer gjeldande ein foreldreidentitet som kulturelt sett vert rekna som moralsk akseptabel og korrekt.

Etter femten minutt markerar barnevernsarbeidaren eit rammeskifte i høve til dette. Etter snakket om den bilfarlege vegstrekninga seier ho «du har vore flink til å følgje opp, men kva sitt me att med til slutt? De er velmeinande, men de dett litt gjennom». B nemner så ein episode som nett har vore der far var for rusa til å ta seg av Erlend. Denne episoden er også er nemnd i brevet som vart sendt ut før møtet. Far (F) og barnevernsarbeidaren (B1) har så ein dialog kring dette:

B1: kva konsekvensar får det?

F: kva meiner du med det?

B1: eg snakkar om kva som er god omsorg og at det skal vere godt nok.

F: for å seie mi meining, han har det betre med meg.

Barnevernsarbeidaren seier då at barnevernet er «nøydd og forplikta til» å følgje opp slike situasjonar og at den einaste måten å finne ut av om det er godt nok, er å prøve saka i fylkesnemnda. Ho seier at ho «har nemnd fylkesnemnda før, det er noko vi må diskutere, men det er ikkje dermed sagt at det blir konklusjonen. Vi må spørje om det er godt nok». Ho forklarar far at det er vanleg å melde saka inn for fylkesnemnda for å finne ut av slikt.

Det er verdt å merke seg her korleis barnevernsarbeidaren endrar sin deltakingsstaus i denne samtalesekvensen. Frå å rett før delta i samtalen som ein støttande og nær samtalepartnar for Erlends far om meir elle mindre trivielle kvardagsproblem, endrar barnevernsarbeidaren retning for snakket, og orienterer seg samstundes mot ei rolle som formell og profesjonell barnevernsarbeidar med ansvar for Erlends situasjon, meir enn for far.

Posisjoneringsarbeidet vi ser er likevel kompleks, og det kan vere nyttig å trekke inn Goffmans (1981:145) omgrep om produksjonsformat for å få fram denne kompleksiteten. Ved nærare analyse av det som blir sagt og orda som blir brukt er det mogeleg å sjå korleis barnevernsarbeidaren her utnyttar og tek i bruk fleire stemmer. Det er barnevernsarbeidaren som snakkar, men vi ser at orda ho brukar ikkje fullt og heilt er hennar eigne. Eit første døme på det ser vi når barnevernsarbeidaren spør «du har vore flink til å følgje opp, men kva sitt me att med til slutt?» Barnevernsarbeidaren referer til «me». Å bruke denne formuleringa er ei markering av at barnevernsarbeidaren snakkar på vegner av fleire enn berre seg sjølv. Sjølv om det er litt utydeleg kven «me» er her, er det eit signal til Erlends far om at det er fleire enn barnevernsarbeidaren åleine som er involvert i denne vurderinga. Far spør om kva ho meiner og B1 svaret at: «eg snakkar om kva som er god omsorg og at det skal vere godt nok». Ei slik formulering markerar at det er andre enn barnevernsarbeidaren sjølv som fastsett innhaldet i «kva som er god omsorg». Standarden «god omsorg» blir snakka fram som ein verdi det finst faste vurderingskriterium for og at det trengs ein viss kunnskap om kva som inngår i ein slik standard for å gjere vurderingar av kva som er «godt nok». Litt seinare nemner ho at det er fylkesnemnda som finn ut av slikt. Det er barnevernsarbeidaren som snakkar, og som er «animatøren», men det er ein annan «forfattar» bak snakket (Goffman, 1981:150).

Eit liknande posisjoneringsarbeid ser vi når barnevernsarbeidaren grunnjev framlegget om å fremje sak for fylkesnemnda med at «barnevernet er nøydd og forplikta til» å følgje opp slike situasjonar. Her hentar og brukar barnevernsarbeidaren stemma til «barnevernet» som system og institusjon. Ved å formulere seg slik markerar ho at ansvaret for og eigarskapet til det som blir sagt ligg til andre enn ho sjølv. Viss ho hadde sagt at «eg meiner at slike situasjonar må følgjast opp» hadde det ikkje på same måte vore tydeleg at arbeidet og dei faglege vurderingane har ei institusjonell forankring. Ho styrkar på denne måten sine eigne ord ved å aktivere stemma til autoritetar som er større enn sin eigen person. Posisjoneringa skapar samstundes eit inntrykk av at ho berre er ein assistent for eit system, og at ho utfører oppgåver som ho er plikta til i følgje formelle reglar og prosedyrar. Det er ikkje ein person som snakkar eller handlar her, men ho snakkar med utgangspunkt i ein status som institusjonell aktør. Med ei slik posisjonering skapar ho ein situasjon der institusjonelle rammer vert gjort gjeldande. Ei slik innramming markerar at det er eit system som er styrande for kva handlingsrom som finst. Det er ei markering av at på både to, både barnevernsarbeidaren og Erlends far er underlagt dette systemet.

Bruk av institusjonelle stemmer slik som eg illustrerer her var vanleg i møte med barnets foreldre. Spesielt i situasjonar der meir inngripande tiltak, slik som omsorgsovertaking og

fosterheimplassering var aktuelt, eller i situasjonar der barnets foreldre og barnevernsarbeidaren har ulike syn på saka. I slike situasjonar brukar barnevernsarbeidarane slike stemmer for å markere at dei har ein jobb som skal gjerast, og at denne jobben er regulert av krefter som ligg utanfor barnevernsarbeidarens kontroll åleine. Ved å aktivere eit produksjonsformat i samtalen der barnevernsarbeidaren markerar snakket som institusjonelt forankra verkar dette med til å styrke orda som blir sagt. Kjersti Ørvig (2007) fann i sin doktorgradsstudie av tolka samtalar mellom sosialarbeidarar og flyktningar på eit sosialkontor at sosialarbeidarane her brukar «stemmer» på liknande måtar som eg finn i mitt materiale frå møta med barnets foreldre. Saklig og distansert snakk prega av byråkratisk ordbruk og formuleringar var vanleg å bruke her. Døme på dette kan vere når sosialarbeidaren viser til formelle reglar og byråkratiske prosedyrar som grunngeving for ei fagleg vurdering, eller når dei referer til profesjonsspesifikk kunnskap som grunnlag for å gje råd til flyktningar om kva som kan vere lurt å gjere. Ørvig omtalar denne måten å snakke på som sosialarbeidarens bruk av «ei byråkratiske stemme» og skildrar dette som eit uttrykk for profesjonsmakt. I møte med flyktningar fungerer slike stemmer som ein «mektig tredjepart» (Ørvig, 2007:180) som sosialarbeidaren aktivt brukar for å lettare ta kontroll over situasjonsdefinisjonen. I tolkesamtalar har ofte klienten liten erfaring eller kjennskap til norsk forvaltningssystem. Ord og uttrykk som blir brukt og distansen ei slik stemme skapar kan difor virke upersonleg og skape forvirring hjå klienten. Ein kan tolke barnevernsarbeidaren bruk av institusjonelle stemmer på same måte, og utdraga viser korleis slike stemmer aktivt vert brukt til å styrke ein maktposisjon og på denne måten få gjennomslag for eit syn som meir gyldig enn eit anna.

Snakk er på denne måten embedded (Goffman, 1981:147), det inneheld «layers of embedded relationships» mellom den som snakkar og innhaldet i det som blir sagt (Wetherell et al., 2001:85). Det som blir uttrykt kan vere innkapsla i fleire lag, og snakk formidlar difor ikkje berre ein bodskap med eit innhald, men det stadfestar eller signaliserer kva ansvar og plikt den som snakkar har i høve til innhaldet i det som bli sagt. I barnevernets settingar kan innhaldet i det som ein barnevernsarbeidar formidlar til barns foreldre både ha inngripande og dramatiske konsekvensar, og det kan vere ei påkjenning å få bodskapen som blir formidla. Dette er tilfelle for møte med Erlends far. I slike sensitive situasjonar kan det tenkast at bruk av stemmer i tillegg til å markere makt også blir brukt som ein framgangsmåte som tenar den sosiale relasjonen mellom dei. Det blir på same tid skapt nære og distanserte, asymmetriske og likeverdige relasjonar i same møte og mellom dei same personane. Ved å bruke institusjonelle

stemmer blir det markert at det som blir sagt ikkje er forankra i private og subjektive oppfatningar, eller grunnar i grunnlaus og personleg motivert maktutøving.

Eg vil trekke fram eit siste utdrag frå dette møte som illustrasjon. På dette tidspunktet i samtalen har barnevernsarbeidaren nemnt for far at det kan vere lurt å bruke ein sakkunnig psykolog for å få skildra situasjonen «så rett som mogeleg» som ho seier. Ho forklarar for far korleis det er vanleg å bruke sakkunnig psykolog i slike saker, og seier at «det vil vere gunstig for guten». Far seier han er skeptisk. Barnevernsarbeidaren trekk fram at familien har hatt erfaring med fosterheim for fleire år sidan då Erlend budde hjå besteforeldra ein periode der rusproblemet til far var ekstra store. Ho spør om han var like skeptisk den gongen. Far seier då at «det med besteforeldre var ein slags avlastning», og dei har ein kort samtale om kva som er forskjellen på avlastning og fosterheim. Eit kort utdrag frå samtalen som følgjer får fram korleis barnevernsarbeidaranes (B1 og B2) posisjoneringarbeid fører til eit rammeskifte som påverkar kva type autoritetsrelasjonar som blir etablert. Barnevernsarbeidaren orienterer seg mot avgjerda om fosterheimplassering i kraft av å vere del av eit barnevernskollektiv, og ho snakkar som ein institusjonell aktør:

F: berre du nemner fosterheim får eg hætta altså

B2: kva tenker du då?

F: eg tenker kva du, Kari, kan finne på over hovudet mitt

B2: ho kan ikkje finne på noko

B1: det handlar om rettsikkerheit. Me plasserer ikkje nokon i fosterheim utan at det er til beste for barnet

Vi ser her korleis far (F) posisjonerer seg som underordna barnevernsarbeidaren og ein markert asymmetri blir synleg i relasjonen mellom dei. Erlends far tek rolla som barnevernsklient i møte med ein person som både har makt og kontroll over avgjerdsprosessane. Han fortel at han får «hætta» av at barnevernsarbeidaren nemner fosterheim, og uttrykker at han er redd for «kva du, Kari, kan finne på over hovudet mitt». Vi ser at han orienterer seg mot barnevernsarbeidaren som ein person. Han brukar førenamnet hennar og snakkar til ho som den ansvarlege i arbeidet. Barnevernsarbeidar B2 svarar då at «ho ikkje kan finne på noko» og B1 følgjer dette opp ved å vise til at «det handlar om rettsikkerheit» og at slike plasseringar berre skjer dersom det er «til det beste for barnet». Igjen ser vi korleis barnevernsarbeidarane aktiverer andre stemmer i samtalen, og markerer på denne måten distanse mellom seg sjølv som person og bodskapen. Det er ei markering av at ikkje «Kari» kan «finne på noko» over hovudet på Erlends far. Det er snarare snakk om at det er eit system, ein institusjon og ein profesjon som handlar.

Eit kort utdrag til slutt som er henta frå eit møte i Ida-saka (jf kap.5.2.2) får fram det same. Utdraget er frå eit anna møte mellom barnevernsarbeidaren og Idas mor seinare i arbeidsprosessen, og etter at barnevernet har fått inn ei bekymringsmelding om at mor har drikke alkohol på ei reise. Barnevernsarbeidaren har i denne samtalen nett sagt at ho kjem til å opne ei undersøkingssak som følgje av bekymringsmeldinga. Mor (M) blir opprørt over det barnevernsarbeidaren (B) seier og ho bryt fortvila ut:

M: trur du at eg drikk?

B: nei eg trur ikkje det, men eg kan ikkje vere så naiv at eg berre trur, og må opne ny undersøking når dette har skjedd. Barnevernstenesta, me gjer ikkje jobben vår viss me seier uff, det var dumt, men me gløymer det.

Når Idas mor spør barnevernsarbeidaren «trur du eg drikk?» er dette eit spørsmål ho stiller på bakgrunn av den nære og hyppige kontakten dei har hatt det siste året, der Idas mor har vist at ho har teke kontroll over alkoholbruken og at ho har gjort ein innsats for å styrke sine eigenskapar som omsorgsperson til Ida. Spørsmålet indikerer at ho tolkar barnevernsarbeidarens avgjerd om å undersøke bekymringsmeldinga som eit uttrykk for at ho ikkje har tiltrua til ho slik barnevernsarbeidaren har signalisert tidlegare at ho har. Vi ser her at barnevernsarbeidaren stadfestar at ho personleg har denne tiltrua ved å svara «nei eg trur ikkje det». Ho brukar her pronomenet «eg» og markerar med dette at det er ho åleine som snakkar, er forfattar og ansvarleg for det som blir sagt. Barnevernsarbeidaren argumenter for at ho likevel må undersøke saka fordi «barnevernstenesten, me gjer ikkje jobben vår» viss ikkje dette vert gjort. Barnevernsarbeidaren snakkar då med stemma til nokon andre, «barnevernstenesta» og ho aktiverer med det ein deltakingsstatus som institusjonell aktør. Produksjonsformatet endrar seg, og ein tredjepart kjem til syne. Det skjer eit rammeskifte med denne endringa. Det er i dette augneblikket ei institusjonell ramme som gjeld. Kva barnevernsarbeidaren personleg trur har ikkje relevans her.

Å setje ein personleg-profesjonell deltakingsstatus i parentes for ein kort periode, for å markere ein annan meir institusjonell-profesjonell forankra status, for så å vende tilbake til den første har sosiale effektar i situasjonen. Det påverkar relasjonen mellom barnevernsarbeidaren og barnets foreldre. Å snakke med institusjonelle stemmer verkar med til å styrke eigne ord og med det ein maktposisjon i møtet i det stemma er forankra i autoritetar som er større enn barnevernsarbeidaren åleine. Å markere eit skifte tilbake til ein deltakingsstatus som personleg og nær samtalepartner endrar denne ramma, og meininga som relasjonen får blir ein annan. Denne vekslinga knyter seg til barnevernsarbeidarens evne og handlingsrom i høve til å

forankre si utøving av ei profesjonell rolle i ulike deltakingsstatusar som har fleire forskjellige kjelder.

5.4 Avsluttande kommentar

Eg har i dette kapitlet vist korleis barnevernsarbeidarar møter barnets foreldre i barnevernssaker der det er ulike syn på problem og kva løysingar, og eg har diskutert korleis barnevernsarbeidarane markerar si profesjonelle rolle som fagleg autoritet i desse møta. Gjennom å presentere utdrag frå samtalar mellom barnevernsarbeidar og barnets foreldre har eg forsøkt å illustrere korleis barnevernsarbeidarane diskursivt prøver å etablere deltakarrollar for samtalen som tek vare på ein god samarbeidsrelasjon og samstundes ha kontroll over kva problemforståingar som skal gjelde for saka.

Eg viser korleis barnevernsarbeidarane i den innleiande delen av slike samtalar gjer gjeldande ei uformell ramme for samtalen der barnevernsarbeidaren distanserer seg frå ei profesjonell rolle som byråkratisk og autoritær. I denne delen av samtalen, som ofte berre varar i nokre få minutt aktiverer barnevernsarbeidaren ei personleg og nær deltakingsstatus og markerer eit likeverd i relasjonen mellom dei. Det skjer ei personifisering av den profesjonelle relasjonen. Tema for samtalen er i denne delen trivielle og daglegdagse og handlar om forhold som ikkje har direkte med barnevernssaka å gjere. Vi ser at i denne fasen samarbeider partane om å drive eit ansiktarbeid som tek vare på eit positivt bilete av foreldra. Eg argumenterer også for at denne delen av samtalen kan spele ei viktig rolle for møtets utvikling. Gjennom snakket etablerer og gjer dei gjeldande ei samarbeidsramme og markerer ei orientering mot ikkje-konflikt. I situasjonar der det er ulike syn på saka er potensiale til at det utviklar seg ein konflikt større enn elles. Ei samarbeidsramme kan føre til at det blir lagt eit grunnlag for det vidare snakket som pliktar partane om å ha ei gjensidig orientering mot å halde denne ramma ved like.

På eit tidspunkt i samtalen gjer barnevernsarbeidaren eit rammeskifte og partane orienterer seg meir mot sine formelle roller som barnevernsarbeidar og klient i møtet. Overgangane frå ei uformell ramme til ei meir formell og profesjonell ramme kan vere glidande, og det er heller ikkje slik at rollene dei har er statiske. Tvert om viser eg at samtalan er prega av at deltakarane brukar sine roller kreativt og som ressursar i samhandlinga. Utdraga viser at barnevernsarbeidarane gjer gjeldande og vekslar mellom fleire ulike deltakingsstatusar, og markerer med det ulike rammer gjennom samtalen. Desse skifta markerar og påverkar kva autoritetsrelasjonar som vert gjort relevant og synleg. Gjennom samtalen, og ofte tidleg i samtalen gjer barnevernsarbeidaren gjeldande rammer der barnets foreldre blir invitert inn som

aktive deltatar i samtalen og får styre både tema og fokus. Barnevernsarbeidarane markerer då ei rolle som ein ikkje-autoritær profesjonell som er interessert i å lytte til barnets foreldre sine erfaringar. Barnets foreldre får ein status i samtalen som sosiale og moralske subjekt med egne talerettar og dei får anerkjent ein rett til å få presentere sine forteljingar. Andre gonger kan barnevernsarbeidaren markere eit rammeskifte i høve til dette og i større grad styre kva som skal reknast som relevant gjennom oppfølgingsspørsmål og kommentarar. Barnevernsarbeidarens spørsmål gjer at samtalen får eit diskursivt preg som avgrensar foreldras deltakarrettar i høve til å verke med til kva problem som blir konstruert, og det er ein indirekte måte å utøve sin autoritet på. Dette visar eit trekk ved slike samtalar som liknar det Turid Midjo (2010) finn i sine analysar av barnevernsarbeidarars møte med barnets foreldre i undersøkingssaker. I følgje Midjo har barnevernsarbeidarane behov for «sjølvbeskyttelse» i situasjonar av usemje, og denne sjølvbeskyttelsen er eit vilkår for barnevernets kontroll over foreldreinvolveringa. Behov for sjølvbeskyttelse kjem til uttrykk som metodar for å unngå konflikt med foreldra, og går i hovudsak ut på å unngå å grunngje vurderingar og konklusjonar som har vore gjort backstage for barnets foreldre, og å unngå situasjonar som fører til diskusjon. I dei samtalen som eg har presentert ser vi at vurderingar og konklusjonar som kjem fram i dei førebuande møta ikkje blir kommunisert direkte til foreldra.

Eit anna døme på styring og regulering frå barnevernsarbeidaren si side ser vi når institusjonell stemmer gjer seg gjeldande i barnevernsarbeidarens snakk. Ved å ta i bruk og utnytte slike stemmer etablerer barnevernsarbeidaren ein deltakingsstaus som autoritet i møtet, og dette påverkar også kva autoritetsrelasjonar som vert gjort gjeldande. Vi ser då ei avpersonifisering av relasjonen mellom barnevernsarbeidaren og barnets foreldre. Barnevernsarbeidaren snakk vert forankra i andre autoritetar i barnevernssystemet. Samtalane som eg presenterer utdrag frå viser at bruk av barnevernsprofesjonelle stemmer (om til dømes barnets beste), eller stemmer som knyter seg til ei institusjonell plikt til å handle markerer ein distanse mellom barnevernsarbeidaren som person og som institusjonell aktør. Dette kan tenkast å vere framgangsmåtar som barnevernsarbeidaren brukar for å handtere potensielle skuldingar om at dei faglege vurderingane som ligg til grunn for eit framlegg om tiltak er private eller subjektive. Det kan også vere ein måte å møte skuldingar om å utøve makt på sviktande grunnlag. Det kan også diskutast om bruk av slike stemmer kan vere ein framgangsmåte som dei brukar for å overtale barnets foreldre til å gå med på løysingar som dei ikkje ønskjer sjølv. Det er ein indirekte måte å snakke fram og argumentere for løysingar i barnevernssaka. I staden for å

formidle eit syn direkte presenterer barnevernsarbeidaren hint, forsiktede framlegg eller viser til strukturelle føringar i «barnevernssystemet» for å argumentere for sitt syn.

Samstundes kan barnevernsarbeidaranes praksisar for markering av rolla som profesjonell og som fagleg autoritet i møtet vere framgangsmåtar som blir brukt for å halde ved like ei samarbeidsramme ikkje berre i situasjonen, men i den vidare arbeidsprosessen. Barnevernsarbeidaren kan med å opptre slik gjere relasjonelle «investeringar» som kan tene tiltaksarbeidet på sikt. Hall, Slembrouck og Sarangi (2006) si analyse av heimebesøk i barnevernssaker viser korleis barnevernsarbeidarane her unngår eksplisitte vurderingar og evalueringar av heimesituasjonen og let vere å markere sin posisjon som autoritet i saka for å utvikle ein god relasjon som skal tene det vidare samarbeidet. Barnevernsarbeidaren rettar i desse heimebesøka fokus på si rolle som hjelpar for å skape ei gjensidig orientering mot forhandlingar om det sosiale arbeidet snarare enn mot klientkategoriseringar. Dei indirekte framgangsmåtane som eg observerer i desse møta kan på same måte bli forstått som eit resultat av barnevernet mål om å få til gode tiltak og eit godt samarbeid på sikt. I staden for å gå i open konfrontasjon eller presentere ferdig utvikla kategoriseringar av barnevernsproblema, vil det å signalisere ei meir open haldning tene det relasjonelle arbeidet og redusere relasjonelle spenningar som har fått utvikle seg. Observasjonar frå førebuande møte viser korleis barnevernsarbeidarar her orienterer seg mot å utvikle strategiar for å «vere i dialog». Dette kan i nokre tilfelle ver ein like viktig del av det profesjonelle prosjektet som å få eit bestemt syn gjennom.

Kapittel 6 Rettleiing og transformasjon av uvisse

Fram til no har eg vist korleis barnevernsarbeidarane skapar meining til barnevernssaker i møte med andre kollegaer og i møte med barnas foreldre. I dette kapitlet utforskar eg barnevernets meiningskonstruksjonar i møte med profesjonelle som til dagleg jobbar utanfor barnevernstenesta. I mitt materiale var det vanleg å involvere eksterne aktørar i ekstra vanskelege og komplekse barnevernssaker der uvisse var stor om kva som er rett å gjere. Barnevernsarbeidarane omtala desse møta som rettleiing, og rettleiinga var av to ulike typar. Den eine typen rettleiing fann stad i ei *rettleiingsgruppe* der barnevernsarbeidarar frå fleire ulike tenester i regionen tok del. Den andre typen var *møte mellom barnevernsarbeidar og spesialistar* innafør fagfelte psykologi og juss.

I dette kapitlet utforskar eg korleis barnevernsarbeidarane brukar desse to typane ekstern rettleiing. Eg spør mellom anna kva som kjenneteiknar meiningsskapingsprosessane i slike rettleiingssituasjonar, og korleis problemkonstruksjonar i barnevernssaker vert påverka av at deltakarar utanfor barnevernstenesta tek del her.

6.1 Rettleiing som rekontekstualiseringsarbeid

Når andre aktørar utanfor barnevernstenesta vert involvert i arbeidet med ei barnevernssak gjennom rettleiing kan vi seie at barnevernets problemløysingssystem utvidar seg. Arbeidet med å løyse problem i barnevernssaka vert fordelt mellom fleire deltakarar enn det som er tilfelle når saker vert handtert og drøfta internt. Rettleiing illustrerer og synleggjer dei sosialt distribuerte trekka ved tenking- og resonneringsprosessane (Goodwin, 1994; Hutchins, 1995) som ligg til grunn for ei avgjerd. Aktørar som er organisatorisk og institusjonelt forankra i ulike delar og på ulike nivå av barnevernssystemet involverer seg aktivt i problemløysingsarbeidet, og desse aktørane har med seg ulik kunnskap, kompetanse og erfaring om barnevernssakene dei drøftar. Deira fortolkingsbakgrunn og føresetnader for å diskutere sakene er ein annan enn den barnevernsarbeidaren som jobbar med saka til dagleg har. Personane som møtes for å diskutere i slike rettleiingssituasjonar tolkar barnevernssaker med utgangspunkt i at dei er del av ulike «meiningsprovinsar» (Schütz, 1962), og dette påverkar kva meining som blir skapt. Dette betyr at nye, andre og fleire ulike forståingsrammer kan gjere seg gjeldande når eksterne blir involvert. Meininga som barnevernsproblem får i rettleiingssituasjonen blir på den måten til gjennom eit rekontekstualiseringsarbeid (Goodwin, 1994) der problema som blir drøfta vert representert på nytt.

Dei to ulike rettleiingssituasjonane som eg har observert varierer med omsyn til kven som deltek, dei har ulik form og den uttalte funksjonen er forskjellig. Rettleiing i rettleiingsgruppa gjekk føre seg i eit lokale utanfor barnevernstenesta ein gong i månaden. Rettleiingsgruppene var sett saman av barnevernsarbeidarar frå fire ulike tenester og det var to rettleiarar som organiserte og strukturerte drøftingane i gruppa. Rettleiarane i gruppa har sosialfagleg utdanning, og dei jobbar til dagleg innfor andre tenester i sosialt arbeid som ofte samarbeider med barnevernstenesta. Det var mellom to og tre barnevernsarbeidarar frå kvar teneste som deltok i gruppa, og talet på deltakarar var oftast mellom åtte og ti personar, inkludert rettleiarane. Ei ny barnevernssak vart drøfta anonymt kvar gong dei møttes. Innhaldet i desse sakene kunne vere forskjellig, men ein fellesnemnar er at sakene vart omtala som «vanskelege». Generelt hadde saker som vart drøfta her vara over lang tid. Ofte hadde dei vore gjennom fleire undersøkingsfasar, og ei rekkje ulike tiltak hadde vore prøvd ut utan at dette hadde hatt positiv effekt for barnet og familien. Barnevernsarbeidarane fortalde at det var vanskeleg å vite kva som var rett å gjere i desse sakene, samstundes som dei kjende eit påtrengande ansvar for at noko måtte gjerast. Saka vart difor drøfta i rettleiingsgruppa for å få hjelp i det vidare arbeidet med saka.

Rettleiing med psykolog og jurist var meir sporadisk organisert enn rettleiingsgruppene. Møta fann stad som følge av at barnevernsarbeidaren jobba med ei sak der det vart behov for psykologisk eller juridisk kompetanse som dei mangla sjølv. Oftast handla saker der desse to spesialistane vart involvert om alvorlege barnevernsproblem, og omsorgsovertaking var som regel eit alternativ. Juristen vart i slike tilfelle kontakta for å avklare juridiske spørsmål som knytte seg til fremjing av sak for fylkesnemnda. Psykologen vart kontakta for å drøfte barns behov, og korleis alvoret i ein omsorgssituasjon kunne vurderast utifrå dette.

Eg vil no presentere utdrag frå drøftingar av barnevernssaker i desse to ulike typene rettleiingssituasjonar og analysere fram kva diskursive praksisar som pregar meiningskonstruksjonen her. Eg startar med å presentere materiale frå rettleiingsgruppa før eg går over til å diskutere rettleiing frå dei to spesialistane.

6.2 Rettleiingsgruppa og utvikling av eit profesjonelt syn

Utdrag frå eit av dei ni rettleiingsmøta som eg observerte vert presentert for å illustrere korleis det blir skapt mening til barnevernssaka her, og eg vil bruke desse utdraga som utgangspunkt for ein diskusjon av kva sosiale og diskursive prosessar som verkar med til å skape mening til barnevernsproblema i denne rettleiingsgruppa. Det som blir presentert viser fram eit mønster

som eg fann att i alle rettleiingssituasjonane som eg observerte. Mønsteret knyter seg til bruk av nokre diskursive praksisar som fører til at deltakarane i rettleiingsgruppa utviklar det Goodwin (1994) omtalar som eit «profesjonelt syn». Profesjonelt syn viser i følge Goodwin til (ibid:606) «socially organized ways of seeing and understanding events that are answerable to the distinctive interests of a particular social group». Profesjonelle syn vil altså påverke kva som blir oppfatta som relevant informasjon, det påverkar tolkingsprosedyrane og det fører til at eit profesjonelt problem blir representert og forma på ein bestemt måte.

Rettleiarane som hadde ansvar for desse rettleiingsgruppene har ei fagleg forankring innafor ein psykologisk orientert kunnskapstradisjon. Dette prega både innfallsvinklane og forståingsrammene som gruppa brukte til å fortolke barnevernssaker i barnevernssaker på. I tillegg stod bruken av ei tavle sentralt. Det er dette samspelet mellom rettleiaranes orienteringar i diskusjonen av barnevernssaker og bruken av tavla eg vil diskutere her. Analysen viser at dette samspelet verkar med til å utvikle eit profesjonelt syn i rettleiingsgruppa som identifiserer og definerer barnevernssakerna på bestemte måtar, og som gjer at nokre problem blir meir synlege og tydelege enn andre.

Fleire gonger under feltarbeidet høyrde eg at barnevernsarbeidarar oppmoda kvarandre om å «ta opp» vanskelege saker i rettleiingsgruppa. Det var tydeleg at rettleiingsgruppa var ein fagleg reiskap og ein ressurs som dei brukte i arbeidet, og eg såg også nokre gonger at den uvisse som ofte dominerer arbeidet med vanskelege saker kunne forsvinne etter drøftingar her. I kapittel 4.3.2 diskuterer eg ei kollegial drøfting av Ida si sak. Under denne drøftinga trekk barnevernsleiaren fram at Ida si sak har vore drøfta i rettleiingsgruppa. Ho fortel at alle som var til stades her var samde om at omsorgsplassering var det beste for Ida, og ho seier at denne løysinga vart «heilt tydeleg» der. Resultatet av rettleiingar kan altså føre til at problem og løysingar som tidlegare har vore uvisse vert «heilt tydelege».

6.2.1 Kasuspresentasjonen og konstruksjonar av ei vanskeleg sak

Drøftingar i rettleiingsgruppene har ein fast struktur. I første del av møtet blir barnevernssaka som skal drøftast presentert av barnevernsarbeidaren som jobbar med saka til dagleg, og ho eller han brukar dei første tjue minutta av møtet til å fortelje, utan å bli avbroten av dei andre, om barnevernssaka. Etter nærare analyse av desse presentasjonane har det vore mogeleg å identifisere eit mønster i kva profesjonelt prosjekt som blir gjort gjeldande for barnevernssaker som vert gjort til gjenstand for drøfting. Det er for det første eit trekk at ei ramme (Goffman, 1974) blir gjort gjeldande som definerer barnevernsarbeidaren som ein aktør med eit særskilt

profesjonelt ansvar for å løyse eit barnevernsproblem. Innafor denne ramma er barnevernsarbeidaren ein profesjonell med kunnskap og kompetanse til å peike ut barnas og familiens problem. Samstundes er det gjennomgåande at det parallelt blir gjort gjeldande ei moralsk ramme der barnas foreldre får ein identitet som vanskeleg og urimeleg fordi dei ikkje vil samarbeide om dei løysingane som barnevernsarbeidaren foreslår.

Saka som blir drøfta i møtet som eg presenterer utdrag frå handlar om ein familie med tre born på 7, 12 og 18 år som bur saman med to vaksne. Det er to barnevernsarbeidarar, B1 og B2, som presenterer saka. Den eine rettleiaren, R1, skriv ned det som kjem fram om familien undervegs ned på ei tavle. Dette blir skrivne ned som eit familienettverkskart. Den andre rettleiaren, R2 har hovudansvaret for å organisere og leie diskusjonen etter presentasjonen.

I første del av presentasjonen fokuserer barnevernsarbeidarane på faktaopplysningar i saka, som familiesamansetning, namn og alder på barna. I denne saka startar barnevernsarbeidarane med å presentere informasjon om alderen til foreldra, og dei fortel at guten på sju år er deira felles barn, medan dei to andre barna er frå tidlegare forhold. Barnevernsarbeidarane fortel også at «det er ein familie me har hatt kontakt med i mange år, med lang forhistorie i barnevernet», og det blir med denne kommentaren hinta om kva type sak dei har med å gjere. Det fortel noko om ei sak at den har vara lenge. Etter kort tid orienterer forteljinga seg meir mot dei aktuelle problema som gjeld i denne familien.

Barnevernsarbeidarane fortel at barna i familien har fleire symptom og åtferdsproblem som skapar bekymring. Jenta har mellom anna synt store åtferdsvanskar i skulen. Ho har hatt raserianfall i klasserommet og barnevernsarbeidaren seier at ho «dett utenom vanlege ungar». Om guten fortel ho at han har problem med stive skuldrer og at han difor går til fysioterapeut. Ho seier at denne guten «er ganske stressa», at han er plaga med migrene og at «det har vore folk på skulen som har vore uroleg for han». I tillegg til slike opplysningar om barnas problem kjem det tidleg fram i barnevernsarbeidaranes forteljing at barnas foreldre og barnevernsarbeidaren ikkje deler syn på kva som er årsakene til desse problema. Medan foreldra forstår barnas problem som medisinske, meiner barnevernsarbeidarane at problema har oppstått på grunn av familien og eigenskapar ved foreldra sine eigenskapar som omsorgspersonar.

Eit utdrag som henta frå fem minutt ut i presentasjonen illustrerer eit døme på korleis desse motstridande syna blir presentert. Vi ser her korleis barnevernsarbeidaren posisjonerer seg sjølv som ein profesjonell med ønskje om å hjelpe ein familie, der foreldra sin motstand gjer dette hjelpearbeidet vanskeleg. Utdraget får også fram korleis språket blir brukt retorisk (Wetherell

et al., 2001; White, 2002; White & Stancombe, 2003) til å skape mening og legitimere ei slik problemforståing:

det som gjør at vi er inne i saka no, vi har hatt tiltak på begge disse ungene eller alle tre egentlig då. Familien er ein familie vi kjenner, dei vil klare seg sjølv, dei meiner at dei har ingen problem og det er ingenting å vere bekymra for i forhold til ungane, dei vil på ein måte ha oss heilt ut, dei er litt shopperfamilie, dei går litt her og litt der i systemet og, ja, bestiller. Siste året har ho jenta på sju år hatt ein del raserianfall, litt episoder på skolen der ho dett utenom vanlige unger, blant anna at ho har dratt ned buksa og vist seg i eit vindu ovenfor klassekamerater og ein del sånne episoder som gjør at en er litt bekymra for ho (kort pause) litt problemer på skolen, henger ikkje så godt med som dei andre, litt problem med bokstaver og sånne ting, mor snakker om adhd og sånne ting, ho vil ikkje ha noko hjelp av oss, det er vi som gjør at ho ikkje klarer å passe denne jenten mener ho, altså barnevernet då. Ho har gjennomført eller holder på med art⁴ med bup, der har ho vert og bestilt, ho mor har vert hos helsesøster og bestilt hjelp til jenten (R 1 skriv og skriv på tavla og B1 stoppar forteljinga).

R1: bur desse ilag?

Vi ser her at barnevernsarbeidaren startar med å informere om at det er ein familie dei «kjenner» og at «dei vil klare seg sjølv». Dette er ein måte å snakke om familien på som konstruerer ei typisk barnevernssak der det er strid om løysingar mellom barnevernet og familien. At familien og barnevernet har ulike syn er ein vanleg situasjon i barnevernssaker (jf kapittel 5), og det er spesielt typisk for dei barnevernssakene som blir drøfta her. Av dei ni rettleingsmøta som eg observerte var det eit trekk i alle at barnevernsarbeidaren fortalde om foreldras motstand som eit problem og noko som gjorde saka vanskeleg. Det var også vanleg at barnevernsarbeidaren prøvde å skape eit bilete av at familien sitt syn på saka er urimeleg. Det ser vi også her, og dette blir gjort ved å ta i bruk fleire diskursivt forankra verkemiddel. Vi ser i utdraget at familien blir omtala som ein «shoppingfamilie». Dette er ei medlemskapskategorisering (Sacks, 1992a) som indikerer at dei har med personar å gjere som prøver å utnytte eit velferdssystem. Ho fortel litt seinare at mor held på med eit kurs i ART, og ho seier at dette er ei teneste ho har «vert og bestilt», og at ho har «bestilt hjelp til jenten» av helsesøster. Å skildre mors handlingar som «bestillingar» sår tvil om mors motiv her, og det blir brukt til å illustrere døme på korleis familien «går litt her og litt der i systemet». Ei alternativ forståing kunne ha vore at mor prøver ut slike tiltak for å hjelpe barna.

Vi ser også at når barnevernsarbeidaren refererer til det mor har sagt markerer ho dette tydeleg som subjektive uttalar. Ho legg vekt på at «dei meiner» at dei har ingen problem og at mor «snakker om adhd og sånne ting». Dette er ein typisk måte å snakke på som på same tid reduserer truverdet i det som blir referert. Det mor «meiner» blir også sett i kontrast til anna informasjon som dei har i saka. Informasjon som kjem frå skulen om problema som jenta har

⁴ ART= Aggression Replacement Training, ein opplæringsmetode for sinnekontroll

der, og andre forteljingar som viser at dei to andre barna i familien også har problem og symptom verkar med til å forsterke eit inntrykk av at problema ikkje kan forklarast medisinsk slik mor påstår.

Gjennom heile presentasjonen brukar barnevernsarbeidarane liknande argument og teknikkar for overtaling som markerar at det er barnets foreldre som er ansvarleg for og skuld i dei problema som barna i familien har. Barnevernsarbeidaren posisjonerer seg i forteljinga som overordna barnets foreldre når det kjem til det å ha kunnskap om det barnevernsfaglege problemet som skal løysast. Det er også interessant å sjå korleis barnevernsarbeidaren parallelt gjev foreldre ein status som moralsk ansvarleg for dei problema som barnevernsarbeidaren sjølv har med å hjelpe barna og familien ut av denne situasjonen. Karakteristikkar av foreldra som grunnar i moralske vurderingar dominerer, og verkar på denne måten med til å gje dei ein klientidentitet som er vanskeleg på to måtar. Dei skapar både vanskar for barna og dei skapar vanskar for barnevernsarbeidaren. Barnevernsarbeidarane omtalar mellom anna barnas mor som «aggressiv». Dette blir ein eigenskap som blir trekt fram som problematisk for barna, men også for barnevernsarbeidaren. Den eine barnevernsarbeidaren skildrar ein episode der ho vart skjelt ut av mor og ho fortel at mor har «ein språkbruk så ein kan begynne å lure korleis er det hjemme når ho snakkar slik på eit møte». Far vert kategorisert som ein person med eit mogleg alkoholproblem, og ein person som ikkje tåler konflikter:

B1: så er vel far ein sånn type at han skyr litt konflikter,

B2: mm

B1: han er på båten og jobber og da trekker han seg tilbake og, ja veit ikkje om han drikker for seg sjølv eller om han drikk jevnlig oppi de her konfliktenene, vi veit lite om det då

Denne eigenskapen hjå far vert trekt fram og brukt som grunngeving for kvifor det har vore vanskeleg for barnevernsarbeidaren å få godt nok innsyn i familiens problem.

I presentasjonsdelen blir det ikkje opna for spørsmål frå dei andre i gruppa og barnevernsarbeidarane produserer gjennom det dei fortel eit kasus om «ei vanskeleg sak» utan at dei blir avbrotne med spørsmål. Det er med andre ord dei to barnevernsarbeidaranes som gjennom si forteljing definerer situasjonen, og rammar inn det profesjonelle prosjektet i barnevernssaka. Det utdraga illustrerer, som også var typisk for andre presentasjonar i desse rettleiingsmøta, er at ei ramme vert gjort gjeldande der barnevernsarbeidaren som snakkar definerer seg sjølv som ein profesjonell aktør med kunnskap og kompetanse om eit barnevernsfagleg problem. Dei fortel om problem og symptom som barna har, og viser med

dette at noko er gale, og sjølv om det er strid om årsaksforklaringane produserer barnevernsarbeidarane forteljingar som støttar opp om barnevernsarbeidarane syn. Utdraga eg har vist fram illustrerer døme på snakk som «ordering work» (White, 2002:412), der barnas symptom blir til eit typisk tilfelle som handlar om mangelfull omsorg. Ei anna ramma vert gjort gjelande parallelt der barnevernsarbeidaren blir definert som profesjonelt ansvarleg for å løyse problema og hjelpe barna i familien til ein betre livssituasjon. Innafor denne ramma får samstundes barnas foreldre ein identitet som moralsk pliktige til å ta i mot denne hjelpa, og med eit ansvar for å samarbeide om hjelpa. I barnevernssaka som vi får høyre om her vil ikkje barnas foreldre samarbeide slik barnevernsarbeidaren ønskjer og dei blir, om ikkje direkte, så indirekte definert som vanskelege.

Avslutningsvis i presentasjonsdelen ber den eine rettleiaren om at barnevernsarbeidaren summerer opp kva ho konkret ønskjer hjelp til og kva som gjer saka vanskeleg. Barnevernsarbeidarens respons gjer gjeldande ei slik innramming av det profesjonelle prosjektet:

R2: men problemstillinga er korleis..korleis jobbe i forhold til foreldre, er det det? korleis komme i posisjon i forhold til dei eller er det..?

B1: ja, altså vi ønsker jo å hjelpe og åra går og går, foreldrene er, eller mor og far her klarer å holde oss litt på avstand, mor med sinnet sitt og at ho ikkje trenger, også får med dette her litt, jada, berre kom og så er det heilt greit, men så skjer det ingen ting, så me får liksom ikkje heilt tak i kva som, og så går årene

Vi ser at B1 posisjonerer seg her som ein hjelper som handlar på vegner av eit profesjonelt system («vi ønsker jo å hjelpe»), og barnas foreldra får ein status som vanskelege («far..klarar å holde oss litt på avstand», «mor med sinnet sitt»). Problemet som barnevernsarbeidaren har med å hjelpe familien får meining innafor ei moralsk ramme der barnas foreldre blir definert som personar med manglande vilje til å samarbeide.

6.2.2 Rettleiing og transformasjon av meining

Etter at barnevernsarbeidarane har presentert barnevernssaka startar sjølve rettleiinga. Denne delen brukte å vare i om lag ein time, av og til opp til ein og ein halv time. Overgangen frå presentasjon til rettleiing vert alltid tydeleg markert ved at den eller dei som har lagt fram problema trekk stolen vekk frå bordet og set seg til side. Dei blir i resten av møtet gjort til passive lyttarar til den vidare diskusjonen av saka, og handlinga kan tolkast som eit ritual som markerar at ansvaret for barnevernssaka frå dette tidspunktet vert overført til dei andre i gruppa. Denne metoden for rettleiing er inspirert av det som vert kalla «reflekterande team» (Andersen, Thomsen, & Bøgeskov, 2005). Metoden kan bli brukt på forskjellige måtar og i ulike

samanhengar, men eit grunnleggande kjenneteikn er ei rollefordeling i gruppa der den eller dei som treng hjelp til å løyse eit problem lyttar til andre som drøftar dette problemet utan å ta del sjølv. Eit anna trekk er at dei som drøftar har som hovudoppgåve å snakke seg fram til fleire ulike idear om løysingar, meir enn å komme med eintydige løysingsframlegg.

Den eine rettleiaren som fram til no har skrive på tavla viskar vekk alt som står slik at når diskusjonen i gruppa startar er tavla heilt blank. Å viske vekk alt frå tavla kan tolkast som ei symbolsk handling som synleggjer at eit arbeid med å prøve å forstå barnevernsaka på nytt har starta.

Det faglege fokuset i dei påfølgande drøftingane var påverka av at dei to rettleiarane hadde forankring i ein psykologisk orientert kunnskapstradisjon. Dette fekk konsekvensar for meiningsdanningsprosessane. Snakket om barnevernssakene fekk ein viss diskursiv struktur som følge av denne orienteringa, noko som igjen påverka kva type problem som vart konstruert. Det var gjennomgåande at gruppedeltakarane, på initiativ frå rettleiaren, tok i bruk psykologiske perspektiv som opnar opp for å mellom anna identifisere mogelege motiv som barnets foreldre kunne ha for å opptre «vanskeleg» slik barnevernsarbeidaren i presentasjonen skildra. Barna fekk innafor denne rammer ein status som offer for foreldras personlege problem. Gjennom denne typen snakk utviklar gruppa eit persongalleri i barnevernssakene der barna og barnets foreldre får identitetar som psykologiske kasus.

Eit utdrag som illustrerer dette er henta frå eit tidleg tidspunkt i drøftinga der tema for diskusjonen knyter seg til eit problem som vart nemnt i presentasjonen med at mor til barna ikkje ville flytte frå sambuaren. I presentasjonen kom det fram at barnevernet fleire gonger hadde forsøkt, utan å lukkast, å overtale barnas mor til å flytte ut fordi barna tydeleg hadde det betre når dei to vaksne ikkje budde saman. Ein av gruppedeltakarane seier at barnevernet bør på ein tydelegare måte seie frå til mor at ho må flytte, og at mor ikkje kan få lov til å bestemme noko anna. Den eine rettleiaren kommenterer dette forslaget og seier at ho trur barnevernet allereie har prøvd på dette fleire gonger, og ho ber gruppa om å reflektere over kva som kan vere mors motiv for å ikkje flytte ut på eige initiativ:

R2: kva som gjer at mor ikkje greier å vere utan den (kort pause) dotten nær sagt (lett latter)?

R1: han må vel bidra med noko då på eit eller anna viss, eg veit ikkje

B1: (seier to ord som blir uklart på bandet)

R2: ja, men det sitt eg å lure på, for det barnevernet seier at ungane har det betre, han drikk, han står for, men han står for inntekt, han har ein attenåring med seg som skaper masse problem, så eg lurar på kva er det er med mor som gjer at ho

B2: vil ha han

B1: ho har jo ikkje så mange andre

R2: ja, det er ein grunn

B1: ikkje har ho familie virka det som, så det er på ein måte kun han ho har, så det det er vel betre å ha nokon enn ikkje

R1: dei har det vel kjekt i lag

R2: ja det kan og vere

B1: men ho klarer jo ikkje velje i forhold til ungane, då, sant ho ser jo ikkje at sjølv om ho har det kjekt i forhold til sånn kven skal ho prioritere.

Allereie i spørsmålsstillinga indikerer retteleiaren her at dette er ei mor som ikkje handlar rasjonelt. Ho inviterer gruppa til å reflektere over kvifor det kan ha seg at mor tek eit slikt irrasjonelt val, og kva motiv ho kan ha for å ta dette valet. Ho brukar formuleringa «dott» om faren og signaliserer med dette at det ikkje finst ein einaste fornuftig grunn til å bu saman med han. Å seie at mor ikkje «greier å vere utan» forsterkar inntrykket av at eit slikt val truleg skuldast personlege problem som mor har. Om det handlar om viljestyrke eller andre ting blir ståande ope her, men det blir tydeleg markert at det er noko ved mors personlegdom som ikkje er som det skal. Ho spør «kva er det med mor» og gjer med desse orda mor *til* eit problem, men ho markerar også at mor *har* eit problem. Dette blir enda tydelegare rett etter der retteleiaren seier at ho «sitt å lure på» kvifor, og nemner fleire grunnar som viser at det hadde vore meir fornuftig å flytte. B1 sin kommentar til slutt gjev mor i tillegg ein moralsk problematisk identitet ved å peike på at dette valet knyter seg til hennar eigne interesser meir enn barna, ho «klarar jo ikkje å velje i forhold til ungane».

Vi ser her ei veksling mellom ei moralsk og psykologisk kategorisering av mor. Biletet av at vi har med ein person å gjere som bryt med det normale og som bryt med dei normer og forventningar som ligg til det å vere ei god mor vert forsterka, og mors identitet blir stadfesta som moralsk problematisk. I tillegg ser vi at bruken av eit psykologisk orientert omgrepsapparat, eit «vocabulary of motive» (Peräkylä, 1989) opnar opp for å tolke slike irrasjonelle handlingar som noko anna og meir enn berre det vi ser. Dei etablerer eit perspektiv som opnar for å forstå dette valet på bakgrunn av at det må «vere noko med mor». Handlingane hennar representerer innafor ei slik forståing andre underliggande kjensler og personlege problem som ikkje er direkte synleg. Hypotesar blir nemnt som at ho ikkje har så mange andre, at ho manglar familie, og at dei har det kjekt ilag, og indikerer med dette at det er eit psykologisk og personleg motivert driv som få ho til å velje slik. Ved å gje mor ein identitet som eit psykologisk kasus på denne måten produserer gruppa forklaringar på kvifor ho er vanskeleg og handlar på måtar som er moralsk problematiske.

Kort etter at dei har diskutert «kva det er med mor», kjem den eine rettleiaren (R1) med eit framlegg om å lage ei oversikt på tavla over kva foreldra har bidrege med i forhold til ungene, både positivt og negativt. Ho går bort til tavla og skriv «mor» øvst. Under skriv ho «stella hus» medan ho seier: «mor kunne stella hus og sånn allminnelig omsorg». Den andre rettleiaren trekk fram at når dei budde åleine fungerte ting bra. R1 skriv då «fungerte utan far» på tavla. Ein av barnevernarbeidarane spør om det som står på tavla betyr at det fungerte bra, eller om det fungerte betre. Dette startar ein kort diskusjon om kor bra det eigentleg fungerte, og dei blir samde om at det ikkje var snakk om at mor fungerte bra, men at det fungerte betre for ungene. R1 seier at dette er ei viktig presisering, og ho skriv då inn «det» med ein strek under og ho skriv inn «betre». Orda som står på tavla er då «det fungerte betre utan far». Positive eigenskapar blir markert med eit plussteikn, og dei negative får eit minus. Når R1 skriv på tavla «stella hus» lagar ho ei pil bort til «dagleg omsorg m/mat og klede» og ho set eit plussteikn framfor. Setninga «det fungerte betre utan far», får også eit plussteikn framfor. Slik held dei fram ei god stund og til slutt er tavla fullskreven med karaktertrekk ved mor som dei har komme fram til, og dei aller fleste har blitt vurdert som negative og har difor eit minusteikn framføre seg.

Undervegs, medan rettleiar R1 noterer ned desse eigenskapane på tavla inviterer stadig rettleiar R2 gruppa til å reflektere over desse eigenskapane, spesielt dei negative. Under ser vi eit utdrag frå ein sekvens der dei snakkar om mors aggresjon. Denne samtalesekvensen startar med at rettleiaren trekk fram mors aggresjon og seier at den «den aggresjonen hennar, den bekymrar meg» og R1 skriv «aggressiv» ned på tavla med eit minusteikn bak. Fleire av barnevernarbeidarane trekk fram korleis denne «aggressive haldningen» skapar vanskar for arbeidet med saka. Det blir nemnt at den skapar konflikhtar og at det er vanskeleg å få til samarbeid om tiltak når mor er så aggressiv. Rettleiaren drar etter dette vekslar på psykologiske forklaringsmodellar som får fram at denne aggresjonen truleg handlar om noko meir og anna enn berre det ein ser:

R2: det går jo an å tenke seg at mor er veldig redd, altså når ho er så sint så er no det ofte fordi vi er redde og fordi vi ikkje får til ting, så eg lurar på om ho kan vere redd, og så tenker eg at ho er kanskje er veldig lett krenkbar, altså det høres ut som om når ting blir tatt opp med ho så oppfattar ho det veldig fort i verste mening, at ho, ein greier ikkje komme bak og roe ho. Også tenker eg på det her med evnenivået, kan det vere sånn at ein siktar for høgt i forhold til mor, at ein snakkar masse med ho og har ein forventning om at ho skal kunne greie å omsette ting, er ho i stand til det, altså både sånn evnemessig, altså er ho i stand til å vurdere situasjonen når ein er der. Det er det eine og greier ho å se konsekvensane B:mm, det er jo derfor det hadde vert så, altså det å fått på ein måte inn, gjort ein veldig sånn spissa dette med foreldrekompetanse utfirå det en ser no, sett på begge to, for det er jo ein far her som er på ein måte helt, verkar veldig utmeldt, kanskje han har fått så mye kjefte at han ikkje orker meir

R2: ja, altså han kan ha fått kjeft og ikkje orker meir, og ho kan vere oppgitt, altså ho styrer jo på aleine då, ho styrer og styrer heile tida

B: det kan jo hende at mor er dårlig midt oppi dette her

R2: det er det jo, og har du smerter så blir du sur og sint og redd og lei deg og sliten

B1: strekk ikkje til

R2: ja, og alle disse her tinga

R1: (skriv på tavla) smerter

R2: ja, det kan jo berre tenke dykk sjølv, viss nokon hadde sitte her sjølv med vondt i hovudet, det er jo det ein hadde tenkt på, eller vondt i ryggen

Aggresjon blir her introdusert som eit psykologisk fenomen og dette skapar ei bestemt meining til problema. Rettleiaren kjem med ulike teoriar som kan forklare mors aggresjon som eit symptom på underliggande kjensler som ikkje er direkte synleg for andre. Ei forklaring som blir nemnt er at mor er «redd», ei anna er at ho er «lett krenkbar» og ei tredje forklaring er at evnenivået hennar er for lågt til at ho forstår det som har blir sagt til ho i møte med barnevernsarbeidaren. Andre nemner at ho kanskje er «dårleg», og rettleiaren kjem då med ei hypotese om at smerter gjer folk «sur, sint, redd, lei og sliten». Vi ser at fars passive haldning («han virker utmeldt») også får ei psykologisk forklaring, og det blir nemnt at han «kanskje har fått så mykje kjeft at han ikkje orkar meir»

I dette utdraget er det slående korleis rettleiaren forankrar tolkingane av mors aggresjon innafør ein allmenn og dagleglivsforankra meiningsprovins (Schütz, 1964) der kunnskapslogikken som dominerer knyter seg til sjølvsaagte oppfatningar av korleis vanlege menneske fungerer som kjenslebundne og psykologiske subjekt. Dette ser vi mellom anna når R1 seier at det kan vere mor er redd fordi «når ho er så sint så er no det ofte fordi vi er redde og fordi vi ikkje får til ting». Rettleiaren snakkar her med stemma til eit «vi», som i denne samanhengen kan tolkast som eit allmennmenneskeleg «vi». Aggresjon blir snakka fram som ein normal psykologisk respons på ei kjenslebunden påkjenning, redsel. Det same ser vi når ho til slutt i utdraget kjem med framlegg om å forstå mors aggresjonen som eit uttrykk for at mor har vondt. For å legitimere ei slik tolking ber ho dei andre i gruppa om å «tenke dykk sjølv, viss nokon hadde sitte her sjølv med vondt i hovudet, det er jo det ein hadde tenkt på, eller vondt i ryggen». Det blir altså brukt eit allmennpsykologisk omgrepsapparat som opnar opp for å identifisere underliggande, og kjenslebundne forklaringar på mors aggresjon, og dette blir brukt til å skape meining. Gjennom denne orienteringa skapar rettleiaren eit allmennpsykologisk meiningsunivers som etablerer ei felles tilnærming til barnevernssaka i samtalen.

Etter at dei har diskutert fleire sider av det dei oppfattar som mors problematiske og vanskelege eigenskapar på denne måten har dei ein liknande gjennomgang av far. Hovuddelen av diskusjonen gjennom møte blir brukt til å snakke om dei vaksne og tavla er etter fullskriften.

Av og til diskuterer dei barna, og eit bilete trer fram av barna som er forankra i dominerande diskursar om «det sårbare barnet i fare» (Vagli, 2009:211). Innleiingsvis kommenterer den eine rettleiaren den eldste guten i familien slik:

veit ikkje kor mykje tid me skal bruke på attenåringen, men eg tenker at det er no virkeleg ein gut i faresona altså, han har ikkje noko god prognose, viss ein tenker sånn masse tap og han til og med truer med å ta livet sitt for ingen er glad i han, flytte inn og ut heile tida, så den guten burde ein virkelig prøve å fange opp

Jenta sine åtferdsproblem i skulen vert snakka fram på same vis, der problema eine og åleine vert rekna som eit symptom på problema heime og ikkje noko som ho har ansvar for sjølv. Dette blir også skrive ned på tavla. Ved møteslutt er problema i barnevernssaka visualisert på tavla som eit familienettverkskart, og eigenskapar ved dei ulike familiemedlemmene er ein synleg del av dette kartet.

Heilt til slutt i møtet blir dei to barnevernsarbeidarane som har lytta til diskusjonen bedne om å seie noko om korleis det har vore å høyre på. Dette var ein vanleg måte å avslutte rettleiingssituasjonen på. Dei set seg då tilbake rundt bordet saman med dei andre dei siste minuttane som møtet varar. Den eine barnevernsarbeidaren svarar at ho tykte det var nyttig, og ho fortel at «det var veldig ryddig å lage den der oversikten over foreldrene, det er veldig lett å se seg veldig blind, for det er litt kaotisk». Den andre trekk fram at ho «tykte det var godt at de kom inn på tolvåringen», og ho fortalde at «blir tydeleg no, kva han har opplevd oppi dette her, han var redd».

6.2.3 Rettleiingsprosessar og plassering av eit barnevernsproblem

Eg har gjennom analysen så langt i kapittelet forsøkt å få fram korleis eit barnevernsproblem får meining i ein bestemt type rettleiingskontekst. Sjølve organiseringa av rettleiingssituasjonen som eg drøftar gjer gjeldande ei ramme som definerer rettleiingsgruppa som ein aktør i høve til å løse problem i ei barnevernssak. To rettleiarar og barnevernsarbeidarar som ikkje jobbar med saka til vanleg blir gjort til observatørar av eit barnevernsproblem, dei er deltakarar som står utanfor og ser på det som har skjedd, og på grunnlag av det dei ser prøver dei å skape problema på nytt. Analysen viser at mønstra som utviklar seg for kva gruppa ser og drøftingsarbeidets sosiale organisering grunnar i nokre drøftingspraksisar som kodar barnevernsproblema på ein bestemt måte. Noko blir trekt fram, og noko anna kjem i bakgrunnen, og eg har vist at det er ein tendens til at gruppa utviklar og konstituerer problemforståingar med eit generelt blikk mot å psykologisere personane som barnevernssaka handlar om. Ved hjelp av allmennpsykologiske

perspektiv konstruerer gruppa eit persongalleri for barnevernssaka der familiemedlemmene, og barnas foreldre spesielt blir framstilt som offer for sine egne kjensler. Dette blir brukt til å forklare og forstå kvifor dei er så vanskelege å samarbeide med og kvifor dei skapar vanskar for barnevernsarbeidaren i arbeidet med å hjelpe familien.

I tillegg blir det dei kjem fram til skrive ned på ei tavle, og tavla blir ein fagleg reiskap som formidlar (Wertsch, 1991) problema i barnevernssaka. Tavleoversynet fungerer som ei «eksternalisert netthinne» (Goodwin, 1994:623) som dei brukar i tolkingsarbeidet og som gjer tydelegare og meir synleg for dei som er til stades kva problem som gjeld og kva problem som er relevante for det vidare arbeidet, og kva problem som ikkje er det. Men som eg får fram er ikkje tavla ein nøytral formidlingsreiskap. Barnevernssaka og problema som dei skapar blir forma på bestemte måtar. Gruppa ramar barnevernssaka visuelt inn gjennom eit familienettverkskart, og det er dette kartet som utgjer fortolkingskonteksten for barnevernssaka. Det er dette nettverkskartet og persongalleriet som dei utviklar med utgangspunkt i dette kartet som blir synleg på tavla. Denne «kodinga» (Goodwin, 1994) produserer eit bestemt «syn» å sjå barnevernssaka med. Tavlebruken er på denne måten ein «materieell representasjon» (Goodwin, 1994) som komplimenterer den munnlege framstillinga av røyndommen. Den blir eit materielt uttrykk for ein munnleg diskusjon. Tavlebruken er ein diskursiv praksis som saman med kodinga difor påverkar kva mening barnevernssaka får. Desse praksisane organiserer og strukturerer tolkingane, både kva problem dei ser og korleis dei ser desse problema. Ein interessant diskusjon er då kva moglege problem som ikkje blir synleg gjennom ein slik rettleiingsprosess som vi ser her. I eit tavleoversyn som visualiserer barnevernssaka som eit familienettverkskart vil fleire viktige aktørar som ikkje er del av familien, men som er involvert i problemløysinga falle ut. Barnevernsarbeidaren som jobbar med saka til dagleg er til dømes ikkje del av dette kartet, og barnevernsarbeidaren får heller inga rolle eller blir rekna som relevant for diskusjonen av problema som denne familien har. Det kunne mellom anna tenkast at relasjonelle problem og spenningar mellom familien og barnevernet kan ha spela ei rolle i høve til å få problema løyst. I det profesjonelle synet som blir utvikla i rettleiingssituasjonane blir dei relasjonelle problema definert som resultat av vanskelege foreldre. Med dette utgangspunktet blir problemforståingane dei utviklar plassert i familien og på eigenskapar og karaktertrekk som barnets foreldra har. Det blir altså tydelegare at det er desse problema det må jobbast vidare med i barnevernssaka.

Det er viktig å få fram at i desse rettleiingssituasjonane hende det nokre gonger at den eine rettleiaren inviterte gruppa til å reflektere over moglege psykologisk «mostand» hjå den

profesjonelle barnevernsarbeidaren som hadde ansvar for saka. Spørsmålet som vart stilt knytte seg då til om ein slik mogeleg motstanden kunne ha påverka arbeidet med saka. Poenget er at slike diskusjonar aldri vart ein systematisk del av drøftingane på same måte som eg viser over at vart gjort med familien. Slike forhold vart heller aldri skrive ned på tavla og dei vart difor ikkje ein synleg del av det problemkomplekset som viste seg der. Gjennom ei bestemt koding blir nokre aspekt ved problema gjort relevant framfor andre, og tavla produserer på denne måten ein sterk inskripsjon (Latour & Woolgar, 1979) som utviklar, skapar mønster og påverkar det profesjonelle synet til dei som er til stades. Det som står på tavla skapar ein fortolkingskontekst som gjer det enklare å sjå tydeleg nokre problem i saka, men det flyttar på same tid fokus bort frå andre forhold som potensielt kunne hatt relevans.

6.3 Reduksjon av kompleksitet og bruk av ekspertar

I resten av kapitlet vil eg diskutere meiningsprosessar for barnevernssaker i to ulike rettleiingssituasjonar som er av ein anna type enn den over. Den eine situasjonen eg drøftar er eit fast tverretatleg møte der ein psykolog som til dagleg jobbar i ei barne- og ungdomspsykiatrisk teneste tek del, den andre er eit møte mellom barnevernsarbeidar og ein kommuneadvokat. Psykologi og juss har ein eigen status som kunnskapsfelt i arbeid med barnevernssaker. Som dei to førre kapitla har vist spelar psykologisk og juridisk kunnskap ei viktig rolle i arbeidet med barnevernssaker, spesielt i tilfelle der omsorgssituasjonen for eit barn vert rekna som alvorleg, og risiko for skade vert rekna som stor. Det var ikkje uvanleg at barnevernsarbeidarar tok kontakt med høvesvis psykolog og jurist for å få råd og rettleiing i denne typen saker. Desse er profesjonelle aktørar i barnevernssystemet som har ein institusjonalisert status som ekspert, og det er korleis ein slik ekspertstatus kan påverke avgjerdsprosessane eg vil drøfte her. Eg utforskar mellom anna korleis barnevernsarbeidarar brukar denne ekspertisen i arbeidet med barnevernssaker, og spør korleis det kan påverkar barnevernets kategoriseringsprosessar at desse blir involvert gjennom rettleiing. Eg startar med psykologen.

6.3.1 Barnevernsproblem i møte med psykologens kategorisystem

I dei tre barnevernstenestene som eg har observert fann det stad, om lag to til tre gonger i halvåret eit tverretatleg møte der ein psykolog frå barne- og ungdomspsykiatrisk teneste var ein del. Andre profesjonelle som jobba med barn- og unge i kommunen i tillegg til barnevernsarbeidarar brukte også å delta i desse møta og enkeltsaker vart drøfta anonymt. Føremålet var å halde ved like eit samarbeid mellom profesjonelle med ulik fagleg bakgrunn som alle jobbar med tenester for barn og unge. Mine observasjonar kan tyde på at sjølv om dette

møtets organisering formelt gjer gjeldande ei samarbeidsramme, er det i praksis psykologens kunnskap og kompetanse som dominerer snakket. Psykologen får og tek ei rolle som ekspert her og dette legg føringar på kva faglege perspektiv som vert får størst plass.

Eg skal no vise utdrag frå drøftingar av eit problema som blir teke opp i eit slikt møte. I møtet deltek to barnevernsarbeidarar, ein psykolog og ein sosialarbeidar frå barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (bup), ein person frå helsestasjonen og to sosiallærarar frå skuleverket. Dette problemet handlar om barnevernssaka til Per. Per går i barnehagen og bur saman med mor. Barnevernet fekk ei bekymringsmelding frå ein psykiatrisk institusjon i samband med at mor til Per vart innlagt der, og barnevernstenesta har etter dette hatt ein del kontakt med barnehagen som guten går i for å følgje med på korleis han har det. Barnevernsarbeidaren har jamlege møte med dei tilsette i barnehagen og barnets mor der dei snakkar om gutens utvikling. I sist møte som barnevernsarbeidaren var på fortel dei barnehagetilsette at guten viser sein språkutvikling og dei seier at han gjev uttrykk for eit «avflata kjensleviv». Barnevernstenesta har også fått tilgang på mors epikrise der diagnosen «tilbakevendande depressiv lidning» blir skildra og resultatata frå ein IQ-test blir presentert. Barnevernsarbeidaren har etter dette blitt meir bekymra for at problema som viser seg i barnehagen skuldast mors psykiske helse og kognitive fungering, og at problema hans skal utvikle seg og bli meir alvorlege dersom ikkje noko blir gjort.

Barnevernsarbeidaren som jobbar med denne saka til dagleg har i samtalar med meg gjeve uttrykk for at ho tykkjer at dette er ei svært tung og vanskeleg sak å jobbe med. Ho vurderer gutens problem som alvorlege, men ho erfarer at barnets mor prøver å gjere så godt ho kan for at guten skal ha det bra. Ho fortel også at mor er svært redd for at barnevernet skal ta over omsorga for guten og at det difor er utfordrande å få til eit godt samarbeid. Barnehagen har tidlegare fortald om ei positiv utvikling hjå guten, men den siste meldinga gjer at barnevernsarbeidaren er redd for at det ikkje er godt nok likevel. Ho er difor uviss på kva som kan gjerast for familien, og ho er uviss på om alvoret er så stort at det er lite som kan gjerast heime. Dette er med andre ord ei typisk sak der barnevernsarbeidaren kan bli sett til å velje mellom motstridande verdiar. Det oppstår eit ideologisk dilemma (Billig, 1988) der spenninga mellom omsynet til det biologiske prinsipp og andre prinsipp for vurdering av barnets beste gjer seg gjeldande. Å stå ansvarleg for slike dilemma gjer det ekstra vanskeleg å vite kva som er rett å gjere.

Barnevernssaken tek barnevernssaka med seg til det faste tverretatlege møtet og møtet startar med at ho får presentere denne saka for dei andre i gruppa. Det er tydeleg at barnevernssaken rettast problemet til psykologen åleine, meir enn til gruppa som kollektiv. Det er psykologen ho ser på når ho snakkar og ho trekk spesielt fram det som står i mors epikrise. Ho les opp frå delar av epikrisen der det står at mor er «i grenseland til mental retardasjon» og at ho viser «språkleg svikt» og «marginal kognitiv fungering». Etter denne informasjonen stiller ho dei konkrete spørsmåla som ho har, og desse stiller ho direkte til psykologen (P):

men men det eg lurar litt på, er kva kan me forventa av denne mammaen i forhold til å få til tiltak, for å hjelpe denne mammaen til muligens, det som har vore snakka om det er det å benevna ting, forklare ting, det skal ein og gjere når ein har ungar sant, for at dei skal utvikla seg språkleg, sant og få forklaringar på ting og forberedelsar og slike ting. Eg tenker kanskje, det som me ser no, har det ein samanheng, når me sit med ei mamma som har dei vanskaner som er beskrive med ho, så ser ein att litt det hjå guten no da, og kva kan me klara å få til, og kva er fornuftig å gjere oppimot omsorgen, og inn i tiltak og kva er endringspotensialet?

P: (rettast seg mot sin kollega på bup som er sosialarbeidar) ja, der trur eg du skal snakke for du er den optimistiske av oss...

(latter i gruppa)

Barnevernssaken gjev tydeleg uttrykk for stor uvisse når ho snakkar. Gjennom snakket gjer ho gjeldande det Vagli og Forsberg (2006) har omtala som «ei ramme av fortvilling» og «ei ramme av bekymring». Fortvilinga knyter seg til å ikkje vite sikkert. Bekymringa orienterer seg mot omsynet til barnet og dei skadane guten kan få av å vere i den omsorgssituasjonen som no gjeld. Vagli og Forsberg omtalar desse to rammene som «the trans-situational language of feeling of child protection case-talk (ibid: 9), og deira poeng er at dette språket relaterer seg til to grunnleggande kjenneteikn ved barnevernssak, kompleksitet og ambivalens. Og det er nettopp kompleksitet og ambivalens som gjeld i barnevernssaka til Per. På ei side er gutens omsorgssituasjon bekymringsfull. Både utifrå det dei barnehagetilsette fortel om Pers utvikling, men også mors mentale vanskar indikerer at det er snakk om ein potensielt skadeleg omsorgssituasjon. Barnevernssaken trekk fram utdrag frå mors epikrise og hintar med dette om at det er eit alvor i situasjonen. Men barnevernssaken markerar på same tid ei uvisse i høve til å vurdere kva grad av alvor det er snakk om. Som det går fram av utdraget spør ho kva som kan gjerast for å hjelpe. Tidlegare i presentasjonen har ho nemnt at dei i barnevernssaken har «snakka litt om at me må inn på heimebane og sette inn tiltak i heimesituasjonen».

Meininga i barnevernssaka endrar seg når psykologen startar å snakke og svarar på det barnevernssaken spør om. Det same gjer uvisse og ambivalensen i høve til kva relevans

mors epikrise har i vurderinga av Pers omsorgssituasjon. Psykologens profesjonelle eigarskap til diagnosesystemet og hans bruk av generell kunnskap om den typen diagnoser som Pers mor har fått verkar med til at slike endringar skjer.

Psykologen første respons «ja, der trur eg du skal snakke for du er den optimistiske av oss» blir presentert som ein spøk, og det fører til at alle som sitt rundt bordet ler. Sjølv om det blir uttrykt i ein spøkefull tone er det på same tid eit tydeleg signal til dei andre i gruppa kva psykologen meiner om saka. Kommentaren indikerer eit syn om at barnets mor er ein person med lite endringspotensiale. Kort etter dette held psykologen fram med eit lengre resonnement om det som står i mors epikrise. Ved å fortelje dei andre om kva som er typisk for personar som har slike diagnoser og som har det IQ-resultatet som mor har fått påvist blir det skapt eit bilete av Pers mor som er heilt eintydig; vi har med ei mor å gjere som ikkje har verken evne eller potensiale til å ta seg av guten på ein god måte:

P: tilbakevendende depressiv lidelse er rekna for å vere kronisk, sånn at ho..dette hode kommer til å vere deprimert, mye med jevne mellomrom i trygdemessig forstand lenge, altså meir enn fem seks, ti til tjuе år, kanskje bestandig kjem ho til å ha perioder der ho kommer til å vere trist og slapp at ho er deprimert. Og så har ho eit hovud som er i grensa til psykisk utviklingshemming, det betyr at når når ho er tjueto er ho..ho er like flink med språk og problemløsning og lese samanhengar i verden som ein tretten fjorten femtenåring, det betyr det. Når dei har skrive det sånn frå sengeposten så har dei tatt ein wais på ho og dei har målt ein IQ som eg vil tippe er sytti , der omkring, også har ho fått eit barn oppi det her, og det er fleire ting, eplet faller ikkje langt frå stammen sånn at genetisk sett er det større risiko for at dette barnet får utviklingsforstyrrelser og hjernekrøllar enn en gjennomsnittelig barn. Det er ikkje sikkert han får det, men det er ein risiko siden han har ei mamma som han har som har eit hovud som ho har. Også er ho deprimert og ein veit kva depresjonar kan gjere med folk

Vi ser her korleis psykologen gjennom snakket skapar gutens mor til eit typisk tilfelle av ein person med diagnosen «tilbakevendende depressiv lidelse» og mor får ein karakter på grunnlag av denne diagnosen og resultatata frå ein IQ-test. Psykologens generelle kunnskap om slike diagnoser blir brukt til å konstruere eit portrett og ein identitet for denne mora, og kategoriseringane gjev mor visse trekk og eigenskapar. Psykologen reduserer mors person til «dette hodet» og han trekk fram at det er snakk om «eit hovud som er i grensa til psykisk utviklingshemming». På grunnlag av dette presenterer han framtidsprogosar for mor, og han fortel at ho kjem til å vere «deprimert med jevne mellomrom» og at ho kjem til å vere «trist og slapp» i desse periodane. Resultata frå IQ-testen blir brukt på same måte til å konstatere at mors kognitive fungering er som ein tenåring. Ved å snakke på denne måten og ved å gje mor ein identitet på grunnlag av desse medisinske kategoriane skapar psykologen eit eintydig og klårt bilete av kven ho er og kva eigenskapar ho har. Variasjonar og unike trekk ved hennar person forsvinn, eller blir gjort mindre relevante. Dette er typisk for slike profesjonelle

klassifiseringssystem som blir brukt her, og vi ser korleis kategoriane «avkontekstualiserer og endrar konteksten for ein observasjon» (Måseide, 2008:375). Andre eigenskapar som har komme fram gjennom barnevernsarbeidarens direkte kontakt med mor vert ikkje rekna som relevant i denne samanhengen. Barnevernsarbeidaren forteljingar om ei mor som både er redd og som prøver å gjere sitt beste for guten er døme på slikt. Vi ser her korleis bruken av dei diagnostiske kategoriane og psykologens snakk elles transformerer barnets mor og hennar tilstand der berre desse eigenskapane får plass.

Mitt poeng er ikkje først og fremst å få fram at psykologen brukar sin profesjonelle kunnskap om diagnosar til å forklare for dei andre kva meining som ligg i desse diagnosane. Det eg vil vise er korleis psykologen brukar ei diagnostisk kategorisering av mor til å dra tydelege slutningar om korleis ho kjem til å fungere som omsorgsperson for guten. På grunnlag av svært knappe opplysningar om barnevernssaka tolkar han og kjem han med klåre spådommar om korleis problema som barnevernsarbeidaren fortel om kjem til å utvikle seg vidare. Utdraget under er eit direkte framhald av det over, og viser korleis psykologen trekk vekslar på og brukar ein tilleggskunnskap (Cicourel, 1973; 1985) om typiske tilfelle og brukar dette til å konstruere ein samanheng som gjer det mogeleg å trekke konklusjonar om det barnevernsarbeidaren spør om:

P: ting i tillegg som at, går utifra at gutten har opplevd slitsomme, uvanlige og kanskje til og med fæle tilknytningsopplevelser i forhold til pappaen og fråflytting, det veit eg ikkje noko om, men kan

B: det har vore ustabilitet

P: Det er klart at deprimert, ein tilbakevendande deprimert mamma med dårleg språk og dårleg evne til å sjå korleis ho sjølv påverke omgivelsene, eg får ikkje inntrykk av at ho og pappaen til dette barnet har løst konfliktane til barnet beste, frykter eg, så det er god grunn til å vere bekymra for at gutten får skeivutvikling på ein eller anna måte. Ikkje sikkert det går så galt, men det må undersøkjes. Og mammaen har mykje større læringspotensiale viss det er snakk om konkrete tiltak i heimen og vising, ho har antakelivs mindre evne til å tilnærme seg råd, det syns eg de skal gå utifra

(kort pause)

B: kva konkrete tiltak, tenker du sånn?

P: ho må ha det veldig inn med teskei

Her seier psykologen at han «går utifra at gutten har opplevd slitsomme, uvanlige og kanskje til og med fæle tilknytningsopplevelser». Det er altså noko han trur, og dette er eit resonnement som bygger på kjennskap til andre tilfelle enn denne. Han nemner rett nok at han ikkje veit noko sikkert om det, men like fullt brukar han slutningane som tolkingsgrunnlag for å skape meining til denne saka. Barnevernsarbeidaren stadfestar at «det har vore ustabilitet». Litt lenger ute i resonnementet seier han at han «får ikkje inntrykk av at ho og pappaen til dette barnet har løst konfliktane til barnets beste». Utdraget viser korleis psykologen gjennomgåande brukar ei

analog resonneringsform når han tolkar og trekk slutningar, og dette bidreg til å skape «typar». Det er truleg ein kombinasjon av fagkunnskap frå sin praksis i barne- og ungdomspsykitari og kvardagskunnskap som verkar med til å skape slike typar. Gjennom snakket produserer psykologen på denne måten eit barnevernskassus der det er naturleg å konkludere med at det er «god grunn til å vere bekymra for at gutten får skeivutvikling på ein eller annan måte».

Det eg prøver å vise her er korleis psykologen omdannar eit komplekst barnevernsfagleg problem til eit mindre komplekst problem ved å produsere eit typisk kassus. Psykologen har aldri treft familien som dei snakkar om, og han har ikkje kjennskap til barnevernssaka frå før. Psykologens avgrensa og indirekte kjennskap til problema gjer at han difor må ta for gitt mykje av den lokale konteksten, og han tek problemet ut av den komplekse samanhengen som barnevernsarbeidaren arbeider i. Eventuelle variasjonar og unike trekk som gjeld Pers mor, og problemstillingar som gjeld denne barnevernssaka spesielt blir som ein konsekvens mindre tydelege. Etter kvart som psykologen snakkar og etter kvart som informasjon om barnevernssaka blir abstrahert og generalisert blir det produsert eit barnevernsproblem som det er lettare å sjå kva handlar om. Gjennom heile drøftinga av denne barnevernssaka resonnerer psykologen på liknande måtar som eg har vist over, og det blir etter kvart skapt ei kollektiv oppfatning i gruppa om at dei har med ei alvorleg sak å gjere. Sosialarbeidaren frå bup seier på eit tidspunkt at «eg tenker dette er kjempeskummelt eg, ein veit jo noko om seinverknader av å vekse opp med deprimerte mødre, det er ganske alvorleg». Mot slutten av drøftinga seier barnevernsarbeidaren at «den er jo veldig konkret og tydelig denne epikrisen, da». Før psykologens involvering vurderte ho ikkje epikrisen slik. Då gav ho uttrykk for uvisse i høve til korleis det som stod der skulle tolkast og brukast i dei faglege vurderingane. Psykologens involvering og framgangsmåtar for tolking skapar meir eintydige og typiske kassus. Dette bidreg til at det blir lettare også for dei andre å skape meining til informasjonen i barnevernsaka, og å skape meining til problema dei drøftar.

Utdraga som eg presenterer her viser berre ein liten del av diskusjonane som går føre seg av denne barnevernssaka. Drøftinga varar nesten ein time, og det er fleire av dei andre som er til stades som også involverer seg og kjem med innspel. Det eg vil ha fram, og som eg har vald å rette merksemda mot er korleis psykologen har, får og tek ein posisjon i gruppa som ekspert på saka. Rettleiingsaktiviteten kan skildrast som ein einvegsprosess der psykologen åleine tek over regien for barnevernssaka. Meininga som barnevernsarbeidaren skapar til problema i barnevernssaka er på denne måten delvis eit resultat av psykologens kategoriseringar der mor får ein identitet som ikkje fungerande omsorgsperson. Psykologens involvering gjer at gapet

mellom ein kompleks røyndom og den barnevernsfagleg kategorien «alvorlege manglar ved den daglige omsorg» (Barnevernslova, 1992; § 4-12) blir mindre. Det same gjeld for dilemma som er del av slike situasjonar der omsynet til barnets beste blir sett opp mot det biologiske prinsipp.

6.3.2 Barnevernsproblem i møte med juridisk rettspraksis

I mitt materiale hadde barnevernstenestene tilgang på faste kommuneadvokatar, og desse vart alltid kontakta i barnevernssaker der det var rekna som eit reelt alternativ å gjennomføre ein prosess for omsorgsovertaking med bruk av tvang (Barnevernslova, 1992; § 4-12). I løpet av mitt feltarbeid var dette aktuelt i to barnevernssaker, og i både desse barnevernssakene var kommuneadvokatens synspunkt avgjerande for at ingen av desse barnevernssakene enda med å bli fremja for fylkesnemnda. I både tilfella meinte advokaten at vilkåra for å fremje sak ikkje var til stades, og barnevernsarbeidaren følgde kommuneadvokatens råd.

Ei av desse to sakene var barnevernssaka om Ida. I kapittel 4.3.2 får vi eit innblikk i den interne usemja som rår i barnevernsskollegiet om kva meining barnevernssaka om Ida skal ha med omsyn til omsorgsspørsmålet. Ida er plassert i fosterheim etter samtykke frå foreldra, men Idas foreldra ønskjer ikkje å samtykke til å forlenge dette tiltaket. Ei avgjerd om vidare fosterheimplassering kan difor berre bli til ved bruk av tvang. Uvissa om tvang eller tilbakeføring til foreldra er den beste løysinga har vara over tid. Etter fleire drøftingsrundar i kollegiet utan å komme fram til ein konklusjon tek barnevernsarbeidaren (B) kontakt med kommuneadvokat (A) for å få hjelp til å avklare dette spørsmålet.

På same måte som i møte med psykologen overfører barnevernsarbeidaren problemet til kommuneadvokaten i den perioden dette møtet varar. Nokre korte utdrag frå møtet blir presentert for å illustrere korleis kommuneadvokaten, til liks med psykologen, på kort tid og med få ordvekslingar klarar å skape forenkla og typifiserte situasjonsskildringar ut av ein kompleks og verkeleg barnevernsrøyndom. Ved å gjere gjeldande ei juridisk ramme for arbeidet etablerer kommuneadvokaten ein avgjerdskontekst som gjer det mogeleg å skape ei meir eintydig forståing av barnevernsproblema, og det opnar for å identifisere kva tiltak som institusjonelt sett kan reknast som gyldige.

Som i møte med psykologen i førre dømme startar også dette møtet med at barnevernsarbeidaren presenterer eit kort samandrag av kva som har hendt i barnevernssaka før ho stiller eit konkrete spørsmål til kommuneadvokaten som ho ønskjer svar på. Presentasjonen reflekterer den kompleksiteten og ambivalensen som har kjenneteikna arbeidet med denne saka over tid. Eit

lite utdrag som er henta frå denne presentasjonen illustrerer korleis dette kjem til uttrykk. Barnevernsarbeidaren har fram til no fortald om alle vendepunkta som har vore undervegs i arbeidsprosessen, og dei barnevernsfaglege forståingane av problemet til Ida vekslar stadig alt etter kva perspektiv som vert gjort gjeldande. Barnevernsarbeidaren snakkar gjennomgåande på vegner av eit «me», ei formulering som markerer at ho ikkje er åleine om dei faglege vurderingane. Det er barnevernskollektivet «på kontoret» som står bak og som saman jobbar med å finne fram til den rette løysinga:

ho reiste og sprakk og drakk og kom heim att og har vore edru, har tatt opp att kontakt med hjelpeapparatet og er på ny behandling. Men det som me gjorde då, det var det at me opna ei ny undersøking og holdt tilbake den...holdt tilbake den tilbakeføringa.

A: mm

B: også er det då, kva gjer vi no har vi nok her til å ehhh ta...er det fire tolv...kan me ta ein fire tolv plassering på denne jenta eller er, er ikkje det nok grunnlag for det, det er der me står og me er **grådig** i tvil, denne jenta ho har spesielle behov, ho er adoptert, ho er veldig sårbar, ho var to år når, ho var nest..to år når ho kom her, ja nesten to år når ho kom her, ho ha.. hadde veldig stor separasjonsangst når ho begynte i barnehagen ...me har hatt ho til utredning på bup og det syner at ho har noko som heiter asosial tilknytningsforstyrrelse som i sin tid kan gi jenta psykiske problem om ho ikkje blir behandla for det.

Barnevernsarbeidaren har gjennom heile presentasjonen snakka raskt og med eit hektisk preg, og inimellom ler ho lett. Denne måten å snakke på skapar eit markert inntrykk av kaos og uvisse. Ho får fram at det har vore nye situasjonar som har dukka opp heile tida og at dette har skapt ein påtrengande kompleksitet som har vore utfordrande å handtere. Ho får fram at barnevernsproblemet har fleire komponentar som nærer oppunder den uvisse som blir erfart. Som vi ser i utdraget trekk ho fram at Ida er «adoptert» og «sårbar» og at ho har fått ein diagnose. Ho gjer med dette gjelande ei «bekymringsramme» (Forsberg & Vagli, 2006), der fokuset rettar seg mot barnets omsorgsbehov med omsyn til den risikosituasjonen som ho no lever i. På ei anna side får ho fram at Idas mor har vore rusfri over ein lengre periode, og at ho har «tatt kontakt med hjelpeapparatet og er i ny behandling». Rett før dette har ho også nemnt at fars psykiske helse er mykje betre no enn den var. Desse perspektiva får parallelt med bekymringsramma fram kva ambivalens som knyter seg til det å ta ei avgjerd i denne barnevernssaka. Ved å skildre barnevernssaka på denne måten, nemne alle dei ulike aspekta ved barnevernssaka ein etter ein, i rask rekkefølge teiknar ho opp eit bilete av at arbeidet med denne barnevernssaka som både stressande, vanskelig og fleirtydig.

Barnevernsarbeidaren spør «kan me ta ein fire tolv plassering på denne jenta eller er, er ikkje det nok grunnlag for det», og ho seier at «me er grådig i tvil». Ho legg ekstra vekt på ordet grådig, noko som forsterkar dette inntrykket av fortvilning over å ikkje vite kva som er rett å

gjere. Advokaten seier førebels lite og lyttar til det barnevernsarbeidaren fortel. Etter om lag fem minutt ut i presentasjonen kjem kommuneadvokaten med sitt synspunkt på spørsmålet om omsorgsovertaking. På grunnlag av denne korte oppsummeringa av ei barnevernssak som har vara i over eit år klarar advokaten altså å ta stilling til dette. Som vi skal sjå knyter dette seg til at advokaten endrar situasjonsdefinisjonen for samtalen og gjer gjeldande ei juridisk ramme for barnevernsproblemet. Dette rammeskifte skapar på same tid ein annan fortolkingskontekst enn den barnevernsarbeidaren gjorde gjeldande gjennom presentasjonen. Merksmda rettar seg mot eine og åleine mot rettspraksis i fylkesnemnda, noko som får konsekvensar for kva spørsmål som vert rekna som relevant å stille:

B: [...]..også berre no tenker me liksom sånn, viss me tilbakefører, er det stabilt nok, er det trygt nok, ehh og kva utsetter me denne jenta for visst, viss me tilbakefører, og er det nok til å ikkje tilbakeføre (ler lett), held det i ei nemnd for å seie det sånn, dette er ei mor som gjer veldig mykje rett altså, ho leggde seg inn og tek kontakt med psykologen sin og fit for fight heile vegen altså

A:mmm, ehmm ja, det var masse spørsmål,

B: mm

A: får ta det litt sånn. Ehm, altså det første eg tenker er i forhold til ein nemndsak at eg trur sånn som situasjonen er i dag så trur ikkje eg det er nok, nødvendigvis for det at, i og med at vertfall utviklingen har jo for mora sin del gått rett veg sant, ho har hatt en lengre periode med der ho har vore rusfri, var ikkje det det

B: jo, ho har hatt ni månader

Barnevernsarbeidaren stiller her fleire relevante og aktuelle spørsmål som knyter seg til dei generelle barnevernsfaglege vurderingane av Ida sin omsorgssituasjon som har vore drøfta kollegialt, og som ho strevar med å finne gode svar på. Ho spør advokaten «er det stabilt nok, er det trygt nok» og ho spør «kva utsetter me denne jenta for viss me tilbakefører?» Dette er også spørsmål som det er vanskeleg å vite noko sikkert om, og som det gjekk fram av presentasjonen er argumenta fleire og ulike blant dei som har vore involvert i arbeidet så langt om dette.

Advokaten svarar med det same at ho trur ikkje det er «nok» fordi at «utviklingen har jo for mora sin del gått rett veg», og «ho har hatt ein lengre periode med der ho har vore rusfri». Advokaten etablerer med sitt svar ei juridisk innramming for barnevernsproblema, og det er barnevernsproblemet som «nemndssak» som blir gjort relevant. Utan noko direkte kjennskap til barnevernssaka, men ved å gjere gjeldande ei slik kontekst blir det mogeleg å ordne barnevernsrøyndommen i Ida si sak på andre måtar. Dei spørsmåla som knyter seg til kva jenta kan bli utsett for eller om det er stabilt nok bli med denne ramma mindre relevante å stille og dermed svare på. Det er ei orientering som rettar merksmda mot spørsmål om «kva som går i ein nemnd», snarare enn spørsmål som kva Ida kan bli utsett for og om «det er stabilt nok».

Denne endringa i orientering spesifiserer og skapar ein kontekst for barnevernsproblemet som er tilpassa fylkesnemndas rettspraksis, og kva barnevernsprofesjonelle omsyn som er relevante blir med denne endringa tydelegare definert og spesifisert.

Eit forhold som får mykje fokus innafor denne ramma og i denne samtalen er spørsmål om kva barnevernsarbeidaren kan dokumentere om problema i Ida si sak. Kommuneadvokaten rettar stadig merksemda mot kva forhold i saka som kan dokumenterast, og kva som ikkje kan det. Advokaten snakkar om kva som finst av «informasjon» og «bevis» i saka, og dette blir snakka fram som objektive og nøytrale storleikar. Følgjande utdrag illustrerer dette:

B: Men me har jo diskutert denne saken ganske heftig på kontoret, det er jo nokon som har sagt at kanskje ein skal tilbakeføre, og så får ein sjå om det går drit eller ikkje, for å sei det sånn (ler lett)

A: ja, altså eg trur vert fall utifrå den informasjon som foreligger no så trur eg det vil bli veldig vanskelig å få medhold i nemnda fordi eg trur dei fokuserer veldig på at først og fremst at ho er ein god omsorgsperson, men at det som på ein måte er altså, det som talar for ein fire tolv plassering det er jo da det rusmisbruket som no egentleg har vert stabilisert eller mye tyder på då er stabilisert gjennom veldig lang tid, så då står man egentlig igjen viss det føres bevis for det at det er stabilisert så står man jo egentlig ikkje igjen med noe i forhold til fire tolv

B: mm

A: tenker eg, så da viss det faller vekk så er jo...

B: men det er, for det er jo det me blei sånn i tvil om det er stabilisert no når ho hadde den sprekken i desember

Det er slåande her korleis barnevernsarbeidaren og advokaten snakkar om ei avgjerd om å tilbakeføre Ida til foreldra på to grunnleggande sett forskjellige måtar. Barnevernsarbeidaren skapar eit inntrykk av at ei avgjerd om å tilbakeføre Ida nærast er å rekne som eit sjansespel. Ved å bruke formuleringa «sjå om det går drit eller ikkje» indikerer ho at kva som kjem til å skje då er umogeleg å vite sikkert. Det kan gå bra med Ida, men det er også ein sjanse for at det ikkje går bra. Advokaten svarar på denne kommentaren med å seie at «uitfrå den informasjonen som foreligger no så trur eg det vil bli veldig vanskelig å få mehold i nemnda». Vi ser at advokaten igjen gjer gjeldande ei juridisk innramming og gjer rettspraksis i fylkesnemnda til kontekst for fortolking av barnevernssaka. Ida sitt tilfelle blir kategorisert som ei tilfelle det er «vanskelig å få medhold i nemnda» for, og risikoaspekta som knyter seg til ei avgjerd om å tilbakeføre fell med dette bort. Advokaten snakkar om «dei» som «fokuserer veldig på at ho er ein god omsorgsperson», og råda som kommuneadvokaten kjem med blir «befolka» (Bakhtin et al., 1981) av den rådande tenkinga som gjeld i ei fylkesnemnd.

Vidare seier advokaten at «mye tyder på» at rusmisbruket har stabilisert seg og han brukar formuleringar her som «å føre bevis for» mors stabilitet. Ved å snakke på denne måten handlar ikkje lenger avgjerda om tilbakeføring om å «ta sjansen» på at mors rusproblem held seg stabilt, slik barnevernsarbeidarens framstilling hintar om. Det handlar om kva avgjerd ein kan «føre

bevis» for. Dette er ein måte å omtale informasjon og dokumentasjon på som skapar eit inntrykk av at dette er noko nøytralt, og at det er mogeleg å finne ut av spørsmåla som barnevernsarbeidaren stiller ved å hente inn objektive fakta om situasjonen. Advokaten definerer med dette ei avgjerd om omsorgsovertaking som ein dokumentasjonsprosess, der det handlar om å hente inn informasjon, og dokumentere kva som er sant.

Den andre barnevernssaka som eg følgde der omsorgsovertaking var aktuelt, handla om Erlend si sak (jf kap 5.3.2). Også i denne barnevernssaka observerte eg eit møte mellom kommuneadvokat og barnevernsarbeidar, og spørsmålet om dokumentasjon dukka opp også her. I denne barnevernssaka hadde barnevernet teke ei endeleg avgjerd om å fremje barnevernssaka for fylkesnemnda før dette møtet med kommuneadvokaten. Barnevernsarbeidaren tok likevel kontakt med advokat, først og fremst for å få råd om korleis den skriftlege innstillinga til vedtak burde skrivast. Med seg i møtet hadde barnevernsarbeidaren med seg ein tjukk bunke med skriftlege dokument om familien som ho hadde samla over fleire år under arbeidet med denne saka. Etter at barnevernsarbeidaren har presentert saka seier kommuneadvokaten at han vurderer at det ikkje er «nok dokumentasjon» til å få medhald i ei fylkesnemnd. Advokaten vurderer at det manglar dokumentasjon på at barnevernet har gjort nok for å prøve å hjelpe familien i heimen. Barnevernsarbeidaren på si side fortel at ho vurderer slike hjelpetiltak som nyttelause fordi foreldra har for store personlege problem til å klare å dra nytte av desse tiltaka. Desse vurderingane grunnar i den nære kjennskapen og kontakten som ho har hatt med familien over fleire år. Etter møtet med kommuneadvokaten, og på grunnlag av advokatens synspunkt valde barnevernsarbeidaren likevel å legge vekk planen om å fremje saka for fylkesnemnda. Advokatens vurderingar av «nok dokumentasjon» handla i dette tilfelle ikkje om mengde. Det handlar om kva som i fylkesnemnda vert rekna som relevant nok informasjon. Mathiesen (1978:21) har peika på at juristar sit på eit ”maktspråk” som kan brukast til å skilje ut kva resonnement som får status som gyldig i ein diskusjon og at jussen har eit potensiale til å omdanne politisk og moralske konfliktspørsmål til ”nøytrale, tekniske fagspørsmål” (ibid). Når advokatane i Ida si sak og i Erlend si sak snakkar om kva bevis og dokumentasjon som finst og korleis dette dannar grunnlag for «kva som går i ei nemnd» er dette samstundes ein framgangsmåte for kategorisering av barnevernsproblem som omdannar dei dilemma som knyter seg til omsorgsvurderingar i barnevernssaker til eit spørsmål om dokumentasjon.

For barnevernsarbeidaren vert like fullt involvering av kommuneadvokaten rekna som ein ressurs og ei hjelp som dei brukar til å skape meir visse i arbeidet med barnevernssaka.

Kommuneadvokaten hjelper dei i arbeidet med å samle fylkesnemndsrelevant informasjon, og til å skape ei legitim forståing av barnevernsproblemet som institusjonelt sett vert rekna som gyldig. Det er ein institusjonelt gjeldande barnevernsrøyndom som blir produsert i møte med juristar, og den barnevernsprofesjonelle praksis i barnevernssaker som gjeld omsorgsovertaking blir på denne måten regulert og prega av juridiske perspektiv. I kapittel 4 der eg skildrar kollegiale drøftingar viser eg korleis barnevernsarbeidarane nokre gonger tek over dei juridiske ekspertane sine perspektiv og kategoriar i dei faglege vurderingane av barnevernssaker. Vi ser mellom anna i kapittel 4.3.2 korleis ein av barnevernsarbeidarane under drøftinga av Ida si sak prøver å overtyde dei andre om at tilbakeføring er det rette å gjere fordi barnevernssaka ikkje vil «halda i nemnda». Det er ein framgangsmåte for å kategorisere barnevernsproblem som refererer til institusjonelle forhold.

6.3.3 Psykologen og juristen som dei store tjuvane?

Det er eit felles mønster som viser seg i møta mellom barnevernsarbeidar og spesialistar innafor psykologi og juss. For det første skjer det lite forhandlingar. Det er ikkje snakk om representasjonspolitik (Holquist, 1983) i samhandlinga. Det er psykologens og juristens kategoriar som vert brukt og som får gjennomslag når dei snakkar om barnevernsproblem. Barnevernsarbeidaren underordnar seg eksperten og det kan sjå ut som både psykologen og juristen har ein profesjonell autoritet og ein dominans i barnevernssystemet som er institusjonalisert. Vertikale strukturar pregar samhandlinga når psykologar og juristar blir involvert, og aktivitetssystemet (Goodwin, 1994; Hutchins, 1995) er i desse situasjonane gitt på førehand.

Eit anna mønster knyter seg til det som skjer når desse ekspertane skapar meining til barnevernssakene og barnevernsproblema som blir drøfta. Ekspertane sine kategoriseringar skapar nye fortolkingskontekstar for barnevernssakene og transformerer med dette problema i sakene til eit anna nivå. Utvalde perspektiv ordnar barnevernsrøyndommen slik at den blir meir standardisert, kompleksitet og nyansar forsvinn og barnevernsproblema blir gjort meir handterlege. Det er dette barnevernsarbeidarane først og fremst brukar rettleiing med juridiske og psykologiske ekspertar til. I møtet med advokaten ser vi korleis saka blir tilpassa fylkesnemndas forventningskrav. Dette fører til ei institusjonell kategorisering av barnevernsproblemet som «ikkje eit tilfelle for fylkesnemnda». I Ida si sak førte advokatens klåre kategorisering til at det vart lettare for barnevernsarbeidaren å ta ei avgjerd, omsorgsovertaking vart ikkje lenger rekna som ei alternativ løysing etter dette møtet. Dersom det oppstår situasjonar der barnevernsarbeidaren og juristen kategoriserer barnevernsproblemet

ulikt kan det bety at barnevernsarbeidaren tapar, slik vi ser at skjer i Erlend si sak, og ein kan spørje om dei institusjonelle føringane står over dei barnevernsprofesjonelle vurderingane når det er snakk om bruk av tvang.

I møtet med psykologen ser vi korleis psykologen gjennom sitt snakk og sine kategoriseringar av Pers mor gjer det blir enklare for barnevernsarbeidaren å tolke informasjonen som står i mors epikrise. Ho seier etter møtet med psykologen at epikrisen er meir konkret og tydeleg no. Når psykologen og juristen klassifiserer barnevernsproblem med utgangspunkt i sine profesjonelle kategorisystem blir altså nokre aspekt meir synlege og relevante enn andre.

6. 4 Avsluttande kommentar

I dette kapitlet har eg vist korleis barnevernssaker får meining i rettleiingssituasjonar der aktørar som jobbar utanfor barnevernstenesta tek del. På grunnlag av utdrag frå nokre utvalde rettleiingssituasjonar drøftar eg korleis barnevernsarbeidarar brukar ekstern rettleiing i ein barnevernsfagleg avgjerdsprosess.

Utdraga frå dei møta som eg har presentert visar at barnevernsarbeidarar brukar rettleiing som ein ressurs og som ein fagleg reiskap til å handtere og meistre ei påtrengande uvisse som ofte er del av vanskelege og alvorlege barnevernssaker. Gjennom rettleiinga overfører barnevernsarbeidarane ansvaret for problemløysinga til andre, og rettleiingssituasjonen synleggjer på denne måten den barnevernsfaglege avgjerdsprosessens sosialt distribuerte trekk (Cicourel, 1990; Hutchins, 1995). Analysen viser korleis dei som deltek i rettleiingssituasjonane diskursivt etablerer og skapar ei klårare og meir eintydig kategorisering av problema i barnevernssakene. I rettleiingsgruppa utviklar dei eit profesjonelt syn (Goodwin, 1994) som produserer eigenskapsforklaringar for barnevernsproblema. Ansvaret og skulda for problema blir på ein tydeleg måte plassert og definert i familien og på eigenskapar ved barnets foreldre. Andre forhold, som eventuelle relasjonelle spenningar mellom barnevernsarbeidaren og familien, eller sosioøkonomiske forhold blir ikkje gjort relevant her. I rettleiing med juridiske og psykologiske ekspertar er det ein tendens til at barnevernsarbeidarane let desse overta problemløysingsarbeidet, og psykologens og kommuneadvokatens kategoriar og kategorisystem tek over for dei barnevernsprofesjonelle. Dette reduserer kompleksiteten i barnevernsproblema, og dei normative og kjenslebundne dilemma som knyter seg til det å overta omsorga for eit barn blir sett til side.

Analysane i kapitlet viser at kategoriseringar i ein rettleiingssituasjon blir til i eit samspel mellom problema slik desse blir gjort tilgjengeleg gjennom barnevernsarbeidarens

presentasjon, og ulike diskursive praksisar som blir brukt til å omdanne problema slik at dei blir praktisk handterbare. Dei diskursive praksisane som blir brukt produserer bestemte måtar å sjå og vurdere barnevernssaker, nokre aspekt ved problema blir synleg enn andre, og løysingar blir på denne måten funne i dei vanskelege barnevernssakene.

Kap 7 Avslutning

I denne avhandlinga har eg gjort ei analyse av korleis barnevernsarbeidarar skapar mening i avgjerdsprosessen med barnevernssaker. Barnevernets meningsprosessar har vore analysert med mål om å skildre og forstå korleis avgjerder om eit barnevernsproblem blir til, og det er meningskonstruksjon som eit produkt av samhandlingsaktivitetar denne avhandlinga rettar merksemda mot.

Dette avsluttande kapittelet samanfattar avhandlinga i ei tredelt oppbygging.

- Først presenterer eg den barnevernsfaglege avgjerdsprosessen gjennom dei tre ulike barnevernsprofesjonelle aktivitetane som har danna mitt empiriske utgangspunkt for analyse, og eg diskuterer her kva analysen viser om korleis desse aktivitetane blir brukt til å handtere uvisse og sosial kompleksitet i barnevernssaker. Eg vender med dette tilbake til utgangspunktet og problemstillingane som eg presenterte innleiingsvis, og prøvar å summere opp resultatata frå studien.
- Etter dette kjem ein presentasjon av det som eg har kalla barnevernsproblematiseringsbanar. På grunnlag av det som kjem fram i analysen vil eg ved hjelp av dette omgrepet diskutere og vise fram dei prosessuelle aspekta ved barnevernets problemløysing.
- Til slutt har eg ein oppsummerande refleksjon over korleis diskursive og etnografisk orienterte analysar av barnevernsets avgjerdsprosessar kan vere relevante, og kva dei kan bidra med i forhold til å utvikle og auke kvaliteten i barnevernets avgjerdspraksisar.

7.1 Meningsskaping i avgjerdsprosessen med barnevernssaker

Eit grunnleggande premiss for mine analysar er ei forståing om at barnevernsproblem i barnevernssaker representerer sosialt konstruerte fenomen, og dette har noko å seie for korleis desse problema vert forsøkt løyst i det kommunale barnevernet. Historisk har definisjonen på kva som er eit barnevernsproblem vore i stadig endring, og det er eit stridsspørsmål som knytter seg til normer og verdiar i eit samfunn (Ericsson, 1996). Barnevernsproblem knytter seg dessutan til private og kjenslebundne spørsmål. Barnevernsarbeidarar grip inn i folks privatliv og familieliv på svært direkte måtar. Dei reiser heim til folk og dei har høve til å få opplysningar og stille spørsmål om tema som vanlegvis vert rekna som svært personlege og private. Barnevernet må i kvar sak finne fram til kva problem som er private og framleis kan vere det, og kva problem som skal reknast som offentlege, som eit barnevernsproblem. I fleire av barnevernssakene i mitt materiale er grensene for offentleg og privat ansvar eit

forhandlingstema. I nokre av barnevernssakene ønskjer familien sjølv at eit problem skal vere privat, medan barnevernet forstår problema som sitt ansvar. I avhandlinga viser dette seg ved at familien ikkje ønskjer hjelp, eller at familien ikkje ønskjer at barnevernet skal få innsyn i alle delar av sitt privatliv. I barnevernssaka om Ida viser eg mellom korleis Idas mor hevdar at alkoholbruken hennar ikkje lenger har relevans for barnevernssaka, og ho ønskjer difor ikkje at barnevernet skal blande seg inn i dette problemet. Barnevernet på si side går langt i å krevje at mor skal melde frå kvar gong ho tek ein første drink for å bruke slike opplysingar i dei faglege vurderingane av Ida sin omsorgssituasjon. Eg viser også døme på at barnevernet definerer problemet som privat og fråskriv seg ansvar for å løyse det. Bekymringsmeldinga om Svein i kapittel 4 illustrerer eit slikt tilfelle. Når barnevernet har privatsfæren som arbeidsfelt vil forhandlingar om grensedraginga for barnevernets legitime inntrenging i privatsfæren vere eit tilbakevendande spørsmål som det ikkje er klårt definert. På mange måtar kan ein seie at barnevernsproblem knyter seg til å definere og forhandle om barneverns klientars «sjølvterritorium» (Goffman, 1971).

Analysen får også fram at dei barnevernsfagleg avgjerdsprosessane har særleg diffuse og lite handfaste utgangspunkt. Den første uroa for barn grunnar i observasjonar som nokon har gjort seg. Det er snakk om ei uro som blir formidla til barnevernet gjennom bekymringsmeldingar om ein mistanke eller ei vag kjensle frå den som melder frå om at noko er gale. Barnevernsproblem handlar om erfaringar med «trøbbel» (Gubrium & Järvinen, 2013). I mitt materiale er det store variasjonar i dei problema som det blir meldt bekymring for, og korte situasjonsskildringar eller utvalde episodar som illustrerer trøbbelet dannar utgangspunktet for barnevernets faglege vurderingar i denne fasen. Slike meldingar kan vere skriftlege eller munnlege, dei kan meldast direkte til ein barnevernsarbeidar, anten på kontoret eller i eit møte. Dei kan formidlast som e-post, i brev eller på telefon. Det finst med andre ord ikkje eit eige språk, eller eigen fagterminologi for skildring av barnevernsproblem i meldingsfasen. I kapittel 4 viser eg med døme frå to ulike bekymringsmeldingar korleis ein slik vag uro viser seg her. Det som står i desse meldingane kan potensielt tolkast på fleire ulike måtar, og det blir ein slags dobbel hermeneutikk (Giddens, 1984) som produserer problemforståinga, der meldar og barnevernsarbeidar gjensidig fortolkar og drar vekslar på kvarandre sine tolkingar.

Seinare i arbeidsprosessen får barnevernsarbeidarane tilgang på meir og utfyllande informasjon og opplysningar om barnevernssakene, utan at dette treng å føre til at det blir lettare å definere eller avklare kva problem det er snakk om. Opplysningane utviklar problemet, men det blir også eit nytt moment i problemkomplekset som får tyding for arbeidet. Vi ser døme på dette i

barnevernssaka om Ida der det først kjem inn opplysningar om at Ida har ei tilknytingsforstyrning. Litt seinare får barnevernet vite at mor til Ida har drikke alkohol på ei reise. Dette er uføresette situasjonar som oppstår, men dei får konsekvensar for det vidare arbeidet med saka. Barnevernsarbeidarane må tenke ut problemet på nytt etter kvar ny opplysning som kjem og vurdere korleis desse opplysningane skal brukast i saka. Avgjerda som var teke må då revurderast som følgje av at problemforståingar endrar seg og blir meir kompleks.

Det er altså ein kompleksitet og uvisse i barnevernssakene som skapar ambivalens om løysingar. Det er ikkje snakk om standardsaker. Ofte aukar kompleksiteten i dei barnevernssakene som varar over lang tid fordi at potensiale til at fleire nye situasjonar dukkar opp blir større. I somme tilfelle kan problemkomplekset i barnevernssaker ha så mange komponentar at det verkar nærast umogeleg å handtere og løyse alle. Slike saker vert omtala som vanskelege saker. Døme på slike vanskelege saker vert drøfta i kapittel 6.

Barnevernsproblem er på denne måten moralsk og kognitivt komplekse. Alle dei ulike deltakarane som blir involvert i problemløysinga gjer i tillegg barnevernsproblem sosialt komplekse. I avhandlinga viser eg situasjonar undervegs der barnevernsarbeidarar samarbeider kollegialt, og der dei samarbeider med barnets foreldre og fleire ulike profesjonelle som alle har ulik relasjon til problema og kjennskap, informasjon og kunnskap om problema. Dei ulike deltakarane sine oppfatningar, fortolking og perspektiv er forankra i ulike meningsprovinsar (Schütz, 1962) og meininga dei skapar skjer i relasjon til dei erfaringane som dei til ei kvar tid har om problema som dei samarbeider om. Familien har erfaring med problema først og fremst fordi dei er del av deira «livsverd» eller daglegverd. Profesjonelle har ofte lite direkte kjennskap og erfaring med problem, og oppfattar dei med utgangspunkt i sitt fagspesifikke arbeidsfelt, og i høve til sine spesifikke arbeidsoppgåver i problemløysingsarbeidet. Barnevernsarbeidaren får etter kvart meir direkte erfaring med problema gjennom sitt arbeid og sine møte med familien over tid. Desse erfaringane dannar grunnlag for kva kognitive skjema og tolkingsprosedyrar (Cicourel, 1985) som blir brukt av dei ulike deltakarane. Eg viser i avhandlinga korleis dette påverkar kva problem som blir sett og korleis dei blir sett. Eit døme som illustrerer dette er møta mellom barnevernsarbeidaren og juridiske og psykologiske ekspertar som eg skildrar i kapittel 7. Her ser vi korleis ekspertane sin avgrensa kjennskap til problema dei drøftar, samt tilgangen til deira profesjonsspesifikke kategorisystem gjer at dei tolkar barnevernssaker på andre måtar enn barnevernsarbeidarane. Barnevernsarbeidaren sin kjennskap til og direkte

erfaringar med familien over tid gjer at dei erfarer problema som meir komplekse enn ekspertane.

Dei ulike deltakarane kan også ha ulike interesser i høve til problema, og dette kan nokre gonger kan skape interessekonfliktar. Vi ser døme på dette i barnevernssaker der barnevernsarbeidaren og barnets foreldre har ulike mål for arbeidet og ulike syn på løysingar. Eit døme på dette i barnevernssaka om Ida. Etter at Ida si mor drakk alkohol på ei reise omtala ho denne hendinga som ein naturleg reaksjon på ein situasjon som oppstod på denne reisa. Barnevernsarbeidaren omtala den same hendinga som ein «sprekk». Kva kategorisering av problemet som vert rekna som gyldig har konsekvensar for løysinga. Om hendinga blir definert som ein sprekk eller ein naturleg reaksjon har følgjer for tilbakeføringsspørsmålet som vart drøfta i denne barnevernssaka. Avhandlinga viser også at det eit stort potensiale for at det kan oppstå relasjonelle problem som følgje av ulike interesser i ein avgjerdsprosess. Slik relasjonelle problem kan skape vanskar for det vidare arbeidet, og i nokre tilfelle føre til at arbeidet stoppar opp. Eit viktig aspekt ved avgjerdsprosessen knyter seg difor til å handtere relasjonelle problem som anten har oppstått, eller hindre at slike problem faktisk oppstår. I alle dei aktive barnevernssakene som eg diskuterer i avhandlinga er relasjonelle spenningar på eit eller fleire tidspunkt i arbeidsprosessen ein del av problema i barnevernssaka, og barnevernsarbeidarane brukar mykje tid på dette. Arbeidet med å skape mening i barnevernssaker kviler på denne måten på meir enn berre det å komme fram avgjerder om kva som er barnets problem og løysingar på desse. Somme tider kan arbeidet med barnevernssaker og avgjerdsprosessar handle om å løyse barnevernsarbeidarens problem med relasjonar.

På grunnlag av slike trekk ved barnevernsproblem kan vi seie at barnevernsarbeidarane skal skape mening til og ta avgjerder om sosiale fenomen av den «interaktive typen» (Hacking, 1999). Det er snakk om problemtypar som det ikkje finst objektive representasjonar for, samstundes som dei representasjonane som blir konstruert påverkar korleis dei blir oppfatta av andre. Meningsskaping i barnevernsfaglege avgjerdsprosessar må difor bli forstått på bakgrunn av at det er snakk om å konstruere komplekse problem som det kan vere strid om. Det praktiske arbeidet med å handtere barnevernssaker og komme fram til avgjerder om kva desse problema handlar om knyter seg på denne måten til å *handtere uvisse* og *handtere relasjonar* like mykje som å løyse eller ta avgjerder om familieproblem. I avhandlinga viser eg korleis barnevernsarbeidarane går fram og kva faglege reiskapar dei brukar til dette arbeidet, og eg viser korleis barnevernsarbeidarane somme tider driv problemløysing og problemhandtering snarare enn å ta avgjerder eller drive med avgjerdstaking.

Gjennom avhandlinga har eg analysert tre ulike profesjonelle aktivitetar som stod sentralt i arbeidet med barnevernssaker for å få fram kva som kjenneteiknar meningsskapinga i avgjerdsprosessane og problemløysingsarbeidet. I analysen av desse aktivitetane viser eg korleis desse blir brukt til å handtere problem som kan dukke opp undervegs. Desse problema knyter seg til den uvissa og den sosiale kompleksiteten som dannar utgangspunktet for arbeidet. Desse tre problemløysingsaktivitetane er viktige komponentar i ein barnevernsfagleg avgjerdsprosess, og eg seier at dei utgjer barnevernets «kulturelle aktivitetssystem» (Hutchins, 1995). Med dette perspektivet blir det vektlagt kor viktig det er å få fram dei sosiale og kulturelle prosessane som verkar med, og som pregar barnevernets aktivitetar i ein analyse av barnevernsfaglege avgjerdsprosessar. Dette knyter seg til ei forståing av avgjerdstaking som ein kognitiv aktivitet “not just influenced by culture and society, but it is in a very fundamental sense a cultural and social process» (ibid:3). Den tenkinga, tolkinga og dei resonneringsprosessane som ligg til grunn for ei avgjerd er sosiale fenomen. Det er eit system og eit kollektiv av tenkarar, snarare enn individuelle aktørar som tenker, og avgjerdsprosessen er på denne måten sosialt fordelt mellom personar og over tid. Denne forståinga støttar opp om avhandlinga si tilnærming til barnevernets avgjerdsprosessar, og eit fokus på å få fram korleis dei problemløysande aktivitetane og meining utviklar seg i relasjon til den sosiale, kulturelle samanhengen den går føre seg i dannar grunnlaget for studien og dei prosessane av meiningskonstruksjon som eg skildrar.

Det har vore eit poeng i avhandlinga å få fram at eit grunnleggande kjenneteikn ved barnevernets aktivitetssystem er at problemløysingsaktivitetane og dei faglege reiskapane barnevernsarbeidarar har tilgang på og brukar gjennom ein avgjerdsprosess er nærast fri for materiell teknologi. Problemløysinga går først og fremst føre seg ved at dei som er til stades i ein profesjonell aktivitet snakkar om og diskuterer barnevernsproblema som skal løysast. Det er på denne måten samhandlinga i seg sjølv som utgjer barnevernets faglege reiskap i arbeidet, og i analysen viser eg kva diskursive praksisar som dominerer og som blir brukt her. I det følgjande vil eg presentere resultatata frå denne analysen. I presentasjonen trekk eg fram og drøftar problemstillingane som eg innleiingsvis knytte til kvar av desse aktivitetane.

7.1.1 Barnevernets uvissehandling i kollegiale drøftingar

Følgjande problemstilling vart i innleiinga presentert som grunnlag for analysen av kollegiale drøftingar:

- Korleis skapar barnevernsarbeidarane mening til barnevernssaker i kollegiale samanhengar, og kva diskursive reiskapar blir brukt til å kategorisere eit barnevernsproblem her?

I kapittel 4 viser eg korleis kollegiale drøftingar i barnevernstenestene er ein aktivitet og ein fagleg reiskap som barnevernsarbeidarar brukar til å etablere profesjonell konsensus i barnevernstenesta om kva forståingar av eit barnevernsproblem som skal reknast som adekvat og gyldig. Ved å flytte arbeidet med ei barnevernssak inn i kollegiet forankrar barnevernsarbeidaren ansvaret for dei faglege vurderingane over på eit barnevernskollektiv, noko som verkar med til å etablere avgjerder i ei barnevernssak som noko meir enn resultatet av subjektive og personlege vurderingar hjå den enkelte barnevernsarbeidar. Barnevernsarbeidarane snakkar om å drøfte barnevernssaker «på kontoret», og mitt materiale viser at slike «kontordrøftingar» utgjer ein viktig og sentral del av avgjerdsprosessen i barnevernssaker. I to av dei tre tenestene var slike kollegiale drøftingar institusjonalisert og gjort til ein fast rutine ein gang i veka. I den tredje tenesta oppstod slike drøftingar ofte, men meir ad hoc. Kollegiale drøftingar kan på denne måten reknast som accountable occasions (Hall et al., 2005:17) der barnevernsarbeidarane rettferdiggjjer ovanfor kvarandre kva problemkonstruksjonar som gjeld og då kva retning det vidare arbeidet med barnevernssaka bør ta. Det er ein reiskap for uvissehandling i dei drøftingane genererer kategoriseringar av barnevernsproblem som gjer at nokre løysingar blir etablert og kollektivt legitimert som meir gyldige enn andre.

Analysen av desse drøftingane viser korleis barnevernsarbeidarane diskursivt går fram for å skape mening og kategorisere barnevernsproblema her. Analysen får fram at det ikkje er snakk om at barnevernsarbeidarane hentar fram nøytral informasjon om barnevernssakene og på grunnlag av dette kjem fram til problemforståingar og løysingar. Det er heller snakk om at dei brukar diskursive ressursar i drøftingssituasjonen til å aktivt produserer visse meningssamanhengar som legg føringar på forståinga av kva informasjon og opplysningar som er relevante i saka, kva mening denne informasjonen har og korleis desse kan brukast til å skape mening. Det er dette konstruksjonsarbeidet som ligg til grunn for kategoriseringar av barnevernsproblem som dei kjem fram til i desse kollegiale samanhengane.

Analysen får fram at barnevernsarbeidarane drar vekslar på og brukar fleire ulike diskursar og diskursive praksisar i dette kategoriseringsarbeidet. Det verkar å vere ein tendens til at meiningsssamanhengane dei skapar er dominert av moralske diskursar der allmenne og sjølvsgatte oppfatningar av kva som er god foreldrepraksis, samt normativ kunnskap om normalitet og avvik dominerer. Drøftingane og dei faglege vurderingane er prega av forteljingar om og representasjonar av situasjonar og personar som barnevernssakene handlar om. Forteljingane og representasjonane produserer narrativ (Hall et al., 2005) som utviklar moralske karakterar og eit persongalleri i barnevernssakene, og desse vert brukt i kollegiet til å kategorisere barnevernsproblema og peike ut løysingar i sakene. Døme på dette er når Svein på 17 år vert omtala som ein «slapping», «sløvning» og som «tiltakslaus», og dette vert brukt til å legitimere ei avgjerd om å rekne problema hans som «ikkje ei sak for barnevernet» (jf. kap.4.2.2). Eller når Tom på 9 år sine problem med å komme seg på skulen med det same og med avgrensa informasjon om problemet vert forstått som eit resultat av at Tom si mor «ikkje klarar å få han på skulen» (jf. kap.4.2.1). Eit anna døme er når ei forteljing om at mor til Ole har vist ein upassande framferd i ein telefonsamtale blir brukt til å legitimere ei avgjerd om å sjå bort frå krava ho kjem med i barnevernssaka (jf. kap. 4.3.1). Resultata frå analysen i avhandlinga er slik i tråd med tidlegare forskning om barnevernets meningskonstruksjonar som viser at moral og kjensler er ein grunnleggande og sentral del av barnevernsarbeidets kunnskapsgrunnlag (Egelund, 2003; Vagli, 2009; White & Wastell, 2011). Men analysen viser også at barnevernsarbeidarane aktivt hentar og brukar kunnskap frå andre kunnskapsområde, som til dømes juss og psykologi. Det verkar å vere ein tendens til at ein juridisk diskurs vert brukt til å gjere gjeldande institusjonelle meningsrammer. Det ser vi når det blir argumentert for at Ida si sak ikkje vil få gjennomslag i nemnda, og dette blir brukt til å legitimere eit syn om at tilbakeføring til foreldra er den einaste løysinga uavhengig av kva barnevernsarbeidarane måtte meine om dette spørsmålet sjølv. Aktivering av institusjonelle rammer realiserer på denne måten løysingar som er utanfor barnevernsarbeidaranes profesjonelle kontroll. Andre meningsrammer vert gjort gjeldande når Idas behov for terapi blir trekt fram. Her er det i hovudsak kunnskap frå utviklingspsykologi som blir brukt, og psykologens stemme blir aktivert for å skape autoritet til ei løysing om vidare fosterheimsplassering.

Analysen av dei kollegiale drøftingane viser altså korleis barnevernsarbeidarane kan veksle mellom å gjere barnevernsproblema til moralske problem, til juridiske problem og at dei gjer problema til psykologiske kasus. Kva problem dei skapar har konsekvensar for løysingar. Diskursane og kunnskapsfeltet som diskursane er forankra i er samansett, og dei blir brukt

strategisk som ressursar i prosessen med å skape mening. Empiriske fakta om barns og familiars problem og generell barnevernsfagleg kunnskap om desse problema blir omdanna og tilpassa barnevernets problemløysingssystem og gjer problem som i utgangspunktet er uvisse og fleirtydige blir praktisk brukbare problem for det vidare arbeidet. Gjennom snakk og samhandling rammar dei inn (Goffman, 1974) problema på ulike måtar, og faktagrunnlaget i ei barnevernssak får på denne måten ein «augneblikkskaraktar» (Måseide, 2006, 2011).

Analysen av dei kollegiale drøftingane får også fram korleis utgangspunktet for tolking varierer og endrar seg gjennom ein avgjerdsprosess, og at dette påverkar kategoriseringsprosessane som går føre seg. I ein meldefase, og når det skal vurderast om eit problem er ei sak for barnevernet eller ikkje, er det bekymringsmeldinga åleine som danner utgangspunktet for den meininga som blir skapt. I denne fasen er det barnevernsarbeidaranes tidlegare erfaringar og kunnskap om liknande problem og i kva grad desse problema vert rekna som løysbare eller ikkje som spelar inn for korleis eit barnevernsproblema kategorisert profesjonelt og institusjonelt. Meir enn innhaldet i meldinga eller barnets behov for hjelp er det barnevernsarbeidaranes etablerte prosedyrekunnskap (Cicourel, 1985) om kva som gjer eit barnevernsproblem løysbart innafør barnevernssystemet som er styrande for kva avgjerder som blir til i meldingsfasen. Vurderingane av bekymringsmeldinga om Svein og bekymringsmeldinga om Tom som eg diskuterer viser mellom anna korleis informasjon om barnets alder får konsekvensar og påverkar kva vurderingar som vert gjort. Dei to sakene har fleire likskapstrekk, men det kan verke som om barnets ulike aldrar står sentralt og verkar med som ein faktor som påverkar oppfatninga om problemet har løysingar innafør barnevernet eller ikkje. I analysen kjem det også fram at barnevernsarbeidaranes tidlegare kjennskap til konkrete saker eller personar som bekymringsmeldingane handlar om verkar med i kategoriseringsprosessane. Barnevernsarbeidaranes etablerte oppfatningar og tidlegare erfaringar med Svein vart trekt fram og brukt til å karakterisere hans problem som av ein type det ikkje fanst barnevernsfaglege løysingar for. Vi ser her døme på korleis ei etablert forståing utspelar seg til ein ortodoksi (Bourdieu, 1977) som låsar fast ei sjølv sagt oppfatning av korleis noko er.

Seinare i avgjerdsprosessen og etter at ei bekymringsmelding har blitt til ei barnevernssak og etablert som eit profesjonelt problem er utgangspunktet for tolking eit anna, og dette påverkar kva som blir styrande for kategoriseringsprosessane i denne fasen. Arbeidet er no prega av at fleire partar er involvert i arbeidet, og dette gjer det meir komplisert å komme fram til eintydige og felles oppfatningar av problemforståingar. Barnevernsarbeidarane eigne erfaringar, opplysningar frå andre profesjonelle og familien sjølv produserer eit mangfaldig og fleirtydig

sakskompleks, og analysen viser korleis barnevernsarbeidaranes i større grad her enn i ein meldefasen brukar tid på å forhandle om kva versjon som skal reknast som den profesjonelt og institusjonelt mest gyldige.

Dei kollegiale drøftingane blir også brukt til å handtere relasjonelle problem som har oppstått i ei barnevernssak. Analysen viser at eit rollespel fungerer som drøftingsreiskap for denne typen situasjonar. Ved å gjere gjeldande ei «rollespelramme» endrar deltakingsformatet seg, personar som barnevernssaka handlar om får stemmer gjennom ein barnevernsarbeidar, og klienten tek på denne måten del i drøftinga ved hjelp av barnevernsarbeidarens «bukting» (Bakhtin et al., 1981). Det er eit trekk ved desse rollespela at barnevernsklienten gjennomgåande får ein deltakingsstatus som «problemklient» (Juhila, 2003) fordi dei tidlegare har vist at dei ikkje vil akseptere den klientposisjonen som barnevernsarbeidarane ønskjer for barnevernssaka. Dette handlar om at dei anten ikkje aksepterer den hjelpa som barnevernsarbeidaren prøver å tilby, eller at dei ikkje aksepterer barnevernsarbeidarens vurderingar i saka som kompetente. Resultatet frå analysen viser at rollespela i dei kollegiale drøftingane har to funksjonar. På ei side er det ein framgangsmåte som markerar at ansvaret for ei vidare positiv utvikling i saka ligg på familien sjølv. Klienten og klientens motstand blir brukt til å legitimere barnevernsarbeidarens problem med å finne gode løysingar. For det andre blir problemet og løysinga overført til det neste møtet med familien, og målet blir då å få familien til å overta barnevernsarbeidaranes syn på problemet. Gjennom rollespelet utviklar barnevernsarbeidarane script som kan brukast i det neste møte for å gjere dette mogeleg.

Analysen viser at barnevernsarbeidarane brukar ei dramatisk og emosjonell drøftingsform i kollegiale samanhengar. Temperaturen kan somme tider vere høg, dei avbryt kvarandre, galgenhumor og kjensleprega uttrykk dominerer og språkbruken har eit uformelt preg. Gjennom denne måten å drøfte på gjer barnevernsarbeidarane gjeldande ein sosial situasjon der barnevernsarbeidarens profesjonelle identitet og rolle får ei anna mening enn i andre profesjonelle samanhengar. Det uformelle preget verkar også med til å forsterke eit intrykk av at allmenmoralsk verdisystem har ein viktig plass i dei barnevernsprofesjonelle diskursane.

7.1.2 Barnevernets handtering av relasjonelle problem

Problemstillinga for analysen av møte mellom barnevernsarbeidarar og barnets foreldre var:

- Korleis møter barnevernsarbeidarar barnets foreldre i barnevernssaker der det er ulike syn på barnevernssaka, og korleis markerer barnevernsarbeidaren si profesjonelle rolle som fagleg autoritet i desse møta?

Analysen i kapittel 5 viser korleis barnevernsproblem får meining i møte mellom barnevernsarbeidar og barnets foreldre. Analysen rettar seg mot å få fram barnevernsarbeidaranes framgangsmåtar for handtering av møtesituasjonar der det er ulike syn på barnevernssaka. Slik usemje kan føre til at det utviklar seg, eller at det er potensiale til at det utviklar seg relasjonelle problem og konfliktar. Analysen av desse møta viser korleis prøver å etablere autoritetsrelasjonar i samhandlinga som kan tene det vidare arbeidet med saka best mogleg under slike forhold. Dette blir gjort ved at barnevernsarbeidaren vekslar mellom å markere og aktivere ulike profesjonelle roller gjennom samhandlinga. På eit tidleg tidspunkt i samtalen, men også tidvis seinare i samtalen var det vanleg at barnevernsarbeidaren markerer distanse til ei profesjonell rolle som autoritet. Barnevernsarbeidaren markerer seg då som ein hyggeleg og imøtekommande person. Gjennom eit ansiktsarbeid (Goffman, 1967) som tek vare på eit bilete av barnets foreldre som normale og vanlege markerer barnevernsarbeidaren eit likeverd i relasjonen mellom dei. Analysen får fram korleis barnevernsarbeidaren idealiserer barnets foreldre og på andre måtar prøver å skape ein situasjon som gjer at foreldra føler seg sett og kan kjenne seg vel i situasjonen. Barnevernsarbeidarane driv eit kjenslearbeid (Hochschild, 2003) og med dette blir det etablert ei samarbeidsramme for snakket. Eit vilkår for denne samhandlingsorden er at barnets foreldra møter barnevernsarbeidaren slik denne idealiseringa krev. I mitt materiale var dette også vanleg. Eg observerte berre ein gong gjennom feltarbeidet eit brot. I det tilfellet aksepterte ikkje barnets foreldre barnevernsarbeidarens invitasjonar til samarbeid og møtet vart avslutta. Denne situasjonen blir ikkje vist fram og drøfta her.

Seinare i desse samtalan vekslar barnevernsarbeidaren stadig mellom å gjere gjeldande ei slik samarbeidsramme og ei ramme som i større grad markerer dei institusjonelle aspekta ved relasjonen og situasjonen. Det skjer då ei avpersonifisering av relasjonen ved at barnevernsarbeidaren snakkar med andre stemmer som høyrer barnevernssystemet til. Eg viser korleis barnevernsarbeidaren bruk av institusjonelle stemmer opnar i større grad opp for å ta kontroll over samtalens tema og innhald. Døme på dette er når barnevernsarbeidaren i møte

med Erlends foreldre argumenterer med at «det er best for barnet» at ein sakkunnig psykolog gjer vurderingar av omsorgssituasjonen til Erlend (jf. kap 5.3.2). Andre gonger ser vi at barnevernsarbeidaren viser til ei «plikt» for å legitimere ei vidare retning i arbeidet som barnets foreldre ikkje ønskjer sjølv. Dette skjer mellom anna i ein samtale mellom barnevernsarbeidaren og Idas mor. Barnevernsarbeidaren seier her at ho er «plikta» til å starte eit undersøkingsarbeid mot Idas mor sitt ønskje, viss ikkje vil ho ikkje gjere jobben sin (jf. kap.5.3.2). Gjennom møta vekslar barnevernsarbeidaren stadig på denne måten mellom å markere symmetri og asymmetri i relasjonen til barnets foreldre. Ei slik rolle opnar i større grad opp for å ta kontroll over samtalens tema og innhald.

Analysen av samhandlinga får fram kor fleirtydig, ambivalent og uklar barnevernsarbeidaren posisjon som autoritet er i slike møte og i situasjonar med ulike syn. Gjennom å snakke med institusjonelle stemmer markerar barnevernsarbeidaren seg som ein assistent for eit system for å få gjennomslag. Det viser indirekte framgangsmåtar for å få gjennomslag for eit syn, og synet blir forankra i eit kollektiv. Ho snakkar ikkje med stemma til ein person med profesjonell dømmekraft og autoritet til å setje institusjonelle omsyn til side for å handtere problem slik ho sjølv vurderer som det fagleg sett mest fornuftig å gjere. Samstundes blir aktivering av institusjonelle stemmer eit snakk som markerar barnevernsarbeidaren som «større enn sin eigen person», og dette aukar barnevernsarbeidarens kontroll over problemløysinga og avgjerdsprosessen. Bruk av institusjonelle stemmer illustrerer døme på ein «representasjonspolitik» (Holquist, 1983) der barnevernsarbeidaren gjennom snakket produserer ein institusjonelt forankra røyndomsversjon og brukar denne til å representere problemet og få gjennomslag.

I ein studie av samtalar mellom lege og pasient fann Christian Heath (1992) at det å ta vare på ein asymmetri i relasjonen og markere eit kompetansegap mellom partane var eit vilkår for orden i slike samhandlingssituasjonar. Utan denne asymmetrien vil legens rolle og funksjon forsvinne og pasientar vil ikkje lenger finne grunn til å oppsøke legar for å få hjelp. Dersom ein pasient utfordrar ein slik asymmetri og markerer seg som ekspert vil dette true denne orden. Ein tilsvarande samhandlingsorden verkar ikkje å vere til stades i samtalar mellom barnevernsarbeidaren og barnets foreldre. Her blir det ikkje på same måte markert eit kompetansegap frå barnevernsarbeidaren si side. Men utgangspunktet for møte mellom barnevernsarbeidar og barnets foreldre er eit anna enn for lege-pasient samtalar. Det kan vere snakk om møte med ufrivillige klientar som er gjort til barnevernsklientar mot sin vilje, og situasjonar der dei ikkje ønskjer kontakt sjølve. Problema som oppstår i slike samtalar er difor

oftast relasjonelle, snarare enn berre kognitive og relatert til kunnskap og ekspertise. For barnevernsarbeidaren blir det i slike tilfelle viktig å etablere ein orden i samtalen som sikrar «dialogen» og som gjer at ikkje samarbeidet bryt saman og foreldra nektar å ha noko med barnevernet å gjere. Den profesjonelle kontrollen over barnevernssaker knyter seg på denne måten like mykje til å regulere og styre relasjonar som problemforståingar, sjølv om analysen viser at desse to aspekta kan henge saman .

7.1.3 Transformasjonar av uvisse

For analysen av barnevernets rettleiingssituasjonar hadde eg denne problemstillinga:

- Korleis skapar barnevernsarbeidarar mening til barnevernssaker i rettleiingssituasjonar der deltakarar utanfor barnevernstenesta tek del. Korleis brukar barnevernsarbeidarane ekstern rettleiing?

I kapittel 6 viser eg korleis barnevernsarbeidarane brukar ekstern rettleiing som fagleg reiskap i vanskelege barnevernssaker. Som eg skreiv i kapittelet illustrerer og synleggjer rettleiingssituasjonar dei sosialt distribuerte trekka ved barnevernets tenking- og resonneringsprosessar (Goodwin, 1994; Hutchins, 1995). Deltakarar som er organisatorisk og institusjonelt forankra i ulike delar og på ulike nivå av barnevernssystemet involverer seg aktivt i problemløysingsarbeidet gjennom denne rettleiinga, og desse aktørane har med seg ulik kunnskap, kompetanse og erfaring om barnevernssakene dei drøftar. Deira fortolkingbakgrunn og føresetnader for å diskutere sakene er ein annan enn den barnevernsarbeidaren som jobbar med saka til dagleg har, og dette påverkar også korleis dei tolkar og skapar mening til problema dei møter her.

Det empiriske utgangspunktet for analysen av rettleiing var to ulike typar rettleiingssituasjonar som var vanleg for barnevernsarbeidarane i mitt materiale å delta i. Den eine typen var ei rettleiingsgruppe der barnevernsarbeidarar frå fleire ulike barnevernstenester tok del og drøfta barnevernssaker dei ikkje kjenner til frå før. Den andre typen var rettleiing frå juristar og psykologar. Denne forma for rettleiing var i større grad enn den andre typen prega av ein asymmetri der juristen og psykologen vart rekna som ekspertar som barnevernsarbeidaren kunne søke råd hjå.

Analysen i kapittelet får fram korleis rettleiingsprosessane i desse to ulike rettleiingssituasjonane på fleire område skil seg frå kvarandre, men at resultatet av rettleiinga er noko av det same for begge typar. Rettleiingsprosessane fører til at den kompleksiteten og

uvisse som pregar barnevernsproblema som blir drøfta blir transformert og omgjort til meir eintydige og synlege typar problem som er mogeleg å handtere. I rettleiingsgruppa går dette føre seg ved at rettleiingsgruppa kodar barnevernssaka på bestemte måtar og ansvaret for og årsaken til problema blir med dette enda tydelegare enn før plassert i familien og på barnets foreldre. Bruken av ei tavle står sentralt i desse rettleiingssituasjonane. Analysen viser at denne fungerer som ein materiell representasjon (Goodwin, 1994) som gjer problema meir synlege og gjer at problema får ein status som meir objektive og verkelege. Ein konsekvens av dette samspelet mellom koding og tavlebruk er at barnevernsarbeidarane utviklar eit profesjonelt syn (Goodwin, 1994) som gjer at dei relasjonelle problema som pregar saka ikkje blir ein synleg del av sakskomplekset, og slike problem blir ikkje på same måte gjort til gjenstand for kollektiv drøfting.

Analysen av møte med jurist og psykolog viser korleis barnevernsarbeidarane møter desse som ekspertar, og dei let desse ekspertane overta problemløysingsarbeidet i sakene. Gjennom rettleiingsprosessen tek ekspertane sine kategoriar og profesjonelle kategorisystem over for dei barnevernsprofesjonelle og reduserer med dette den kompleksiteten som barnevernsarbeidaren har erfart med problema fram til no. Analysen viser mellom anna korleis ein epikrise som barnevernsarbeidaren opplevde at før rettleiinga var vanskeleg å bruke som grunnlag for å gjere vurderingar i ei sak no vert rekna som «tydeleg». På grunnlag av sin generelle kunnskap om psykiatriske diagnosar skapar psykologen eit klårt og eintydig bilete av kva type person ei mor med ein slik diagnose er, og på grunnlag av dette resonnerer psykologen kring spørsmålet om denne mora sine omsorgseigenskapar.

Resultata frå desse rettleiingssituasjonane viser korleis dei diskursive praksisane for produksjon og tolking av barnevernsproblem fungerer som ein «materiell og kognitiv infrastruktur» (Goodwin, 1994:626) som gjer det mogeleg for dei eksterne å bruke sin kunnskap for å tolke og skape mening til desse problema. I dette ligg også det eit maktaspekt. Å få ein posisjon som kompetent til å definere eit problem skapar på same tid vilkåra for kva problem som skal bli sett. Analysen viser også at produksjonsprosessen, dei diskursive praksisane som blir brukt til å utvikle «profesjonelle syn» verkar med til at eit problem blir tolka og forstått som den eine eller andre typen. Advokaten kategoriserer problema i Ida si sak ved å konstruere eit juridisk kasus. Psykologen skapar ved hjelp av sine faglege reiskapar eit psykologisk kasus. Eit relevant spørsmål å stille er kva funksjon rettleiing skal ha i ein barnevernsfagleg avgjerdsprosess. Det kunne vore mogeleg å tenke at rettleiing også kunne fungert som ein læringsaktivitet (Lave & Wenger, 1991) der barnevernsarbeidaren oppnår auka profesjonelle innsikt og kompetanse om

problemløysing som kan overførast til arbeidet med andre barnevernssaker. Analysen av barnevernsarbeidarens møte med jurist og psykolog viser at det er her snakk om ein sosial situasjon der barnevernsarbeidarane blir instruert til å sjå barnevernssakene gjennom ekspertane sine kategoriar utan at eit læringsaspekt er inne. Og barnevernsarbeidarane let seg instruere. I rettleiingsgruppa hadde rettleiinga ei anna organisering. Her fekk barnevernsarbeidaren også delta sjølv. Ved å drøfte barnevernssaker som andre barnevernsarbeidarar jobba med til vanleg tek dei del i ein refleksjonsprosess der det handlar om å komme fram til alternative problemforståingar. Vilkår for læring er på denne måten ulike innafor desse to rettleiingskontekstane. Resultata frå mine analysar kan tyde på at barnevernsarbeidarane ikkje brukar rettleiing først og fremst som ein læringsaktivitet, men snarare som ein fagleg reiskap til å produsere ei meir eintydig kategorisering av eit fleirtydig og uvisst barnevernsproblema slik at løysingar blir moglege å finne ei løysing.

7.2 Barnevernsproblemas utviklingsbanar

Eg viser gjennom analysen at det er samhandlingsaktivitetar som produserer og utviklar eit barnevernsproblem i ei barnevernssak, og som påverkar kva type problem som får relevans og kva meining desse problema får. Ei avgjerd om barnevernsproblem er på denne måten ikkje eit resultat av ein enkelt barnevernsarbeidar si tenking og nøytrale undersøkingar der ibuande eigenskapar ved problem som barn og deira familiar blir avdekkja. Barnevernsfaglege avgjerder er snarare eit produkt av at meining blir skapt til problema gjennom denne samhandlinga. Analysen viser at barnevernets avgjerdsprosessar er eit kollektivt, sosialt og prosessuelt fenomen, og dette verkar med til kva avgjerder som blir teke.

På grunnlag av det som har komme fram gjennom analysen av dei tre problemløysingsaktivitetane vil eg i denne delen diskutere kva min studie kan fortelje om barnevernsproblemas kollektive og prosessuelle aspekt, i lys av det ein kan kalle for barnevernsproblemas utviklingsbanar. Ideen om utviklingsbanar har eg henta frå Corbin og Strauss (1988) sine perspektiv på sjukdomstrajektoriar som dei utvikla på grunnlag av ein studie av helsepersonell, pasientar og pårørande si handtering av kroniske sjukdommar. Med trajektorieomgrepet byr desse forfatarane på eit sosiologisk perspektiv på sjukdomsutvikling som får fram korleis tidsaspektet og ein dynamikk mellom situasjonelle og strukturelle aspekt ved sjukdomshandteringa påverkar korleis ein sjukdom utviklar seg. Dette perspektivet opnar opp for analysar av korleis arbeidet til dei som blir involvert og den sosiale organiseringa av sjukdomshandteringa påverkar sjukdomsutviklinga i tillegg til dei medisinske aspekta. Ein liknande utviklingsdynamikk kan gjelde for barnevernsproblem som for kronisk sjukdommar.

Eg viser korleis barnevernsproblem blir handtert innafør ulike problemløysande aktivitetar, og det er samhandlinga her som påverkar korleis desse problema utviklar seg vidare. Barnevernsproblemene utviklingsbanar kan på denne måten seiast å vere sett saman av og bli til gjennom desse problemløysingsaktivitetane.

Analysen viser korleis eit barnevernsproblem sin utviklingsbane startar med at det kjem inn ei bekymring for eit barn som nokon utanfor barnevernstenesta formulerer. Det er dei kollektive drøftingane i barnevernstenesta som påverkar kva problem som blir skapt ut av desse bekymringsmeldingane. Gjennom ein sosial prosess reformulerer barnevernsarbeidarane desse bekymringane som eit profesjonelt problem for barnevernet. Eg viser at det dei kjem fram til er resultatet av barnevernsarbeidarane tolkingar, der prosedyrekunnskap om kva problemtypar som er institusjonelt løysbare blir avgjerande for kva som skjer vidare med bekymringsmeldinga. «Manglande grensesetting» er døme på eit løysbart problem, og med denne problemforståinga følger det også visse løysingar. Ulike typar foreldrerettleiing er døme på tiltak som vil vere aktuelle for denne typen problem.

Problemkonstruksjonen som blir til i ein meldingsfase har likevel kort levetid, og det er ikkje sikkert at løysingar som blir snakka fram i ein meldingsfase blir realisert. Etter kvart som familien blir involvert i arbeidet og fleire og andre opplysningar om problema i familien kjem til utvidar og endrar problemet seg. Gjennom samtalar og observasjon dannar barnevernsarbeidarane seg eigne inntrykk, og dei får gjennom denne kontakten meir direkte erfaring *med* problema som er skildra i bekymringsmeldinga. I tillegg vil familiens respons stå sentralt for om løysingar som barnevernsarbeidaren vurderer er mogeleg å sette i verk, og det kan dukke opp uføresette situasjonar som gjer at arbeidet tek nye retningar. Eit døme som illustrerer ei slik uføreset hending er det barnevernsarbeidarane omtalar som Ida si mor sin «sprekk». Eit anna døme, som eg ikkje diskuterer spesielt i denne avhandling, men som er relativt vanleg i barnevernet er såkalla «akuttsituasjonar» (Barnevernslova, 1992; § 4-6). To gonger gjennom feltarbeidet oppstod det slike akuttsituasjonar. I båd tilfella kom det inn ei alvorleg bekymringsmelding for barn som det vart rekna for akutt å handtere. I det eine tilfellet var det snakk om mistanke om barn som vart slått i heimen av foreldra. Barnevernstenesta fekk desse opplysningane tidleg ein morgon, noko som førte til hektisk aktivitet i tenesta. For meg som observatør var det nærast som om alt anna arbeid med andre saker stoppa opp den dagen. Ei rekkje ulike aktørar vart involvert i arbeidet. Politiet vart påkalla og barnevernsarbeidaren som hadde fått meldinga kontakta juristar frå Fylkesmannen for avklaring av ei rekkje juridiske spørsmål som ho trengte svar på. To barnevernsarbeidarar gjennomførte møte med barnet det

var snakk om, og ein heil arbeidsdag gjekk med til å handtere denne saka for fleire barnevernsarbeidarar i tenesta samt barnevernsleiaren. Dagen etter vurderte barnevernsarbeidarane at problemet var mindre alvorleg enn først tenkt. Etter samtale med barna og barnets foreldre fann dei fram til løysingar som gjorde at arbeidet med denne saka endra karakter. Eg høyrde aldri meir noko til denne saka i perioden eg var i denne tenesta, og saka vart «usynleg» for meg, sjølv om eg veit at den ikkje vart avslutta eller lagt heilt vekk. Også andre gonger, i mindre dramatiske situasjonar såg eg at barnevernssaker vart usynlege for ein periode og dukka opp att seinare som ein synleg del av arbeidskvardagen gjennom dei kollegiale drøftingane. Barnevernssproblem kan ha ein slik uføreseieleg utviklingsdynamikk.

Motstridande opplysningar om problema kan også dukke opp under arbeidet. Barnevernssproblem må difor ofte formulerast på nytt undervegs i ein arbeidsprosess, og nye og andre problemstillingar for barnevernssakene blir relevante. Igjen står samhandlinga i dei kollegiale drøftingsaktivitetane sentralt for korleis problemet utviklar seg vidare og kva som blir den vidare handteringa. Problemkonstruksjonar blir skapt gjennom denne samhandlinga, og konstruksjonsprosessen er prega av barnevernsarbeidaranes praktiske orientering mot å redusere uvisse som dei kognitivt og sosialt komplekse aspekta ved barnevernsproblemet har skapt. Gjennom samhandlinga produserer dei eit nytt grunnlag for å gå vidare med barnevernssaka. Analysane viser at problem blir produsert her som anten har løysingar som barnevernsarbeidaren kan gå vidare med, eller dei blir sendt vidare til ein annan problemløysingsaktivitet som involverer andre deltakarar.

Er problema relasjonelle og knyter seg til ulike interesser mellom barnevernet og barnets foreldre blir problema ofte flytta over til ein arena der barnevernsarbeidaren og barnets foreldre møtes ansikt til ansikt for å forhandle om, diskutere og prøve å bli samde om kva barnevernsproblem det er snakk om. Resultatet av ein representasjonspolitik (Holquist, 1983) er avgjerande for kva barnevernsproblem som blir ståande som gyldig innafor denne aktiviteten. Andre gonger, og særleg for dei vanskelege og alvorlege barnevernssakene der det er snakk om mogeleg omsorgsovertaking blir problema flytta over på ein arena der eksterne tek over ansvaret for problemløysinga. For barnevernssaker der det er snakk om mogeleg omsorgsovertaking spelar juristen og psykologen viktige roller. Mitt materiale viser at juristens og psykologens ekspertstatus er institusjonalisert innafor barnevernets problemløysingssystem, og det skjer lite forhandlingar innafor denne aktiviteten.

Eit viktig poeng å trekke fram er at mønsteret i barnevernsproblemernas utviklingsbanar er vanskeleg å sjå eller spå om på førehand. Som analysane mine viser utviklar barnevernsproblemerna seg undervegs og over tid. Kvart barnevernsproblem sin utviklingsbane kan også ha store variasjonar, både med omsyn til tidsaspektet og kva problemløysingsaktivitetar som blir ein del av utviklingsbana. I denne analysen har eg vist døme på tre aktivitetar som dominerte arbeidet med barnevernssaker i mitt materiale. Ein kan godt tenke seg at det finst fleire, og under feltarbeidet observerte eg også fleire andre profesjonelle arbeidsrelaterte aktivitetar utan at desse er gjort til gjenstand for analyse her. Mellom anna vil møte mellom barnevernsarbeidarar og barnets foreldre kunne ha ulike sosiale utgangspunkt. Det er ikkje alltid at denne forhandlingsaktiviteten har relasjonelle problem og ulike interesser som tema, og det kan tenkast at dette kan påverke både samhandlinga og korleis barnevernsproblemerna utviklar seg vidare. Når det gjeld tidsaspektet er det også slik at eit barnevernsproblem har potensiale til å utvikle seg i det uendelege. Ein utviklingsbane tek rett nok slutt når barnet er så gammalt at det ikkje lenger vert rekna som barnevernsets ansvar. Utover dette har barnevernsproblem potensiale til å utvikle seg til kroniske tilstandar. Barnevernssaka om Erlend som eg skildrar i kapittel 5 og barnevernssaka om Ole som eg skildrar i kapittel 4 er døme på slike tilfelle. Dette er barnevernsproblem som har vore i barnevernssystemet og utvikla seg over år, der stadig nye situasjonar og problem har dukka opp og har gjort at både barnevernet og andre deltakarar si involvering og handtering av problemerna har tvinga seg fram. Av og til kan barnevernsproblem vere stabile i lengre periodar. I slike periodar eksisterer problemerna i større grad uavhengig av barnevernets problemløysingsaktivitetar.

Det å rette merksemda mot barnevernsprofesjonelle problemløysingsaktivitetar slik som eg har gjort i mi analyse får fram at samhandling verkar med som premissleverandør i ein barnevernsfagleg avgjerdsprosess. Samhandlingsaktiviteten er eit produkt av problem som dukkar opp, men dei produserer samstundes nye problem som vil påverkar kva retning barnevernsproblemernas utviklingsbanar vil ta. Dei ulike deltakaranes snakk og samhandling innafor aktiviteten, ulike interesser, institusjonelle omsyn og statushierarki påverkar kva problem som blir produsert. Eit samhandlingsperspektiv på barnevernets utviklingsbanar kan på denne måten vere nyttig for å forstå kva arbeid som er del ein avgjerdsprosess i barnevernssaker. For å kunne forstå og handtere barnevernsproblem er det viktig at barnevernsarbeidarar har kunnskap om og kjennskap til kva sosiale situasjonar, kompleksitet og uvisse som må er del av arbeidet med å løyse desse problemerna. Det vil også vere relevant å

vite noko om kva type situasjonar og problem som kan dukke opp og som kan få relevans i arbeidet med å ta ei avgjerd. Ein fasetypisk modell på barnevernets avgjerdsprosess får ikkje fram slike aspekt ved arbeidet. Eg håpar mitt avhandlingsarbeid kan vere eit bidrag i så måte.

7.3 Ei realistisk tilnærming til barnevernsfaglege vurderingar

Gjennom avhandlinga har eg skildra praksisar som er del av barnevernsfaglege avgjerdsprosessar utan å gjere normative vurderingar av desse som gode eller dårlege. Eg har så langt ikkje komme med klåre instruksjonar for praksis, men vore oppteken av å vise fram korleis faglege vurderingar og barnevernsfaglege praksisar for avgjerdstaking blir gjort i barnevernsarbeidaranes arbeidskvardag. I siste del av dette avsluttande kapittelet i avhandlinga vil eg argumentere for at det å ha ei slik orientering opnar opp for det ein kan kalle for ei meir realistisk tilnærming (White & Stancombe, 2003) til forståingar av kva resonneringsprosessar som er involvert i profesjonelle og faglege vurderingar. Diskursive perspektiv og etnografisk inspirert metodebruk gjer det mogeleg å utforske aspekt ved barnevernsfaglege avgjerds- og resonneringsprosessar som generelle og logisk-rasjonelle avgjerdsmodellar ikkje får fram. Som mine analysar får fram er ikkje avgjerder eit resultat av eit arbeid som følgjer faste regelbundne fasar der tilgangen til nok informasjon og barnevernsfagleg kunnskap om barns behov produserer innsikt åleine. Avgjerder om barns behov og eit barnevernsproblem er resultatet av ein konstruksjonsprosess der meining blir produsert sosialt og gjennom samhandling. Eg vil argumentere for at ei slik orientering kan ha både relevans og nytte i ein fagleg diskusjon om kvaliteten i barnevernsfagleg avgjerdstaking og praksis.

Mine analysar viser at språk og samhandling, kontekstuelle og situasjonelle forhold påverkar faglege vurderingar i barnevernssaker. Barnevernsarbeidarane oppnår visse om faglege vurderingar gjennom aktiv bruk av moralsk kunnskap, egne erfaringar, ved å drive retorisk arbeid og gjennom overtaling. Forsking viser at dette ikkje berre er tilfelle for barnevernets avgjerdspraksis, men at det snarare er ein uløseleg del av profesjonelle aktivitetar innafor ei rekkje ulike profesjonelle kontekstar (Hall et al., 2005; Mehan, 1983; Måseide, 2006; Stancombe & White, 2005; White, 2002). Ein påstand har vore at når innslaget av det som ein normalt tenker som ikkje-logiske resonnement har så stor plass, aukar dette faren for at profesjonelle avgjerdsprosessar blir vilkårlege (Backe-Hansen, 2001) og at det illustrerer ein problematisk praksis i høve til normative krav om at profesjonelt barnevernsarbeid skal vere forskingsbasert og kunnskapsbasert (Backe-Hansen, 2009)

Diskursive og etnografisk orienterte analysar har eit anna utgangspunkt enn dette, og er meir oppteken av å få innsikt i kva rolle slik «ikkje-vitskapleg» og «ulogisk» praksis spelar for arbeidet, kva funksjon kan det ha og korleis kan desse praksisane blir forklart og forstått? Min og andre analysar (Vagli, 2009; White & Wastell, 2011) viser til dømes at moral og kjensler somme tider er ein heilt naudsynt del av barnevernsarbeidet. Barnevernsarbeidarens profesjonelle rolle er på mange måtar bunden til det å vere ein moralsk aktør (White & Stancombe, 2003). Til dømes vil dette gjelde for oppgåva som barnevernsarbeidarar av og til får med å fortelje foreldre at dei manglar eigenskapar som omsorgspersonar for egne barn. Dette er ein alvorleg og vanskeleg bodskap å formidle og det krev eit kjenslearbeid (Hochschild, 2003) og ein sensitivitet frå barnevernsarbeidaren si side å handtere denne oppgåva, slik at ikkje den profesjonelle framferda skal bli opplevd som krenkande av den som får ein slik bodskap. Andre gonger vil det oppstå situasjonar der fornuft eller logisk-rasjonelle vurderingar ikkje er nok til å gje svar. Normative vurderingar er ein heilt naudsynt del av avgjerder om slike dilemma som er del av barnevernets arbeidsfelt. Kva som er godt nok foreldreskap er i seg sjølv eit normativt spørsmål (White & Stancombe, 2003:93) som krev moralske resonnement. Moral er både påverka av og påverkar den kulturelle konteksten som profesjonelle kontekstar er ein del av (ibid). Barnevernsarbeid og den barnevernsfaglege avgjerdsprosessen kviler på ein moralsk orden, og moral er på denne måten eit viktig aspekt ved det kommunale barnevernets institusjonelle orden (Sarangi & Roberts, 1999a). Ein slik orden verkar med å regulere samhandlinga i barnevernets profesjonelle kontekstar og den skapar vilkår for kva vandeannande praksisar som utviklar seg innafor desse kontekstane.

Eit meir relevant spørsmål enn korleis dette kan endrast er å stille spørsmål om korleis dette moralske arbeidet faktisk blir gjort, og kva forhold som held ved like ein moralsk orden i barnevernets avgjerdsprosessar. Eg viser gjennom mine analysar av dei profesjonelle aktivitetane i avgjerdsprosessen eit mønster for kva moralsk jobb som verkar med når barnevernsarbeidarar skaper mening til barnevernsproblem. Analysane viser korleis kvardagskunnskap og allmennmoralske vurderingar verkar med til å stabilisere og regulere kva mening barnevernsproblem får og kva kategoriseringar av problema som blir gjort. Men min studie viser at det også er andre formar for kunnskap som verkar med. Kunnskap om juridisk praksis i fylkesnemnda og psykologisk kunnskap om barns behov blir også brukt. Pithouse (1984) referer til barnevernsforvaltninga som ein «invisible trade». Med dette omgrepet viser han til at arbeidet går føre seg på arenaer som andre normalt ikkje får innsyn i, samstundes er det openbare institusjonelle interesser knytt til aktiviteten. Å opne opp for utforsking av korleis

dette arbeidet viser seg i praksis, og å identifisere kva diskursive praksisar som verkar med kan skape auka medvit og refleksjon i fagfeltet, både blant forskarar, men også blant barnevernsarbeidarane sjølve, om kva moralsk og institusjonell orden som gjeld og kva konsekvensar den har. Slik innsikt er både nyttig og naudsynt å ha når barnevern som profesjon og som praksis skal utviklast, for det er på mikro nivå av samhandling at dei makro-sosiale funksjonane i sosialt arbeid viser seg (Hall, Juhila, Matarese, & Nijnatten, 2014:178). Ved å forankre analysar av barnevernets institusjonelle orden i konkret snakk og samhandling blir det også mogeleg å utforske kva situasjonsbundne og kontekstuelle føringar som spelar inn og regulerer, etablerer og potensielt endrar ein slik orden.

Nokre barnevernsprofesjonelle praksisar som viser seg i mitt materiale kan trekkast fram avslutningsvis og danne utgangspunktet for ei slik refleksivt orientert gransking. Det første gjeld implikasjonane av barnevernsarbeidaranes kategoriseringspraksisar i kollegiale drøftingar. I kapittel 4 viser eg korleis barnevernsarbeidaranes prosedyrekunnskap gjer det mogeleg å på kort tid og gjennom få ordvekslingar produsere og konstruere eit barnevernskassus ut av bekymringsmeldingar som anten dannar grunnlag for oppretting av ei barnevernssak eller ikkje. Dei illustrerer effektive rutinar som «facilitate professional action» (Berg, 1992:170). Det er snakk om ein vanedannande praksis (Berger & Luckmann, 1967) og ein ressurs som avlastar og avgrensar alternative handlingar. Men som utdraga eg presenterer i kapittelet får fram er det ikkje snakk om nøytrale og objektive vurderingar, men om høgst uvisse problemkategoriseringar. Å ha eit medvite forhold til korleis desse kategoriseringspraksisane skjer, og kva prosedyrekunnskap som er del av dei institusjonaliserte prosessane for meldingsavklaringar er difor viktig. Barnevernets kategoriseringspraksisar i ein meldefase har store konsekvensar for dei barna som bekymringa gjeld, ikkje minst gjeld dette dersom ei avgjerd blir teken om at eit barnevernsproblem vert rekna som ikkje ei sak for barnevernet.

Det same medvitet og merksemda kan rettast mot kategoriseringspraksisar som eg viser at går føre seg seinare i avgjerdsprosessen og under arbeidet med etablerte barnevernssaker. I denne fasen står informasjon og opplysningar om barnets omsorgssituasjon sentralt for dei faglege vurderingane og kategoringar av barnevernsproblem i ei barnevernssak. Ein praksis som eg skildrar her er barnevernsarbeidaranes bruk av dramatiserte situasjonsskildringar som grunnlag for å produsere fakta om eigenerfarte observasjonar. Gjennom detaljerte og omfattande dramatiseringar av desse observasjonane skapar barnevernsarbeidaren ein autentisitet til forteljinga som skapar eit inntrykk av at dette er empiriske sanningar om noko som har skjedd. Utan at dei andre har vore i situasjonen sjølv blir dei gjennom desse forteljingane gjort i stand

til å del i faglege vurderingar av kva meining desse observasjonane og situasjonane skal få som informasjonsgrunnlag i barnevernssak. Men som vi ser av utdraga får dei dramatiserte situasjonsskildringane frå saka meining gjennom ei «koding» (Goodwin, 1994) som orienterer seg mot å klassifisere eigenskapar og trekk ved personar for å legitimere ei bestemt forståing av løysingar og vidare intervensjon i barnevernssaka. Det som har vore sagt og gjort, og ikkje minst korleis det var sagt og gjort har ein bestemt funksjon. Dramatiseringa blir brukt retorisk for å produsere skuld og ansvar for barnevernsproblemet. Det er altså eit maktaspekt involvert her. Det er barnevernsarbeidaren som refererer og skapar samanhengar med utgangspunkt i ein situasjon som har vore på ei anna tid og til ein annan stad. Den dramatiserte forteljinga blir teken ut av sin opphavlege setting, og personane som blir representert er ikkje er til stades sjølv og kan presentere sin versjon av dette. Utan å påstå at ein slik dramatiseringspraksis illustrerer døme på dårleg praksis er det ein praksis som må gjerast synleg og diskuterast. Det er viktig å skape eit medvit om den makta som ligg til det å representere kva andre har sagt, korleis og kva meining dette har for problemkonstruksjonar i barnevernssaker. Det barnevernsarbeidarar kjem fram til i kollegiale drøftingar har konsekvensar og implikasjonar for dei familiane som drøftingane gjeld. Det same vil gjelde for rettleiingssituasjonane der det er ein tendens til å «kode» barnevernssaker på måtar som orienterer seg mot å eigenskapsforklare eit barnevernsproblem. Andre kodingspraksisar ville skapt ei anna meining til problema, og med det andre løysingar.

Når det kjem til barnevernsarbeidaranes møte med barnets foreldre som eg diskuterer kapittel 5, illustrerer mine empiriske døme situasjonar der barnets foreldre og barnevernsarbeidaren er usamde om problemforståingar og løysingar. I profesjonelt arbeid generelt blir slike situasjonar av usemje ofte oppfatta som eit uttrykk for klientmotstand (Juhila, Caswell, & Raitakari, 2014), og klientar som yter motstand mot problemforståingar og framlegg til tiltak som dei profesjonelle kjem med blir ofte omtala som «vanskelege» (Juhila, 2003). Når mor til Ida har ei anna oppfatning av alvorlighetsgraden i sitt eige alkoholproblem enn barnevernsarbeidaren blir dette forstått som eit uttrykk for slik motstand. Det same gjeld foreldra til Kåre og Knut (kap. 5.3.1) som vurderer fosterheimsplasseringa på andre måtar enn barnevernsarbeidaren. Rollespela som blir brukt i kollegiale drøftingar (kap. 4.3.4) knytter seg til å handtere relasjonelle problem i møte med personar som barnevernsarbeidarane oppfattar som vanskelege å samarbeide med. Barnevernsarbeidarane produserer i desse rollespela versjonar av barnevernsproblem der barnets foreldre anten vert vurdert som samarbeidsvillige, og då ein «god klient» eller som ikkje villig til å samarbeide og då ein problemklient.

Samhandlingsanalysar av møtesituasjonar mellom barnevernsarbeidar og barnets foreldre kan få fram at det også i nokre tilfelle kan vere barnevernsarbeidaren som gjev uttrykk for motstand. I møte med foreldra til Kåre og Knut (kap 5.3.1) høyrer ikkje barnevernsarbeidaren på det foreldra seier om deira erfaringar i perioden som har vore, men endrar i staden raskt både tema og fokus for samtalen når alternative forteljingar blir presentert. Barnevernsarbeidaren prøver å styre foreldre mot å sjå problema på same måte som dei sjølv. Det same gjeld for barnevernsarbeidaren som forventar at Idas mor skal forstå episoden med alkoholbruk som ein «sprekk» og ikkje som ein naturleg reaksjon på ei hending. Dette kan også tolkast som ein form for motstand, ein motstand mot å sjå problema frå ei anna side. Det er ikkje vanleg å reflektere over ein slik praksis som motstand, men i staden rettferdiggjere ei forståing av foreldre som vanskelege utifrå ei sjølvstakt forventning om at barnas foreldre skal akseptere barnevernets syn utan vidare. Ei sjølvstakt oppfatning om at det er klienten som vanskelege eller viser motstand når usemje oppstår kan skjule eller rette merksemda vekk frå at det nokre gonger også kan handle om den profesjonelle sin motstand mot å sjå problema på andre måtar, eller vurdere grundigare dei framlegg som kjem frå klienten sjølv (Juhila, Caswell, et al., 2014:135). Analysar av korleis barnevernets praksisar for handtering av ulike syn faktisk vert gjort og utforsking av korleis identiteten som ein «vanskeleg person å samarbeide med» vert produsert her og i samhandlingssituasjonar backstage kan skape eit auka medvit kring dette. Det kan også få fram kva dilemma og komplekse sosiale prosessar som knyter seg til å det å på ei side involvere foreldre og handtere deira rett til å påverke avgjerdsprosessen og på ei anna side søke løysingar som barnevernsarbeidaren meiner er best for barnet.

7.4 Avgjerder til barnets beste – «the politics of muddling through»

Det er eit generelt prinsipp at avgjerdsprosessen i ei barnevernssak skal bygge på grundige undersøkingar. Informasjon og opplysningar om alle relevante sider ved eit barnevernsproblem skal vere med i dei faglege vurderingane av kva tiltak som kan passe, og barnevernsarbeidaranes profesjonelle kunnskap om barns behov skal sikre at vurderingar av denne informasjonen skapar riktige avgjerder. Denne studien viser at meiniga i den informasjonen og dei opplysningar som finst om eit barnevernsproblem ikkje gjev seg sjølv. Barnevern er del av ein ideologisk kontekst og det er interessemotsetnader til stades. Dette gjev informasjongrunnlaget ein fleirtydig karakter og problema som skal løysast har difor potensiale til å bli høgst uvisse og dilemmaprega. Denne avgjerds konteksten står sentralt for barnevernets vurderingar av kva som er mest praktisk og rasjonelt å gjere med eit barnevernsproblem. Mine analysar viser at barnevernets avgjerdsprosessar difor har preg av problemløysingsstrategiar

som liknar meir på politikk enn på vitenskap. Det handlar om å klare seg på eit vis, «muddling through» (Lindblom, 1959), ved å søke praktisk løysingar som er moglege å få til innafor det systemet ein er del av. Barnevernsproblem blir skapt og dei blir handterbare gjennom forhandlingar mellom dei som blir involverte partar i avgjerdsprosessen. Det er desse forhandlingane og ikkje eksistensen av eit eintydig barnevernsproblem som skapar grunnlaget for å ta avgjerder om kva løysingar som er rett å ta.

I staden for å tolke avgjerdstaking i barnevernet som eit produkt av eit undersøkingsarbeid regulert av formelle arbeidsfasar og generell kunnskap om barns behov (slik som i arbeidsmodellane for barnevernets avgjerdsprosess), har eg karakterisert det barnevernsfaglege arbeidet med å ta avgjerder i lys av barnevernsproblemets uføreseielege og dynamiske karakter. Analysane i avhandlinga har vist at dette arbeidet involverer eit samarbeid mellom barnevernsarbeidaren og ulike deltakarar om å handtere barnevernsproblem innafor eit problemløysingssystem som har to ulike nivå. For barnevernsproblem som er så alvorlege at det kan vere snakk om omsorgsovertaking gjer det seg gjeldande eit eige institusjonelt nivå ved at det er Fylkesnemnda for sosiale saker som har formelt ansvar for denne typen avgjerder. Som følge av dette, utvidar problemløysingssystemet seg og juridiske ekspertar får ei sentral rolle. I dette systemet er autoritetsrelasjonane gitt på førehand og det er juristen, meir enn barnevernsarbeidaren som har størst makt til å definere kva som er institusjonelt mest fornuftig å gjere her. I andre saker der barnevernsproblema er mindre alvorlege, og der det er eit mål å finne løysingar utan bruk av tvang går problemløysingsarbeidet føre seg på eit anna, og barnevernsprofesjonelt nivå. Her bygger systemet på forhandlingar mellom barnevernsarbeidarar i barnevernstene, og mellom barnevernsarbeidar og familien. Dette nivået er i større grad prega av horisontale strukturar der det ikkje er gitt på same måte som det institusjonelle nivået kven av dei involverte som har størst makt over situasjonsdefinisjonen. Problemløysinga er difor prega av at partane diskuterer seg fram til kven si stemme som skal få status som den mest privilegerte. Med eit slikt utgangspunkt er det også større sjanse for at det oppstår open usemje mellom dei som tek del. I desse situasjonane handlar det profesjonelle barnevernsarbeidet om å få til avtalar, drive relasjonelt arbeid og på denne måten etablere eit samarbeid om løysingar som kan danne eit grunnlag for å gå vidare i arbeidsprosessen.

Litteratur

- Album, D. (1996). *Nære fremmede: pasientkulturen i sykehus*. [Oslo]: TANO.
- Andersen, T., Thomsen, H., & Bøgeskov, T. (2005). *Reflekterende prosesser: samtaler og samtaler om samtalerne*. [København]: Dansk Psykologisk Forl.
- Atkinson, P. (1995). *Medical talk and medical work : the liturgy of the clinic*. London: Sage.
- Atkinson, P. (1999). Medical discourse, evidentiality and the construction of professional responsibility. In S. Sarangi & C. Roberts (Eds.), *Talk, Work and Institutional Order. Discourse in Medical, Mediation and Management Settings*. New York: Mouton de Gruyter.
- Avby, G. (2015). Evidence in Practice: On Knowledge Use and Learning in Social Work: En studie kring kunnskapsanvändning och lärande i socialt arbete.
- Backe-Hansen, E. (2001). *Rettferdiggjøring av omsorgsovertakelse: en beslutningsteoretisk analyse av barneverntjenestens argumentasjon i en serie typiske saker om små barn*. (2/2001), Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring, Oslo.
- Backe-Hansen, E. (2003). Kritisk refleksjon over det biologiske prinsippet ; biologi, barnevern og beslutninger. *Tidsskriftet Norges barnevern*(3), 3-15.
- Backe-Hansen, E. (2009). Hva innebærer et kunnskapsbasert barnevern? *Fontene forskning : et tidsskrift fra Fellesorganisasjonen (FO)*(2), 4-16.
- Bakhtin, M., Holquist, M., & Emerson, C. (1981). *The dialogic imagination: four essays*. Austin: University of Texas Press.
- Barne- og likestillingsdepartementet. (2006). Rutinehåndbok for barneverntjenesten i kommunene. Oslo: Barne- og likestillingsdepartementet.
- Barnevernslova. (1992). *Lov om barneverntjenester av 17.07. 1992*.
- Berg, M. (1992). The construction of medical disposals Medical sociology and medical problem solving in clinical practice. *Sociology of Health & Illness*, 14(2), 151-180. doi:10.1111/1467-9566.ep11343689
- Berger, P. L., & Luckmann, T. (1967). *The social construction of reality: a treatise in the sociology of knowledge*. Garden City, N. Y.: Doubleday.
- Berrick, J. D., Peckover, S., Pösö, T., & Skivenes, M. (2015). The formalized framework for decision-making in child protection care orders: A cross-country analysis. 25(4), 366-378. doi:10.1177/0958928715594540
- Billig, M. (1988). *Ideological dilemmas : a social psychology of everyday thinking*. London: Sage.
- Boden, D. (1994). *The business of talk : organizations in action*. Oxford: Polity Press.
- Bourdieu, P. (1977). *Outline of a theory of practice*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Broadhurst, K., Hall, C., Wastell, D., White, S., & Pithouse, A. (2010). Risk, Instrumentalism and the Humane Project in Social Work: Identifying the Informal Logics of Risk Management in Children's Statutory Services. *The British Journal of Social Work*, 40(4), 1046-1064.
- Bunkholdt, V. (2002). Mellom relasjonell kontinuitet og rasjonell stabilitet ; et dilemma for barnevernet. *Tidsskriftet Norges barnevern*(2), 13-21.
- Bunkholdt, V. (2003). Biologi eller psykologi som grunnlag for beslutninger i barnevernet - hva skal ha størst plass? *Tidsskriftet Norges barnevern*(1), 15-22.
- Bunkholdt, V. (2013). Det biologiske prinsipp: På vei ut av barnevernet? *Tidsskriftet Norges barnevern*(1), 52-62.
- Christiansen, Ø. (2011). *Når barn plasseres utenfor hjemmet : beslutninger, forløp og relasjoner : under barnevernets (ved)tak*. Universitetet i Bergen, Bergen.
- Cicourel, A. (1973). *Cognitive sociology: language and meaning in social interaction*. Harmondsworth: Penguin Education.
- Cicourel, A. (1985). Text and Discourse. *Annual Review of Anthropology*, 14, 159-185.
- Cicourel, A. (1990). The integration of distributed knowledge in collaborative medical diagnosis. In R. K. Jolene Galegher, Carmen Egido (Ed.), *Intellectual teamwork : social and technological foundations of cooperative work* (pp. 221-242): Hillsdale, N.J. : L. Erlbaum Associates.
- Cicourel, A. (1992). The interpenetration of communicative contexts: examples from medical encounters. In A. Duranti & C. Goodwin (Eds.), *Rethinking context. Language as an interactive phenomenon*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Cicourel, A. V. (1968). *The social organization of juvenile justice*. New York: Wiley.

- Claezon, I. (1987). *Bättre beslut: en studie av socialsekreterarnas handläggning av omhändertagande av barn: a study of social workers when taking children into care.* (Doktorgradsavhandling), Umeå Universitet, Umeå
- Claezon, I., & Larsson, S. (1985). *Det svåra valet: socialsekreterarens nyckelroll vid omhändertagande av barn.* [Malmö]: Liber.
- Clifford, G., & Lichtwarck, W. (2010). *Modernisering i barnevernet: ideologi, kontekst og kompetanse.* Oslo: Universitetsforl.
- Coffey, A., & Atkinson, P. (1996). *Making sense of qualitative data : complementary research strategies.* Thousand Oaks, Calif: Sage.
- Corbin, J. M., & Strauss, A. L. (1988). *Unending work and care: managing chronic illness at home.* San Francisco: Jossey-Bass.
- Dingwall, R., Eekelaar, J., & Murray, T. (1983). *The protection of children : state intervention and family life.* Oxford: Blackwell.
- Drew, P., & Heritage, J. (1992). *Talk at work: interaction in institutional settings.* Cambridge: Cambridge University Press.
- Edwards, D. (1991). Categories Are for Talking: On the Cognitive and Discursive Bases of Categorization. *Theory & Psychology, 1*(4), 515-542. doi:10.1177/0959354391014007
- Egelund, T. (2003). "Farlige foreldre": Den institutionelle konstruktion af dem, der afviger fra os. In M. Järvinen & N. Mik-Meyer (Eds.), *At skabe en klient : institutionelle identiteter i socialt arbejde* (pp. 59-81). København: Hans Reitzels Forlag.
- Einarsson, J. H., & Bunkholdt, V. (2016, 25.februar). Vil politikerne ha barnevernet?, *Kronikk. Aftenposten*. Retrieved from <http://www.aftenposten.no/mening/kronikker/Kronikk-Vil-politikerne-ha-barnevernet--Jna-Hafdis-Einarsson-og-Vigdis-Bunkholdt-8370393.html>
- Ergo, T., & Aass, h. P. (2016, 31.januar). Glassjenta. *Stavanger Aftenblad*.
- Ericsson, K. (1996). *Barnevern som samfunnsspeil.* Oslo: Pax.
- Forsberg, H., & Vagli, Å. s. (2006). The Social Construction of Emotions in Child Protection Case-Talk. *Qualitative Social Work, 5*(1), 9-31.
- Fossum, S. (2012). Konklusjoner på sviktende grunnlag. *Fontene*(9), 2-8.
- Gangdal, J. (2010). *Jeg tenker nok du skjønner det sjøl : historien om Christoffer.* Oslo: Kagge.
- Garfinkel, H. (1967). *Studies in ethnomethodology.* Englewood Cliffs, N. J.: Prentice-Hall.
- Geertz, C. (1973). *The interpretation of cultures: selected essays.* New York: Basic Books.
- Giddens, A. (1984). *The constitution of society : outline of the theory of structuration.* Cambridge: Polity Press.
- Glaser, B. G., & Strauss, A. L. (1964). Awareness Contexts and Social Interaction. *American Sociological Review, 29*(5), 669-679.
- Goffman, E. (1961). *Encounters : two studies in the sociology of interaction* (Vol. 1). Indianapolis, N.Y: Bobbs-Merrill.
- Goffman, E. (1963). *Stigma.* Hammondsworth: Penguin.
- Goffman, E. (1967). *Interaction ritual: essays in face-to-face behavior.* New Brunswick, N.J.: Aldine Transaction.
- Goffman, E. (1969). *The presentation of self in everyday life.* London: Penguin.
- Goffman, E. (1971). *Relations in public: microstudies of the public order.* London: Allen Lane The Penguin Press.
- Goffman, E. (1974). *Frame analysis: an essay on the organization of experience.* Cambridge, Mass.: Harvard University Press.
- Goffman, E. (1981). *Forms of talk.* Philadelphia: University of Pennsylvania Press.
- Goffman, E. (1983). The Interaction Order: American Sociological Association, 1982 Presidential Address. *American Sociological Review, 48*(1), 1-17.
- Goodwin, C. (1994). Professional vision. *American Anthropologist, 96*(3), 606-633.
- Gubrium, J. F., & Järvinen, M. (2013). *Turning Troubles into Problems: Clientization in Human Services:* United Kingdom: Routledge Ltd.
- Gumperz, J. J. (1982). *Discourse strategies* (Vol. 1). New York: Cambridge University Press.
- Hacking, I. (1999). *The social construction of what?* Cambridge, Mass: Harvard University Press.
- Hall, C., Jokinen, A., & Suoninen, E. (2003). Legitimizing the Rejecting of Your Child in a Social Work Meeting. In K. Juhila, T. Pösö, C. Hall, & N. Parton (Eds.), *Constructing Clienthood in Social*

- Work an Human Services. Interaction, Identities and Practices* (pp. 27-43). London and Philadelphia: Jessica Kingsley Publishers.
- Hall, C., Juhila, K., Matarese, M., & Nijnatten, C. V. (2014). *Analysing social work communication: discourse in practice*. London: Routledge.
- Hall, C., Juhila, K., Parton, N., & Pösö, T. (2003). *Constructing clienthood in social work and human services : interaction, identities, and practices*. London: Jessica Kingsley.
- Hall, C., & Matarese, M. (2014). Narrative. In C. Hall, K. Juhila, M. Matarese, & C. Van Nijnatten (Eds.), *Analyzing Social Work Communication. Discourse in practice* (pp. 79-97). London and New York: Routledge.
- Hall, C., Sarangi, S., & Slembrouck, S. (2005). *Language practices in social work: categorisation and accountability in child welfare*. London: Routledge.
- Hall, C., Slembrouck, S., & Sarangi, S. (2006). Negotiating roles in a home visit. In C. Hall, S. Slembrouck, & S. Sarangi (Eds.), *Language Practices in Social Work. Categorisation and accountability in child welfare* (pp. 71-88). London and New York: Routledge.
- Hammersley, M. (1992). *What's wrong with ethnography? : methodological explorations*. London: Routledge.
- Hammersley, M., & Atkinson, P. (2007). *Ethnography : principles in practice* (3rd ed. ed.). London: Tavistock.
- Haugland, R. (2000). *Kommuneheks på slakk line: om barnevern i små kommuner*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Haugli, T. (2002). Et dilemma for barnevernet. *Tidsskriftet Norges barnevern*(3), 39-42.
- Heath, C. (1992). The delivery and reception of diagnosis in the general-practice consultation. In P. Drew & J. Heritage (Eds.), *Talk at Work. Interaction in Institutional Settings*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Hochschild, A. R. (2003). *The managed heart: commercialization of human feeling*. Berkeley, Calif.: University of California Press.
- Hollan, J., Hutchins, E., & Kirsh, D. (2000). Distributed Cognition: Toward a New Foundation for Human-Computer Interaction Research. *ACM Transactions on Computer-Human Interaction*, 7(2), 174-196.
- Holquist, M. (1983). The Politics of Representation. *The Quarterly newsletter of the laboratory of Comparative Human Cognition*, 5(1), 2-9.
- Hutchins, E. (1995). *Cognition in the wild*. Cambridge, Mass.: MIT Press.
- Hutchins, E., & Klausen, T. (1995). Distributed Cognition in an Airline Cockpit. In Y. Engström & D. Middleton (Eds.), *Cognition and communication at work*. Cambridge Cambridge University Press
- Johannessen, K. S. (1993). Wittgensteins senfilosofi : et utkast til fortolkning. *Stensilserie (Universitetet i Bergen. Filosofisk institutt : trykt utg.)*(42).
- Jokinen, A., Juhila, K., & Pösö, T. (1999). *Constructing social work practices*. Aldershot: Ashgate.
- Juhila, K. (2003). Creating a 'Bad' Client: Disalignment of Institutional Identities in Social Work Interaction *Constructing Clienthood in Social Work and Human Services* (pp. 83-95). London og Philadelphia: Jessica Kingsley Publishers.
- Juhila, K., Caswell, D., & Raitakari, S. (2014). Resistance. In C. Hall, K. Juhila, M. Matarese, & C. Van Nijnatten (Eds.), *Analyzing Social Work Communication* (pp. 117-135). New York and London: Routledge.
- Juhila, K., Jokinen, A., & Saario, S. (2014). Reported speech. In C. Hall, K. Juhila, M. Matarese, & C. Van Nijnatten (Eds.), *Analyzing Social Work Communication. Discourse in practice* (pp. 154-172). Routledge: London and New York.
- Juhila, K., Mäkitalo, Å., & Noordregraaf, M. (2014). Analysing social work interactions: premises and approaches. In C. Hall, K. Juhila, M. Matarese, & C. Van Nijnatten (Eds.), *Analyzing Social Work Communication. Discourse in practice* (pp. 9-24). London and New York: Routledge.
- Juul, R. (2010). *Barnevernets undersøkelser av bekymringsmeldinger : diskursive praksisformer og barneperspektiver i den kommunale barneverntjeneste, og konsekvenser i forhold til barna*. (Doktorgradsavhandling), Norges teknisk-naturvitenskapelig universitet, Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologiledelse, Institutt for sosialt arbeid og helsevitenskap, Trondheim.

- Järvinen, M., & Mik-Meyer, N. (2003). *At skabe en klient: institutionelle identiteter i socialt arbejde*. København: Hans Reitzels Forlag.
- Järvinen, M., & Mik-Meyer, N. (2005). *Kvalitative metoder i et interaktionistisk perspektiv : interview, observationer og dokumenter*. København: Reitzel.
- Kahneman, D., & Miller, D. T. (1986). Norm Theory: Comparing Reality to Its Alternatives. *Psychological Review*, 93(2), 136-153.
- Latour, B., & Woolgar, S. (1979). *Laboratory life: the social construction of scientific facts*. Beverly Hills: Sage Publications.
- Lave, J., & Wenger, E. (1991). *Situated learning: legitimate peripheral participation*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Levinson, S. C. (1979). Activity types and language. *Linguistics*, 17(5-6). doi:10.1515/ling.1979.17.5-6.365
- Lincoln, Y. S., & Guba, E. G. (1985). *Naturalistic inquiry*. Beverly Hills, Calif: Sage.
- Lindblom, C. E. (1959). The Science of "Muddling Through". *Public Administration Review*, 19(2), 79-88.
- Malinowski, B. (1922). *Argonauts of the western Pacific : an account of native enterprise and adventure in the archipelagoes of Melanesian New Guinea* Anthropology online,
- March, J. G., & Heath, C. (1994). *A primer on decision making : how decisions happen*. New York: Free Press.
- Matarese, M., & Caswell, D. (2014). Accountability. In H. Christopher, K. Juhila, M. Matarese, & C. Van Nijnatten (Eds.), *Analysing Social Work Communication. Discourse in practice* (pp. 44-60). London and New York: Routledge.
- Mathiesen, T. (1978). *Den skjulte disiplinering: artikler om politisk kontroll*. Oslo: Pax.
- Mauss, M., & Schlanger, N. (2006). *Techniques, technology and civilisation*. New York: Durkheim Press.
- Mehan, H. (1983). The role of language and the language of role in institutional decision making. *Language in Society*, 12(2), 187-211. doi:10.1017/S0047404500009805
- Mehan, H. (1984). Institutional Decision-Making. In B. Rogoff & J. Lave (Eds.), *Everyday cognition: its development in social context*. Cambridge, Mass.: Harvard University Press. (pp. 39-66). Cambridge, Mass.: Harvard University Press.
- Mehan, H., Hertweck, A., & Meihls, J. L. (1986). *Handicapping the handicapped : decision making in students' educational careers*. Stanford, Calif: Stanford University Press.
- Meld.St. 40. (2001-2002). *Om barne- og ungdomsvernet*. Oslo: Barne- og familiedepartementet.
- Midjo, T. (2010). *En studie av samhandlingen mellom foreldre og barnevernarbeidere i barnevernets undersøkelse*. (Doktorgradsavhandling), Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologiledelse, Institutt for sosialt arbeid og helsevitenskap, Trondheim.
- Mishler, E. G. (1984). *The discourse of medicine: dialectics of medical interviews*. Norwood, N.J.: Ablex Publishing.
- Molander, A., & Terum, L. I. (2008). Profesjonsstudier: en introduksjon *Profesjonsstudier* (pp. s. 13-27). Oslo: Universitetsforlaget.
- Munro, E. (1999). Common errors of reasoning in child protection work. *Child Abuse & Neglect*, 23(8), 745-758. doi:10.1016/S0145-2134(99)00053-8
- Mäkitalo, Å. (2014). Categorisation. In C. Hall, K. Juhila, M. Matarese, & C. Van Nijnatten (Eds.), *Analysing Social Work Communication* (pp. 25-43). London and New York: Routledge.
- Måseide, P. (1982). Micro analyses and social structure : cognitive and linguistic models in sociology. *Acta Sociologica*(4), 389-403.
- Måseide, P. (1990). The Social Construction of Research Information. *Acta Sociologica*, 33(1), 3-13.
- Måseide, P. (1991). Normale og unormale gale. Sosial organisering av tenking og avgjerdstaking i psykiatrien. In D. A. o. G. Midré (Ed.), *Mellom idealer og realiteter : studier i medisinsk sosiologi* (pp. 85-114). Oslo: Ad Notam.
- Måseide, P. (1997). Feltarbeid i ekspertorganisasjonar: sjukehuset som arena for sosiologisk forskning *Metodisk feltarbeid: produksjon og tolkning av kvalitative data* (pp. s. 94-116). Oslo: Universitetsforlaget.

- Måseide, P. (2002). Røntgenbiletet og den medisinske tenkinga - ein sosiologisk analyse. In K. T. Elvbakken & P. Solvang (Eds.), *Helsebilder : Sunnhet og sykdom i kulturelt perspektiv*. (pp. 193-2018). Bergen: Fagbokforlaget.
- Måseide, P. (2006). The deep play of medicine: discursive and collaborative processing of evidence in medical problem solving. *Communication & Medicine*, 3(1), 43.
- Måseide, P. (2008). Profesjonar i interaksjonsteoretisk perspektiv (pp. s. 367-385). Oslo: Universitetsforlaget.
- Måseide, P. (2011). Morality and expert systems: problem solving in medical team meetings. *Behaviour & Information Technology*, 30(4), 525-532. doi:10.1080/0144929x.2011.553748
- Nikander, P. (2003). The Absent Client: Case Description and Decision Making in Interprofessional Meetings. In C. Hall, K. Juhila, N. Parton, & T. Pösö (Eds.), *Constructing clienthood in social work and human services* (pp. 112-128). Philadelphia USA: Jessica Kingsley Publishers.
- NOU. (2000). *Barnevernet i Norge : tilstandsvurderinger, nye perspektiver og forslag til reformer* (8258305239). Oslo: Statens forvaltningstjeneste, Informasjonsforvaltning.
- NOU. (2009). *Kompetanseutvikling i barnevernet: Kvalifisering til arbeid i barnevernet gjennom praksisnær og forskningsbasert utdanning* Oslo: Departementenes servicesenter, Informasjonsforvaltning.
- NOU. (2012). *Bedre beskyttelse av barns utvikling: ekspertutvalgets utredning om det biologiske prinsipp i barnevernet*. (978-82-583-1129-1). Oslo: Departementenes servicesenter, Informasjonsforvaltning.
- Paulsen, M., & Rød, S. (2016, 15.april). Barnevernet utløser global protest. *Fontene*. Retrieved from <http://fontene.no/nyheter/barnevernet-utloser-global-protest-6.47.358480.2b2af0595b>
- Peräkylä, A. (1989). Appealing to the "experience" of the patient in the care of the dying. *Sociology of Health & Illness*, 11(2), 117-134.
- Peräkylä, A. (2011). Validity in Research on Naturally Occurring Social Interaction. In D. Silverman (Ed.), *Qualitative research : issues of theory, method and practice* (pp. 365-382). Los Angeles, Calif Sage.
- Pithouse, A. (1984). *Social work : the social organisation of an invisible trade*: Cardiff University.
- Pithouse, A., Broadhurst, K., Hall, C., Peckover, S., Wastell, D., & White, S. (2012). Trust, risk and the (mis)management of contingency and discretion through new information technologies in children's services. *Journal of Social Work*, 12(2), 158-178. doi:10.1177/1468017310382151
- Potter, J., & Wetherell, M. (1987). *Discourse and social psychology : beyond attitudes and behaviour*. London: Sage.
- Riemann, G. (2005). Trying to Make Sense of Cases: Features and Problems of Social Workers' Case Discussions. *Qualitative Social Work*, 4(4), 413-430. doi:10.1177/1473325005058644
- Roger, D., & Bull, P. (1989). *Conversation : an interdisciplinary perspective* (Vol. 3). Clevedon: Multilingual Matters.
- Rumelhart, D. E. (1980). Schemata: the building blocks of cognition. In R. Spiro, B. Bruce, & W. Brewer (Eds.), *Theoretical issues in reading comprehension : Perspectives from cognitive psychology, linguistics, artificial intelligence, and education*. Hillsdale, N.J: Erlbaum.
- Rød, P. A. (2004). Mellom analyse og argumentasjon. Oslo: Universitetsforlaget, 2004.
- Sacks, H. (1992a). *Lectures on conversation : 1*. Oxford: Blackwell.
- Sacks, H. (1992b). *Lectures on conversation : 2*. Oxford: Blackwell.
- Sandberg, K. (2005). Naturens orden - til barnets beste? - Omsorg og samvær. *Tidsskrift for familierett, arverett og barnevernrettslige spørsmål*(03), 144-149.
- Sandbæk, M. (2003). Verdier og faglige problemstillinger knyttet til det biologiske prinsipp i barnevernet. *Tidsskriftet Norges barnevern*(3), 16-21.
- Sarangi, S., & Coulthard, M. (2000). *Discourse and social life*. Harlow: Longman/Pearson Education.
- Sarangi, S., & Roberts, C. (1999a). The dynamics of interactional and institutional orders in work-related settings. In S. Sarangi & C. Roberts (Eds.), *Talk, work, and institutional order. Discourse in medical, mediation, and management settings*. (pp. 1-57). Berlin/New York: Mouton de Gruyter.
- Sarangi, S., & Roberts, C. (1999b). *Talk, Work and Institutional Order : Discourse in Medical, Mediation and Management Settings* (Vol. v.1). Berlin/New York: De Gruyter.
- Schütz, A. (1962). *Collected papers I: the problem of social reality*. The Hague: Nijoff

- Schütz, A. (1964). *Collected papers : 2 : Studies in social theory* (Vol. 15). The Hague: Nijhoff.
- Silverman, D. (1987). *Communication and medical practice : social relations in the clinic*. London: Sage.
- Silverman, D. (1993). *Interpreting qualitative data: methods for analysing talk, text and interaction*. London: Sage.
- Skivenes, M. (2002). *Lovgivning og legitimitet : en evaluering av lov om barneverntjenester av 1992 i et deliberativt perspektiv*. (Doktorgradsavhandling), Universitetet i Bergen, Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap, Bergen.
- Skivenes, M. (2003). Et innlegg mot det biologiske prinsipp i barneverntjenesteloven. *Tidsskriftet Norges barnevern*(1), 23-25.
- Slembrouck, S., & Hall, C. (2003). Caring but Not Coping: Fashioning a Legitimate Parent Identity. In C. Hall, K. Juhila, N. Parton, & T. Pösö (Eds.), *Constructing Clienthood in Social Work and Human Services* (pp. 44-61). London and New York: Jessica Kingsley Publisher.
- Slembrouck, S., & Hall, C. (2014). Boundary work. In C. Hall, K. Juhila, M. Matarese, & C. Van Nijnatten (Eds.), *Analyzing Social Work Communication. Discourse in practice* (pp. 98-116). London and New York: Routledge.
- Solstad, A., Føllesø, R., & Mevik, K. (2014). *Kort om barnevern* (2. utg. ed.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Stancombe, J., & White, S. (2005). Cause and responsibility: towards an interactional understanding of blaming and 'neutrality' in family therapy. *Journal of Family Therapy*, 27(4), 330-351. doi:10.1111/j.1467-6427.2005.00326.x
- Stang, E. G. (2007). *Det er barnets sak: barnets rettsstilling i sak om hjelpetiltak etter barnevernloven § 4-4*. Universitetsforlaget, Oslo.
- Stiklestad, S. S. (2007). Det biologiske prinsippets skiftende anvendelse. *Nytt norsk tidsskrift (trykt utg.)*. 24(2), 138-150.
- Tannen, D. (2007). *Talking Voices : Repetition, Dialogue, and Imagery in Conversational Discourse* (2nd ed. ed. Vol. v.26). Cambridge: Cambridge University Press.
- Thagaard, T. (2013). *Systematikk og innlevelse : en innføring i kvalitativ metode* (4. utg. ed.). Bergen: Fagbokforlaget.
- Ulvik, O. S. (2009). Kunnskap for et senmoderne barnevern. *Norges Barnevern*, 1, 18-27.
- Vagli, Å. (2009). *Behind closed doors: exploring the institutional logic of child protection work*. (Doktorgradsavhandling), University of Bergen, Bergen.
- Wastell, D., White, S., Broadhurst, K., Peckover, S., & Pithouse, A. (2010). Children's services in the iron cage of performance management: street-level bureaucracy and the spectre of Švejkism. *International Journal of Social Welfare*, 19(3), 310-320. doi:10.1111/j.1468-2397.2009.00716.x
- Wertsch, J. V. (1991). *Voices of the mind: a sociocultural approach to mediated action*. Cambridge, Mass.: Harvard University Press.
- Wetherell, M., Taylor, S., & Yates, S. J. (2001). *Discourse theory and practice : a reader*. London: Sage.
- White, S. (1998). Interdiscursivity and child welfare: the ascent and durability of psycho-legalism. *Sociological Review*, 46(2), 264-292.
- White, S. (2002). Accomplishing 'the case' in pediatrics and child-health: medicine and morality in inter-professional talk. *Sociology of Health & Illness*, 24(4), 409-435.
- White, S., & Stancombe, J. (2003). *Clinical judgement in the health and welfare professions: extending the evidence base*: United Kingdom: Open University Press.
- White, S., & Wastell, D. (2011). Theoretical vocabularies and moral negotiation in child welfare: The saga of Evie and Seb. In C. N. Candlin & S. Sarangi (Eds.), *Handbook of communication in organisations and professions*.
- Wittgenstein, L. (1968). II: Notes for Lectures on "Private Experience" and "Sense Data". *The Philosophical Review*, 77(3), 275-320. doi:10.2307/2183568
- Ørvig, K. (2007). *Tolken som redskap eller kulturinformant?: et samhandlingsstudie av tolkede klientsamtaler i sosialtjenesten*. (Doktorgradsavhandling), Universitetet i Tromsø, Det samfunnsvitenskapelige fakultet, Institutt for sosiologi, [Tromsø].



Harald Hårfagres gate 29
N-5007 Bergen
Norway
Tel: +47-55 58 21 17
Fax: +47-55 58 96 50
nsd@nsd.uib.no
www.nsd.uib.no
Org.nr. 985 321 884

Tone Jørgensen
Avdeling for samfunnsfag
Høgskulen i Sogn og Fjordane
Postboks 133
6851 SOGNDAL

Vår dato: 19.06.2007

Vår ref: 16803/AMS

Deres dato:

Deres ref:

TILRÅDING AV BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 23.04.2007. Meldingen gjelder prosjektet:

16803	<i>Lokalkunnskap og barnevernsarbeid</i>
<i>Behandlingsansvarlig</i>	<i>Høgskulen i Sogn og Fjordane, ved institusjonens overste leder</i>
<i>Daglig ansvarlig</i>	<i>Tone Jørgensen</i>

Personvernombudet har vurdert prosjektet, og finner at behandlingen av personopplysninger vil være regulert av § 7-27 i personopplysningsforskriften. Personvernombudet tilrår at prosjektet gjennomføres.


Personvernombudets tilråding forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysningene gitt i meldeskjemaet, korrespondanse med ombudet, eventuelle kommentarer samt personopplysningsloven/-helseregisterloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, <http://www.nsd.uib.no/personvern/endringskjema>. Det skal også gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database, <http://www.nsd.uib.no/personvern/register/>

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 12.02.2011, rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen


Bjørn Henriksen


Anne-Mette Somby

Kontaktperson: Anne-Mette Somby tlf: 55 58 24 10

Vedlegg: Prosjektvurdering



DET KONGELIGE
BARNE- OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENT

Tone Jørgensen
Høgskulen i Sogn og Fjordane
Postboks 133
6851 SOGNDAL

Deres ref

Vår ref
200701600-/CFH

Dato
26.02.2008

Søknad om tilgang til opplysningar underlagt teieplikt til bruk for forskning

Vi viser til søknaden Dykkar om tilgang til opplysningar underlagt teieplikt til bruk for forskning i samband med forskingsprosjektet *Kulturanalytisk barnevernsarbeid i kommunane*. Departementet mottok søknaden 12. oktober 2007.

Søknaden er lagt fram for Rådet for taushetsplikt og forskning, som i brev av 12. februar 2008 samtykkjer til dispensasjon frå teieplikta i samsvar med søknaden. Brevet frå rådet er lagt ved. Samtykket er gitt under den føresetnad at all innsamling, oppbevaring og bruk av personsensitive opplysningar skjer på ein fagleg forsvarleg måte, og at alle personidentifiserbare opplysningar blir anonymiserte ved eventuell publisering. Samtykket er også gitt under den føresetnad at søkjaren skriftleg dokumenterer overfor departementet at ein person med førstestillingskompetanse skal leie prosjektet.

I medhald av forvaltningslova § 13 bokstav d fyrste ledd, bestemmer departementet at Tone Jørgensen ved Høgskulen i Sogn og Fjordane gis innsyn i opplysningar underlagt teieplikt i samsvar med søknaden. I medhald av § 13 d andre ledd stiller departementet følgjande vilkår;

- At leiaren av prosjektet Tone Jørgensen skriftleg dokumenterer til departementet at ho har førstestillingskompetanse.
- At Jørgensen underteiknar erklæring om teieplikt der det visast til forvaltningslova § 13 om forskarar si teieplikt.
- At innsamling, oppbevaring og bruk av opplysningar underlagt teieplikt skjer på ein forsvarleg måte og at opplysningar som nyttast dagleg skal liggje forsvarleg nedlåste når dei ikkje er i bruk.

- At opplysningar underlagt teieplikt ved rapportering og anna bruk av materialet er tilstrekkeleg anonymiserte, slik at individualiserande kjenneteken blir fjerna.
- At dokument med opplysningar underlagt teieplikt blir makulerte så snart arbeidet er avslutta.

Vi ber om at De underskriv den vedlagte erklæringa om teieplikt og returnerer ho til departementet saman med dokumentasjon om førstestillingskompetanse.

Med helsing


Tone G. Smith (e.f.)


Christian Henningsen

Kopi:

Rådet for taushetsplikt og forskning, c/o Institutt for offentlig rett, Pb. 6706, 0130 OSLO

RÅDET FOR TAUSHETSPLIKT OG FORSKNING

c/o Institutt for offentlig rett
Postboks 6706
0130 Oslo

Barne- og likestillingsdepartementet
Postboks 8036 Dep
0030 Oslo

Deres ref: 200701600-/CFH

410.8
19/2-08
2007/01600
-07

Oslo, 11. februar 2008

Søknad om dispensasjon fra taushetsplikt – lokalkunnskap og barnevernsarbeid

Vi viser til brev 4. januar 2008, som gjelder en søknad om samtykke til dispensasjon fra taushetsplikt i forbindelse med et forskningsprosjekt om betydningen av lokalkunnskap ved barnevernsarbeid.

Det fremgår av søknadsskjemaet at søkeren vil komme i kontakt med taushetsbelagte opplysninger på flere måter. Når det gjelder personlige opplysninger som innhentes fra saksdokumenter eller gjennom intervju, gir hun uttrykk for at slike opplysninger bare vil innhentes om og fra dem som selv samtykker til det. Kontakten mellom søkeren og den enkelte vil formidles av ansatte i barnevernet. Denne delen av søknaden reiser dermed ikke behov for dispensasjon eller for samtykke til dispensasjon.

Søkeren ber videre om å få observere hvordan saker behandles ved to kommunale barnevernstjenester i Sogn og Fjordane. Under observasjonen vil hun nødvendigvis få tilgang til taushetsbelagte opplysninger om dem de barnevernsansatte snakker om, men slike opplysninger vil ikke bli registrert særskilt. Det fremgår av prosjektbeskrivelsen s. 8-9 at den deltakende observasjonen skal pågå ved de aktuelle sosialkontorene over et tidsrom på ett år. Formålet med forskningsprosjektet er å undersøke om den kulturelle konteksten som barnevernsarbeidet skjer innenfor, har betydning for den måten sakene blir behandlet på.

Rådet har besluttet å samtykke til at det på dette punkt dispenseres fra taushetsplikten i samsvar med søknaden. Samtykket er betinget av at all innsamling, oppbevaring og bruk av taushetsbelagte opplysninger skjer på en faglig forsvarlig måte, og at alle person-identifiserende opplysninger anonymiseres ved eventuell publisering. Samtykket er

videre betinget av at søkeren skriftlig dokumenterer overfor departementet at prosjektet ledes av en person med førststillingskompetanse.

Med vennlig hilsen



Eivind Smith
leder



Marius Stub
sekretær



Tone Jørgensen
Avdeling for samfunnsfag
Høgskulen i Sogn og Fjordane
Postboks 133
6851 Sogndal

Dato: 15.02.2010

Vår ref: 16803 PB/LR

Deres dato:

Deres ref:

ENDRING AV FORSKNINGSPROSJEKT

Vi viser til endringsskjema mottatt 12.11.2009, samt e-post fra ombudet til forsker 25.11.2009 og dagens telefonsamtale, gjeldende prosjekt

16803 Lokalkunnskap og barnevernsarbeid

I endringsskjema opplyses det om at forsker ønsker å bruke lydopptak i forbindelse med observasjoner av internmøter hvor de ansatte i barneverntjenesten diskuterer innrapporterte saker (bekymringsmeldinger), problematiske saker de jobber med, mv.

Når prosjektet opprinnelig ble meldt til og vurdert av ombudet forelå ikke noen dispensasjon fra taushetsplikten, og det ble konkludert med at all behandling av personopplysninger skulle foretas etter innhenting av et gyldig samtykke fra de registrerte, jf. ombudets tilråding med kommentar datert 19.06.2007. Datainnsamlingen ville kun dreie seg om innsyn i saksdokumenter, deltagelse i møter vedrørende enkeltsaker samt intervjuer med klienter og saksbehandlere. Klientene tilknyttet barnevernskontoret samtykket til at prosjektleder kunne få tilgang til opplysninger som kunne framkomme i behandlingen av egen sak. Alle involverte i saken måtte gi sitt samtykke for prosjektleder kunne delta på møter, foreta intervju eller lese saksdokumenter. Dette vil fortsatt være gjeldende for denne delen av studien.

I brev fra Barne- og likestillingsdepartementet datert 26.02.2008 (jf. brev fra Rådet for taushetsplikt og forskning datert 11.02.2008) ble dispensasjon fra taushetsplikten innvilget under forutsetning av at all innsamling, oppbevaring og bruk av personsensitive opplysninger skjer på en faglig forsvarlig måte, og at alle personidentifiserende opplysninger blir anonymisert ved eventuell publisering. I forbindelse med innvilget dispensasjon er det altså samtidig lagt til grunn at personopplysninger kan bli registrert.

Forsker fremhever at bruk av lydopptak i forbindelse med møteobservasjoner kun er et teknisk virkemiddel for å garantere bedre kvalitet på datamaterialet. Formålet med forskers deltagelse i de aktuelle møtene er å få innblikk i og dokumentere hvordan de ansatte snakker om eller drøfter forskjellige saker og problemstillinger, og hva som gjør at saker vurderes på den ene eller andre måten. Dette medfører at det er viktig for forsker å kunne registrere det som blir sagt, og

hvordan det blir formulert, på en måte som sikrer best mulig kvalitet på data mht. validitet/reliabilitet.

Lydopptak blir oppbevart på minnepinne og på ekstern harddisk. Begge deler forsvarlig oppbevart og innlåst. Ombudet har anbefalt at lydopptak transkriberes på respektive barnevernkontor, slik at opptakene ikke trenger å forlate lokalene, og dermed minimere risiko for at opptak skal komme på avveie. Forsker foreslår at lydopptak transkriberes så raskt som mulig og slettes umiddelbart etter ferdig transkripsjon. Transkripsjoner vil være anonyme. Ingen navn vil overføres til tekstform og alle indirekte personidentifiserende bakgrunnsopplysninger vil utelates i selve transkriberingsprosessen. Ombudet finner løsningen tilfredsstillende.

Til nå har behandlingen av personopplysninger i forbindelse med prosjektet vært foretatt med hjemmel i personopplysningsloven §§ 8 første ledd (samtykke), 9 a. Endringen som beskrevet over, hvor sensitive personopplysninger kan bli registrert i elektronisk form (lydopptak) uten at samtykke er innhentet, krever et nytt hjemmelsgrunnlag.


Det er ombudets vurdering at behandlingen som beskrevet over kan foretas med hjemmel i personopplysningsloven §§ 8 d, 9 h. Det legges i den forbindelse vekt ved at man når dispensasjon fra taushetsplikt ble innvilget åpenbart har lagt til grunn at en registrering av personopplysninger uten samtykke ville kunne finne sted. Det må videre legges til grunn at både Rådet for taushetsplikt og departementet har vurdert registreringen av personopplysninger som samfunnsmessig viktig, siden dispensasjon er innvilget. Ombudet støtter seg til dette i sin vurdering. Videre må det tas hensyn til at personopplysninger kun vil forekomme på lydopptak som vil oppbevares meget kort tid før de destrueres.


Verken departementet eller Rådet for taushetsplikt berører forskers informasjonsplikt overfor de registrerte i forbindelse med vurdering av dispensasjon fra taushetsplikten. Ombudet finner at forsker kan fritas fra informasjonsplikten overfor de registrerte med hjemmel i personopplysningsloven § 20 b. Det er ombudets vurdering at den behandlingen av personopplysninger som foregår i denne delen av prosjektet, uten at samtykke er innhentet (og som medfører meldeplikt), omfatter en meget kortvarig behandling på pc i forbindelse med overføring av lydopptak til annet medium. Det fremstår derfor som uforholdsmessig arbeidskrevende for de ansatte ved barnevernkontoret å i forbindelse med hvert møte sende ut informasjon til alle familier som vil få eller har fått saken sin diskutert på internmøte. Når det gjelder bekymringsmeldinger, hvor angjeldende familier ikke allerede er gjort kjent med den aktuelle bekymringsmeldingen, vil det til og med kunne sies å være etisk uforvarlig å informere om forskningsprosjektet. I de tilfeller hvor man diskuterer saker hvor angjeldende familie allerede er inkludert i studien på grunnlag av innhentet samtykke, vil det derimot være naturlig å informere også om denne delen av studien.

Oppsummering

Ombudet finner at behandlingen av personopplysninger som beskrevet over kan foretas med hjemmel i personopplysningsloven §§ 8 d, 9 h, og at forsker kan fritas fra informasjonsplikten overfor de registrerte med hjemmel i personopplysningsloven § 20 b.

Vennlig hilsen


Bjørn Henrichsen


Pernilla Bollman

Forespørsel om deltaking i forskningsprosjektet "Lokalkunnskap og barnevernsarbeid"

Eg jobbar for tida med eit forskingsprosjekt som handlar om å jobbe i barnevernet i ein liten kommune. I den forbindelse spør eg om du som sakshandsamar/leiar i barneverntenesten i kommune kan delta i prosjektet. Eg er tilsett som stipendiat ved Høgskulen i Sogn og Fjordane og prosjektet er del av eit arbeid med mi doktorgradsavhandling.

Utgangspunktet for min studie er at eg ynskjer å utforske kva dei som arbeider ved barnevernstenesta i små kommunar forstår med godt fagleg barnevernsarbeid og utforske vilkåra for å drive godt barnevernsarbeid i kommunane. For å få svar på slike spørsmål er det viktig at dei som arbeider i praksisfeltet sjølv får seie noko om sine tankar om dette. Eg er spesielt oppteken av om det å leve i eit lokalsamfunn der "alle kjenner alle" har tyding for det å drive barnevernsarbeid, og om dette i så fall blir opplevd som positivt eller negativt. Mitt mål er at forskingsprosjektet skal ta utgangspunkt i sosialarbeidarar sine kvardagsopplevingar og erfaringar. Eg vil forsøke å forstå dykkar situasjon og erfaringar med utgangspunkt i å starte der de er. Eg håper at dette kan gje mening for dykk, då eg trur det er ein føresetnad for å utvikle praksisfeltet på ein god måte

Intervju og feltarbeid

Det er sjølvsagt frivillig å delta, og du kan trekkje deg når som helst utan å gje opp årsak til det. Du har rett til å få vite kva opplysningar eg har registrert om deg. Dei som deltar blir anonymisert, og ingenting av det som kjem fram eller det som blir fortald vil kunne sporast tilbake til person eller stad. Det er berre meg og min rettleiar (navn) som kjem til å ha tilgang til den informasjonen som eg får, og vi har teieplikt. Prosjektet skal ferdigstillast i 2011 og resultatata vil bli presentert i ei bok. Ingen einskildpersonar vil kunne identifiserast i boka.

For å få eit best mogeleg grunnlag til å seie noko om mitt tema ynskjer eg å i størst mogeleg grad delta i arbeidskvardagen til dykk som jobbar på sosialkontoret i.....over ein periode på om lag 4 månader. Alle opplysningar eg får tilgang til vil bli behandla konfidensielt.

Mitt ynskje er å følgje ei sak frå den kjem inn til dykkar kontor for så å følgje prosessen vidare. Eg ynskjer då å vere til stades på møte med klientar som har samtykka til at eg kan fylgje saka .Eg ynskjer og å vere til stades på team-møte, på heimebesøk eller i andre samanhengar der de møter barn og familiar som de jobbar med. Eg vil også ønske å vere til stades på eventuelle møte med andre samarbeidspartnarar i ei sak.

Etter kvart vil eg gjerne avtale intervju med nokre av dei involverte i saka. I hovudsak vil dette gjelde leiar av tenesta, samt sakshandsamar i saka. Eg ynskjer her å utdjupe tema som ikkje kjem fram i andre samanhengar. Slike intervju føregår mest som ein samtale på tomannhand.

Direkte personidentifiserande opplysningar, som namn , vil ikkje bli oppbevart saman med opplysningar som gjeld saka. Om alle partar i saka er samde om det vil intervjuia bli tatt opp på båndopptakar. Samtalen blir skriven ut på PC og anonymisert slik at ingen kan spore det som blir fortald til person eller stad. Navneliste og lydopptak blir sletta etter at intervjuia er skriven ut.

Forskningsprosjektet er finansiert av Høgskulen i Sogn og Fjordane, og det er meldt inn til Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD).

Eg tek kontakt om ei veker tid for å høyre om de er villig til å delta. Ta gjerne kontakt dersom de ynskjer at eg skal komme til kommunen for å fortelje meir om prosjektet, eller om de ynskjer ytterlegare skriftleg informasjon om prosjektet.

Stad, tid

Tone Jørgensen

Høgskulen i Sogn og Fjordane
Postboks 133
6851 Sogndal

Tlf 57 67 62 60 / 99 16 02 59

Veileder
Adresse
Tlf

SAMTYKKEERKLÆRING (for barnevernet og deira samarbeidspartnarar)

Eg har blitt informert om formålet med Tone Jørgensen sitt prosjekt.

Eg har fått vite korleis opplysningane eg gjev i intervju og i løpet av hennar feltarbeid på min arbeidsstad skal handsamast og lagrast i ettertid. Eg har fått vite at det er frivillig å delta i prosjektet, og at eg kan trekke meg frå prosjektet kor tid eg vil- og utan å gje opp årsak til dette.

Eg har og blitt informert om at eg har rett til innsyn i materialet som eg har bidrege med (opptak av intervju eller intervjuutskrift)

.....
Stad

Dato

Underskrift

Førespurnad om deltaking i forskingsprosjekt

Eg jobbar for tida med eit forskingsprosjekt som handlar om å jobbe i barnevernet. Eg er tilsett som stipendiat ved Høgskulen i Sogn og Fjordane og prosjektet er del av eit arbeid med mi doktorgradsavhandling.

Utgangspunktet for prosjektet er å finne meir ut av kva ein barnevernspedagog på sosialkontoret er oppteken av for å hjelpe barn og familiar som kjem i kontakt med barnevernet. Mitt mål med prosjektet er finne meir ut av korleis barnevernet kan bli ei god hjelpeteneste som alle barn og vaksne i landet kan stole på. For å finne meir ut av dette er eg avhengig av informasjon frå dei som er involverte sjølve og det vil såleis ha stor tyding for mitt prosjekt at eg får vere med på situasjonar der arbeidet blir gjort.

Eg er ikkje barnevernspedagog sjølv og er difor interessert i å vere med på møtet for å oppleve kva som går føre seg og kva de snakkar saman om på slike møte. Eg har berre tenkt til å vere til stades og kjem ikkje til å stille deg/dykk spørsmål. Dersom du/ de sjølve ynskjer å fortelje noko sjølv om korleis de opplever samarbeidet med barnevernet, lyttar eg sjølvsagt til dette, og set stor pris på det. Dette forventar eg likevel ikkje.

Det er frivillig å delta og deltaking har sjølvsagt ingen innverknad på sakshandsaming og det vidare samarbeidet mellom deg/dykk og barnevernet. Du kan trekkje deg når som helst utan å gje opp årsak til det. Du har rett til å få vite kva opplysningar eg har registrert om deg, og viss du trekkjer deg kan du be om at disse blir sletta. All informasjon vil bli behandla konfidensielt. Det er berre meg og min rettleiar som kjem til å ha tilgang til den informasjonen som eg får, og vi har teieplikt.

Eg ynskjer samtykke til å være med på møtet, til å snakke med leiar og andre som er involvert i saka, og til å få sjå på sakspapira i saka. Eg ønskjer og samtykke til å vere til stades på andre møter der saka blir drøfta. I tillegg ynskjer eg samtykke til å ta opp samtale med sakshandsamar og leiar på bandopptakar. Samtalen blir skriven ut på PC og anonymisert slik at ingen kan spore det som blir fortald til person eller stad. Opptaka blir sletta etter at intervjuet er skriven ut.

Informasjonen eg får vil ikkje lagrast saman med opplysningar om navn og stad. Eg vil oppbevare direkte personidentifiserande opplysningar låst inne og atskilt frå opplysningar om saka. Lista med navn vil bli sletta når opplysningane er registrert på PC. Opplysningane registrerast på ein slik måte at du ikkje kan identifiserast. Prosjektet skal være ferdig i 2011 og resultatata vil bli presentert i ei bok. Det vil ikkje vere mogleg å spora opplysningane til person eller stad, og ingen einskilspersonar vil difor kunne identifiserast i boka .

Om du/ de ynskjer meir informasjon om meg og mitt prosjekt kan eg kontaktast på mobiltelefonnummeret 99160259. Du/de kan ev og ta kontakt med leiar i barnevernet som er informert om meg og mitt prosjekt.

Forskningsprosjektet er finansiert av Høgskulen i Sogn og Fjordane, og det er meldt inn til Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD).

Med vennleg helsing

Tone Jørgensen
Stipendiat

Høgskulen i Sogn og Fjordane
Postboks 133
6851 Sogndal

Tlf 57 67 62 60 / 99 16 02 59

Rettleiar: Professor Per Måseide
Adresse: Høgskolen i Bodø

Førespurnad om deltaking på møte i rettleiingsgruppe for barnevernstenestene i samband med forskingsprosjektet "Barnet sitt beste- ein studie av vedtaksprosessen i det kommunale barnevernet"

Eg jobbar for tida med eit forskingsprosjekt som handlar om å jobbe i barnevernet. I samband med dette prosjektet spør eg om å få delta i rettleiingsgruppe for barnevernstenestene i..... Eg er tilsett som stipendiat ved Høgskulen i Sogn og Fjordane og prosjektet er del av eit arbeid med mi doktorgradsavhandling.

Utgangspunktet for min studie er at eg ynskjer å utforske kva dei som arbeider ved barnevernstenesta forstår med godt fagleg barnevernsarbeid og utforske vilkåra for å drive godt barnevernsarbeid i kommunane. For å få svar på slike spørsmål er det viktig at dei som arbeider i praksisfeltet sjølv får seie noko om sine tankar om dette. Eg er spesielt oppteken av om det å leve i eit lokalsamfunn der "alle kjenner alle" har tyding for det å drive barnevernsarbeid, og om dette i så fall blir opplevd som positivt eller negativt. Mitt mål er at forskingsprosjektet skal ta utgangspunkt i sosialarbeidarar sine kvardagsopplevingar og erfaringar.

Det er sjølvsagt frivillig å delta, og du kan trekkje deg når som helst utan å gje opp årsak til det. Du har rett til å få vite kva opplysningar eg har registrert om deg. Dei som deltar blir anonymisert, og ingenting av det som kjem fram eller det som blir fortald vil kunne sporast tilbake til person eller stad. Det er berre meg og mine rettleiarar professor Per Måseide og I.amanuensis Roger Hestholm som kjem til å ha tilgang til den informasjonen som eg får, og vi har teieplikt. Prosjektet skal ferdigstillast i 2011 og resultata vil bli presentert i ei bok. Ingen einskildpersonar vil kunne identifiserast i boka.

Direkte personidentifiserande opplysningar, som namn , vil ikkje bli oppbevart saman med opplysningar som gjeld saka. Om alle partar i saka er samde om det vil møtet bli tatt opp på båndopptakar. Diskusjonen blir skriven ut på PC og anonymisert slik at ingen kan spore det som blir fortald til person eller stad. Namneliste og lydopptak blir sletta etter at intervjuet er skriven ut. Forskingsprosjektet er finansiert av Høgskulen i Sogn og Fjordane, og det er meldt inn til Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD).

Sogndal

Tone Jørgensen

Høgskulen i Sogn og Fjordane
Postboks 133
6851 Sogndal
Tlf 57 67 62 60 / 99 16 02 59

Rettleiar: Professor Per Måseide, Høgskulen i Bodø
Tlf: 75 51 74 28

Biretleiar: I.amanuensis Roger Hestholm, Høgskulen i Sogn og Fjordane
Tlf: 57 67 62 68

Denne avhandlinga utforskar korleis barnevernsarbeidarar i den kommunale barnevernstenesta skapar mening i avgjerdsprosessen med barnevernssaker. Føremålet er å kaste lys over korleis det kommunale barnevernet manifesterer seg som profesjonell praksis med rett til å definere verdiar, og på grunnlag av det ta avgjerder om eit barnevernsproblem. Gjennom feltarbeid, observasjon og deltakande observasjon av kvardagslivet i tre kommunale barnevernstenestar i til saman eit år, har eg hatt eit mål om å presentere ei realistisk skildring av dei arbeidsprosessane som ligg til grunn for ei barnevernsfagleg avgjerd.

Barnevernet er eit normativt felt, og vurderingar av kva som er barns beste i kvar barnevernssak er eit spørsmål av normativ karakter. Slike forhold gjer at avgjerder som blir teke i barnevernssaker har ved seg ei grunnleggande uvissa som til tider kan vere umogeleg å fjerne heilt. Denne uvissa skapar ei spenning mellom barnevernsarbeidarens avgjerdstvang, og risiko for å ta ei avgjerd som seinare kan vise seg å vere feil. I avhandlinga viser eg korleis barnevernsarbeidarane går fram når dei skapar mening til barnevernssaker i uvisse barnevernssaker, og eg har vore spesielt oppteken av å utforske kva faglege reiskapar dei har tilgang på og brukar når dei prøver å redusere denne uvissa.

Den barnevernsfaglege avgjerdsprosessen blir i avhandlinga presentert gjennom tre sentrale profesjonelle aktivitetar som arbeidet med ei barnevernssak utviklar seg gjennom. Dette er kollegiale drøftingar internt i barnevernstenesta, det er møte mellom barnevernsarbeidar og barnets foreldre, og det er møte der barnevernsarbeidaren drøftar barnevernssaker med andre profesjonelle som til dagleg jobbar utanfor barnevernstenesta. Fokus rettar seg mot korleis samhandlinga innafor desse tre aktivitetane produserer og skapar mening til barnevernsproblem og saker, og korleis dette får konsekvensar for det vidare arbeidet med barnevernssaka. Desse spørsmåla blir drøfta ved bruk av perspektiv innafor kognitiv sosiologi som ser avgjerdstaking som eit sosialt og kollektivt fenomen, meir enn som ein individuell resonneringsprosess. I tillegg brukar eg diskursorienterte og interaksjonsteoretiske tilnærmingar som får fram snakk og samhandling som røyndomskonstituerande praksisar.

Avhandlinga presenterer ein modell på barnevernets avgjerdsprosessar som opnar for å få fram dei prosessuelle aspekta ved barnevernsfagleg problemløysing, og som illustrerer dei dynamiske og ikkje-lineære aspekta ved det å ta ei barnevernsfagleg avgjerd.